



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2021**

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652





DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2021**

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652



# Innhald

<b>Del I</b>	<b>Innleiande del</b> .....	9	Kap. 1140	Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m. ....	86
<b>1</b>	<b>Oversikt over budsjett- framlegget på program- område 15 Landbruk og mat</b> .....	11	Kap. 4140	Haustbare viltressursar .....	89
1.1	Status og hovudprioriteringar .....	11	Kap. 1141	Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m. ....	89
1.2	Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet .....	15	Kap. 4141	Haustbare viltressursar .....	90
1.3	Hovudtrekk ved budsjett- framlegget .....	20	Kap. 1142	Landbruksdirektoratet .....	91
1.4	Oversiktstabellar .....	21	Kap. 4142	Landbruksdirektoratet .....	99
1.5	Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak .....	23	Kap. 1148	Naturskade – erstatningar .....	100
1.6	Bruk av stikkordet «kan overførast» .....	29	Kap. 1149	Verdiskapings- og utviklings- tiltak i landbruket .....	101
<b>Del II</b>	<b>Budsjettframlegg</b> .....	31	Kap. 1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. ....	104
<b>2</b>	<b>Nærare omtale av løyvingsforslaga</b> .....	33	Kap. 4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. ....	138
<b>Programområde 15 Landbruk og mat</b> ....		33	Kap. 1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen .....	138
<i>Programkategori 15.00</i>			Kap. 1161	Myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn .....	142
<i>Administrasjon m.m.</i> .....		33	Kap. 5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet .....	145
Kap. 1100	Landbruks- og matdepartementet .....	34	<i>Programkategori 15.40 Forretningsdrift</i> .....		149
Kap. 4100	Landbruks- og matdepartementet .....	35	Kap. 5652	Statskog SF – renter og utbytte ...	151
<i>Programkategori 15.10 Matpolitikk</i> .....		36	<b>Del III</b>	<b>Rapportering på dei landbruks- og matpolitiske måla</b> .....	153
Kap. 1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet ...	41	<b>3</b>	<b>Nærare om dei ulike landbruks- og matpolitiske måla</b> .....	155
Kap. 1115	Mattilsynet .....	43	3.1	Matsikkerheit og beredskap .....	155
Kap. 4115	Mattilsynet .....	51	3.2	Landbruk over heile landet .....	158
<i>Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling</i> .....		53	3.3	Auka verdiskaping .....	164
Kap. 1136	Kunnskapsutvikling m.m. ....	56	3.4	Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar .....	169
Kap. 4136	Kunnskapsutvikling m.m. ....	60	3.5	Ei effektiv landbruks- og matforvaltning .....	174
Kap. 1137	Forsking og innovasjon .....	60	3.6	Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken .....	179
<i>Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</i> .....		68	3.7	Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar .....	183
Kap. 1138	Støtte til organisasjonar m.m. ....	79			
Kap. 1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar .....	83			

<b>Del IV</b>	<b>Særlege tema .....</b>	<b>187</b>	<b>8</b>	<b>Oversikt over lønsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemdar .....</b>	<b>203</b>
<b>4</b>	<b>Ein sektorovergripande klima- og miljøpolitikk .....</b>	<b>189</b>			
<b>5</b>	<b>Nasjonal oppfølging av berekraftmål 2 .....</b>	<b>194</b>	<b>9</b>	<b>Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter .....</b>	<b>204</b>
<b>6</b>	<b>Fornye, forenkle og forbetre ....</b>	<b>196</b>	<b>Forslag .....</b>		<b>213</b>
<b>7</b>	<b>Oppfølging av krava i likestillings- og diskrimineringslova om å gjere greie for likestilling .....</b>	<b>199</b>			

## Figuroversikt

Figur 1.1	Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet .....	15	Figur 2.7	Andel investerings- og bedriftsutviklingsmidlar til andre landbruksbaserte næringar fordelt på bransjar, 2019 .....	117
Figur 2.1	Endring i produksjonsvolum for husdyr- og planteprodukt, 2011–2020 .....	107	Figur 2.8	Regionale tilretteleggingsmidlar fordelt på innsatsområde, 2019 .....	118
Figur 2.2	Endring i produksjonsvolum fordelt på produksjonar, 2011–2020 .....	107	Figur 3.1	Målstrukturen for landbruks- og matpolitikken .....	155
Figur 2.3	Endring i produsert mengde fordelt på produksjonar og landsdelar, 2014–2019 .....	112	Figur 3.2	Endring i produsert mengde fordelt på produksjonar og landsdel, 2014–2019 .....	161
Figur 2.4	Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk i Totalkalkyla for jordbruket .....	113	Figur 3.3	Jordbruksverksemdar etter jordbruksareal i drift, 2018 .....	162
Figur 2.5	Innvilga investeringstilskott 2019 og gjennomsnittleg del tilskott av investering per fylke ....	115	Figur 3.4	Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, 2018 .....	163
Figur 2.6	Andel investerings- og bedriftsutviklingsmidlar til tradisjonelt landbruk fordelt på ulike produksjonar, 2019 .....	116	Figur 3.5	Driftsoverskott frå ulike former for andre landbruksbaserte næringar, for bruk med omsetnad over 20 000 kroner i andre landbruksbaserte næringar, 2016–2018 .....	167

## Tabelloversikt

Tabell 1.1	Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer .....	24	Tabell 2.17	Berekning av kapital i Viltfondet, 2021 .....	147
Tabell 2.1	Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskningsinstitutta, 2019 .....	64	Tabell 2.18	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2021 .....	147
Tabell 2.2	Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskningsinstitutta, 2019 ...	64	Tabell 3.1	Jordbruksareal i drift, 1989–2019 .....	159
Tabell 2.3	Støtte til organisasjonar i 2019 ...	80	Tabell 3.2	Sysselsette personar i landbruket, 2019 .....	160
Tabell 2.4	Støtte til organisasjonar i 2020 og budsjettframlegg for 2021 .....	81	Tabell 3.3	Gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket fordelt på regionar, 2018 .....	169
Tabell 2.5	Tilskott til genressursforvaltning .....	84	Tabell 3.4	Årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga, 2015–2020 .....	175
Tabell 2.6	Fordeling av midler på kap. 1141, post 75 for 2021 .....	90	Tabell 7.1	Likestilling: kjønnsrapportering – del 1 .....	202
Tabell 2.7	Tilsegningsfullmakt naturskadeerstatningar i 2021 .....	100	Tabell 7.2	Likestilling: kjønnsrapportering – del 2 .....	202
Tabell 2.8	Tilsegningsfullmakt til infrastrukturiltak i 2021 .....	102	Tabell 8.1	Statskog SF .....	203
Tabell 2.9	Andelen av matvareforbruket på energibasis som er produsert i Noreg, 1979–2019 .....	109	Tabell 8.2	Staur gård AS .....	203
Tabell 2.10	Andelen av råvarer i kraftfôr til husdyr som er produsert i Noreg, 2001–2019 .....	110	Tabell 9.1	Norsk institutt for bioøkonomi – utgifter og inntekter fordelt etter art .....	204
Tabell 2.11	Jordbruksarealet fordelt på vekstar, 1999–2019 .....	111	Tabell 9.2	Norsk institutt for bioøkonomi – inntekter etter inntektskjelde .....	206
Tabell 2.12	Fordeling av midlar til ulike skogbrukstiltak, 2015–2019 .....	124	Tabell 9.3	Norsk institutt for bioøkonomi – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar .....	206
Tabell 2.13	Framføring av kapital-situasjonen for Landbrukets utviklingsfond, 2019–2021 .....	127	Tabell 9.4	Veterinærinstituttet – utgifter og inntekter fordelt etter art .....	208
Tabell 2.14	Tilskottsramme for Landbrukets utviklingsfond, 2021 .....	128	Tabell 9.5	Veterinærinstituttet – inntekter etter inntektskjelde .....	209
Tabell 2.15	Fordeling på tilskott til kvalitetstiltak, 2021 .....	136	Tabell 9.6	Veterinærinstituttet – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar .....	210
Tabell 2.16	Framlegg om jeger- og fellingsavgifter, 2021 .....	146			

## Oversikt over bokser

Boks 3.1	Kan mikroplast bidra til å spreie sjukdom? .....	180	Boks 3.5	Modernisering til klimavenleg gardsdrift .....	183
Boks 3.2	Prosjektet PLANTVALUE .....	181	Boks 3.6	Framtidsretta matproduksjon i veksthus .....	183
Boks 3.3	Jordbruk nord for Polarsirkelen ...	182			
Boks 3.4	Korleis skal skogforvaltninga tilpasse seg klimaendringane? .....	182			





DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2021**

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 21. september 2020,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*



*Del I*  
*Innleiande del*



# 1 Oversikt over budsjettframlegget på programområde 15 Landbruk og mat

## 1.1 Status og hovudprioriteringar

Norsk landbruk er viktig for å halde oppe mat-sikkerheit, verdiskaping, busetjing og kulturlandskap. Regjeringa vil ta vare på det unike ved norsk matproduksjon, slik som låg medisinbruk, god dyrevelferd og ei lang verdikjede, i tillegg til bruk av norske ressursar for å leggje til rette for landbruk over heile landet. Dette inneber mellom anna ein variert bruksstruktur som er basert på regionale og lokale føresetnader for ulike produksjonar.

Landbrukspolitikken skal framleis byggje på desse fire berebjelkane: eit velfungerande importvern, samvirkebaserte marknadsordningar, forhandlingsinstituttet med årlege jordbruksopp-gjer, og ein eigedomspolitikkk for å sikre den sjølv-eigande bonden.

Den internasjonale matvaresituasjonen gjer det viktig å sørgje for produksjon av basisvarer, i Noreg så vel som i alle land, i ei tid då klimaendringar har innverknad på føresetnadene for landbruksproduksjon. Regjeringa har inngått ein intensjonsavtale med jordbruket sine organisasjonar, med mål om å auke karbonopptaket og redusere klimagass-utsleppa med 5 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar innan 2030. Verkemidla over jordbruksavtalen er over tid vridt i ei meir klimavenleg retning.

I Noreg som i resten av verda opplever vi stor økonomisk tilbakegang som følgje av koronapandemien. Omfattande tiltak for å stanse spreing av viruset har òg sett forsyningslinene for mat på prøve. Folk har vore mykje heime og laga mat der, hotell- og restaurantmarknaden har delvis vore stengd ned, og grensehandelen stoppa lenge. Det skapte ein stor auke og store endringar i etterspørselen etter mat i dagligvarehandelen. Korona-tiltaka skapte samstundes utfordringar med tilgang på arbeidskraft, særleg i grøntsektoren, for drifta i matindustrien og for transport av mat til butikkane.

Med unntak for noko hamstring i den innlei- ande fasa, har matforsyninga vore stabil. Det har vore eit tett samarbeid mellom regjeringa og alle ledd i forsyningskjeda for mat for å fjerne mog-

lege flaskehalsar så tidleg som mogleg. Det er gjort ein svært god jobb i heile forsyningskjeda for mat, i jordbruket, import, industri, transport og butikkledet for å sikre folk tilgang på maten dei ønskjer på ein god måte, samstundes som smittevernet har hatt høgast prioritet.

Koronasituasjonen har sett matsystemet på prøve. Prøva er så langt bestått, men minner oss om kor viktig matvareberedskapen og forsynings-sikkerheita er. Matsikkerheita til det norske folk blir teke vare på gjennom høg norsk produksjon, gode importsystem og ved å ta vare på produksjonsressursane for framtida. Det har lenge vore eit hovudmål i landbruks- og matpolitikken. Beredskapsutfordringa i denne situasjonen har særleg vore å sikre mest mogleg normal drift og flyt i forsyningslinene, og å tilpasse produksjonen til endringane i etterspørselen. Kunnskapsutvik- ling er òg viktig i ei tid med koronapandemi. Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinsti- tuttet har informert om at pandemien gir merk- bare konsekvensar for økonomien i institutta. Oppdragsmengda er redusert og nokre prosjekt er forseinka. For at næringsretta forskingsaktivi- tet ikkje skal stoppe opp, har regjeringa, med Stor- tingets tilslutning, auka basisløyvinga til institutta i 2020.

For å bidra til mest mogleg føreseielege ram- mer og stabilitet i matforsyningane, blei det gjen- nomført forenkla jordbruksforhandlingar våren 2020, i ein ekstrem situasjon, då uvissa om den vidare utviklinga, både i pandemien og økono- mien, var på sitt høgaste. Omsynet var hovudsak- leg tryggleik for matprodusentane og forsyning, men avtalen prioriterer samstundes det viktige klimaarbeidet, distriktsomsyn og auka produksjon i grønt- og kornsektoren.

Mange sektorar er hardt råka av pandemien og tiltaka. Jordbruket og matforsyninga samla er mellom sektorane som klarar seg bra. Stor reduk- sjon i grensehandelen bidreg til auka heimemark- nad. Historisk låg rente og låge energiprisar bidreg til auka lønsemd i produksjonen. I periodar med svak norsk krone har prisen på importerte driftsmiddel og importert mat gått mykje opp.

Matprisane har auka noko meir enn vanleg, og det ser ut til å bli ein vesentleg inntektsauke for jordbruket i 2020. Budsjettnemnda for jordbruket har på svært usikkert grunnlag estimert inntektsveksten i jordbruket til i overkant av 16 pst. i 2020.

Koronapandemien har òg påverka skogbruket, som er ei marknadsorientert næring der ein del av både råvarer og produkt blir eksporterte. For å sikre gjennomføring av skogplanting i ein vanskeleg arbeidskraftsituasjon våren 2020, omdisponerte departementet midlar i Landbrukets utviklingsfond (LUF) til eit ekstraordinært plante-tilskott. Stortinget slutta seg òg til regjeringa sitt forslag om ei ekstraordinær tilskottsordning for å halde hogstaktiviteten oppe.

Koronapandemien har ført til ein utfordrande økonomisk situasjon for mange av verksemdene innan lokalmat og landbruksbasert reiseliv. Særleg har fråvær av ordinære marknadskanalar (til dømes HORECA-marknaden og periodevis stengt eller redusert aktivitet som følgje av koronarestriksjonar) vore ei utfordring. Landbruks- og matdepartementet har gjort midlertidige endringar i verkemiddelbruken for dei bedriftsretta midlane forvalta av Innovasjon Norge, slik at verke-midla kan møte nokon av dei utfordringane bedriftene står overfor når det gjeld omstillingsbehov i samband med pandemien. Innovasjon Norge har utarbeidd ein rapport som summerar opp status og konsekvensar for reiselivet under koronapandemien sommaren 2020. Rapporten peikar mellom anna på at sommaren blei betre enn venta for mange reiselivsverksemdar, men at hausten kan bli krevjande som følgje av ein usikker marknad framover i tid. Ein indikator på dette er fråfall i kurs- og konferansemarknaden.

Som oppfølging av Stortingets vedtak tinga Landbruks- og matdepartementet ei ekstern og uavhengig granskning av Mattilsynet si tilsynsverksemde i blå og grøn sektor, det vil seie husdyrhald, planteproduksjon, fiskeri og fiskeoppdrett. Rapporten er tydeleg på at Mattilsynet ikkje har gode nok system og rutinar for planlegging, gjennomføring og oppfølging av tilsyn. Mattilsynet starta umiddelbart opp arbeidet med å definere fleire tiltak, og arbeider kontinuerleg med å gjennomføre desse tiltaka for å betre forvaltningskvaliteten i heile organisasjonen.

*Regjeringa vil følgje opp FN's berekraftsmål.* Dei 17 måla for berekraftig utvikling som FN har vedteke (2030-agendaen), set ambisiøse mål for sosial, økonomisk og miljømessig utvikling globalt, nasjonalt og lokalt. Måla skal vere tydelege i regjeringa sin politikk, uavhengig av sektor og politikkområde. Landbruks- og matdepartementet

har ansvaret for den nasjonale oppfølginga av berekraftsmål 2 om å «utrydde svolt, oppnå matsikkerheit, betre ernæring og fremje berekraftig landbruk». Eit toppmøte om berekraftige matsystem skal haldast hausten 2021. Toppmøtet markerer FN's tiår for å oppnå berekraftmåla frem mot 2030. Matsystema må levere matsikkerheit og ernæring på ein slik måte at det økonomiske, sosiale og miljømessige grunnlaget for matsikkerheit i framtida blir teke vare på. Koronapandemien har gitt auka merksemd på forsyningsikkerheit og tilgang til mat under kriser. Auka robustheit i matsystema mot kriser, er eit av fleire tema for toppmøtet. I denne samanheng arbeider regjeringa for å føre vidare og styrkje produksjon på norske areal over heile landet.

*Regjeringa vil styrkje arbeidet med matsikkerheit.* Det er viktig å ta vare på produksjonsressursane i heile landet og å auke produksjonen av planteprodukt til mat. Dette er område der sjølvforsyninga kan aukast. For å lukkast må produktiviteten og konkurransekrafta betrast. Norsk jordbruk og matindustri skal produsere varer som norske forbrukarar etterspør. Det betyr både nok mat, og produksjon av trygg mat basert på god plante- og dyrehelse.

Som ein del av oppfølginga av lov om nasjonal sikkerheit, har regjeringa fastsett matvareforsyning som ein grunnleggjande nasjonal funksjon (GNF). Landbruks- og matdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet har delansvar for verdikjeda som utgjer matforsyninga. Landbruks- og matdepartementets ansvar er knytt til nasjonal produksjon av landbruksprodukt og import av landbruksvarer.

*Regjeringa vil bruke matpolitikken til å sikre trygg mat og god dyrehelse.* Forvaltninga arbeider for å vere førebudd på hendingar som kan utgjere eit trugsmål mot trygg mat og mot matsikkerheita. God dyrehelse og god dyrevelferd er viktig for produksjon av trygg mat og for omdømmet til norsk matproduksjon. For å halde den gode statusen ved lag blir det lagt vekt på kontinuerleg overvaking, slik at tiltak kan setjast inn i tide. Helse-situasjonen i norsk husdyrhald er god. Det er svært få tilfelle av salmonellainfeksjon hos norske husdyr samanlikna med mange andre land. Smitte til menneske frå norskprodusert kjøtt og kjøttprodukt skjer difor svært sjeldan.

*Regjeringa vil følgje opp jordvernstrategien.* Dette er viktig for å sørgje for nasjonal matforsyning òg for framtidige generasjonar. Matvareproduksjonen i Noreg skal baserast på miljø- og ressursvenleg bruk av lokale ressursar. Målet Stortinget har vedteke er at omdisponeringa av dyrka

mark skal vere under 4 000 dekar i året. Målet er nådd for tredje år på rad. Landbruks- og matdepartementet vil revidere jordvernstrategien i 2021, og samtidig vurdere målet som er sett.

*Regjeringa vil framleis styrkje klima- og miljøarbeidet.* Vi må ta vare på jorda si langsiktige produksjonsevne, auke norsk fôrproduksjon og nytte dei store utmarksressursane betre. Samstundes har klimaarbeidet høg prioritet. Utsleppa skal reduserast i tråd med klimaavtalen med jordbruket, og vi skal styrkje arbeidet med tilpassing av jordbruket til endringar i klimaet. Jordbruket har etablert prosjektet Klimasmart landbruk, som har som formål å redusere klimaavtrykket frå norsk landbruk. Klimasmart landbruk har utvikla ein klimakalkulator som bereknar utslepp på den enkelte gard. Gardar over heile landet er no i gang med pilotprøving av verktøyet. Utsleppa frå jordbruket har vore svakt fallande sidan 1990, og utsleppa ligg an til å falle òg i 2020. Mykje av jordbrukets utslepp er biogent metan, og svakt fallande utslepp gjer at metanutsleppa ikkje bidreg til ytterlegare oppvarming av jorda. Rapportar frå FN's klimapanel syner at globale klimamål ikkje kan nåast utan vesentlege bidrag frå skogopptak og bruk av biomasse framfor fossile ressursar. Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga til klimatiltaka tettare planting og gjødsling i skog. Regjeringa vil leggje vekt på at krava til forynging etter hogst blir oppfylte.

*Regjeringa vil leggje til rette for betre utnytting av skogressursane.* Norsk skog- og trenæring er grøn og berekraftig, med gode utsikter til å spele ei viktig rolle i bioøkonomien framover. Eit aktivt skogbruk som tek omsyn til miljøverdiar og friluftsliv, saman med ein lønsam foredlingsindustri, gir positive nærings-, energi- og klimabidrag. Skogen tener to funksjoner i eit framtidig lågutslepps-samfunn. Først bidreg skogen til eit stort opptak av CO<sub>2</sub> og lagring av karbon. Det gir ein tilsvarende auke i tømmer volumet. Dette tømmeret kan brukast til å erstatte fossilbaserte produkt eller fossil energi. Skogtiltak er difor ein «vinnvinn-situasjon», gjennom både karbonfangst og alternativ til sement, plast og fossil energi. Denne moglegheita for utvikling av industri og bruk av eigne ressursar må utnyttast. Forsking, og utvikling av nye produkt og produksjonsmetodar, kan bidra til auka verdiskaping og meir klima- og miljøvenlege produkt basert på skogråstoff som kan spele ei viktig rolle i å nå klimamåla og naudsynt grøn omstilling av økonomien. Allereie i dag blir det produsert eit breitt spekter av avanserte og miljøvenlege biokjemikalier, biomaterialar og bioetanol som erstattar oljebaserte alternativ og

dermed bidreg til reduserte utslepp av drivhusgassar. Andre store skogland som Sverige og Finland er førebudde til å nytte marknaden for fornybare lågutsleppsprodukt. Regjeringa legg òg i 2021 opp til vidareutvikling av infrastrukturtiltak i skogbruket. Målet er å leggje til rette for reduserte transportkostnader, auka lønsemd og større konkurransekraft i skog- og trenæringa. Ei ordning under Samferdselsdepartementet for utbeiring av flaskehalsar for tømmertransport i det offentlege vegnettet blir ført vidare i 2021.

*Regjeringa vil leggje til rette for ei berekraftig reindriftsnæring.* Dei siste to åra har regjeringa blitt samde med Norske reindriftsamers landsforbund om gode reindriftsavtalar. Innrapporterte reintal er no tilnærma i samsvar med det som er fastsett. Undersøkingar av lavbeite på Finnmarksvidda viser ei positiv utvikling som i nokon grad fell saman med reduksjon i reintalet. Dette gir auka produktivitet og større inntening per dyr. Reindrifta er ei familiebasert næring. Reindriftsavtalen 2020/2021 styrker velferdsordningane i reindrifta, og gir moglegheit for at avløyser ved ferie og fritid kan dekkjast av tilskott. Dette er viktig for velferda til familiane i reindrifta. Reindrifta er ein del av landbruket. Regjeringa gjer no framlegg om å auke reindriftsfrådraget til det same nivået som jordbruksfrådraget. Regjeringa vil òg gjere endringar i eigedomsskattelova, slik at reindriftsanlegg får det same fritaket for eigedomsskatt som jordbruk og skogbruk har i dag, jf. Prop. 1 LS (2020–2021).

Tap av rein på grunn av rovvilt er ei stor utfordring i reindrifta. Framover vil det vere sentralt å få redusert slike tap. Det vil òg trengst auka merksemd på tiltak som sikrar reindrifta tilgang på naudsynte areal for auka produksjon og lønsemd. Reindrifta har i 2020 gått gjennom ei omfattande beitekrisa, og det har vore naudsynt å gå inn med statlege midlar for å sikre tilstrekkeleg fôr til reinen. Regjeringa vil ha merksemd på kva for konsekvensar beitekrisa vil ha på produksjonen i tida framover.

*Regjeringa vil styrkje det faglege grunnlaget for landbruket sin arealbruk.* Landbruket er avhengig av tilgjengeleg areal, og det er avgjerande å ha gode faglege grunnlag for å avvege arealbruken mellom ulike interesser. Både mengda av og kvaliteten på jorda er avgjerande for matproduksjonen. Konkurransen om areala aukar, og det er viktig at landbruket sine interesser og behov blir varetekne. Landbruksdirektoratet må levere kunnskap om dette, og arbeid av høg kvalitet på alle ansvarsområde. Klima og miljø knytt til jordbruk og skogbruk er viktige område. Når det gjeld den

todelte målsetjinga i rovviltpolitikken er det særleg viktig å styrkje landbruksfagleg kompetanse.

*Rovviltpolitikken skal vareta både levedyktige rovviltbestandar og berekraftige beitenæringar.* Dei områda som er prioriterte til ein eller fleire rovviltartar, utgjer om lag 55 pst. av landarealet og 60 pst. av jordbruksarealet i Noreg. Halvparten av arealet som blir nytta av samisk reindrift, er òg prioritert for rovvilt. Rovviltbestandane og forvaltning av desse, har difor stor innverknad på jordbruket og reindriften. Utnytting av utmarksbeite er òg viktig for å ta vare på det biologiske mangfaldet i det beiteskapte kulturlandskapet.

Rammene for rovviltpolitikken er utforma gjennom rovviltforlika i 2004 og 2011, Stortingets handsaming av Meld. St. 21 (2015–2016) og seinare stortingsvedtak. Regjeringa legg vekt på gjennomføring av rovviltpolitikken i tråd med føringane frå Stortinget. Regjeringa legg vekt på å redusere konfliktnivået ytterlegare og få ned tapet til rovdyr, og det er framleis stor merksemd på den todelte målsetjinga i rovviltpolitikken der det òg skal leggjast til rette for levedyktig næringsdrift. Erfaring frå skadefelling sommaren 2020 viser at bruk av hund gjer skadefellinga meir effektiv.

*Regjeringa vil samle og målrette satsinga på mat og drikke med strategien for Matnasjonen Noreg.* Regelverket for foredling på eigen gard skal forenklast, og politikken skal leggje til rette for vekst og utvikling uavhengig av storleiken på gardsbruket, slik at landbruksgründerar kan utnytte det samla ressursgrunnlaget i inn- og utmark utan unødige hinder. Det er òg utforma ein eigen strategi for reiseliv basert på ressursane i landbruket og reindriften, Opplevingar for ein kvar smak, der hovudmålet er auka verdiskaping for mat- og reiselivsaktørar. For å skape vekst og verdiskaping i mat- og drikkenæringa skal Matnasjonen Noreg vere ei sams politisk ramme for arbeidet med å sjå mat og reiseliv i samanheng. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ein strategi for Matnasjonen Noreg i 2021. Mat er òg kultur og sosialt fellesskap og har eit potensial for å virke samlande mellom by og land og næring og forbrukar. Strategien vil difor leggje til grunn eit breitt perspektiv som både inkluderer helse og næring. Den vil òg favne innsatsen for Gylne Måltidsøyeblikk. Gylne Måltidsøyeblikk handlar om ulike tiltak for å auke interessa, merksemda og kunnskapen om kva som skal til for å auke eldre menne-

ske sin matglede og matlyst. Landbruks- og matdepartementet leier arbeidet med ein strategi for urbant landbruk der òg Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet deltek.

*Regjeringa vil auke verdiskapinga frå haustbare viltressursar.* Det ligg eit potensial for auka næringsmessig bruk og verdiskaping av utmarka gjennom ei berekraftig og meir aktiv forvaltning av dei haustbare viltressursane. Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriften basert vekst og verdiskaping skal mellom anna byggje opp under utvikling på dette området. Regjeringa vil gå gjennom og modernisere viltlova. Lova er nærare 40 år gamal, og det er behov for betre samordning med anna regelverk og klargjering av nye utfordringar på området. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet er ansvarlege for lovarbeidet.


*Regjeringa vil leggje til rette for eit kunnskapsbasert og innovativt landbruk.* Forsking, innovasjon og kompetanse trengst for å nå målet om berekraftig produksjon av nok og trygg mat, og for å ta ut potensialet i bioøkonomien og for verdiskaping basert på norske skogressursar. Ny kunnskap, teknologiutvikling og digitalisering, i tillegg til tett kopling mellom forskingsmiljø og næringsliv, er viktig for at dei mange små og mellomstore bedriftene i landbruket skal vere konkurransedyktige og kunne omstille seg i ei økonomisk krevjande tid som følgje av koronapandemien. I 2021 blir det særleg lagt vekt på forskingsaktivitet som bidreg til å fremje teknologiutvikling, grøn omstilling i næringslivet og utvikling av nye arbeidsplassar, med vekt på klimatilpassa og berekraftig matproduksjon. Forskingsinnsatsen på landbruks- og matområdet følgjer med dette opp viktige område i regjeringa sin langtidsplan for forskning og høgare utdanning.

Landbruk er ein kompetansekreivjande sektor. Det er viktig med rett kompetanse for betre lønsemd og ein berekraftig produksjon med lågare klimaavtrykk.

Rekruttering av rett kompetanse er viktig i heile verdikjeda for mat, og regjeringa har difor sett ned eit rådgivande utval som har fått i oppgåve å identifisere moglege tiltak for å auke rekrutteringa til mat- og måltidsbransjen.



## 1.2 Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet



Figur 1.1 Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet

I del III er det gjort nærare greie for resultatane knytt til dei landbruks- og matpolitiske måla.

### Matsikkerheit og beredskap

Sikre forbrukarane trygg mat

Hovudoppgåva til jordbruket er å produsere mat som forbrukarane etterspør. Matsikkerheit inneber at innbyggjarane til ein kvar tid har fysisk og økonomisk tilgang til nok og trygg mat. Matsikkerheita blir vareteke på gjennom nasjonal produksjon, handel og sikring av produksjonsgrunnlaget. Regjeringa har som mål å auka matproduksjonen og styrkje konkurransekrafta til jordbruket. Dei landbrukspolitiske verkemidla skal innrettast slik at dei innanfor økonomiske, miljømessige og handelspolitiske rammer bidreg til auka produksjon der det er moglegheiter og marknad for det.

All mat som blir seld i Noreg, skal vere trygg. Produksjonen av trygg mat skaper tillit, sikrar

omsetnad av varer og gir legitimitet for eit levande landbruk og for næringsmiddelindustrien.

### Auka matvareberedskap

Dei viktigaste føresetnadene for matsikkerheita i Noreg er kontinuerleg produksjon av mat, varetaking av produksjonsgrunnlaget og eit velfungerande handelssystem. Gjennom handel på verdsmarknaden er Noreg dermed sikra tilgang til matvarer og innsatsvarer, og i år der norsk produksjon ikkje strekk til. Regjeringa vil betre matvareberedskapen gjennom å medverke til auka innanlands produksjon av landbruksvarer i produksjonar med marknadsmoglegheiter og ved å medverke til å opprettholde dei matvarer som trengs gjennom import og i kriser. Matvareberedskapen byggjer på eit samspel mellom næringsaktørar i heile verdikjeda og styremaktene.

### God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

Noreg har liten førekomst av matboren sjukdom samanlikna med andre land. Regjeringa vil bidra til å halde denne situasjonen ved lag. God plante- og dyrehelse er viktig for mattryggleik, kostnads-effektivitet og berekraftig matproduksjon.

Det er òg gjennomgåande god dyrevelferd i Noreg. Regelverket stiller klare krav til dyrehald, og Mattilsynet prioriterer tilsyn med dyrevelferd. Arbeidet med å fremje god dyrevelferd og gode haldningar til dyr er viktig. Det trengst å rette merksemda på både produksjonsdyr- og kjøle- dyrhald og å fremje respekt for eigenverdien til dyra. Utvikling av kunnskap om verknaden av avlstilltak og ulike driftsformer på dyrevelferda er òg viktig.

### Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane

Systematisk avls- og foredlingsarbeid er viktig for ein berekraftig og klimatilpassa landbruks- og matproduksjon. Noreg ligg langt framme innan avlsarbeid på både storfe og svin, og avlsmiljøa markerer seg internasjonalt. Kombinasjonen av stor produksjonskapasitet og særleg god fruktbarheit og helse skaper merksemd i mange land. Målretta avlsarbeid kan òg gi viktige bidrag til å redusere utslepp av klimagassar frå landbruket. Det blir mellom anna arbeidd med å ta inn lågt utslepp av metan som ein ny avlseigenskap, både hos storfe og sau.

Forskning og teknologiutvikling står sentralt i vidareutviklinga av avls- og foredlingsarbeidet, og i vidareutviklinga av norsk landbruk. Dette er viktig for å kunne møte utfordringane i framtida og for å ha plante- og dyremateriale som er godt tilpassa norske forhold. Ny kunnskap vil òg vere avgjerande for å utvikle nye produksjonsprosessar og produkt frå dei mange biologiske ressursane i landbruket, og for å ta ut potensialet i bioøkonomien.

Klimaendringar, den raske teknologiutviklinga og krav om større effektivitet og klimakutt i jordbruket gjer at matproduksjonen i framtida må byggje på ny og oppdatert kunnskap. Det er difor viktig å leggje til rette for utdanningstilbod av høg kvalitet på alle nivå, inkludert kurs og vidareutdanning, for å få dekt kompetansebehova i heile verdikjeda.

### Landbruk over heile landet

Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane

Regjeringa vil leggje til rette for eit aktivt og lønnsamt landbruk over heile landet, med produksjo-

nar og næringsverksemd som byggjer på lokale jord-, beite-, skogs- og utmarksareal. Beiting i utmark utnyttar førressursane til matproduksjon, og kan òg vere positivt for dyrehelsa. Samstundes medverkar det til eit ope og artsrikt kulturlandskap. Beite i utmark har òg eit stort potensial for å binde karbon i jord. Dette skjer ved at plantane bind karbonet i jordsmonet. Landrapporten frå FN's klimapanel i 2019 viser at det er eit potensial for opptak av karbon på alle jordbruksareal, og i særleg grad beitemark. Årets forenkla jordbruksoppdrag prioriterer å styrkje bruken av beiteressursane i heile landet gjennom ein auke i satsen for beite i utmark.

### Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Ressursgrunnlaget i Noreg er spreidd, og vilkåra for jord- og skogbruksdrift varierer. Regjeringa arbeider for eit sterkt og konkurransedyktig landbruk i alle delar av landet. Landbruket bidreg med ei rekkje fellesgode og skaper grunnlag for sysselsetjing, verdiskaping, næringsutvikling og vekst-kraftige distrikt. Det er difor viktig å bidra til utnytting av ressursane til landbruksproduksjon over heile landet. Som eit ledd i dette arbeidet vil regjeringa sikre den sjølvvegande bonden ved praktisering av jordlova og konsesjonslova, og føre vidare bu- og driveplikta for å sikre at matjorda blir brukt til matproduksjon.

### Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling

Føresetnadene for jordbruksproduksjon varierer mellom dei ulike delane av Noreg. Naturgitte vilkår og klimatiske forhold påverkar både produksjonsmoglegheitene og nivået på avlingane. Små og mellomstore bruk er viktige for å utnytte produksjonspotensialet i alle delar av landet. Regjeringa arbeider for auka produktivitet og styrkt konkurransekraft i landbruket. Dette vil vere avgjerande for å realisere målet om auka produksjon og høgare heimemarknadsdelar. Tilskottssystemet i landbruket er difor bygd opp slik at det kompenserer for ein del av dei ulempene mindre bruk har.

Eitt av måla for landbrukspolitikken er eit aktivt og lønnsamt jordbruk over heile landet, med produksjonar og næringsverksemd bygd på lokale ressursar og der inntektsmoglegheita blir sikra for ulike bruksstorleikar. I tråd med dette har regjeringa styrkt grunnlaget for den geografiske produksjonsfordelinga òg i årets jordbruksoppdrag.

Leggje til rette for rekruttering i heile landet

Stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen er det viktigaste bidraget frå regjeringa si side til å gi gode rammevilkår og grunnlag for auka lønsemd i landbruket. Avtalen er dermed det viktigaste verktøyet for å leggje til rette for rekruttering i heile landet. Særleg er ordninga med investerings- og bedriftsutviklingsmidlar målretta for å fremje rekruttering til næringa.

For å sikre og utvikle norsk matproduksjon og andre landbaserte næringar treng landbruksnæringa, som andre næringar, kunnskap og kompetanse. Det er difor viktig å leggje til rette for eit godt og fleksibelt opplærings- og utdanningssystem i landbruket. I dei siste års jordbruksopp-gjer har det blitt lagt vekt på å styrkje kompetansehevande tiltak for næringa og verkemiddel til rekrutterings- og utgreiingsprosjekt. Det er vidare avgjerande for landbruket å ha eit godt omdømme i det norske samfunnet og at dette held seg over tid. Landbruket som heilskap og den enkelte næringsutøvarer er dei viktigaste og beste ambasadørane for rekruttering til næringa.

Ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift

Reindrifta er ei urfolksnæring som er unik i både nasjonal og internasjonal samanheng, og er ein viktig eksponent for samisk kultur og levest. Reindrifta forvaltar ein nasjonal og samisk kulturarv. Reindrifta er ein sentral næringsaktør i mange lokalsamfunn. Den reinen som blir slakta i Finnmark blir i dag òg vidareforedla i Finnmark. For å skape og vidareutvikle livskraftige og berekraftige reindriftssamiske samfunn er det avgjerande at reindrifta er økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig.

Regjeringa vil, i samarbeid med reindriftsnæringa, leggje til rette for ei reindriftsnæring som har god lønsemd og er berekraftig i eit langsiktig perspektiv.

### Auka verdiskaping

Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter

Regjeringa prioriterer å leggje til rette for auka inntekter i produksjonar med marknads-moglegheiter. I produksjon av korn, frukt, grønnsaker og bær er det eit stort potensial for å auke norsk produksjon. I årets jordbruksopp-gjer var partane samde om å

prioritere planteprodukt til mat og klimatiltak, samstundes med at distriktsomsyn skulle takast i vare.

Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat

Jordbruket skal vere ei effektiv næring som leverer det forbrukarane etterspør, og som tek omsyn til ein stadig meir krevjande nasjonal og internasjonal marknad. Regjeringa har lagt til rette for at næringa kan utvikle seg og få styrkt konkurransekraft gjennom ein enklare verkemiddelstruktur, færre offentlege inngrep i næringsdrifta, auka konkurranse og meir marknadsretting av produksjonen.

Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine samla ressursar

Landbruket sine ressursar dannar utgangspunkt for eit mangfald av produkt og tenester. Lokale tradisjonar, kreativitet, innovasjon og gründerskap gir grunnlag for auka verdiskaping og sysselsetjing. Ein liten eigedom kan vere eit like godt utgangspunkt for ein forretnings-sidé som ein større eigedom. Regjeringa arbeider for at det samla ressursgrunnlaget til landbrukseigedommen skal utnytast betre, og vil stimulere til auka vekst og verdiskaping i andre landbruksbaserte næringar utanom tradisjonelt landbruk. Regjeringa har sett av vesentleg med midlar til dette over jordbruksavtalen, mellom anna til Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping forvalta av Innovasjon Norge (IN), og gjennomført fleire forenklingar i regelverket for å stimulere til ei positiv utvikling. Innsatsen har medverka til auka profesjonalisering og vekst særleg innan lokalmatområdet, men òg innanfor område som reiseliv og Inn på tunet. Omsetnad av lokalmat gjennom daglegvarehandelen har auka frå 3,8 mrd. kroner i 2014 til 5,25 mrd. kroner i 2019. I 2019 blei for første gong salet gjennom hotell, restaurant og catering målt, og tala syner at den samla omsetnaden no har passert 11 mrd. kroner. Strategien for reiseliv basert på landbruket og ressursane i reindrifta, *Opplevingar for ein kvar smak*, skal medverke til ein meir heilskapleg og målretta innsats på området.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Matnasjonen Noreg er ei sams ramme for næringsutvikling og verdiskaping i mat- og drikkenæringa og omfattar både grøn og blå sektor. Regjeringa skal leggje fram ein strategi for å engasjere næringa til eit forsterka samarbeid om

vidare utvikling og til, mellom anna, å sjå mat og reiseliv i samanheng. Her vil det vere viktig å engasjere heile næringskjeda, og andre aktørar som kan vere interesserte, til å delta i bygginga av Noreg som ein matnasjon fram mot 2030. Strategien skal etter planen leggast fram i 2021.

Leggje til rette for bonden sine inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden

Utviklinga med større jordbruksbedrifter, høgare produktivitet og bruk av ny teknologi krev større investeringar enn før. Nye krav til dyrevelferd, medrekna krav om lausdriftsfjøs, gir eit særleg investeringsbehov innan mjølk- og storfeproduksjon. Regjeringa har prioritert verkemiddel som stimulerer til investering og bedriftsutvikling i landbruket. Investerings- og bedriftsutviklingsmidlane er eit viktig risikoavlastande verkemiddel som medverkar både til modernisering og effektivisering innan tradisjonell landbruksproduksjon, og til auka sysselsetjing og utvikling av ny næringsverksemd i andre landbruksbaserte næringar. I dei siste års jordbruksoppgjer har frukt og grøntsektoren vore særskild prioritert med ei øyremerka ramme for investeringstiltak.

Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Regjeringa vil føre ein skogpolitikk som legg til rette for å skape større verdiar av norske skogressursar. Regjeringa vil leggje til rette for skogbruk og trebasert industri gjennom gode generelle rammevilkår for næringslivet, mellom anna gjennom satsing på infrastruktur, forskning og utvikling i tillegg til eit næringsvenleg skatteregime. Regjeringa vil styrkje grunnlaget for skogbruket gjennom kostnadsreducerande tiltak som til dømes utbygging av skogsvegar og tømmerkaier, fjerning av flaskehalsar i infrastrukturen og gjennom skogplanting bidra til å sikre framtidsskogen. Regjeringa la fram strategidokumentet *Skog- og trenæringa – ein drivar for grøn omstilling* 12. mars 2019. Som ledd i oppfølging av strategien, har departementet etablert eit forum for dialog mellom skog- og trenæringa, forskings- og utdanningsmiljø og sentrale verkemiddelaktørar.

### **Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar**

Redusert forureining frå landbruket

Å redusere vassforureininga frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmid-

del er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Den samla gjennomføringa av ulike jordarbeidingstiltak, grasdekte areal m.m. i kornområda har redusert erosjonsrisikoen på dei dyrka areala, men ikkje tilsvarende det som har vore den venta verknaden av tiltaka. Undersøkingar Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har gjennomført, viser at meir nedbør og ustabile vintrar har gitt avrenning som skjuler verknaden av tiltaka. Miljøprogramatsinga omfattar viktige verkemiddel for å stimulere til meir miljøvenleg drift. Det er difor viktig å vidareføre denne satsinga.

Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO<sub>2</sub> og gode klimatilpassingar

All skog- og matproduksjon startar med fotosyntesen. I utgangspunktet er difor alt skog- og jordbruk basert på opptak av CO<sub>2</sub>. Netto opptak i skog- og arealbrukssektoren utgjorde i 2018 23,7 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Dette svarar til nesten halvparten av dei samla norske utsleppa av klimagassar. Skog står for storparten av karbonopptaket i sektoren. I Parisavtalen er det sett eit mål om å oppnå balanse mellom opptak og utslepp av klimagassar i andre halvdel av dette hundreåret. Opptak i skog og jord vil spele ei avgjerande rolle for å kunne nå denne balansen. Jordbruksaktivitetar, særleg husdyrhald, er òg opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O). Klimagassutsleppa frå jordbruket utgjorde 8,7 pst. av dei samla utsleppa i 2018. Jordbrukspolitikken skal leggast om i ei meir miljø- og klimavenleg retning. I jordbruksoppgjeret 2019 blei klimainnsatsen styrkt ved å prioritere ordningar som kan reknast inn i den offisielle klimagassrekneskapan. Klimaavtalen som blei inngått mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket i juni 2019, vil liggje til grunn for klimaarbeidet i sektoren framover. Regjeringa vil føre vidare tiltak i skogforvaltninga som medverkar til auka opptak av CO<sub>2</sub> og lagring av karbon.

Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sitt areal og ressursgrunnlag

Rett bruk og vern av arealressursane er viktig for å nå målet om auka matproduksjon. Både mengda av og kvaliteten på jorda er avgjerande for matproduksjonen. Det er difor viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjorda. Samstundes må jordvernet balanserast mot behova storsamfunnet har. Stortinget har fastsett det årlege målet for omdisponering av dyrka jord til under 4 000 dekar, og

bedt regjeringa om at målet blir nådd gradvis innan 2020. Regjeringa utforma ein eigen strategi for å nå målet, og denne blei handsama av Stortinget i 2015. I 2018 oppdaterte regjeringa denne strategien, og målet for omdisponering er nådd dei siste åra.

Klimaendringar og press på ressursgrunnlaget utgjør eit trugsmål mot målet om auka matproduksjon. Desse utfordringane krev gode tilpassingar i landbruket. Dei genetiske ressursane hos husdyr og matvekstar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon. God forvaltning av dei genetiske ressursane gjennom bruk og vern er viktig for god måloppnåing i landbruket. Departementet arbeider difor med oppfølginga av ein strategi for genetiske ressursar for å styrkje forvaltninga av dei.

#### Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet

Jordbrukslandskapet, med sitt mangfald og variasjon av natur- og kulturverdiar, er ein viktig del av landskapet i Noreg. Kulturlandskapet blir halde ved like ved ei målretta forvaltning som òg bidreg til å halde ved lag det biologiske mangfaldet og ta vare på kulturminne. Det viktigaste bidraget til eit levande kulturlandskap er å halde oppe eit levande, aktivt landbruk. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksavtalen skal særleg bidra til å forvalte og skjøtte det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar landskapsverdiane i den kommunale planlegginga og utformar planar som kan ligge til grunn for ei god forvaltning.

Frå og med 2020 har dei aktuelle kommunane ansvaret for forvaltning av ordninga med tilskott til verdsarvområda Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap og utvalde kulturlandskap i jordbruket.

#### Ei effektiv landbruks- og matforvaltning

Landbruks- og matforvaltninga skal vere effektiv og brukarvenleg og kjenneteikna av god kvalitet i alle ledd. Forvaltninga legg stor vekt på å gjere forbetringar og effektivisere drifta, og følgjer slik opp regjeringa si reform for avbyråkratisering og effektivisering (ABE-reforma). Effektiv bruk av ressursane inneber både å utføre oppgåvene rett og å prioritere dei rette formåla. Effektiv drift kan gi gevinstar i form av reduserte utgifter over statsbudsjettet, men effekten kan òg vise seg i høgare kvalitet og betre resultat. Innovasjon og ny teknologi kan òg bidra til meir effektiv bruk av økonomiske ressursar.

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Landbruks- og matdepartementet skal vere sporbart og integrert i planverk og styringsystem og i styringsdialogen med underliggjande verksemdar. Departementet og underliggjande verksemdar samarbeider godt om samfunnstryggleik og beredskap. Det er eit mål at departementet og underliggjande verksemdar i størst mogleg grad kan drive verksemda vidare, uavhengig av uønskte hendingar og kriser. Ansvaret departementet har for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor, er hovudsakleg knytt til matproduksjon og mattryggleik.

#### Forskning, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken

For at vi skal nå dei landbruks- og matpolitiske hovudmåla, må løyvingane til forskning, innovasjon og kompetanse vere så målretta som mogleg. Det er viktig at resultatane frå forskinga er tilgjengeleg for næring og forvaltning, og at instituttsektoren er effektiv og har eit godt samspel med andre.

Forskning, innovasjon og teknologiutvikling skal danne grunnlag for effektiv og berekraftig produksjon og utnytting av fornybare biologiske ressursar. Ei tett kopling mellom forskning og næringsliv er sentralt for å utnytte potensialet. Vidare vil internasjonalt forskingssamarbeid gi viktige bidrag til å løyse samfunnsutfordringar, og bidra til høg kvalitet på forskinga.

Landbruks- og matforskninga må følgjast opp med målretta formidling, slik at ny kunnskap på ein rask og effektiv måte når ut til aktørane som kan ta kunnskapen i bruk. For å lukkast med dette er det naudsynt å leggje til rette for eit godt samarbeid mellom dei ulike aktørane i landbruks- og matnæringa.

God rekruttering av fagpersonar med rett kompetanse er viktig for å leggje til rette for eit aktivt landbruk, verdiskaping og busetjing i heile landet.

#### Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar

Utviklinga i norsk landbruk og matindustri heng nøye saman med utviklinga internasjonalt. Ei rekke internasjonale avtalar dekkjer mellom anna handel, plante- og dyrehelse, skog og klima. Mange avtalar blir fornya med jamne mellomrom. Noreg har i fleire av desse særlege nasjonale interesser som må inkluderas i avtaleverket, mellom anna med grunnlag i naturgitte forhold, kost-

nadsnivå og nasjonale landbruks- og matpolitiske mål.

Regelverket til Verdas handelsorganisasjon (WTO), inkludert landbruksavtalen, legg rammer for utforminga av verkemidla i landbrukspolitikken. Vidare legg EØS-avtalen klare føringar på regelverket for mat og innsatsfaktorar i Noreg. Det norske regelverket er harmonisert med regelverket i EU på matområdet. Regjeringa legg vekt på å vareta norske interesser ved å medverke tidlegare i prosessar og politikktutforming i EU enn det dei formelle og uformelle foruma i EØS-avtalen gir høve til. Arbeidet med bilaterale frihandelsavtalar for EFTA-landa vil framleis ha høg

prioritet. Det same gjeld pågåande frihandelsforhandlingar mellom EØS-landa og Storbritannia. Aktiv deltaking i WTO-forhandlingar er òg eit prioritert område.

Noreg deltek òg i ei rekkje andre internasjonale forum på landbruks- og matområdet, både globale og regionale, og både innanfor og utanfor FN-systemet. Departementet deltek aktivt i desse foruma, mellom anna for å medverke til berekraftig utvikling, global matsikkerheit, berekraftig skogforvaltning, bevaring av genetiske ressursar og styrking av landbruket og bøndene si stilling i den tredje verda.

### 1.3 Hovudtrekk ved budsjettframlegget

Nemning	( i mill. kr)		
	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
<i>Programområde 15 Landbruk og mat</i>			
15.00 Administrasjon m.m.	183,2	182,0	-0,6
15.10 Matpolitikk	1 507,2	1 487,1	-1,3
15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling	840,8	839,2	-0,2
15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	17 939,2	18 613,4	3,8
Sum Landbruk og mat	20 470,3	21 121,8	3,2
Sum Landbruks- og matdepartementet	20 470,3	21 121,8	3,2

Hovedprioriteringar i budsjettframlegget for Landbruks- og matdepartementet:

- landbruk over heile landet
- kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald
- klimatiltak i skog

Verkemiddel over jordbruksavtalen skal leggje til rette for auka verdiskaping og landbruk over heile landet. Som følgje av jordbruksavtalen for 2021 blir det gjort framlegg om endringer i tilskott tilsvarende 350 mill. kroner i auka budsjettstøtte. Inntektsveksten per årsverk frå 2019 til 2020 blei av Budsjettnemnda for jordbruket på usikkert grunnlag estimert til i overkant av 16 pst. I tråd med føringar frå Stortinget blir korn, frukt, grønt og poteter prioritert. Som følgje av bortfall av eksportsubsidiar til mjølk blir det gjort framlegg om

ei auka løyving på 189 mill. kroner til oppkjøp av mjølkekvoter for å tilpasse produksjonen tilsvarende redusert eksportvolum. Reindrifftsavtalen for 2021 fører vidare verkemiddel som prioriterer dei som har reindrift som hovedverksemd, under dette velferdsordningane.

Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald. Det arbeidast med å endre kompensasjonsordninga som følgje av anmodningsvedtak frå Stortinget.

Skogen kan bidra til auka opptak av CO<sub>2</sub>, og produkt frå skogen kan tene fleire funksjonar i eit framtidig lågutsleppssamfunn. Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga til klimatiltak i skog for å auke karbonopptaket gjennom tettare planing og auka gjødsling i skog.

## 1.4 Oversiktstabellar

### Utgifter fordelt på programkategoriar

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Budsjettets stilling pr. 1. halvår	Forslag 2021
15.00	Administrasjon m.m.	182 309	183 150	183 150	181 971
15.10	Matpolitikk	1 531 016	1 507 161	1 521 209	1 487 119
15.20	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling	829 168	840 800	853 311	839 239
15.30	Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak	17 222 758	17 939 207	18 260 207	18 613 423
	Sum programområde 15	19 765 251	20 470 318	20 817 877	21 121 752

### Inntekter fordelt på programkategoriar

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Budsjettets stilling pr. 1. halvår	Forslag 2021
15.00	Administrasjon m.m.	1 091	1 098	1 098	1 128
15.10	Matpolitikk	216 895	205 790	205 790	205 503
15.20	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling	18 081	18 533	18 533	19 052
15.30	Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak	322 640	308 913	299 913	302 014
15.40	Forretningsdrift	80 000	33 750	64 000	9 000
	Sum programområde 15	638 707	568 084	589 334	536 697

### Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–24	Driftsutgifter	1 909 679	1 861 263	1 857 756	-0,2
30–49	Investeringar	3 536	14 771	14 771	0,0
50–59	Overføringer til andre stats- rekneskap	2 193 823	2 252 603	2 291 258	1,7
60–69	Overføringer til kommunesektoren	180 471	170 286	174 945	2,7
70–89	Overføringer til private	15 477 741	16 171 395	16 783 022	3,8
	Sum under departementet	19 765 250	20 470 318	21 121 752	3,2

**Utgifter fordelt på kapittel**

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
<b>Administrasjon m.m.</b>					
1100	Landbruks- og matdepartementet	182 309	183 150	181 971	-0,6
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>182 309</i>	<i>183 150</i>	<i>181 971</i>	<i>-0,6</i>
<b>Matpolitikk</b>					
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	127 976	120 606	103 170	-14,5
1115	Mattilsynet	1 403 040	1 386 555	1 383 949	-0,2
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>1 531 016</i>	<i>1 507 161</i>	<i>1 487 119</i>	<i>-1,3</i>
<b>Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling</b>					
1136	Kunnskapsutvikling m.m.	227 909	233 816	239 706	2,5
1137	Forskning og innovasjon	601 259	606 984	599 533	-1,2
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>829 168</i>	<i>840 800</i>	<i>839 239</i>	<i>-0,2</i>
<b>Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</b>					
1138	Støtte til organisasjoner m.m.	49 668	48 527	48 527	0,0
1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	24 161	30 205	30 205	0,0
1140	Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.	90 108	79 278	72 088	-9,1
1141	Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.		11 389	10 519	-7,6
1142	Landbruksdirektoratet	580 782	674 637	1 056 255	56,6
1148	Naturskade – erstatningar	67 452	168 000	159 000	-5,4
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	147 412	121 206	122 335	0,9
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	16 108 162	16 645 652	16 940 902	1,8
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	130 678	136 100	149 500	9,8
1161	Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	24 335	24 213	24 092	-0,5
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>17 222 758</i>	<i>17 939 207</i>	<i>18 613 423</i>	<i>3,8</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>19 765 251</i>	<i>20 470 318</i>	<i>21 121 752</i>	<i>3,2</i>



**Inntekter fordelt på kapittel**

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
<b>Administrasjon m.m.</b>					
4100	Landbruks- og matdepartementet	1 091	1 098	1 128	2,7
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>1 091</i>	<i>1 098</i>	<i>1 128</i>	<i>2,7</i>
<b>Matpolitikk</b>					
4115	Mattilsynet	216 895	205 790	205 503	-0,1
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>216 895</i>	<i>205 790</i>	<i>205 503</i>	<i>-0,1</i>
<b>Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling</b>					
4136	Kunnskapsutvikling m.m.	18 081	18 533	19 052	2,8
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>18 081</i>	<i>18 533</i>	<i>19 052</i>	<i>2,8</i>
<b>Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</b>					
4140	Hautbare viltressursar	3 631			
4141	Hautbare viltressursar		4 500	3 630	-19,3
4142	Landbruksdirektoratet	53 907	44 363	45 554	2,7
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	3 221	50	50	0,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	261 881	260 000	252 780	-2,8
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>322 640</i>	<i>308 913</i>	<i>302 014</i>	<i>-2,2</i>
<b>Forretningsdrift</b>					
5652	Statskog SF – renter og utbytte	80 000	33 750	9 000	-73,3
	<i>Sum kategori 15.40</i>	<i>80 000</i>	<i>33 750</i>	<i>9 000</i>	<i>-73,3</i>
<i>Sum inntekter</i>		<i>638 707</i>	<i>568 084</i>	<i>536 697</i>	<i>-5,5</i>

**1.5 Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak**

Tabell 1.1 nedanfor viser ei oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Landbruks- og matdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortings-sesjonen 2019–2020 og alle vedtaka frå tidlegare stortings-sesjonar der rapporteringa ikkje blei avslutta i samband med handsaminga av Prop. 1 S (2019–2020) eller i samband med handsaminga av meldinga til Stortinget om oppmodings- og utgrei-

ingsvedtak. I enkelte tilfelle kan oppfølginga av vedtaka vere meir omfattande forklart under det aktuelle programområdet i proposisjonen. Det vil i desse tilfella vere ei tilvising til kvar denne teksten finst.

I kolonne 4 i tabell 1.1 går det fram om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet òg vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år. Rapporteringa på vedtak som inneber at departementet skal leggje fram ei konkret sak for Stortinget, til dømes

ein proposisjon, ei stortingsmelding, ei utgreiing eller liknande, vil normalt først bli avslutta når saka er lagd fram for Stortinget.

Sjølv om det i tabellen står at rapporteringa blir avslutta, vil det i ein del tilfelle kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endeleg avslutta. Dette kan til dømes gjelde ved-

tak med oppmoding til regjeringa om å ta hand om særlege omsyn i politikktutforminga på eit område, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Stortinget vil i desse tilfella bli halde orientert om den vidare oppfølginga på ordinær måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument.

Tabell 1.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2019–2020	354	Endre kompensasjonsordninga ved avviking av pelsdyrhald, slik at det blir gitt kompensasjon som om det dreier seg om eit ekspropriasjonsarta inngrep	Nei
2019–2020	355	Erstatte gjeldande kompensasjon til ein kompensasjon basert på verdivurdering av kvart enkelt pelsdyranlegg	Nei
2019–2020	356	Utforme opplegg for taksering av pelsdyranlegg basert på faglege verdivurderingar som tek utgangspunkt i ekspropriasjonsrettslege reglar	Nei
2019–2020	357	Videreføring av ordningar knytta til avviking av pelsdyrnæringa som fastsett i gjeldande forskrift	Nei
2019–2020	476	Auka norsk plantebasert matproduksjon og sjølvforsyning i inneverande år	Ja
2019–2020	477	Sikre nok arbeidskraft til jordbruket	Ja
2019–2020	597	Opptak av karbon på norske skogareal	Nei
2018–2019	155	Landbrukets eigen nedbygging av dyrka og dyrkbar mark	Nei
2018–2019	585	Kompensasjonsordning ved forbod mot pelsdyrhald	Ja
2017–2018	140	Sikring og finansiering av opplysningsverksemda i landbruket	Ja
2017–2018	141	Framlegging av endringar i verkemidla for marknadsbalansering	Nei
2016–2017	837	Fjelleva i Nordland og Troms	Ja
2016–2017	878	Konsekvensar av liberalisering av konsesjonsplikta	Nei
2016–2017	885	Gjennomgang av hundelova	Nei

#### Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings-sesjonen 2019–2020

Endre kompensasjonsordninga ved avviking av pelsdyrhald slik at det blir gitt kompensasjon som om det dreier seg om eit ekspropriasjonsarta inngrep

Vedtak nr. 354, 11. mars 2020:

Representantforslag om full erstatning for de som er rammet av forbudet mot pelsdyrhald

*«Stortinget ber regjeringen om å endre kompensasjonsordningen for pelsdyroppdrettere som holdt pelsdyr 15. januar 2018 og som rammes av vedtaket i Stortinget 13. juni 2019 om forbud mot hold av pelsdyr, slik at det gis kompensasjon som om det dreier seg om et ekspropriasjonsartet inngrep.»*

Vedtaket blei gjort ved handsaming av Dokument 8:1 S (2019–2020), jf. Innst. 141 S (2019–2020).

Departementet arbeider med ei revidert kompensasjonsordning som skal erstatte den eksisterande. Departementet vil orientere Stortinget på eigna måte.

Erstatte gjeldande kompensasjon til ein kompensasjon basert på verdivurdering av kvart enkelt pelsdyranlegg

Vedtak nr. 355, 11. mars 2020:

*«Stortinget ber regjeringen om å erstatte gjeldende kompensasjon basert på bokført verdi og/eller antall avlstisper, med en økonomisk kompensasjon til pelsdyroppdretterne basert på verdivurdering av hvert enkelt pelsdyranlegg.»*

Vedtaket blei gjort ved handsaming av Dokument 8:1 S (2019–2020), jf. Innst. 141 S (2019–2020). Departementet arbeider med ei revidert kompensasjonsordning som skal erstatte den eksisterande. Departementet vil orientere Stortinget på eigna måte.

Utforme opplegg for taksering av pelsdyranlegg basert på faglege verdivurderingar som tek utgangspunkt i ekspropriasjonsrettslege reglar

Vedtak nr. 356, 11. mars 2020:

*«Stortinget ber regjeringen om å utforme et opplegg for taksering av pelsdyranlegg basert på faglige verdivurderinger som tar utgangspunkt i ekspropriasjonsrettslige regler.»*

Vedtaket blei gjort ved handsaming av Dokument 8:1 S (2019–2020), jf. Innst. 141 S (2019–2020). Departementet arbeider med ei revidert kompensasjonsordning som skal erstatte den eksisterande. Departementet vil orientere Stortinget på eigna måte.

Videreføring av ordningar knytta til avvikling av pelsdyrnæringa som fastsett i gjeldande forskrift

Vedtak nr. 357, 11. mars 2020:

*«Stortinget ber regjeringen om å videreføre øvrige ordninger tilknyttet avvikling av pelsdyrnæringen som fastsatt i gjeldende forskrift.»*

Vedtaket blei gjort ved handsaming av Dokument 8:1 S (2019–2020), jf. Innst. 141 S (2019–2020). Departementet arbeider med ei revidert kompensasjonsordning som skal erstatte den eksiste-

rande. Departementet vil orientere Stortinget på eigna måte.

Auka norsk plantebasert matproduksjon og sjølvforsyning i inneverande år

Vedtak nr. 476, 31. mars 2020:

*«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med næringen vurdere å gjennomføre tiltak som stimulerer til økt norsk plantebasert matproduksjon og selvforsyning i inneværende år. Staten må herunder vurdere stille med garantier slik at næringen ikke blir økonomisk skadelidende ved eventuell overproduksjon av enkelte planteprodukter.»*

Vedtaket blei gjort ved handsaming av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. S. 216 S (2019–2020).

Jordbruksoppgjæret er ein hensiktsmessig arena for samarbeid med næringa for å stimulere til ein auke i norsk plantebasert matproduksjon. Difor var òg omsynet som er adressert i vedtaket ein viktig del av vurderinga om ein skulle gjennomføre eit forenkla jordbruksoppgjæret våren 2020, eller om heile oppgjæret skulle utsetjast til hausten. Situasjonen tidleg i vår var svært uoversiktleg, då det ikkje låg føre noko ordinært grunnlagsmateriale. Det blei tidleg klart at det ikkje kunne bli gjennomført normale forhandlingar.

For å bidra til ein mest mogleg føreseieleg situasjon for bøndene og stabilitet i matforsyningskjenningane, blei det gjennomført forenkla forhandlingar. For produksjonen av plantevekstar var det viktig fordi avtalte målprisar for råvarer gjeld til 30. juni, og målprisane må endrast frå 1. juli. Det blei inngått ny jordbruksavtale den 30. april 2020, der planteprodukt til mat, som korn, poteter, frukt og grønsaker var prioritert. Dette fører vidare prioriteringane frå tidlegare avtalar. Det er viktig fordi same prioritering over noko tid avgjer endringar i tilpassingane. På avtaletidspunktet i det enkelte år er dei fleste produksjonsplanar lagt og naudsynte innkjøp av innsatsvarer er gjort.

Regjeringa har ikkje vurdert det som naudsynt med garantiar for økonomiske konsekvensar av eventuelt overproduksjon. Det er stort sett rom i marknaden for auke i planteproduksjonen, men på fleire område må norske produsentar konkurrere med import. Jordbruksavtalen seier at jordbruket har det økonomiske ansvaret for overproduksjon. Det er eit viktig prinsipp i arbeidet med å balansere råvaremarknaden.

Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Sikre nok arbeidskraft til jordbruket

Vedtak nr. 477, 31. mars 2020:

*«Stortinget ber regjeringen, sammen med partene i arbeidslivet, sikre nok arbeidskraft til jordbruket slik at matforsyningen og beredskapen for befolkningen sikres. Det forutsettes at man sikrer ordnede lønns- og arbeidsforhold innen landbruket.»*

Vedtaket blei gjort ved handsaming av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. S. 216 S (2019–2020).

Matforsyninga i Norge har gått om lag som normalt under heile koronakrisa med unntak for nokre avvik i starten knytt til transport, karantene og noko hamstring. Avgrensing av moglegheitene til å reise over landegrensar har gitt utfordringar i tilgangen på utanlandsk arbeidskraft, særleg for grøntsektoren. Der er Noreg i same situasjon som dei fleste land i Europa.

Regjeringa gjennomførte ei rekkje tiltak for å leggje til rette for tilgang på sesongarbeidskraft, og å bidra til mest mogleg normal drift i matindustrien og forsyningslinene. Mellom anna blei det opna for arbeidarar frå EØS-området og seinare frå tredjeland. Det blei òg gjort endringar i regelverket for dagpengar som skulle gjere det meir økonomisk attraktivt for permitterte å ta sesongarbeid i jordbruket. Vidare blei det utarbeidd ei rettleiing for korleis arbeidet kunne gjennomførast med smittevern.

Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Opptak av karbon på norske skogareal

Vedtak nr. 597, 19. mai 2020:

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for økning av det langsiktige opptaket av karbon på norske skogarealer. Planen må, i tillegg til å omfatte en nærmere plan for skogplanting, inneholde kunnskapsbaserte verdiskapingstiltak og konkrete klimatiltak som vil føre til at skogbruket kan bidra til å nå utslippsmålene.»*

Vedtaket blei gjort ved handsaming av Dokument 8:62 S (2019–2020), jf. Innst. 280 S (2019–2020).

Miljødirektoratet, Statens vegvesen, Kystverket, Landbruksdirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat og Enova, har i Klimakur 2030 samarbeidd om å greie ut tiltak som kan kutte ikkje-kvotepliktige utslepp med 50 pst. innan 2030, samanlikna med 2005, og vurdert barrierar og verkemiddel som kan løyse ut dei aktuelle tiltaka.

For skog og annan arealbruk er det eit mål å balansere utslepp og opptak gitt eit sett med bokføringsreglar. I Klimakur 2030 er det òg vurdert tiltak og verkemiddel som kan auke opptak av CO<sub>2</sub> og redusere utslepp frå skogareala. På bakgrunn av Klimakur 2030 vil regjeringa komme tilbake til Stortinget med ein plan som synleggjer korleis Noreg kan nå utslippsforpliktingar, under dette korleis tiltak i skog kan bidra.

### **Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings-sesjonen 2018–2019**

Landbrukets eiga nedbygging av dyrka og dyrkbar mark

Vedtak nr. 155, 11. desember 2018:

*«Stortinget ber regjeringen utrede en generell søknads- og meldeplikt i jordloven for å regulere landbrukets egen nedbygging av dyrket og dyrkbar mark.»*

Vedtaket blei gjort i samband med at Stortinget handsama Prop. 1 S (2018–2019), som i Vedlegg 1 kapittel 3.2 gjaldt landbruket si eiga nedbygging. Det sto der at regjeringa vil greie ut ei generell søknads- eller meldeplikt i jordlova for å regulere landbruket si eiga nedbygging av dyrka og dyrkbar mark.

I rapport 35/2019 har Landbruksdirektoratet på oppdrag frå departementet greidd ut dette spørsmålet. Direktoratet peikar på at strukturendringane i jordbruket i dag kan føre til at det blir bygd på dyrka eller dyrkbar jord. I rapporten har direktoratet mellom anna vist korleis gjeldande reglar i jordlova og plan- og bygningslova er praktiserte, og korleis ein heimel for søknads- eller meldeplikt kan sjå ut.

Ein generell søknads- eller meldeplikt vil vere ein ny sakstype som kan redusere omstillingsmoglegheitene i næringa og føre med seg auka tids- og ressursbruk for kommunen. Departementet føreslår difor ikkje ei slik løysing no.

Rapporten frå Landbruksdirektoratet viser at det finst andre tenlege og mindre inngripande verkemiddel som kan vere aktuelle. Rettleiing innanfor eksisterande regelverk er eit alternativ. Jordlova § 9 fastset at det krevst løyve til omdisponering dersom jordbruksareal skal nyttast til anna enn jordbruksproduksjon. Gjennom føresegna kan kommunen både regulere sjølve omdisponeringa og setje krav om korleis tiltaket kan gjennomførast. Skal eigaren oppføre naudsynte bustadhus eller driftsbygningar på arealet krevst det ikkje løyve etter føresegna. Er bygninga ikkje naudsynt, er

større enn det det er behov for eller ikkje har direkte samband med drifta av jordbruksarealet, skal det søkjast om løyve. Dette gjeld til dømes ved oppføring av bygningar eller parkeringsområde til bruk for tilleggsnæringar, eller der dyrka jord blir teken i bruk til hage mv. Eit anna døme er ved opprusting av driftsbygningar eller bustadhus som ikkje har samband med jordbruksdrifta fordi jordbruksarealet blir drive ved bortleige. Skiljet mellom kva som er naudsynt og kva som ikkje er det, kjem ikkje tydeleg nok fram i eksisterande rundskriv til føresegna. Ei klårgjering i rundskrivet kan føre til at meir av landbruket si eiga nedbygging vil bli handsama av kommunane. Det kan igjen føre til at ein får betre oversikt over nedbygginga, og til at bygging eventuelt skjer på uproduktive areal. Departementet vil følgje opp gjennom betre rettleiing innanfor dagens regelverk.

Departementet vil òg sjå nærare på Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt arbeid med det årlege arealrekneskapet, og sjå om det kan gi tenleg oversikt over nedbygginga.

Kompensasjonsordning ved forbod mot pelsdyrhald  
Vedtak nr. 585, 13. juni 2019:

*«Stortinget ber regjeringen følge erstatningsordningen tett, og forventer at ordningen justeres dersom det blir urimelige utslag i samlet utmåling av kompensasjon, inkludert kompensasjonen for bokført verdi av ikke-realiserbar kapital, til enkeltutøvere knyttet til avvikling av næringsdriften. Stortinget holdes orientert om hvordan ordningen i tilfelle vil bli justert i lys av dette.»*

Vedtaket blei gjort ved handsaming av innstilling frå næringskomiteen om lov om forbod mot hold av pelsdyr (Innst. 348 L (2018–2019)).

Vedtaket er følgt opp gjennom oppfølging av vedtak 354, 355, 356 og 357. Sjå nærare omtale under vedtak 354.

### Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings-sesjonen 2017–2018

Sikring og finansiering av opplysningsverksemda i landbruket

Vedtak nr. 140, 11. desember 2017:

*«Stortinget ber regjeringen sikre opplysningsvirksomheten i landbruket og finansieringen av denne frem til Omsetningsrådet har foretatt den varslede gjennomgangen av virkemiddelbruken.»*

Vedtaket blei gjort i samband med at Stortinget handsama Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 8 S (2017–2018). Næringskomiteen hadde i samband med handsaminga av jordbruksoppgjæret 2019 følgjande merknad kring marknadsbalansering, jf. Innst. 414 S (2018–2019):

*«Komiteen legger til grunn at eventuelle forslag til endringer i regelverket blir sendt på alminnelig høring slik at en ivaretar bred involvering.»*

Omsetningsrådet hadde forslag til endringar på høyring fram til 1. mars 2020. Rådet har etter dette handsama høyringsinnspel, og konkluderte i juni 2020 med at dei har hatt ein brei gjennomgang av opplysningsverksemda finansiert over omsetnadsavgifta. Rådet har vedteke ein ny finansieringsmodell for Opplysningskontoret for egg og kjøtt som gir kostnadsinnsparingar og rammer for reguleringstiltak. Omsetnadsavgifta bør framleis vere hovudkjelda til finansiering av opplysningskontoras verksemd, men det bør leggast til rette for frivillig delfinansiering frå industrien. Omsetningsrådet gir si støtte til kontoras forslag om samarbeid, og vil at dette blir synleg i framtidige budsjett. Omsetningsrådet avsluttar prosessen med samlokalisering av kontora. På dette grunnlaget meiner departementet at vedtak 140 av 11. desember 2017 er følgt opp.

Framlegging av endringar i verkemidla for marknadsbalansering

Vedtak nr. 141, 11. desember 2017:

*«Stortinget ber om at endringer i virkemidlene for markedsbalansering som ikke er i tråd med Omsetningsrådets anbefalinger, legges frem for Stortinget.»*

Vedtaket blei gjort i samband med at Stortinget handsama Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 8 S (2017–2018).

Omsetningsrådet har i brev til departementet av 19. mars 2018 informert om at det legg opp til ein endeleg gjennomgang av regelverk og ordningar innan 31. desember 2019.

Næringskomiteen har i samband med handsaminga av jordbruksoppgjæret 2019 følgjande merknad kring marknadsbalansering, jf. Innst. 414 S (2018–2019):

*«Komiteen legger til grunn at eventuelle forslag til endringer i regelverket blir sendt på alminnelig høring slik at en ivaretar bred involvering.»*

Omsetningsrådet hadde forslag til endringar på høyring fram til 1. mars 2020. Rådet har etter dette handsama høyringsinnspel, og vil sende ut endelege regelverk hausten 2020.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget ved behov.

### **Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings-sesjonen 2016–2017**

Fjellova i Nordland og Troms

Vedtak nr. 837, 8. juni 2017:

*«Stortinget ber regjeringa utrede å gi fjellova samme anvendelse i Nordland og Troms som sør for Nordland grense. Utredninga skal leggje til grunn at Statskog fortsatt skal beholde ansvaret for skogressursane. Utredninga skal vidare leggje til grunn at gjeldende finnmarkslov videreføres innanfor dagens fylkesgrense for Finnmark, men ikke utvides til nye geografiske områder.»*

Komiteens merknader (Innst. 373 S (2019–2020)):

*«Komiteen viser til at regjeringa vil ta stilling til spørsmålet om å innføre fjellova i Nordland og Troms parallelt med forslag fra Samerettsutvalget og komme tilbake til Stortinget på egnet måte. Komiteen avventer dette før vedtaket kvitteres ut.»*

Landbruks- og matdepartementet viser til framstillinga om saka i Prop. 1 S (2019–2020). I tabell 1.1 i proposisjonen legg departementet til grunn at det ikkje er behov for å rapportere vidare om saka. Saka er difor heller ikkje omtalt i Meld. St. 12 (2019–2020).

Departementet meiner det vil vere naturleg at rapportering om saka skal gjerast i høve med regjeringa si samla oppfølging av forslaget frå Samerettsutvalet II om ny forvaltningsordning for Nordland og Troms i NOU 2007: 13 Den nye sameretten. Departementet meiner difor det ikkje er naudsynt å rapportere vidare på vedtak nr. 837 (2016–2017).

Konsekvensar av liberalisering av konsesjonsplikta

Vedtak nr. 878, 13. juni 2017:

*«Stortinget ber regjeringa utrede konsekvensen av en vidare liberalisering av konsesjonsplikten utover de lovmessige endringer som nå vedtas for rene skogeiendommer.»*

Vedtaket blei gjort i samband med at Stortinget handsama Prop. 92 L (2016–2017) Endringer i konsesjonsloven, jordloven og odelsloven mv. (konsesjonsplikt, odlingsjord, priskontroll, deling og driveplikt mv.), jf. Innst. 427 L (2016–2017). Ved handsaminga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 8 S (2017–2018), uttalte næringskomiteen at utgreiing av egedomsregelverket i jord- og skogbruk bør ha som siktemål å gjere omsyna bak lova mest mogleg effektive. Komiteen meinte at det blir feil utelukkande å peike på liberalisering av regelverket, og at utgreiingsarbeidet må få ei brei tilnærming.

Under handsaminga av Meld. St. 12 (2019–2020) har Stortinget sin kontroll- og konstitusjonskomité i samband med dette vedtaket vist til at ei avvising av vedtak som regjeringa ikkje ønskjer å gjennomføre, bør skje ved at det blir retta eit forslag til Stortinget om å oppheve vedtaket.

Stortinget vedtok ei rekkje liberaliseringar i egedomslovgivinga i 2017. Formålet med endringane var å leggje til rette for auka omsetnad av landbruksseigedom og endring av egedoms- og bruksstrukturen, særleg innan skogbruket. Endringar i egedoms- og bruksstrukturen skjer over lang tid. Det er for tidleg å fastslå kva for følgjer lovendringane frå 2017 har hatt på egedoms- og bruksstrukturen. Regjeringa vil difor ikkje foreslå ytterlegare liberalisering i jord- og konsesjonslovgivinga no, men vil komme tilbake til Stortinget på ein tenleg måte når det er mogleg å sjå nærare på konsekvensane av lovendringa.

Gjennomgang av hundelova

Vedtak nr. 885, 13. juni 2017:

*«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget på egnet måte med en helhetlig gjennomgang av hundeloven av 2003 for å sikre at reglene om hundehold bygger på et godt og velfundert grunnlag.»*

Stortinget ba ved oppmodingsvedtak den 13. juni 2017 om ein heilskapleg gjennomgang av hundelova for å sikre at reglane om hundehald byggjer på eit godt og velfundert grunnlag.

Landbruks- og matdepartementet fekk ved kgl.res. den 15. februar 2019 overført ansvaret for hundelova frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Departementet har starta opp arbeidet, og vil orientere Stortinget på eigna måte.

## 1.6 Bruk av stikkordet «kan overførast»

Under Landbruks- og matdepartementet blir stikkordet «kan overførast» føreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30–49.

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2020	Forslag 2021
1100	21	Spesielle driftsutgifter	2 775	15 376
1137	70	Innovasjonsaktivitet m.m.	3 000	2 000
1137	71	Bioøkonomiordninga	5 378	
1138	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar	35	1 298
1139	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak	18 385	30 205
1140	71	Tilskott til viltformål	8 549	35 278
1141	23	Jegerprøve m.m.	14	3 630
1142	71	Tiltak for berekraftig reindrift	676	4 500
1142	77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald	6 984	350 000
1142	78	Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald		20 000
1142	80	Radioaktivitetstiltak		500
1149	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	24	72 674
1149	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak	6 938	44 690
1150	21	Spesielle driftsutgifter	8 119	18 400
1150	70	Marknadstiltak	1 024	273 145
1150	74	Direkte tilskott	10 164	9 566 800
1150	77	Utviklingstiltak	12 799	291 309
1150	78	Velferdsordningar	13 970	1 553 145
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	1 009	95 800
1151	79	Velferdsordningar	170	4 000





*Del II*  
*Budsjettframlegg*



## 2 Nærare omtale av løyvingsforslaga

### Programområde 15 Landbruk og mat Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.

Utgifter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
1100	Landbruks- og matdepartementet	182 309	183 150	181 971	-0,6
	Sum kategori 15.00	182 309	183 150	181 971	-0,6

Inntekter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
4100	Landbruks- og matdepartementet	1 091	1 098	1 128	2,7
	Sum kategori 15.00	1 091	1 098	1 128	2,7

#### Mål og strategiar

Departementet sitt ansvarsområde dekkjer heile verdikjeda frå primærprodusent til forbrukar, medrekna juridiske og økonomiske verkemiddel for mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren, nye landbruksbaserte næringar og haustbare viltressursar. Landbruks- og matdepartementet har som tverrgåande mål at forvaltninga skal vere effektiv. Det inneber at forvaltninga skal tilby enkle og brukarvenlege løysingar og vere kjenneteikna av god kvalitet, i tillegg til å ha gode system for samfunnstryggleik og beredskap. Sjå òg omtale av målstruktur for landbrukspolitikken i del I, og målet om ei effektiv landbruks- og matforvaltning i del III.

#### Prioriteringar

Regjeringa innførte frå og med 2015 ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform (ABE-reforma). Kravet om mindre byråkrati og ein meir kostnads-effektiv bruk av statlege midlar vil gjelde det meste av statleg forvaltning, òg landbruks- og matforvaltninga. Ei meir effektiv statleg drift skaper handlingsrom for prioriteringar i statsbudsjettet, noko som kjem samfunnet til gode. Arbeidet med forenkling av byråkratiske prosessar og oppgåver har som mål å gi effektive ringverk nader og reduserte samla kostnader for samfunnet. Det vil difor ha høg prioritet òg i 2021. I tillegg vil viktige prioriteringar for departementet på det administrative området vere å føre vidare arbeidet med å utvikle god styring av underliggjande verk-

semder og føre vidare arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap. Sjå òg omtale av prioriteringane på dei ulike fagområda under dei respektive budsjettkapitla i proposisjonen og under *Fornye, forenkle og forbedre* i del IV.

### Verknader av lønsoppgjeret 2020

Våren 2020 blei det vedteke å utsetje årets lønsoppgjer for det statlege tariffområdet til hausten

2020. Som følge av dette er verknader for 2021-budsjettet av inneverande års lønsoppgjer for ansatte i det statlege tariffområdet førebels ikkje innarbeidd i departementas og underliggjande verksemder sine budsjetttrammer. Oppgjeret starta tirsdag 1. september. Regjeringa vil komme tilbake til verknader av oppgjeret for 2021-budsjettet.

## Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	163 583	163 404	163 588
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	17 182	16 738	15 376
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	1 255	2 720	2 720
50	Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	289	288	287
Sum kap. 1100		182 309	183 150	181 971

### Post 01 Driftsutgifter

#### Formål med løyvinga

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk den overordna politikken innan områda mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren, nye landbruksbaserte næringar og haustbare viltressursar. Posten skal dekkje løns- og driftsutgifter i departementet. Dei tilsette utgjer den viktigaste ressursen for departementet.

#### Rapportering 2019

Løyvinga dekkjer drift av departementet. Om lag 72 pst. av utgiftene var knytte til lønsrelaterte kostnader. Husleige for departementet utgjorde om lag 16 pst. Resten av løyvinga blei nytta til andre driftsutgifter, til dømes inventar, drift og utvikling av IKT, reiser, kurs, konferansar og tiltak for kompetanseutvikling. Departementet hadde 135 årsverk pr. 1. januar 2020.

Departementet følgjer opp satsinga på lærlingar i staten. Departementet har og fortsett samar-

beidet med Fontenehuset. Denne ordninga gir personar som har falle utanfor arbeidslivet arbeidserfaring i departementet i opp til seks månader. I tillegg har departementet inngått avtale med NAV om å formidle aktuelle kandidatar med hol i CV eller nedsett funksjonsevne til relevante ledige stillingar i departementet. Departementet har dei siste åra redusert administrative stillingar og effektivisert drifta i tråd Kommunal- og moderniseringsdepartementets *Strategi for betre og meir effektive administrative tjenester i departementsfellesskapet (2016–2020)*.

#### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 163,6 mill. kroner for 2021.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

#### Formål med løyvinga

Midlane på posten blir nytta til særskilde prosjektrelaterte kostnader, godtgjering til utgreiingsutval mm.

**Rapportering 2019**

I 2019 blei posten i hovudsak nytta til å føre vidare kampen mot skrantesjuka hos hjortevilt og til dekking av ein del av departementet sitt bidrag til helseundersøkinga i Trøndelag (HUNT). HUNT ser mellom anna på samanhengen mellom folkehelse og dyrehelse.

**Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 15,4 mill. kroner for 2021. Løyvinga vil bli nytta mellom anna til å halde fram kampen mot skrantesjuka, som er nærare omtalt under kap. 1115 Mattilsynet.

1 mill. kroner er ført over frå denne posten til kap. 1137, post 70 Innovasjonsaktivitet mm, for å samle overføringane til Mære landbruksskule på ein og same budsjettpost.

**Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan****Formål med løyvinga**

Løyvinga kan nyttast til å finansiere store innkjøp og utgifter til vedlikehald i departementet og ved eigedommane til departementet og til delvis dekking av tilsvarande utgifter ved dei ordinære forvaltningsorganana under departementet. Løyvinga kan òg nyttast til utgifter i samband med sal og taksering av eigedommar. Institutta som er underlagde Landbruks- og matdepartementet, leiger fleire eigedommar av departementet. Ved avhending av heile eller delar av desse eigedom-

mane kan utgifter til arbeid med dette òg førast over posten.

**Rapportering 2019**

I 2019 blei det nytta 1,2 mill. kroner til reparasjon og vedlikehald ved departementet sine eigedommar.

**Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,7 mill. kroner for 2021, som vil bli nytta til naudsynt vedlikehald og utbetringar på departementet sine eigedommar.

**Post 50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter****Formål med løyvinga**

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store innkjøp og vedlikehald i dei nettobudsjetterte institutta under departementet. Posten må sjåast i samheng med post 45.

**Rapportering 2019**

I 2019 blei det nytta 289 000 kroner til utskifting av nødlysanlegg ved hovudkontoret til Norsk institutt for bioøkonomi.

**Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 287 000 kroner for 2021.

**Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Refusjonar m.m.	143	126	129
30	Husleige	948	972	999
	Sum kap. 4100	1 091	1 098	1 128

## Programkategori 15.10 Matpolitikk

Utgifter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	127 976	120 606	103 170	-14,5
1115	Mattilsynet	1 403 040	1 386 555	1 383 949	-0,2
	Sum kategori 15.10	1 531 016	1 507 161	1 487 119	-1,3

Inntekter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
4115	Mattilsynet	216 895	205 790	205 503	-0,1
	Sum kategori 15.10	216 895	205 790	205 503	-0,1

### Mål og strategiar

Budsjettframlegget omfattar Mattilsynet og løyving til oppgåver innanfor kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap ved Veterinærinstituttet. Sjå òg nærare omtale av Veterinærinstituttet i Prop. 1 S (2020–2021) frå Nærings- og fiskeridepartementet. Budsjettframlegget er viktig for arbeidet med å nå matpolitiske mål og skal særleg bidra til å nå måla i matlova, dyrevelferdslova og dyrehelsepersonellova. Ein del av dette arbeidet har ikkje direkte samband med matproduksjon. Framlegget omfattar i tillegg Mattilsynet sitt arbeid for å nå måla i kosmetikklova, husdyravlslova og planteforedlarlova.

Det faglege ansvaret på matområdet er delt mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Matpolitikken til regjeringa dekkjer heile matproduksjonskjeda frå jord og fjord til bord. Målstrukturen på dette politikkområdet skil seg difor noko frå måla for landbruks-

og matpolitikken slik dei er omtalte i andre kapitlar i denne budsjettproposisjonen.

Hovudmåla på det matpolitiske området er:

- å sikre trygg mat og trygt drikkevann
- å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Andre viktige omsyn er:

- tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt
- sunt kosthald og gode matopplevingar
- nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping
- langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvenleg produksjon

Regjeringa legg vekt på at maten skal vere trygg og tilfredsstillende, og behov hos forbrukarane. Ein mangfaldig matmarknad og lovfesta matinformasjon som er rett, relevant og lett tilgjengeleg, er viktige føresetnader for at forbrukarane skal kunne gjere informerte val, setje

saman eit sunt kosthald og utøve makt i matmarknaden.

Regjeringa legg vekt på at rammevilkåra for næringsaktørane, mellom anna regelverk og tilsyn, blir fastsette og følgde opp på ein slik måte at ein ikkje skaper konkurransevridingar, samstundes som verksemdene må kunne nytte den fleksibiliteten som ligg i regelverket.

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene krev eit sterkt internasjonalt samarbeid. Handelen må skje i samsvar med internasjonale avtalar og vere basert på internasjonale standardar. Det er viktig for å sikre at varene vi importerer er trygge og oppfyller krava frå forbrukarane. Det er òg viktig for å fremje god plante- og dyrehelse. For at norsk eksport ikkje skal bli hindra av urettvise krav frå importlanda, må Noreg vere leiande innan overvaking, risikovurderingar og forskning, særleg når det gjeld sjømat og fiskehelse. Aktiv norsk deltaking i internasjonale forum er naudsynt, både for å påverke innhaldet i standardar og regelverk og for å utveksle og utvikle kunnskap og erfaring.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt samarbeid på matområdet, mellom anna i Codex Alimentarius Commission, FNs organisasjon for matvarestandardar under FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) og Verdsheleorganisasjonen (WHO), Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE) og den internasjonale plantevernkonvensjonen (IPPC). Organisasjonane utviklar standardar som blir lagdt til grunn i avtaleverket om mattryggleik, helse og miljø under Verds handelsorganisasjonen (WTO) (SPS-avtalen og TBT-avtalen). Desse avtalane legg òg premissar for regelverket i EU/EØS.

Hovuddelen av regelverket på matområdet er harmonisert innanfor EØS. EØS-avtalen er basert på at regelverket i EU og Noreg så raskt som mogleg skal vere det same. Effektive og gode EØS-rutinar er difor svært viktige. Regjeringa legg vekt på ein open og aktiv Europa-politikk med tidleg involvering av interessentane, tydelege posisjonar og målretta innsats i regelverksutviklinga der EØS-avtalen gir Noreg best tilgang. Når det gjeld større eller viktige rammerettsakter som blir handsama i Europaparlamentet eller Rådet for den europeiske union, arbeider regjeringa inn mot desse organa for å fremje norske synspunkt.

Mattilsynet er ein sentral offentleg aktør i gjennomføringa av matpolitikken. Mattilsynet er avhengig av eit godt omdømme og høg tillit for å lukkast i samfunnsoppdraget sitt. Oppgåvene omfattar regelverksutvikling, tilsyn, rettleiing,

kartlegging og overvaking i heile matproduksjonskjeda, frå innsatsvarer og primærproduksjon til omsetnad til forbrukarane.

God kunnskap og vitenskapleg dokumentasjon er avgjerande for å nå måla i matpolitikken. Som ledd i regelverksutviklinga på matområdet utfører Vitskapskomiteen for mat og miljø (VKM) uavhengige faglege risikovurderingar for Mattilsynet. Arbeidet krev god samhandling med Mattilsynet og andre kunnskapsinstitusjonar og god kontakt med European Food Safety Authority (EFSA). Sjå òg Prop. 1 S (2020–2021) frå Helse- og omsorgsdepartementet kap. 745.

Kunnskapsstøtte frå institusjonar som Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Folkehelseinstituttet og Veterinærinstituttet er viktig for at forvaltninga skal vere godt fagleg og vitenskapleg fundert.

### Prioriteringar

Målet om å sikre trygg mat og trygt drikkevatn

Situasjonen i Noreg er god samanlikna med andre land når det gjeld førekomst av matboren sjukdom. Det kjem mellom anna av at førekomsten av smittestoff i mat og hos husdyr er relativt låg. Dette er nærare omtalt i kap. 1115 og i del III. Sjølv om mattryggleiken i Noreg generelt er god, trengst det å arbeide kontinuerleg for å halde han oppe. Arbeidet for trygg mat må òg ta omsyn til at nye ressursar kan nyttast til mat og fôr.

Innsatsvarene og matvarene skal vere trygge, anten dei er framstilte i Noreg eller importerte. Regelverket og tilsynet skal leggjast opp slik at ein gjennom innsats i alle ledd i matproduksjonskjeda bidreg til at sluttprodukta er trygge. I arbeidet for å sikre trygg mat er det viktig å redusere risikoen for sjukdom eller helseskade som kan oppstå på grunn av smittestoff eller framandstoff i innsatsvarer, mat og drikkevatn.

Det er verksemdene som har ansvaret for at maten er trygg, og for å sikre god hygiene i heile matproduksjonskjeda. Verksemdar som produserer og omset innsatsvarer og mat, varierer mykje i storleik og karakter.

Effektive hygienetiltak og gode arbeidsrutinar i verksemdar som framstiller lettskjemd mat eller handterer mat som ikkje er innpakka, er særleg viktig.

Kvaliteten på drikkevatnet i Noreg er generelt god, men mange vassforsyningssystem er sårbare på grunn av gamle leidningsnett som er utsette for lekkasjar. Enkelte stader er det dessutan ikkje gode nok reservevassløyseringars dersom hovudvassforsyninga sviktar. I mange tilfelle trengst det

auka innsats frå vassverka for å sikre trygg vassforsyning i framtida, ikkje minst ved å auke utskiftingstakten av gamle vassrøyr. Hendingar som smitteutbrottet på Askøy i 2019 viser at det er viktig at kommunar og vassforsyningsverksemdar følgjer opp krava i drikkevassforskrifta for å sikre trygt vatn til innbyggjarane.

Fleire tilfelle dei siste åra viser den nære samanhengen mellom sjukdom hos dyr og sjukdom hos menneske. Tal frå WHO viser at om lag 75 pst. av nye eller kjende infeksjonar som har auka hos menneske dei siste 30 åra, kjem av smittestoff frå dyr. Å ta vare på den gode norske dyrehelsa, som er eit resultat av systematisk arbeid gjennom mange år, er viktig både for mattryggleiken og for god helsetilstand hos menneske og dyr.

Overvaking av inntaket av framandstoff og næringsstoff er viktig i folkehelsearbeidet og som grunnlag for faglege risikovurderingar. For å kunne overvake inntaket må ein ha kunnskap om kor mykje folk brukar av ulike matvarer, og om innhaldet av framandstoff og næringsstoff i matvarene. Mattilsynet samarbeider med Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet for å oppdatere eksisterande inntaksdata. I dette samarbeidet blir Matvaretabellen med opplysningar om innhald av næringsstoff i matvarer utvida og forbetra kontinuerleg. Det er òg viktig med kunnskap om innhaldet av framandstoff i innsatsvarer og råvarer, og om miljøforureining eller andre uønskte stoff i vatn eller jordsmonn som kan påverke innhaldet av framandstoff i fisk, dyr og planter. Dette er nærare omtalt i kap. 1115 og i del III.

Som oppfølging av Stortingets vedtak nr. 630, (2018–2019) tinga Landbruks- og matdepartementet ei ekstern og uavhengig gransking av Mattilsynet si tilsynsverksemd i blå og grøn sektor, dvs. husdyrhald, planteproduksjon, fiskeri og fiskeoppdrett. KPMG sin granskingsrapport blei lagt fram 10. desember 2019. Rapporten er tydeleg på at Mattilsynet ikkje har gode nok system og rutiner for planlegging, gjennomføring og oppfølging av tilsyn.

I tillegg til KPMG si gransking har Mattilsynet gjennomført fleire interne undersøkingar av forvaltningskvalitet i verksemda. Resultata viser at det er varierende og for dårleg forvaltningskvalitet. Resultata samsvarer med funn frå KPMG si gransking.

Mattilsynet sette straks i gang tiltak og arbeider kontinuerleg med å gjennomføre tiltak for å betre forvaltningskvaliteten i heile organisasjonen.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn Ernæringsarbeidet er omtalt i Prop. 1 S (2019–2020) frå Helse- og omsorgsdepartementet og ligg i hovudsak under Helsedirektoratet. Arbeidet følgjer opp måla i handlingsplanen for betre kosthald (2017–2021). Ansvar for kostråda ligg hos helsestyresmaktene, men arbeidet med å leggje til rette for eit kosthald som er i tråd med kostråda blir følgt opp av mange aktørar. Mattilsynet har òg ei viktig rolle i dette arbeidet, særleg når det gjeld regelverk og tilsyn knytt til merking av mat, til dømes om næringsinnhald, ernærings- og helsepåstandar og frivillig sunnheitsmerking. Den nordiske ordninga med frivillig sunnheitsmerking av mat, *Nøkkelhølet*, gir forbrukarane eit rikare tilbod av, og betre informasjon om, matvarer som kan bidra til eit sunnare kosthald.

Rett merking av matvarer er viktig for at forbrukarane skal kunne gjere informerte val og handtere maten rett. Mellom anna sikrar det at forbrukarane får kjennskap til kva matvarene inneheld, korleis dei skal brukast og oppbevarast, kvar dei kjem frå, og kor mykje næring dei gir.

Merking av mat er i hovudsak regulert i matinformasjonsforskrifta, men det er òg enkelte særskilte nasjonale reglar, til dømes for sjømat. Departementa vil arbeide vidare opp mot EU med sikte på at reglane i matinformasjonsforordninga om merking av ingrediensar og næringsinnhald òg skal gjelde for alkoholhaldige drikkevarer. Mattilsynet følgjer òg utviklinga i EU tett på området for opphavsmerking på tilarbeidde kjøttprodukt og meieriprodukt.

Målet om å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Det er viktig med god overvaking og høg beredskap mot mange plante- og dyresjukdommar, planteskadegjerarar og sjukdommar som smittar mellom dyr og menneske (zoonosar). Noreg har generelt god plantehelse, men den aukande importen av planter og plantemateriale kan auke risikoen for introduksjon av nye sjukdommar og skadegjerarar.

Regjeringa vil leggje vekt på å hindre at hjorteviltssjukdommen *chronic wasting disease (CWD)* får fotfeste i Noreg. Den omfattande kartlegginga vil bli ført vidare for å få best mogleg oversikt over situasjonen. Ei slik kartlegging er, saman med smitteførebyggjande tiltak, òg naudsynt for å sikre at vi har frisk villrein til å byggje opp igjen villreinstammen i Nordfjella sone 1.



Feil bruk av antibiotika til folk og dyr har ført til ein vesentleg auke av motstandsdyktige bakteriar som utgjer eit alvorleg helsetrugs mål globalt. Regjeringa er svært merksam på dette, og har mellom anna utarbeidd ein tverrsektoriell nasjonal strategi mot antibiotikaresistens for perioden 2015–2020. Arbeidet med sikte på å føre vidare og fornye den tverrsektorielle strategien frå 2021 er i gang. Strategien er særleg retta mot redusert bruk av antibiotika, rett bruk av antibiotika og utvikling av kunnskap. Aktiv deltaking i internasjonale forum er viktig for å bidra til betre tilgang til og ansvarleg bruk av antibiotika og utvikling av nye antibiotika, vaksinar og betre diagnostiske hjelpemiddel.

Landbruks- og matdepartementet fastsette i 2016 ein handlingsplan mot antibiotikaresistens innanfor sitt sektoransvar. Handlingsplanen skal mellom anna bidra til å nå relevante mål i den tverrsektorielle nasjonale strategien.

Salet av antibiotika til matproduserande landdyr er i perioden 2013–2018 redusert med 17 pst., mens salet av antibiotika til hund og katt er redusert med 34 pst. Nedgangen er på om lag 24 pst. når ein reknar med bruk av humane antibakterielle middel.

Evna til å løyse utfordringane med sjukdommar i havbruket er viktig for å kunne ta ut det langsiktige vekstpotensialet. Kontroll med sjukdom, inkludert lakselus, er òg viktig for å sikre god velferd, minke smittepresset i miljøet og redusere bruk og utslepp av medikament. Svinnet frå produksjon i oppdrettsnæringa er framleis høgt, og det er viktig å arbeide for å redusere dette tapet.

Det er innført eit trafikklyssystem for å auke kapasiteten i havbruksnæringa. Systemet byggjer på ein indikator for påverknad av lakselus på villfisk og inndeling av kysten i spesifikke produksjonsområde. Oppfølging og utvikling av dette systemet vil bli prioritert.

Regjeringa styrkjer arbeidet for god dyrevelferd. Ei viktig satsing i dette arbeidet har vore å etablere prøveprosjekt med ei eiga dyrekrimgruppe i politiet (dyrepoliti), som no omfattar seks politidistrikt. Dyrepolitiprojekta legg til rette for betre samhandling mellom Mattilsynet og politiet og betre system og klare rutinar for handsaming av alvorlege saker som gjeld mis-handling og vanrøkt av dyr.

Arbeidet med å fremje god dyrevelferd og gode haldningar til dyr er viktig. Det trengst merksemd på både produksjonsdyr- og kjæledyrhald. Utvikling av kunnskap om korleis avlstiltak og ulike driftsformer påverkar dyrevelferda, er òg viktig.

For produksjonsdyrehald med mange dyr eller der risikoen for dårleg dyrevelferd kan vere høg, blir det gjennomført tilsyn som i størst mogleg grad ikkje er varsla om på førehand. Besetningar der risikoen for brott på regelverket er størst, blir prioriterte. Ved negative funn i slike dyrehald blir det òg prioritert å gjennomføre oppfølgande tilsyn. Auka tilsyn retta mot landdyr i primærproduksjon bidreg òg til å førebygge dyretragediar ved at Mattilsynet tidlegare kan sjå faresignal om manglande stell og gi målretta rettleiing. Godt samarbeid mellom Mattilsynet og næringa, mellom anna landbrukets HMS-teneste og slakteria, og innføring av dyrevelferdsprogram for svineproduksjonen, bidreg òg til at dyrehald i risikosona kan bli oppdaga tidleg.

#### Andre omsyn

##### *Tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt*

Kontakt med aktuelle styresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Norsk sjømat skal vere trygg og av god kvalitet, slik at han blir føretrekt på den globale marknaden. Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på tryggleiken til produkta som blir eksporterte. For Noreg som stor eksportør av sjømat er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda og å skape føreseielege rammevilkår for eksport. Tilsynsarbeidet til Mattilsynet og kommunikasjon med styresmaktene i importlanda er avgjerande for tilliten.

Den gode norske dyrehelsa blir nytta i eksportsamanheng, mellom anna når det gjeld den aukande eksporten av avlsprodukt frå husdyr. Også for ein del andre landbruksprodukt er det viktig med marknadstilgang i utlandet.

##### *Sunt kosthald og gode matopplevingar*

Det er viktig at fagleg og vitskapleg basert informasjon om samanhengen mellom kosthald og helse når fram til forbrukarane på ein tenleg måte.

Folkehelsepolitikken legg mellom anna vekt på tiltak for å gjere det enklare å velje sunt, leggje til rette for gode måltid i barnehagar og skular og hos eldre, og å styrkje kunnskapen om mat, matlaging, kosthald og ernæring. Regjeringa la våren 2017 fram *Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold (2017–2021)*. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2020–2021) frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Arbeidet med å leggje til rette for eit sunnare kosthald må vere basert på kunnskap om kva for faktorar som er viktige for folk sitt val av mat.

Merksemd om matglede og god matkvalitet er viktig. Mange er òg opptekne av kvar maten kjem frå og korleis han blir produsert. Kunnskap om samanhengen mellom mat og helse er òg grunnleggjande for å velje sunt. Matportalen.no presenterer forbrukarretta informasjon frå offentlege styresmakter om sunn og trygg mat, trening og fysisk aktivitet.

I Meld. St. 15 (2017–2018) presenterte regjeringa kvalitetsreforma *Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre*. Dette er òg ei reform for større matglede for eldre, anten dei bur heime eller er på sjukeheim eller sjukehus. Regjeringa ønskjer å gjere måltidet til ei god oppleving i kvardagen, sørgje for fleire måltid gjennom døgnet og sikre god ernæring med gode kokkar og lokale kjøkken. Det har vore gode erfaringar med matgledekorps i Innlandet og stor interesse for besøk av liknande korps òg i Trøndelag. Ein ser òg at matgledeseminar er populære. Begge tiltaka har vore i eit samarbeid mellom departementa og fylkesmannsembeta. Departementet vil arbeide vidare med tiltak for matglede i institusjonar. I 2020 blei det lansert ei eiga heimeside (Matgledekorpsset.no) som samlar og synleggjer erfaringar om matgledearbeidet.

#### *Nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping*

Innovasjon og næringsutvikling knytt til produksjon av mat med lokal identitet er viktig for å kunne ha sterke og innovative små og store verksemder. Regjeringa vil bidra til å auke tilgangen til lokale matprodukt for forbrukarane. Sjå nærare omtale under kat. 15.30.

Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å informere betre om regelverket og gjere det meir tilgjengeleg. Å kommunisere og dele kunnskap med verksemder, bransjeorganisasjonar og kompetansenettverk er viktig for utviklinga på lokalmatområdet.

#### *Langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvenleg produksjon*

Matsvinn er identifisert som ei av utfordringane på nasjonalt nivå for å oppfylle FN's berekraftmål om å halvere matsvinnet per innbyggjar på verdsbasis innan 2030. Reduksjonen skal skje i produksjons- og forsyningskjeda, i detaljhandelen og hos forbrukarane. Ein bransjeavtale om redusert matsvinn blei undertekna i juni 2017 av fem departement og representantar for alle ledd i matverdikjeda. Formålet med avtalen er å samarbeide om å fremje betre utnytting av ressursar og råstoff

gjennom førebygging og reduksjon av matsvinn i heile matkjeda. Avtalen skal dermed bidra til å redusere miljøkonsekvensane knytte til matproduksjon og forbruk i Noreg. I jordbruksoppgjæret 2018 blei det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle drøfte problemstillingar knytte til statistikk for matsvinn i jordbrukssektoren. Arbeidsgruppa leverte sin rapport til jordbruksoppgjæret 2019. Partane i jordbruksoppgjæret støtta tilrådinga frå arbeidsgruppa og blei samde om å setje av 1 mill. kroner til å følgje opp arbeidet med statistikk.

Det vil bli arbeidd med å redusere bruk og risiko for negative helse- og miljøeffektar ved bruk av plantevernemiddel, i tråd med gjeldende *Handlingsplan for bærekraftig bruk av plantevernemidler*. I dette arbeidet er det viktig med integrert plantevern, der ein i størst mogleg grad nyttar alternativ til kjemiske plantevernemiddel. Godt samarbeid mellom næringa, rådgivingstenesta, kunnskapsinstitusjonar og styresmakter er sentralt for å kunne nå måla i handlingsplanen.

Ytterlegare omtale av arbeidet for å sikre langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvenleg produksjon finst under kat. 15.30.

I Prop. 1 S (2020–2021) frå Nærings- og fiskeri-departementet er sjømat omtalt.

#### Kompensasjon etter avvikling av pelsdyrhald

Som oppfølging av Stortingets vedtak til lov om forbod mot hald av pelsdyr, fastsette departementet 27. november 2019 forskrift om kompensasjon etter avvikling av pelsdyrhald. Stortinget fatta 11. februar 2020 fleire oppmodingsvedtak knytte til kompensasjonsordninga. Mellom anna blei det fatta vedtak der regjeringa blei bedd om å endre kompensasjonsordninga, slik at det blir gitt kompensasjon som om det dreier seg om eit ekspropriasjonsarta inngrep. Regjeringa arbeider med oppfølging av vedtaka knytte til kompensasjonsordninga. Fram til endringane blir sette i verk, kan pelsdyroppdrettarar som har avvikla, søkje kompensasjon etter gjeldande ordning. Desse vil få høve til å søkje på nytt og få utbetalt eventuell tilleggskompensasjon når den nye ordninga er på plass.

I tillegg til den kompensasjonsordninga som skal endrast, blir ein del etablerte ordningar ført vidare i tråd med oppmodingsvedtak frå Stortinget. Dette omfattar kompensasjon for kostnader til riving og opprydding etter avvikling av pelsdyrhaldet, kompensasjon for lågare alderspensjon til nokre pelsdyroppdrettarar og ei ordning med samla ramme på 100 mill. kroner til omstillings-tiltak, mellom anna til kompetansehevande tiltak.

**Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
50	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet	127 976	120 606	103 170
	Sum kap. 1112	127 976	120 606	103 170

**Post 50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet****Formål med løyvinga**

Veterinærinstituttet (VI) er eit biomedisinsk forvaltnings- og forskingsinstitutt innan dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik. For styresmaktene er Veterinærinstituttet den viktigaste kunnskapsleverandøren når det gjeld førebygging, oppklaring og handtering av alvorlege smittsame sjukdommar hos fisk og landdyr og sjukdom som smittar mellom dyr og menneske (zoonosar). Instituttet bidreg òg i førebygging og handtering av kriser som kjem av smittestoff og andre helseskadelege stoff i fôr og mat. Kunnskapsutvikling og formidling innan fagområda er viktig som grunnlag for utvikling av lovverk. Instituttet har ei fri og uavhengig stilling i alle faglege spørsmål.

VI yter òg tenester og formidlar kunnskap til næringa, til fagpersonell og til dyreeigarar, og arbeider for at ny kunnskap blir teken i bruk. Instituttet samarbeider vidare med styresmaktene og næringslivet om å utvikle berekraftig bioøkonomi i Noreg.

Veterinærinstituttet skal arbeide mot følgjande mål:

- Hovudmål: God helse hos dyr, fisk og menneske
- Delmål: Kunnskapsbasert forvaltning
- Delmål: God beredskap
- Delmål: Konkurranskraftige bionæringer

Veterinærinstituttet vil leggje stor vekt på å møte dei behova Mattilsynet har for kunnskap, råd og laboratoriestøtte på kjerneområda til instituttet.

Instituttet får løyvingar til oppgåvene sine innan dyrehelse, fôrtryggleik, dyrevelferd og mattryggleik over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet. Oppgåvene innan fiskehelse og enkelte område innan sjømattryggleik blir finansierte over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet.

mentet. Forsking er ein sentral del av verksemda til Veterinærinstituttet og er omtalt under kap. 1137.

**Rapportering 2019**

God dyre- og fiskehelse og dyre- og fiskevelferd er viktige føresetnader for sunne økosystem, og for produksjon av berekraftig og trygg mat av høg kvalitet.

I internasjonal samanheng er norsk dyrehelse mykje god, og det blir sjeldan påvist meldepliktige sjukdommar. Måla for reduksjon i bruk av antibiotika til husdyr, fastsett i regjeringa sin strategi mot antibiotikaresistens for perioden 2015–2020, blei nådd allereie i 2018.

Sommaren 2019 blei det påvist eit utbrott av mædi på sau i Trøndelag. Det har òg vore arbeid med salmonellautbrottet hos hest som starta i 2018. Tidleg på hausten kom «hundesaka» med mange alvorleg sjuke og nokre daude hundar med ukjend årsak.

I løpet av 2019 har instituttet styrkt sitt arbeid retta mot internasjonal utvikling. NORAD sitt Fish for Development-prosjekt i Ghana er eit samarbeid mellom Veterinærinstituttet, Havforskningsinstituttet og ghanesiske partnarar for å utvikle ein berekraftig akvakultur i Voltasjøen. I tillegg er Veterinærinstituttet engasjert i eit afrikansk prosjekt som arbeider med aflatoksiner i mat, og i eit prosjekt i Thailand om kartlegging av antibiotikaresistens i svinproduksjonen. Instituttet og NORAD starta i 2019 arbeidet med å utarbeide ein rammeavtale innan dyre- og fiskehelse og mat-sikkerheit i NORAD sin Kunnskapsbank.

Samarbeid med kinesiske institusjoner blei vidareutvikla i 2019, mellom anna gjennom undertekning av to samarbeidsavtalar med Harbin Veterinary Institute og med Institute for Microbiology – Chinese Academy of Sciences. I juni 2019 blei det gjennomført eit vitenskapelig samarbeid med Mongolia, og ei kartlegging blei utført ut frå eit sams mål om framtidig samarbeid i eit ONE

HEALTH-perspektiv. Ein rapport frå dette blei presentert då den mongolske presidenten besøkte Landbruks- og matdepartementet i januar 2020.

Veterinærinstituttet har òg i 2019 lagt ned mykje ressursar i arbeidet med nytt hovudkontor på Ås. Dei ekstraordinære kostnadane knytte til dette, i tillegg til høge pensjonskostnader, skapte store økonomiske utfordringar for Veterinærinstituttet, noko som førte til at instituttet fekk tilført ekstra midlar i revidert nasjonalbudsjett 2019.

Veterinærinstituttet gjennomførte i 2019 ei omorganisering der instituttet gjekk frå ei geografisk organisering til ei nasjonal heilheitleg fagleg organisering. Dette har resultert i auka intern og ekstern samhandling, i tillegg til effektivitet innan arbeidet med diagnostikk.

Delar av den ekstra løyvinga i samband med revidert nasjonalbudsjett er øyremerkte til bygging av nye lokale på Holt i Tromsø. Forsking og nærver i nordområda er strategisk viktig for instituttet, og dei nye lokala vil utgjere ein vesentleg del i dette arbeidet.

Instituttet starta hausten 2019 digitalisering av histopatologi (produksjon av digitale mikroskopibilder av vev). For å gjere dette effektivt, vil produksjon av histopatologiske bilete for sjukdomsoppklaring innan akvakultur føregå i Harstad og innan landdyr ved hovudkontoret. Tolking av bileta blir deretter gjort av ekspertar i heile Veterinærinstituttet under leing frå Harstad og Oslo.

Innføring av nytt økonomistyringssystem i 2018 har bidrege til vesentleg betre prosjektstyring ved instituttet.

Veterinærinstituttet sitt styre vedtok i 2019 ein ny strategi for instituttet som skal gjelde for perioden 2020–2023. I strategiprogrammet er følgjande lagt vekt på; arbeidet med berekraft, internasjonale forhold, ein desentralisert forskings- og kunnskapsorganisasjon, digitalisering og metodeutvikling, kommunikasjon og etablering av nytt hovudkontor på Ås. Det er lagt opp til å følgje opp den nye strategien med ein årleg omverdaanalyse som skildrar relevante globale og nasjonale forhold, og korleis dei påverkar helse- og velferds-situasjonen hos dyr og fisk.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 103,2 mill. kroner.

Veterinærinstituttet skal etablere seg i nytt hovudkontor på Ås med moderne og effektive arbeidsrutinar og utstyr.

Veterinærinstituttet skal, som nasjonalt biomedisinsk forvaltnings- og forskingsinstitutt, vere Noregs leiande kunnskapsleverandør innan beredskap, biotryggleik og handtering av helse- og trygghetsspørsmål. Dette gjeld områda dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik.

Veterinærinstituttet skal ta hand om og verne om den gode dyrehelsesituasjonen og mattryggleiken i Noreg. Det blir stadig viktigare å overvake og ha god kunnskap om zoonosar (som er sjukdommar som kan overførast mellom dyr og menneske). Kunnskapsutvikling, overvaking og rådgiving innan antibiotikaresistens og skrantesjuka (CWD) vil framleis vere høgt prioritert. På same vis er beredskapen mot nye trugande sjukdommar viktig.

Å støtte styresmakter og næringane i vidareutviklinga av ei nasjonal bioøkonomisatsing er ei oppgåve for Veterinærinstituttet framover. Instituttet sitt viktigaste bidrag her er forskingsbasert kunnskapsstøtte for betre å ta hand om helse og velferd i samband med berekraftig produksjon og uttak av biomasse på land og i havet.

Utviklinga av oppgåver for instituttet er påverka av auka globalisering og endringar i klima. Veterinærinstituttet legg FN's berekraftsmål til grunn for aktiviteten og vil kontinuerleg vidareutvikle sin kompetanse og sine metodar for framleis å vere i front innan sine fagområde.

Globalisering og klimaendringar kan utfordre den gode husdyrhelsa i Noreg. Det trengst difor forskning og kunnskapsutvikling som sikrar og vidareutviklar den nasjonale beredskapen mot kjende og nye helsetrugslar, med særleg vekt på konkrete førebyggjande tiltak i næring og forvaltning. Denne forskinga skal vidareutvikle konkurransevna til norsk husdyrproduksjon. Forskinga skal òg leggje til rette for å vidareutvikle bruken av helsedata i næring og forvaltning til å forutsjå og førebyggje sjukdom, og dermed danne grunnlag for eit risikobasert helsearbeid.

Veterinærinstituttet sine oppgåver innan beredskap, diagnostikk og forskning vil bli modernisert ved bruk av ny teknologi og nye metodar. Særleg vil bruk av informasjonsteknologi og ulike bioteknologiske løysingar bli nytta til å etablere nye metodar.

VI ønskjer å styrkje sin internasjonale aktivitet, i hovudsak bygd på tidlegare samarbeid med andre land. Spesielt for 2021 kan nevnt arbeid med Norad, Horizon Europe, WorldFish og FAO.

Instituttet vil leggje vekt på å betre effektiviteten for å kunne kanalisere ressursar der styresmaktene og næringane har nye behov for bistand. Gjennom auka bruk av mellom anna digitalisering

og vidareutvikling av styringa av verksemda har instituttet som mål å få til ei vesentleg effektivisering. Dette gjeld diagnostikk, analysar, administrative oppgåver, men òg auka effektivitet gjennom målretta leiing på alle nivå ved instituttet.

Konsekvensane av klimaendringane rammar dei arktiske områda sterkt. Dette, saman med innvandring av ulike framande plante- og dyreartar, endrar økosystema og fører til at smittestoff letare kan spreie seg frå sør til nord, frå aust til vest og langs kysten. Samtidig aukar mobiliteten i arbeidsmarknaden og det er omfattande reiseliv og godstransport i nordområda. Dette fører til fleire moglege kjelder til innføring av smitte.

På Svalbard førekjem fleire sjukdommar som smittar frå dyr til menneske (zoonosar) og som kan truge dyrelivet der. Spreiing av sjukdom mellom dyr og menneske kan ein heller ikkje utelukke i andre norske område.

Veterinærinstituttet ønskjer å prioritere auka kunnskap om situasjonen vedkjem smittestoff og giftstoff som påverkar dyrehelsa og fôr- og mattryggleiken i nordområda.

I arbeidet med å førebyggje sjukdom og å tryggje god dyrehelse er det viktig at Veterinærinstituttet gir råd til veterinærar, næring og forvaltning innan smittevern og biosikkerheit.

For å møte behova i matforvaltninga og næringa vil instituttet styrkje det etablerte kompetansesenteret for produksjonsdyr. Dei fleste hovudaktivitetane ved senteret har base i Sandnes, men det er òg tilsette som arbeider med produksjonsdyrhelse i Tromsø, Trondheim og Ås, noko som skal medverke til at senteret sine aktivitetar for å få ei god nasjonal dekning og sikre tilgang på god kompetanse. Aktivitetane ved senteret må komme til nytte for produksjonsdynæringa og forvaltninga i heile landet.

## Kap. 1115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	1 389 328	1 369 024	1 366 485
22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	10 304	13 331	13 264
71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	3 408	4 200	4 200
	Sum kap. 1115	1 403 040	1 386 555	1 383 949

### Post 01 Driftsutgifter

#### Formål med løyvinga

Mattilsynet har hovudansvaret for å føre tilsyn med at regelverket om mattryggleik, plantehelse, dyrehelse, dyrevelferd, kvalitet og forbrukaromsyn blir etterlevd i heile matproduksjonskjeda. Mattilsynet har òg oppgåver knytte til regelverksutvikling og internasjonalt arbeid. Området er sterkt påverka av internasjonale rammevilkår.

Mattilsynet fører òg tilsyn med at regelverket blir etterlevd på område som ikkje har direkte samanheng med matproduksjon. Det gjeld mellom anna regelverk om planter og dyr som ikkje inngår i matproduksjon, husdyravl, kosmetikk og kroppspjieprodukt, dyrehelsepersonell og omsetnad av reseptfrie legemiddel utanom apotek.

Den enkelte verksemda har ansvar for å kjenne til og etterleve regelverket. Aktiv rettleiing frå Mattilsynet om regelverket er viktig. Mattilsynet skal bruke dei verkemidla lovverket stiller til rådvelde når det er naudsynt for å sikre etterleving av regelverket.

Mattilsynet skal arbeide etter desse måla:

- sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt
- fremje god helse hos planter, landdyr og fisk
- fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
- fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- vareta miljøvenleg produksjon

Innanfor rammene av dei måla som er sette i lovgevinga, skal Mattilsynet samstundes arbeide på ein slik måte at det tek omsyn til aktørane langs heile matproduksjonskjeda. Det omfattar òg marknads-tilgang i utlandet.

Hovudverkemidla i arbeidet er å:

- utvikle regelverk
- rettleie om regelverk
- handheve regelverk
- overvake status og utvikling på området
- ha god beredskap for handtering av hendingar og kriser

Folkehelseinstituttet, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet yter kunnskapsstøtte til Mattilsynet og har ein fagleg beredskap med grunnlag i løyvingar frå dei ansvarlege departementa.

Mattilsynet innhentar uavhengige risikovurderingar frå Vitskapskomiteen for mat og miljø når det trengst i regelverksarbeidet og den utøvande forvaltninga.

## Resultatrapport 2019

Rapportering etter effektmål

*Målet om helsemessig trygg mat og trygt drikkevatn*

Mattryggleiken i Noreg er god med få utbrott av matboren sjukdom. Nye mattrendar, klimaendringar og nye råvarer til mat, vil auke behovet for ny kunnskap og vil gi oss nye utfordringar med trygg mat.

Dei fleste matprodusentane tek produksjon av trygg mat på alvor og følgjer reglane. Det er lite smittestoff i norske husdyr og norskproduserte matvarer og Mattilsynet følgjer opp tilstanden i næringar og hos enkeltverksemdar gjennom dialog, rettleiing og tilsyn. Importerten av varer frå land med annan smittestatus aukar. Det kan utfordre mattryggleiken.

### *Drikkevatn*

Kvaliteten på drikkevatnet er generelt god, og få blir sjuke av vatnet frå krana. Likevel oppstår det i nokre tilfelle hendingar kor drikkevatnet kan vere ei smittekjelde. Dei største truslane mot trygt drikkevatn i tilstrekkelege mengder i tida framover, er gamle eller dårleg vedlikehaldne vassleidingar og drikkevassbasseng. Utbrottet av sjukdom forårsaka av *Campylobacter* i Askøy kommune 2019 var eit døme på dette. I tillegg er manglande leveringstryggleik ein trugsel ved mange vassforsyningssystem.

Det er om lag 1400 vassforsyningssystem i Noreg som kvar forsyner meir enn 50 fastbuande personar, og nesten 90 prosent av folkemengda får drikkevatn frå desse forsyningssystema.

### *Kjemiske stoff og smittestoff*

Det er viktig at Noreg kartlegg og overvaker førekomst av stoff i mat for å vurdere tilstand. Vi plikter å skaffe fram og rapportere data til EU og andre standardsetjande organ. Dette blir gjort for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere risiko, lage reglar og fastsetje grenseverdier i mat. Formålet er å verne folkemengda mot helseskadar.

Det er få funn over gjeldande grenseverdier for rester av plantevernmiddel og veterinære legemiddel i mat. Resultata er på same nivå som tidlegare år. Det er òg få funn av forureinande stoff i fisk og sjømat over gjeldande grenseverdier. Funna er i hovudsak knytte til villfanga sjømat i særskilde område. Ved funn over grenseverdier blir det sett i verk tiltak. Når det gjeld mikroorganismar som smitter frå dyr til menneske blir norske overvakingsdata samanstillt med europeiske data i ein sams europeisk zoonoserapport. Rapporten stadfestar at statusen er god i Noreg.

For å sikre representative data frå alle medlemsland utarbeider EU kontrollplanar for forureinande stoff, tilsetjings- og aromastoff og matkontaktmateriala. Erfaringa er at koordinerte program gir betre kunnskapsgrunnlag fordi landa samarbeider om ei målretta overvaking av dei viktigaste farane i maten. Risikorangeringa av stoff i mat som Vitskapskomiteen for mat og miljø utførte i 2019, vil komme til stor nytte i dette arbeidet.

Også i Noreg har vi utfordringar knytte til mattryggleiken. Det norske klimaet gjer at vi har særlege utfordringar med soppgifter i korn og akrylamid i potetchips. Det er òg nokre område kor det er naturleg høg førekomst av kadmium i jorda på grunn av alunskifer. I 2019 har Mattilsynet analysert for mykotoksin, plantegifter og tungmetall i korn og grønnsaker. Resultata har hatt nytteverdi for regelverksutviklingsarbeid i EU.

### *Hygiene*

Mattilsynet fører årleg over 20 000 tilsyn med produsentar og serveringsstader for å kontrollere at krava til hygiene, tillaging og oppbevaring blir følgde.

Fleire bransjar har utarbeidd og nyttar nasjonale retningslinjer for god hygienep praksis. Mattilsynet har ei rolle som pådrivar slik at retningslinjene er oppdaterte og brukarvenlege. Bransjeretningslinjer ser ut til å vere til nytte både for næringsutøvarar og tilsynet.

Norske produsentar av industriell slaktekylling deltek i handlingsplan mot *Campylobacter*.

Tiltaka gir ein folkehelsegevinst ved at færre menneske blir smitta av denne bakterien frå norsk slaktekylling. Det er eit teikn på at kyllingproducentane gjennomfører gode smitteførebyggjande tiltak. Samanlikna med andre europeiske land har Noreg låg førekomst av *Campylobacter* i slaktekylling.

### *Kosmetikk*

Nordmenn ligg framleis i Europatoppen når det gjeld kjøp av kosmetikk og kroppspleiemarknad. Både førekomst av, og kunnskapsmangel om stoff i kosmetikk kan gi alvorlege helseskadelege effektar. Biverknader og villeiande informasjon er òg ei stor utfordring.

### *Målet om å fremje god helse hos planter, landdyr og fisk*

#### *Plantehelse*

Plantehelsa i Noreg er god samanlikna med andre europeiske land, men meir import aukar faren for at nye alvorlege planteskadegjerarar kjem inn i landet.

Plantehelse blir vurdert ut frå frávær av planteskadegjerarar, som til dømes virus, bakteriar, insekt, midd, sopp og nematodar. Mattilsynet overvaker og kartlegg kvart år prioriterte planteskadegjerarar.

Av dei om lag 160 alvorlege planteskadegjerarane på EPPO si A2-liste førekjem 19 i Noreg. 14 av desse blir aktivt kjempa mot, mens 5 er så spreidd at det ikkje løner seg å kjempe mot dei med offentlege midlar.

Sidan 2016 er blodlus påvist i fleire viktige fruktområde, og i 2019 blei fem nye funn meldt. Det er sannsynleg at blodlus er meir spreidd enn det som er avdekt til no, og risikoen for å få inn ny smitte med planteimport er stor.

#### *Landdyrhelse*

Noreg har god dyrehelse samanlikna med andre europeiske land og resten av verda. Men risikoen for introduksjon av nye smittestoff og antibiotikaresistente bakteriar er større i dag enn for ti år sidan som følge av auka samhandling over landegrensene.

Afrikansk svinepest spreier seg til stadig nye land, og det er risiko for at villsvin i norsk natur er ein mogleg smitteberar til norske tamsvin.

Kampen mot skrantesykje (CWD) er eit langsiktig arbeid over fleire år, og kampen var ei hovudprioritering òg i 2019. Planen for kampen

mot skrantesykje blir følgd, med små justeringar. Området der den klassiske forma av CWD hos villrein blei funne, ligg no brakk. Mattilsynet held fram å kartleggje for å få oversikt over utbreiinga og for å friskmelde hjortedyrpopulasjonar. Kontaktbestandar til Nordfjella sone 1 må vere friskmelde før reetablering av villrein i området.

Virussjukdommen mædi hos sau blei oppdaga i Trøndelag gjennom ordinær kjøttkontroll. Flytting av livdyr er omfattande og ei medverkande årsak til spreiding. Det er starta eit større prøvetakingsarbeid i om lag 500 besetningar og utvida kartlegging og saneringstiltak vil bli gjennomført i mange år.

Mattilsynet brukar årleg store ressursar på uttak av prøver frå daude storfé og småfé for å dokumentere at vi er fri for prionsjukdommar som kugalskap og skrapesykje.

#### *Fiskehelse*

Noreg er i verdstoppen på lakseoppdrett. Oppdrettsnæringa er ein viktig bidragsytar både som sjømatprodusent og som del av norsk næringsliv. I underkant av 900 oppdrettsanlegg i sjø produserer om lag 1 355 000 tonn matfisk. Ein berekraftig vekst avheng av god fiskehelse. Sjølv om sjukdomssituasjonen ikkje er forverra, er helsesituasjonen i norsk oppdrettsnæring ikkje tilfredsstillande.

Dei viktigaste listeførte sjukdommane for norsk oppdrett er virussjukdommane Pankreasjukdom (PD), Infeksiøs lakseanemi (ILA) og parasitten lakselus. Talet på utbrott av ILA har vore relativt stabilt dei siste åra. Talet på tilfelle av PD blei noko redusert, men det har likevel vore ein monaleg auke sidan 2010.

Det er utarbeidd ein plan for kampen mot PD som skal bidra til ein einskapleg kamp i dei ulike sonene. Planen krev fagleg skjønn, og Mattilsynet vil arbeide for å sikre føreseielege og einskaplege vurderingar.

### *Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr*

#### *Landdyrvelferd*

Dyrevelferda for landdyr er i hovudsak god, sjølv om det òg er utfordringar. Kronisk dårlege dyrehald er ei utfordring som krev tett oppfølging og mykje ressursar.

Det er gode føresetnader for å vareta dyrevelferda i Noreg. Haldningane til dyr er jamt over gode, og dyrehelsa er god. Regelverket er strengt, og tilsynet som er landsdekkjande har vide fullmakter. Mattilsynet har god oversikt over dyre-

halda med produksjonsdyr, og eit godt samarbeid med næringsorganisasjonane.

Kronisk dårlege dyrehald er kjenneteikna av for dårleg tilsyn og stell av dyra over tid. Dei to siste åra har Mattilsynet satsa på ein meir systematisk tilnærming til slike dyrehald. Etter ein topp i talet på inngripande vedtak i 2018, er talet på slike vedtak gått noko ned i 2019.

Mattilsynet har fastsett ein handlingsplan for dyrevelferd. Handlingsplanen gjer greie for viktige utfordringar og aktuelle tiltak for å løfte dyrevelferda. Oppfølging av kronisk dårlege dyrehald og gjennomføring av ein landsomfattande tilsynskampanje for gris er prioritert. Planlegginga av tilsynskampanjen starta opp mot slutten av 2019.

Mattilsynet fekk 12 400 meldingar frå publikum om dårleg dyrevelferd i 2019, noko som er ein liten nedgang etter tidlegare jamn auke i talet. Dei fleste meldingane gjaldt kjæledyr, men ein fekk òg mange meldingar om hestar og produksjonsdyr. Meldingane frå publikum er eit viktig grunnlag for kunnskap om dyrehald som treng tilsyn.

Samla tap av sau på utmarksbeite er redusert frå 6 pst. i 2013 til omkring 5 pst. dei siste 5 åra. Tal erstatta sau på grunn av roviltangrep var òg i 2019 på om lag 17 500, som er på nivå med siste fire åra. Dette er det lågaste nivået sidan 1990-talet. Tal erstatta rein har variert omkring 20 000 i fleire år, men blei redusert til om lag 17 800 i 2019. Det er framleis fleire område med store tap av sau og rein.

### *Fiskevelferd*

Det er framleis for mange fisk som døyr i norsk oppdrettsnæring. Dette gjeld både laksefisk og reinsefisk. Når det gjeld laksefisk er talet i prosent noko redusert samanlikna med 2018. Tilsynskampanjen Mattilsynet gjennomførte i 2018 avdekte at næringa i for liten grad har kontroll over reinsefisken og at for mykje reinsefisk døyr.

Tiltak mot lakselus er framleis den viktigaste årsaka til redusert velferd i fiskeoppdrett. Mattilsynet hadde i 2019 dialog med næringa etter ei risikovurdering av termisk avlusing. Det blei varsla at metoden skal fasast ut i løpet av to år dersom ikkje ny kunnskap tilseier at metoden kan brukast på ein måte som sikrar forsvarleg fiskevelferd.

### *Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn*

Mange verksemdar er framleis ikkje gode nok til å følgje krava til merking. Ulovlege medisinske

påstandar blir nytta på ein del kosttilskott. Mange forbrukarar opplever biverknader ved bruk av kosmetikk- og kroppspleieprodukt. Det er òg utfordringar med matsvindel på stadig fleire område.

Forbrukarane er avhengige av rett merking for å kunne ta informerte val. For allergikarar kan det vere livsviktig at merking er korrekt og tilstrekkeleg. Sporing er ein føresetnad for trygg mat, og tilsyn viser at regelverket på desse områda ikkje alltid blir følgt.

Førekosten av genmodifisert mat og fôr på den norske marknaden er stabilt låg. Det er ikkje godkjend genmodifisert mat, fôr eller såvarer i Noreg per i dag.

Det finst mange ulike former for matsvindel. Døme på dette er forfalsking av attestar, falsk opphavsmarkering, bruk av ulovlege medisinar i produksjonsdyr, fiktive firma, bruk av ulovlege tilsetningsstoff for å dekkje over dårleg kvalitet, bruk av ulovlege plantevernmidde og at produkt feilaktig blir oppgitt som økologiske. Mattilsynet har i løpet av året delteke på meir enn 100 sams kontrollar med andre etatar og fleire A-krim-aksjonar i tillegg til eigne aksjonar. Dette har resultert i fleire omsetjingsforbod, beslag og stengingar. Det er sett i gang eit nordisk arbeid som skal resultere i ei sams nordisk trugselvurdering om matsvindel. Resultata av trugselvurderinga vil vere eit viktig bidrag til prioritering og risikobasering av tilsyn for å avdekkje matsvindel.

### *Målet om å vareta miljøvenleg produksjon*

Samfunnsoppdraget til Mattilsynet støttar opp under fire av FN sine 17 mål for berekraft og er knytt til minst seks andre. Her blir økologisk produksjon, overføring av sjukdom frå oppdrettsfisk til villfisk, bruk av medisinar som kan føre til resistens og bruk av gjødselvarer og plantevernmidde omtalt.

Økologiregelverket set krav til økologisk produksjon som må tilfredsstillast for å kunne merke med økologiske produkt. Krava omfattar forbrukartillit, plante-, dyre- og fiskehelse i tillegg til dyre- og fiskevelverd dessutan miljø. Kontrollsystemet for økologisk produksjon fungerer i hovudsak tilfredsstillande, men det er behov for forbeiningar på nokre område. Mattilsynet har delegert myndigheit til å føre tilsyn med produksjon og omsetjing etter økologiregelverket til Debio, som fører tilsyn med alle verksemdene som er med i kontrollordninga. ESA gjennomførte i 2018 ein revisjon av oppfølginga av økologiregelverket. Oppfølging av avvik har ført til betre rutinar for



samarbeid mellom Mattilsynet og Debio, og systema for handsaming av avvik og risikovurdering av verksemdene er fornya.

Noreg har få smittsame sjukdommar på landdyr, allmenn god dyrehelse og gode system for bruk av antimikrobielle middel. Dette gjer at vi framleis har ein gunstig resistenssituasjon samanlikna med mange andre land. Sjølv om det er utfordringar med sjukdom hos oppdrettsfisk, er bruken av antibiotika framleis låg.

Noreg og EU arbeider med endringar i gjødselregelverket for å leggje til rette for den sirkulære økonomien, samtidig som helse- og miljøomsyn blir teke i vare.

Av plantevernmiddel blei det omsett same mengd aktivt stoff som i 2018. Helserisikoen er uendra, mens miljørisikoen auka 4 pst. i 2019, men er lågare enn i 2017. Erfaringar frå tilsyn viser at importørar og dei som brukar plantevernmiddel må bli betre til å etterleve reglane.

#### *Resultat av meir generell karakter*

##### *Internasjonalt arbeid og regelverksutvikling*

Regelverket er eit viktig verkemiddel for Mattilsynet i arbeidet med å oppfylle samfunnsoppdraget.

Det er ei stadig utvikling og modernisering av mat- og veterinærregelverket i EU. Gjennom EØS-avtalen blir dette regelverket òg gjeldande for Noreg. Mattilsynet bidreg inn i EUs regelverksarbeid og tek vare på norske omsyn.

Mattilsynet deltok på 180 møte i EU. Til saman var det færre møte i EU i 2019 enn i 2018, noko som kan ha samband med etablering av nytt EU-parlament og ny EU-kommisjon hausten 2019.

##### *Marknadstilgang*

Noreg eksporterte 2,7 mill. tonn sjømat for 107 mrd. kroner i 2019. Eksporten av andre varer er liten, men norske avlsprodukt frå storfé og svin er etterspurt i utlandet. Mattilsynet spelar ei viktig rolle for norsk tilgang til marknader utanfor EØS-området, og har dei siste åra særleg prioritert Kina og Brasil.

Mattilsynet skreiv ut vel 63 000 attestar for sjømat og 6138 attestar for landbaserte produkt og dyr i 2019.

##### *Tilsyn, rettleiing og områdeovervaking*

Mattilsynet si tilsynsverksemd skal medverke til at regelverket blir følgt. God dialog ved tilsynsbesøk er viktig for å gjere det enklare for verk-

semdene og enkeltpersonane å gjere rett, og for å skape tillit til myndigheitsutøvinga. Rettleiing får ein viktigare plass, samtidig som brott på regelverket skal følgjast opp med tenlege verkemiddel. Meir standardiserte metodar skal sikre meir einskapleg handsaming i heile landet.

Våren 2019 blei det avdekt alvorlege avvik i utøvinga av tilsyn og i kvaliteten på tilsynsrapportane til Mattilsynet. Det blei utvikla ei tiltakspakke for å betre kvaliteten på gjennomføringa av tilsyn, og å bidra til meir einskapleg forvaltning og betre kommunikasjon med verksemdene Mattilsynet fører tilsyn med.

Hausten 2019 fekk Mattilsynet resultatane frå ei ekstern gransking gjennomført av KPMG på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet. Rapporten viste fleire alvorlege svakheiter i systema til Mattilsynet og rutinar for planlegging, gjennomføring og oppfølging av tilsyn. Mattilsynet arbeider no systematisk med forbetringstiltak på områda granskinga tok opp.

Mattilsynet overvaker og kartlegg status og utvikling for sjukdom, smittestoff, skadegjerarar, framandstoff og tilsetjingsstoff som kan oppstå i matkjeda. Mange av programma varetar krava til EU om dokumentasjon, men Mattilsynet prioriterer og tilpassar òg programma så dei skal fange opp det aktuelle risikobiletet. Mattilsynet kjøpte analysetenester til overvaksings- og kartleggingsprogram for om lag 105 mill. kroner frå kunnskapsinstitusjonar og andre laboratorium. 70 program blei gjennomførde.

Mattilsynet informerer, rettleier og søker dialog med verksemdar, næringar og interessentar. Dette medverkar til at det skal vere enklare å følgje regelverket.

Arbeidet med å utvikle digitale verktøy for kjøttkontroll går som planlagt. Det nye systemet for kjøttkontroll blei mellom anna basert på eksisterande «Utvida sjukdomsregistrering» som slakteria gjer. Det nye systemet blir teke i bruk i 2020.

Mattilsynet har hatt ein jamn auke i talet på klagesaker dei siste fem åra, særleg innan akvakultur og dyrevelferd. Mattilsynet tok i mot til saman 395 klagesaker og handsama 367 saker. Vedtak i førsteinstansen blei stadfesta i 76 pst. av sakene og omgjort i 21 pst. Klagen blei trekt eller avvist i 3 pst. av sakene. Om lag halvparten av klagesakene blei handsama innanfor normal sakshandsamingstid på tre månader. Likevel auka restansane med 15 pst. frå året før.

Mattilsynet melde til saman 76 saker til politiet mot 86 saker i 2018. Til saman 26 straffesaker er handsama av domstolane. 19 av sakene gjaldt

dyrevelferd, tre gjaldt mattryggleik og tre gjaldt trugsmål/sjikanane mot offentleg tenestemann. Det førte til fellande dom i 24 saker.

Mattilsynet handterte i alt 201 hendingar i 2019. Av desse hadde 33 høg og 112 middels alvorsgrad. I tillegg handterte nasjonal beredskapsvakt over 1000 meldingar utanom arbeidstid.

«Øvinga Kløver» (munn- og klauvsjuka) var ei nasjonal øving i tre delar, ein feltdel, ei varslingsøving med oppstartsrutinar og ei «table top-øving». Øvinga blei gjennomført i løpet av hausten.

### *Organisatoriske forhold*

Mattilsynet sin strategi peikar på område for utvikling og endring av organisasjonen. Mattilsynet skal bli meir brukarorientert, datadriven og kunnskapsbasert. Mattilsynet sine utviklingsprosjekt skal gi verknad for brukarane gjennom digitale løysingar.

Mattilsynet starta i 2019 eit arbeid for å styrkje styringa av det operative tilsynet. Dette arbeidet er forsterka etter at rapporten frå den eksterne granskninga av forvaltningskvaliteten til Mattilsynet blei lagd fram.

Mattilsynet har eit stort endrings- og utviklingsbehov føre seg, både som følgje av svakheitene som er peikt på i granskingsrapporten og som følgje av dei store endringane som skjer i samfunnet.

Rett kompetanse på rett nivå er viktig for å kunne levere godt på samfunnsoppdraget. Mattilsynet treng å arbeide meir systematisk med kompetanseutvikling, og dette vil vere eit prioritert utviklingsområde for Mattilsynet framover.

Mattilsynet har ikkje komme langt nok i arbeidet med informasjonstryggleik og personvern. Dei ulike datasystema til Mattilsynet vart ikkje i tilstrekkeleg grad krava om innebygd personvern. Arbeidet med å betre informasjonstryggleiken og personvernet vil halde fram i lang tid framover.

Etter revisjon av rekneskapen for 2018 hadde Riksrevisjonen merknad om manglar ved internkontrollen på gebyrområdet. Mattilsynet fekk òg merknad i Riksrevisjonen sin forvaltningsrevisjon på dyrevelferdsområdet om planlegging, gjennomføring og oppfølging av risikobasert tilsyn.

### **Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 366,5 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Mattilsynet.

### *Regelverksutvikling og internasjonalt arbeid*

Regelverket på matområdet er i stor grad harmonisert over landegrensene. Codex Alimentarius Commission, OIE og IPPC legg viktige premisser for regelverksutviklinga internasjonalt. Som følgje av EØS-avtalen blir grunnlaget for det norske regelverket hovudsakleg utvikla i EU. Nærare 90 pst. av alle nye forskrifter og forskriftsendringar på Mattilsynet sitt ansvarsområde er knytte til oppfølging av EØS-avtalen. Mattilsynet vil følgje aktivt med i dei sentrale delane av arbeidet i desse organisasjonane.

Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet legg vekt på samordna og godt førebudd deltaking i alle internasjonale forum. I det internasjonale regelverksarbeidet er det viktig med tidleg og god dialog med relevante interessentar. Mattilsynet vil ta aktivt del i arbeidet i EU med å utvikle nytt regelverk i samsvar med norske synspunkt på utvalde område. Oppfølging av EUs «Farm to Fork»-strategi, ein del av den såkalla «European Green Deal», vil stå sentralt i EUs arbeid på matområdet framover. Mattilsynet vil prioritere område med særlege norske interesser i regelverksarbeidet.

Mattilsynet skal òg bidra til å følgje opp dei internasjonale pliktene til rett tid, og at gjennomføringa i norsk rett skjer på ein mest mogleg formålstenleg og brukarvenleg måte.

Regjeringa legg vekt på forenkling for næringsane og brukarane. Mattilsynet vil ha særleg merksemd på å forenkle og rydde i regelverket. Mattilsynet vil leggje vekt på å fremje desse omsyna når det deltek i internasjonal regelverksutvikling, mellom anna i arbeidsgruppene i EU og i dei aktuelle internasjonale organisasjonane på matområdet.

### *Rettleiing, tilsyn og områdeovervaking*

Rettleiing og utøvande tilsyn i dei enkelte verksemdene er kjerneverksemda til Mattilsynet. Mattilsynet forvaltar eit omfattande regelverk, og det kan vere krevjande for verksemdene å ha oversikt over alle krava som gjeld. God kjennskap til regelverket er viktig for å kunne etterleve det. Mattilsynet vil difor leggje større vekt på god rettleiing til næringsutøvarane. Mattilsynet vil i den samanhengen leggje større vekt på å gjere brukarane kjende med regelverket og korleis Mattilsynet ventar at verksemdene følgjer opp. Dermed vil det òg bli tydelegare i kva situasjonar det kan komme reaksjonar frå Mattilsynet, og kva slags reaksjo-

nar verksemdene kan vente frå Mattilsynet dersom dei bryt reglane.

Det vil òg bli lagt vekt på andre tiltak for å forbetre kvaliteten på utøvinga av tilsynsfunksjonen, mellom anna som oppfølging av den eksterne granskninga av Mattilsynet hausten 2019, jf. omtale under kategori 15.10.

Mattilsynet har i 2019 utarbeidd ein ny strategi fram mot 2025 med sikte på å bli stadig meir brukorientert og kunnskapsbasert og i større grad nytte data i arbeidet.

Nærleik til verksemdene og god kunnskap om lokale forhold og aktuell risiko skal sikre eit effektivt, målretta og godt synleg tilsyn. Mattilsynet vil ved bruk av fagleg skjønn vere løysingsorientert i møte med verksemdene og samstundes ta vare på omsynet til lik handsaming. Det er verksemdene sjølve som har ansvaret for å kjenne til og finne løysingar som gjer at dei etterlever regelverket. Mattilsynet fører tilsyn med at regelverket blir etterlevd.

Som eit ledd i arbeidet for å bli meir effektivt og synleg legg Mattilsynet vekt på å ha målretta inspeksjonar med færre kontrollpunkt. Slike tilsyn kan vere ein del av den faste tilsynsrutinen eller danne grunnlag for utvikling av store og små tilsynskampanjar. Smilefestilsyn i serveringsverksemdar er eit døme på dette.

Dei nye forskriftene om offentleg kontroll på matområdet som blei fastset våren 2020, dannar grunnlag for planlegging og gjennomføring av tilsyn og kontroll. Regelverket krev at det skal vere eit effektivt, einskapleg og heilskapleg tilsyn. Ifølgje regelverket skal tilsynet vere risikobasert og skje på det leddet i matproduksjonskjeda der verdien er størst. Dette krev god kunnskap om tilstanden på dei ulike områda. Nasjonale kontrollplanar skal liggje til grunn for prioritering og rapportering.

Mattilsynet forvaltar òg regelverk som ikkje er direkte knytte til risiko for helsa til folk, planter og dyr, til dømes at merking av mat ikkje villeier forbrukarane. Også på desse områda er det viktig med målretta og effektive tilsyn.

Mattilsynet vil innrette arbeidet med kartlegging og overvaking slik at arbeidet blir målretta og kostnadseffektivt. Overvakings- og kontrollprogram som er knytte til plikter etter internasjonale avtalar eller norske tilleggsgarantiar, vil ha prioritet.

Mattilsynet vil arbeide vidare for å motverke matsvindlar nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet er prioritert i EU.

#### *Målet om å sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevann*

Arbeidet med å halde oppe gode hygieniske forhold i alle verksemdar i matproduksjonskjeda krev at verksemdene har kontinuerleg merksemd i tillegg til aktivt og målretta arbeid frå Mattilsynet.

Regelverket om hygiene og kontroll legg vekt på at verksemdene sjølve har ansvar for å etterleve krava og ha system og rutinar som sikrar mattryggleiken i heile matproduksjonskjeda frå og med primærproduksjon til og med omsetnad til forbrukarane. Dette gjeld òg ved import.

Tilsyn med at vassforsyningsverksemdene og kommunane følgjer opp krava i drikkevassforskrifta, er viktig for å sikre trygg vassforsyning til innbyggjarane. Dette er i samsvar med gjennomføringsplanen for nasjonale mål for vatn og helse, som blei fastsett av regjeringa i 2014, og FN's berekraftsmål 6. Mattilsynet skal delta i dette arbeidet i samsvar med Meld. St. 19 (2018–2019) *Folkehelsemeldinga*. Mattilsynet skal dessutan delta i arbeidet med rullering av vassforvaltningsplanane med sikte på at nasjonale føringar på drikkevassområdet blir følgde opp.

Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å utvikle nytt regelverk og nye tilsynsmetodar som kan bidra til å skape tryggare forhold ved import og omsetnad av kosttilskott og liknande næringsmiddel.

#### *Målet om å fremje god helse hos planter, landdyr og fisk*

God plante-, landdyr- og fiskehelse er viktige føresetnader for produksjon av trygg mat og for verdiskaping i næringane. Det er viktig å ha gode tiltak og rutinar hos næringsaktørane for å førebyggje introduksjon og spreiding av sjukdom og skadegjerarar.

Mattilsynet vil arbeide for at helsetilstanden hos planter, landdyr og fisk skal vere god. Førebyggjande tiltak og god beredskap mot dei mest frykta planteskadegjerarane og smittsame sjukdommane hos landdyr og fisk er viktig. Dette er òg viktig for å hindre utbrott av dyresjukdommar som òg kan gi sjukdom hos menneske (zoonosar).

Det er viktig å overvake og halde fram med tiltak som held antibiotikaresistensen i norsk husdyrhald på eit lågt nivå. Mattilsynet vil føre vidare arbeidet med overvaking, sanering og smitteføbyggjande tiltak mot LA-MRSA (dyre-assosierte methicillinresistente *Staphylococcus aureus*-bakteriar) i svinebesetningar.

Mattilsynet vil prioritere arbeidet mot skrantesjuka (Chronic Wasting Disease). Viktige oppgåver er å kartleggje utbreiinga og leggje til rette for å etablere ein ny reinsdyrflokk i Nordfjella. Tiltaka er òg av stor verdi for å hindre spreiding av smitte til ville hjortedyr og tamrein, slik at ein kan ta vare på næringsgrunnlaget til dei som utøver reindrift. God dokumentasjon av tilstanden i Noreg er òg viktig for at eventuelle vernetiltak frå EU ikkje blir meir inngripande og kostnadskrevjande enn det er fagleg grunnlag for.

Spreiinga av afrikansk svinepest er urovekjande. Mattilsynet vil ta del i arbeidet med å følgje opp ein handlingsplan mot villsvin i Noreg og ha merksemd på tiltak som kan redusere smitterisikoen til produksjonsdyr.

Mattilsynet vil framleis prioritere arbeidet med fiskehelse og -velferd, mellom anna gjennom arbeidet for å redusere førekomsten av lakselus og kampen mot sjukdommane PD og ILA. Mattilsynet vil følgje opp den vidare tilsynsinnsatsen knytt til dei strengare miljøkrava ved større produksjon i havbruksnæringa. Mattilsynet vil òg bidra til å følgje opp Meld. St. 16 (2014–2015) *Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett*.

#### *Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr*

Mattilsynet vil leggje vekt på tilsyn med dyrevelferd. Mattilsynet vil utnytte verkemidla i dyrevelferdslova for å fremje god dyrevelferd.

Mattilsynet vil samarbeide med politiet om å gjennomføre prosjekta med dyrepolti i politidistrikta Trøndelag, Sør-Vest og Aust og i tilsvarande prosjekt i politidistrikta Vest, Innlandet og Troms. Målet er best mogleg handsaming av saker som gjeld alvorleg omsorgssvikt og overgrep mot dyr, slik at alvorleg kriminalitet mot dyr fører til ei eventuell straffesak og domfelling.

Mattilsynet vil ha auka merksemd på risikobasert tilsyn med dyrevelferd hos gris i heile landet. Svinehald i næring er omfatta av dyrevelferdsprogram for svin utarbeidd av Animalia i samarbeid med næringa og kjøttbransjen. Deltaking i programmet blei obligatorisk gjennom forskrift for hald av svin som blei fastsatt 10. juni 2020. Programmet inneber eit tettare samarbeid mellom produsentar og veterinærar for å sikre god dyrevelferd, og gode rutinar og dokumentasjon av dyrehaldet.

Mattilsynet vil føre vidare den gode samhandlinga med miljøstyresmaktene ved tap på grunn av rovvilt, jf. rovviltforliket i Stortinget i 2011 og Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*.

Mattilsynet vil prioritere arbeidet med fiskevelferd, spesielt i samband med tap i oppdrettsnæringa. Mattilsynet vil òg ha merksemd på å halde oppe god fiskevelferd når oppdrettarar tek i bruk nye behandlingsmetodar og produksjonsformer.

#### *Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn*

Mattilsynet vil arbeide for at mat, drikkevatt og innsatsvarer har rett kvalitet og rett innhald, og at regelverket om merking og heiderleg omsetnad blir følgt. Regelverket om merking av mat skal sikre at forbrukarane har tilgang til rett informasjon mellom anna om eigenskapane til maten.

Mattilsynet har òg viktige oppgåver i ernæringsarbeidet, særleg når det gjeld tilsyn med merking, ernærings- og helsepåstandar, frivillig sunnheitsmerking (Nøkkelhølet) og arbeid med Matvaretabellen. *Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold (2017–2021)* har tiltak på ansvarsområda til sju departement. Helsedirektoratet koordinerer arbeidet med oppfølginga av planen. Mattilsynet har ansvar for å følgje opp enkelte tiltak i handlingsplanen, mellom anna knytt til trygg mat og merking av matvarer og oversikt over næringsinnhaldet i matvarer.

Mattilsynet vil føre vidare overvakinga av genmodifisert materiale i både fôr og næringsmiddel. Sporforureining av genmodifisert materiale synest å vere størst i fôrvarer.

Mattilsynet vil medverke i oppfølginga av den nasjonale strategien for økologisk landbruk på relevante område.

#### *Målet om å vareta miljøvenleg produksjon*

Mattilsynet vil bidra til at formålet i matlova om å vareta miljøvenleg produksjon blir oppfylt. Kvaliteten på innsatsvarer som såvarer, gjødsel, plantevernmidde og fôrvarer er avgjerande for ein miljøvenleg produksjon og verkar òg inn på kvaliteten på maten.

Arbeidet for å redusere bruken av og risikoen ved bruk av plantevernmidde vil bli ført vidare med utgangspunkt i gjeldande *Handlingsplan for bærekraftig bruk av plantevernmidde*. Mattilsynet vil følgje opp aktuelle tiltak relatert til planen og følgje utviklinga av regelverket i EU tett.

#### *Marknadstilgang*

Mattilsynet har ei viktig rolle i arbeidet med å leggje til rette for marknadstilgang for norske produkt, og godt samarbeid med matstyresmakter i

andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på at norsk sjømat er trygg og har rett kvalitet. For Noreg, som stor eksportør av sjømat, er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda.

Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett ei ny mateksportforskrift som skal regulere eksport av all norsk mat til land utanfor EØS. Forskrifta trådte i kraft 15. juli 2020. Majoriteten av sertifikata som Mattilsynet utsteder gjeld eksport av sjømat, og forskrifta vil difor vere spesielt viktig for sjømatnæringa. Forskrifta samlar krav og retningsliner for eksport av mat på ein plass, og medverkar til eit meir forutsigbart og effektivt system for eksportsertifikat. Mattilsynet vil arbeide vidare med andre moglege tiltak for å effektivisere sertifikatarbeidet, under dette utviding av opningstid for sertifikatutsteding.

#### Andre område

##### Dyrehelsepersonell

Mattilsynet forvaltar lovgivinga som skal sikre forsvareleg yrkesutøving hos dyrehelsepersonell, og vil leggje vekt på at dyrehelsepersonell driv forsvareleg verksemd, særleg i samband med utlevering og bruk av antibiotika. Registeret over bruken av legemiddel til dyr er eit viktig verkemiddel i overvakinga av bruken av antibiotika til dyr og korleis veterinærane føreskriv medisin.

## Kap. 4115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Gebyr m.m.	204 602	199 828	199 423
02	Driftsinntekter og refusjonar m.m.	12 293	5 962	6 080
	Sum kap. 4115	216 895	205 790	205 503

### Post 01 Gebyr m.m.

På posten blir det ført inntekter frå gebyr for særskilde ytingar som Mattilsynet gjer for konkrete brukarar, og gebyr for visse tilsyns- og kontrolloppgåver der desse eintydig rettar seg mot konkrete brukarar.

### Kosmetikk

Mattilsynet vil føre tilsyn og følge opp arbeidet med å utvikle regelverket som skal sikre at kosmetikk og kroppsspleieprodukt er helsemessig sikre for menneske og dyr. Mattilsynet vil samarbeide med Folkehelseinstituttet om å overvake helseskadelege biverknader ved bruk av kosmetikk og kroppsspleieprodukt.

### Post 22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 13,3 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje utgiftene for Mattilsynet til reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser

### Post 71 Tilskott til erstatningar

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 4,2 mill. kroner. På posten vil det bli ført utbetalingar til personar som har gitt naudhjelp til dyr etter dyrevelferdslova § 4 om hjelpeplikt, og til veterinærar som har ytt naudhjelp til dyr etter dyrehelsepersonellova § 14 om naudhjelp. På posten vil det òg bli ført utbetalingar for tiltak som er sett i verk av Mattilsynet i medhald av matlova, dyrehelsepersonellova og dyrevelferdslova i dei tilfella der kostnaden ikkje kan drivast inn frå ein eigar.

Ved budsjetteringa er det lagt til grunn ordinar prisjustering av gebyrsatsane.

### Post 02 Driftsinntekter og refusjonar m.m.

På posten blir det mellom anna ført diverse driftsinntekter frå oppgåver som Mattilsynet gjer for

anna forvaltning, til dømes for tilsyn med omsetnad av reseptfrie legemiddel utanfor apotek, og oppgåver knytte til miljøretta helsevern for kommunane. Her vil det òg bli ført inntekter frå gebyr

for særskilde ytingar som Mattilsynet av omsyn til næringsutøvarane yter utanom ordinær arbeidstid.

## Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
1136	Kunnskapsutvikling m.m.	227 909	233 816	239 706	2,5
1137	Forsking og innovasjon	601 259	606 984	599 533	-1,2
	Sum kategori 15.20	829 168	840 800	839 239	-0,2

Inntekter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
4136	Kunnskapsutvikling m.m.	18 081	18 533	19 052	2,8
	Sum kategori 15.20	18 081	18 533	19 052	2,8

### Mål og strategiar

Nasjonale og internasjonale utviklingstrekk, som folkeauke, klimaendringar og behovet for omstilling, påverkar forskingsprioriteringane på landbruks- og matområdet. Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå dei landbruks- og matpolitiske hovudmåla; matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.

For å nå måla legg departementet vekt på målretta bruk av midlar til forskning og innovasjon. Vidare er det viktig at kunnskap og kompetanse er lett tilgjengeleg for næring og forvaltning. I tillegg er ein effektiv og sterk instituttsektor i samspel med andre viktig for ei god, forskingsbasert forvaltning.

### Målretta bruk av midlar til forskning og innovasjon

Midlar til forskning og innovasjon skal vere målretta for at ny kunnskap bidreg til å nå dei landbruks- og matpolitiske måla slik dei går fram av relevante meldingar og strategiar.

Landbruket rår over eit stort ressursgrunnlag. Det gir potensial for vekst og verdiskaping i heile verdikjeda, frå primærledd til forbrukar. Regjeringa har som mål å leggje til rette for produksjon av nok og trygg mat, samstundes som klimagassutsleppa frå landbruket skal redusereast i tråd med klimaavtalen mellom staten og jordbruket. Forskings- og innovasjonsaktivitet er viktig for å auke matproduksjonen, og for å styrkje konkurransekrafta i landbruket og tilhøyrande industri på ein berekraftig måte. Eit framtidretta landbruk krev kunnskap og teknologi som bidreg til auka produktivitet og best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar, inkludert kunnskap om korleis matproduksjonen blir påverka av og best kan tilpassast til eit endra klima. Ny kunnskap, mellom anna innan avls- og foredlingsarbeid, er òg avgjerande for å halde ved lag den gode plante- og dyrehelsa og sikre god dyrevelferd i Noreg. I tillegg legg regjeringa vekt på å halde oppe innsatsen mot antibiotikaresistens, eit behov som mellom anna er stadfesta i regjeringa sin nasjonale strategi mot antibiotikaresistens (2015–2020). Den tverrsektorielle stra-

tegien er ført vidare i ny strategi frå 2021, og det vil òg bli utarbeidd ein ny *Handlingsplan mot antibiotikaresistens* innanfor Landbruks- og matdepartementets sektoransvar.

I Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028* er det stadfesta at regjeringa legg vekt på forskning som kan bidra til grøn omstilling, konkurransekraft og innovasjonsevne, i tillegg til kunnskap som kan bidra til å møte dei store samfunnsutfordringane. Prioriteringane i langtidsplanen reflekterer Noregs tilslutning til Parisavtalen og FN's Agenda 2030, og generelle utviklingstrekk som teknologiske endringar, auka digitalisering og globalisering. Prop. 1 S (2020–2021) frå Kunnskapsdepartementet gir ei nærare omtale av dette. Landbruks- og matforskinga skal bidra til å nå måla i langtidsplanen gjennom å utvikle vidare ein berekraftig og kunnskapsbasert landbruks- og matsektor, auka verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar. Tett samarbeid mellom næring og forskingsmiljø, både nasjonalt og internasjonalt, vil vere ein viktig del av dette.

Dei utfordringane og kunnskapsbehova sektoren står overfor, er i stor grad dei same som i andre land, både i Europa og elles. Noreg har dessutan gode føresetnader for å bidra til ein global kunnskapsdugnad på område som berekraftig matproduksjon, klimarobuste produksjonsmetodar, mattryggleik og dyrehelse. I handlingsplanen for berekraftige matsystem i norsk utanriks- og utviklingspolitikk 2019–2023, *Mat, mennesker og miljø*, blir det slått fast at norsk utviklingspolitikk skal vere kunnskapsbasert. Planen viser òg til at Noreg har mange sterke fagmiljø som kan bidra til å sikre at matprodusentar i utviklingsland får tilgang på relevant kunnskap, og til at det blir etablert samarbeid på tvers av landegrensar. Dei landbruks- og matfaglege kunnskapsmiljøa bidreg allereie i den internasjonale kunnskapsbygginga gjennom etablert samarbeid med forskingsinstitusjonar i Asia og Afrika.

Norsk deltaking i internasjonal forskning på landbruks- og matområdet er naudsynt for å bidra til høg kvalitet på forskinga, fornye norsk forskning og få tilgang til eit større nettverk og meir infrastruktur. Ambisjonar om suksess krev omfattande mobilisering og eit godt samspel mellom nasjonale og europeiske forskingsmidlar, mellom anna EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. I 2021 startar det nye rammeprogrammet Horisont Europa, med store moglegheiter for norske landbruks- og matforskingmiljø, inkludert bedrifter. Norsk deltaking i Horisont Europa føreset tilslut-

ning frå Stortinget. I Horisont Europa blir det òg introdusert ein ny aktivitet: «missions», som er overordna samfunnsoppdrag som skal vere målbare og tidsavgrensa. Eit av desse oppdraga, det innan jordhelse og mat, vil vere særskild relevant for landbruket. Regjeringa sin Panorama-strategi for høgare utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020), som er under revidering, legg òg eit viktig grunnlag for meir målretta og langsiktig forskingssamarbeid på landbruks- og matområdet.

Kunnskap er berebjelken i bioøkonomien, der dei mange biologiske ressursane frå landbruk, skogbruk, havbruk og fiskeri blir produserte og utnytta meir berekraftig og effektivt. I tråd med bioøkonomistrategien til regjeringa skal forskingsinnsatsen innan bioøkonomi bidra til auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av sektorar og næringar. Dei overordna føringane i bioøkonomistrategien blir følgt opp og konkretisert i ein sams handlingsplan frå verkemiddelapparatet (Forskningsrådet, Innovasjon Norge og Selskapet for industrivekst). Planen, som blei lagt fram i februar 2020, legg mellom anna vekt på å forenkle overgangen mellom dei ulike verkemidla.

Bioøkonomien og skogen si rolle i klimasamanheng har òg ein sentral plass i strategien *Skog- og trenæringa – ein drivar for grøn omstilling*. Strategien viser til ulike innsatsområde, under dette forskings- og innovasjonsaktivitet, for at skog- og trenæringa skal kunne gi auka bidrag til samla verdiskaping og grøn omstilling gjennom produktutvikling og større omsetnad i marknadene. God samhandling mellom ulike aktørar står sentralt i strategien. Som eit ledd i oppfølginga, har Landbruks- og matdepartementet etablert eit forum for dialog mellom skog- og trenæringa, forskings- og utdanningsmiljø og sentrale verkemiddelaktørar.

Regjeringa har dessutan utarbeidd ein nasjonal strategi for å sikre eit mangfald av villbier og andre pollinerande insekt òg i framtida. *Nasjonal pollinatorstrategi* viser mellom anna til at sjølv om det finst nok kunnskap til å setje i verk målretta tiltak, trengst det òg meir kunnskap om til dømes utviklinga av pollinatorbestandar og leveområde, og kva for tiltak som er mest effektive. Også *Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2018–2030* dannar grunnlag for prioriteringane innan landbruks- og matforskinga, jf. omtale i del IV i denne proposisjonen.



Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Primærlandbruket og industrien som foredlar mat og fiber er høgteknologisk og kunnskapskrevjande. Det stiller høge krav til kompetanse hos næringsutøvarar, rådgivarar og utdanningsinstitusjonar. God rekruttering til landbruks- og matfagleg utdanning på alle nivå frå vidaregåande skule til master- og doktorgradsutdanning er viktig for å få kompetent arbeidskraft til eit framtidretta landbruk. I tillegg til tilbod gjennom det ordinære utdanningssystemet bør det òg leggjast til rette for livslang læring, mellom anna ved fleksible etter- og vidareutdanningstilbod. Det gjeld både for dei som er i næringa, og dei som ønskjer å gå inn i næringa.

Rekruttering av rett kompetanse av høg kvalitet er òg viktig i heile verdikjeda for mat. Den omfattar òg matindustrien, institusjonar, restaurantar og reiseliv. Dei siste åra har det vore ein nedgang i rekruttering til matfaga i vidaregåande skule. Samstundes står matindustrien overfor eit generasjonsskifte, og det blir rapportert om mangel på kokkar. Regjeringa har difor sett ned eit rådgivande utval som har fått i oppgåve å identifisere moglege tiltak for å auke den langsiktige rekrutteringa til mat- og måltidsbransjen.

Landbruks- og matsektoren har lange tradisjonar for samarbeid mellom styresmakter, næringsaktørar og kunnskapsmiljø om kunnskapsutvikling og forskings- og utviklingsarbeid. Det gjer at sektoren har eit godt utgangspunkt for at forskinga er relevant, og at ny kunnskap kjem til nytte. Samstundes er det viktig med eit omfattande samspel mellom landbruket og andre sektorar i arbeidet med å fremje forskning og innovasjon. Det vil leggje grunnlaget for synergjar mellom landbruks- og matnæringane og andre næringar gjennom utveksling av kunnskap, teknologi og idear. Ikkje minst vil ei vidareutvikling av bioøkonomien, der eitt av fortrinna til Noreg ligg i eit tett samarbeid mellom blå og grøn sektor, krevje samarbeid på tvers av fagområde og ulike næringar.

Ei målretta politikktutforming for landbruks- og matsektoren krev kontinuerleg tilgang på oppdatert kunnskap. Forskingsbasert kunnskap bør i størst mogleg grad liggje til grunn for politikktutvikling og forvaltning. Samfunnsvitskapleg forskning skal bidra med kunnskap om rolla til landbruket, fremje lokal og regional utvikling og gi kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket. Det same gjeld forholdet mellom landbruket og samfunnet elles. Samfunnsvitskapleg forskning vil òg gi meir kunnskap om samspelet mellom politikk, forvaltning og næring.

For at kunnskapen skal nå ut til næringsaktørar, rådgivarar og andre som kan ha nytte av den, må ein sikre ei rask og effektiv formidling av resultatane frå landbruks- og matforskninga.

Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Forskingsinstitutta i sektoren må vere kostnads-effektive og bruke ressursane til kunnskapsbehova som er strategisk viktige for sektoren framover. I den samanheng er det viktig å ha god dialog med både næring og forvaltning om prioriteringar. Institutta må arbeide for forskning av høg kvalitet og relevans, eit godt omdømme og høg internasjonal konkurransekraft. Nasjonale og internasjonale konkurransearenaer, strategiske løyvingar og systematisk oppbygging av kompetanse skal leggje til rette for høg kvalitet i forskingsinstitutta i landbruks- og matsektoren.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) skal kartleggje og ha kunnskap om biologiske ressurser og arbeide for at kunnskapen bidreg til berekraft og næringsutvikling i sektoren. Veterinærinstituttet (VI) har biomedisinsk kompetanse som må nyttast mest mogleg effektivt for å fremje høg beredskap, god dyrehelse og gode råd til forvaltninga. VI skal òg bidra til næringsutvikling og konkurranseevne, både i blå og grøn sektor.

Departementet ventar at NIBIO og VI samarbeider der det er mogleg, med sikte på å hente ut faglege og administrative synergjar for begge institutta.

Flyttinga av veterinærmiljøa frå Oslo til Ås vil danne grunnlag for eit kunnskapsbasert kraftsentrum innanfor undervisning, forskning og innovasjon. Med dette blir Campus Ås samla sett viktigare enn nokon gong for utvikling av både eksisterande og nye næringar.

Departementet legg òg til grunn at den sams lokaliseringa av NIBIO, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) og VI på Ås skal bidra til eit endå betre samarbeid mellom desse miljøa og Nofima AS. Nofima AS har kompetanse som er sentral for å utvikle vidare og auke konkurranseevna i norsk næringsmiddelindustri. I tillegg er den tverrfaglege tilnærminga til Nofima AS viktig for å ta ut det potensialet som ligg i samarbeid mellom blå og grøn sektor på matområdet.

Departementet vil føre vidare arbeidet med å utvikle fagleg sterke og økonomisk effektive forskingsinstitutt og bidra til eit godt samarbeid mellom miljøa innanfor landbruks- og matforskninga og andre relevante samarbeidspartnarar.

**Kap. 1136 Kunnskapsutvikling m.m.**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi	227 909	233 816	239 706
	Sum kap. 1136	227 909	233 816	239 706

**Post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi****Formål med løyvinga**

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er eit statleg forvaltningsorgan med særskild fullmakt og Noregs største tverrfaglege forskingsinstitutt innanfor landbruk og miljø. Det skal levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap for å bidra til god oppnåing av måla for landbrukspolitikken og til eit godt kunnskapsgrunnlag for politikktutforming. Instituttet skal bidra til matsikkerheit, berekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping i verdikjeda for mat, skog og andre biobaserte næringer. Verksemda har hovudkontor på Ås og er representert på 15 stader i alle landsdelar. NIBIO skal vere nasjonalt leiande i arbeidet med å utvikle kunnskap om bioøkonomi. Frå hausten 2020 vil departementet utvikle etatsstyringa av NIBIO vidare i tråd med prinsippa om mål og resultatstyring i staten. Formålet er å styrkje resultatoppnåinga for både næring og forvaltning og fremje ein meir effektiv ressursbruk. Arbeidet vil bli gjennomført i nært samarbeid med verksemda.

Midlane over posten skal nyttast til kunnskapsutvikling, fagleg beredskap, utvikling av kompetanse, analyse og dokumentasjon og formidling av kunnskap på desse områda:

- mat- og planteproduksjon
- beredskap, plantehelse og mattryggleik
- skog og utmark
- areal- og genressursar
- kart og geodata
- føretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi

**Rapportering 2019**

I 2019 har NIBIO prøvd ut ei lang rekkje jord- og hagebrukssortar med sikte på tilpassing til norske klima- og produksjonsforhold. Dette inkluderer særleg korn, men òg frukt og bær. Auka tempera-

tur som følgje av klimaendringar bidreg til å utvide vekstsesongen og til at det er mogleg å dyrke ei rekkje nye artar i Noreg. Mellom anna har fleire vekstar med høgt proteininnhald blitt prøvd ut. Vidare har arktisk landbruk vore eit satsingsområde, spesielt produksjon av grønsaker og bær. NIBIO har utvikla ny og viktig kunnskap om berekraftig intensivering av matproduksjonen, særleg rett gjødsling. Dette er viktig både for miljøet, avlingskvalitet og for bonden sin økonomi. Instituttet har vidare eit omfattande samarbeid med Mattilsynet for å fremje berekraftig bruk av plantevernmiddele.

Under temaet mat- og planteproduksjon har biologisk mangfald vore eit viktig område, mellom anna å utvikle ny kunnskap for best mogleg å balansere arealbruk og omsyn til naturen. NIBIO har oppnådd gode resultat om karbonbinding i landbruksjord som eit klimatiltak. Dette er viktig for at landbruket skal vareta sine forpliktingar på området. Instituttet har bidrege med analysar for KLI-MAKUR 2030 om potensialet for å redusere klimagassutslepp, kostnader, og tiltak. Andre prioriterte område har mellom anna vore kunnskapsutvikling for auka resirkulering av organisk avfall i landbruket, i tillegg til utvikling av hydrologiske tiltak for å redusere avrenning og tap av næringsstoff.

NIBIO har gjennomført eit omfattande arbeid for å sikre friskt plantemateriale til landbruket. Det har vore eit godt samarbeid med produsentar av frukt, grønt og bær for å kartleggje plante-skadegjerarar og for å gjennomføre førebyggjande tiltak. Instituttet formidlar kunnskap til produsentane på ulike digitale plattformer for å fremje godt plantevern. I samarbeid med Mattilsynet har NIBIO bidrege til å hindre at nye skadegjerarar etablerer seg i Noreg. På oppdrag frå Mattilsynet har verksemda òg analysert prøver av importert og norskprodusert mat for restar av plantevernmiddele. Siktemålet er å ha ein effektiv matvarekontroll og trygg mat som hindrar at grenseverdiane for restar av plantevernmiddele ikkje blir overskridne.

Instituttet er landets leiande skogforskningsmiljø. Instituttet har hatt ei omfattande formidling av fagstoff og forskningsbasert kunnskap knytt til bruk av tre. Verksemda har hatt eit vesentleg arbeid med framskrivingar av skog- og arealbrukssektoren i klimaavtaleverket, og utgreiing av tiltak for å ta ut skogen sitt potensial i klimasamanheng. Arbeidet med miljøregistreringar i skog og Landskogtakseringa har blitt ført vidare. Andre viktige innsatsområde har vore auka bruk av bioenergi i tillegg til kunnskapsutvikling og rådgiving når det gjeld produksjon av joletre. Instituttet har ei viktig oppgåve innanfor beredskap knytt til skogskadar og skogskadeovervaking. Dei siste åra har instituttet registrert auka omfang av skogskadar knytt til tørke og skadegjerarar, og tiltak for klimatilpassing av skogproduksjonen har vore eit innsatsområde. Instituttet bidreg òg med råd til offentleg og privat skogforvaltning. NIBIO har eit aktivt engasjement i internasjonalt skogsamarbeid og deltek i ei rekkje internasjonale forum.

NIBIO har ei viktig oppgåve i å kartleggje og informere om arealressursane i landbruket, og forvaltar kart som viser arealbruken i reindrifta for Landbruksdirektoratet. Dette bidreg til betre arealforvaltning og ressursutnytting. Etter kartlegging i sju kommunar i 2019 er jordsmonnet på 54 pst. av det dyrka arealet her i landet kartlagt. Instituttet har òg kartlagt beiteressursar og beitebruk i utmark, ført arealregnskap for utmark og utført landskaps- og kulturminneovervaking.

NIBIO har medverka til ei effektiv og berekraftig forvaltning av dei genetiske ressursane i landbruket og følgjer opp nasjonale handlingsplanar for vern og bruk av genetiske ressursar for husdyr, nytteplanter og skogtre. Instituttet har rapportert data til internasjonale, europeiske og nordiske samarbeidsorgan som Noreg er medlem av. Dette er statusrapport til FAO om implementeringa av den globale handlingsplanen for husdyr-genetiske ressursar, og oppdatering av databasen til det europeiske nettverket EUFGIS om skoggenetiske ressursar. Nasjonalt er det arbeidd vidare med bevaringsplan, fagavtalar og registre for genetiske ressursar i landbruket, det er og gitt ut ein nøkkeltalrapport som viser status for genressursane per 2018.

Ei viktig oppgåve for NIBIO er å halde vedlike arealressurskartet AR5. Dette er eit nasjonalt kart som skildrar tilstanden for arealressursane knytte til jord- og skogbruk. I 2019 blei det utført oppdatering av kartverket i 68 kommunar. Karta og statistikken frå dei er sentrale verktøy i offentleg forvaltning, planarbeid, sakshandsaming, utgreiingar og næringsutvikling. Gode kart bidreg til ei

effektiv forvaltning, og til god kontroll av arealtilskott i landbruket.

Instituttet har gjennomført ei evaluering av endringar i den offentlege forvaltninga av reindrift, og leverte i 2019 ein rapport som er lagt til grunn for departementet si vidare oppfølging. Instituttet fekk òg i oppgåve å lage eit kunnskapsgrunnlag for gjennomføring av obligatorisk individmerking i reindriftsnæringa. Rapporten skal vere ferdig i 2020.

NIBIO har eit særskild ansvar for økonomisk statistikk, utgreiing og forskning som famnar både eit samfunnsøkonomisk og eit foretaksøkonomisk perspektiv på landbruket. Statistikken blir nytta i ei rad prosessar i forvaltninga og næringa, til dømes i jordbruksforhandlingane. NIBIO utfører i tillegg ulike utgreiingsprosjekt der mellom anna Landbruks- og matdepartementet er oppdragsgivar. Utgreiingane og formidlinga, òg for naturfaglege og landbruksfaglege tema, blir sett inn eit samfunnsmessig perspektiv. Dette er naudsynt for å handtere ei rekkje aktuelle problemstillingar som til dømes sirkulærøkonomi, klima- og beredskapsspørsmål i tillegg til forståing av verdikjedene for mat og andre landbruksprodukt. Den samfunnsvitskaplege verksemda styrkjer såleis relevansen av kunnskapsproduksjonen og formidlinga frå instituttet. Dette utgjer grunnlag for økonomiske og politiske avgjerder med verdi for produksjon og omsetnad av landbruksprodukt, næringsmiddelindustri og matvaremarknader, produksjonar knytte til landbruk, og landbruket sin rolle i bygdesamfunnet.

NIBIO utarbeider grunnlag for arbeidet til Budsjettnemnda for jordbruket og er sekretariat for nemnda etter avtale med departementet. Totalkalkylen for jordbruket, inkludert normaliserte rekneskap, viser totalverdiane som blir skapt i norsk jordbruk ved utnytting av jordbruket sine produksjonsfaktorar. Dei normaliserte rekneskap i Totalkalkylen blir lagde til grunn i jordbruksforhandlingane ved vurdering av inntektsutviklinga. Totalkalkylen er den viktigaste kjelda ved rapportering av Economic Accounts for Agriculture til Eurostat, der NIBIO er ansvarleg for rapporteringa frå Noreg som er lovpålagt gjennom EØS-avtalen.

Statistikken Driftsgranskingar i jord- og skogbruk gir årleg status for inntekter, kostnader, investeringar og arbeidsinnsats, og dannar grunnlag for å evaluere verknaden av både politiske avgjerder og andre rammevilkår på gardsnivå for ulike driftsformer i landbruket. I tillegg til å vere kjelde for informasjon til politiske aktørar og forvaltninga, blir statistikken òg nytta av mange

andre samfunnsaktørar. Det er òg allmenn interesse for inntektsutviklinga i landbruket, og statistikken blir ofte nytta av media. Kursverksemd innan driftsøkonomisk rettleiing og styring styrker den driftsøkonomiske kompetansen innan sektoren.

I 2019 har NIBIO jobba med å identifisere utfordringar og moglegheiter for å styrkje økonomi- og samfunnsfaga si stilling internt og eksternt. Internt har det vore gjort ei omstrukturering for å betre samhandlinga og auke konkurransekrafta i prosjekt- og oppdragsmarknaden.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 239,7 mill. kroner til kunnskapsutvikling, formidling og beredskap i NIBIO.

Desse områda har særleg prioritet:

#### Mat og planteproduksjon

Løyvinga skal bidra til auka produktivitet, betre kvalitet og lønsam planteproduksjon under ulike dyrkings- og klimaforhold i Noreg. I dette ligg òg utvikling av kunnskap for å fremje økologisk produksjon. Det skal dokumenterast korleis endringar i klima og dyrkingsmetodar verkar på erosjon, forureining, biologisk mangfald og genetiske ressursar. Vidare skal innsatsen for å utvikle eit berekraftig jordbruk òg ha høg prioritet. Mellom anna skal det utviklast kunnskap som kan gi redusert bruk av kjemiske plantevernmiddel og meir bruk av alternative metodar. NIBIO skal utvikle vidare kunnskap som skal bidra til auka bruk av norske fôrressursar.

NIBIO skal òg utvikle kunnskap som kan bidra til redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel. Det er behov for kunnskap om verknader av plantevernmiddel under norske forhold, og instituttet skal bidra med kunnskap som styrker grunnlaget for vurdering av plantevernmiddel. Løyvinga skal òg bidra til å få fram effektive verkemiddel frå forvaltninga si side, slik at dei politiske måla for norsk jord- og skogbruk, inkludert klimapolitiske mål kan bli nådde. Løyvinga skal bidra til å auke kompetansen om omfang og konsekvensar av klimagassutslepp frå landbruket og potensialet for opptak av CO<sub>2</sub> og lagring av karbon i jord og skog.

#### Beredskap, plantehelse og mattryggleik

NIBIO skal prioritere kunnskap om planteskadegjerarar og ha beredskap for å kunne handtere

sjukdommar og skadeorganismar som trugar den gode plantehelsa i Noreg. Beredskapen skal bidra til ein høg og robust nasjonal mat- og fôrproduksjon. Vidare skal løyvinga bidra til beredskap og kompetanse om verkemåtar og verknader av ulike plantevernmiddel og andre innhaldsstoff i planter som er potensielt skadelege. I det ligg mellom anna at NIBIO skal ha kapasitet til å utføre analyser som nasjonalt referanselaboratorium for restar av plantevernmiddel og for planteskadegjerarar.

#### Skog og utmark

NIBIO skal halde fram med å utvikle kunnskap om klimaendringar og klimatilpassingar innanfor skogbruk, jordbruk og arealbruk. Kunnskapen skal gi grunnlag for å utvikle effektive tiltak og verkemiddel for å redusere klimagassutslepp, og vise økonomiske konsekvensar av tiltaka. Oppgåvene knytte til klima inkluderer òg rapporteringar og utrekningar innanfor klimarammeverket for skog- og arealsektoren i avtalen med EU om sams oppfylling av klimamålet for 2030.

Landsskogtakseringa, som gir oversikt over skogressursane i Noreg, skal framleis ha høg prioritet. Det same gjeld FoU-arbeid knytt til miljøregistreringar i skog og utvikling av skogbruksplanlegginga.

Arbeidet med å utvikle den nettbaserte kartløyvinga Skogportalen vil bli ført vidare. Kartløyvinga er tilgjengeleg for innsyn, og gir ressurs- og miljøinformasjon for drift og forvaltning, og står sentralt i den kunnskapsbaserte skogforvaltninga. Her finst kartfesta informasjon om skog og skogbruk, klima, biologisk mangfald og ulike miljøverdier. NIBIO har òg i oppgåve å halde dokumentet *Bærekraftig skogbruk i Norge* oppdatert.

Langsiktige feltforsøk på viktige norske treslag skal framleis bli prioritert. Feltforsøka er viktige for historisk dokumentasjon av skogutviklinga og bidreg til eit berekraftig skogbruk og kunnskap om kva rolle skogen har i klimapolitikken. Det er framleis naudsynt å etablere nye langsiktige forsøksfelt for skogproduksjonsforskning. NIBIO skal delta i internasjonalt samarbeid om skog og ha ansvaret for internasjonal rapportering på området.

Høg beredskap for å oppdage skadar på skog i ein tidleg fase er viktig, både for å hindre at nye skadegjerande soppar og insekt etablerer seg i Noreg, og for å finne tiltak mot spreining av dei som allereie har etablert seg. Stortinget har oppmoda regjeringa om å arbeide for tilstrekkelege beredskapsplanar i skogbruket. NIBIO skal bidra med relevant kunnskapsutvikling på dette området.

Arbeidet knytt til berekraftig forvaltning og bruk av utmarksressursar og næringsutvikling skal først vidare. Tiltak som byggjer opp under departementet sitt arbeid med haustbare viltressursar, turisme og lokalmatsatsing er ein viktig del av dette.

#### Areal- og genressursar

Vedlikehald av det nasjonale arealressurskartet AR5, Landsskogtakseringa og Arealrekneskapen for utmark er framleis prioriterte oppgåver. I dette arbeidet inngår mellom anna systematisk overvaking av kulturlandskapet og kulturminne, kartlegging av jordsmonn og eit internasjonalt forankra overvakingssopplegg for skogskadar. Vidare inngår vegetasjonskartlegging for å betre utnyttinga av beiteressursane. NIBIO vil òg få i oppgåve å føre vidare arbeidet med statistikk om utmarks- og landbrukseigedommar, til dømes ved å knyte data frå organisert beitebruk, vegetasjonskart og arealregnskap for utmark til eigedommane.

For norsk landbruk er det viktig å sikre at produsentane i framtida har eit tilstrekkeleg genetisk mangfald å hauste av når mat og andre landbruksprodukt skal produserast. I den samanhengen skal NIBIO bidra med kunnskap for ei effektiv forvaltning av dei genetiske ressursane i landbruket og følgje opp den nye nasjonale strategien for genressursar. NIBIO vil overvake statusen til nasjonale genressursar og rapportere i saker som gjeld desse, både nasjonalt, nordisk og internasjonalt. Prioriterte oppgåver i 2021 vil vere oppdatering av sektorvise handlingsplanar og iverksetjing av ein heilskapleg nasjonal plan for bevaring av genressursar for mat og landbruk.

#### Kart og geodata

NIBIO har over fleire år hatt eit stort ansvar for å utvikle nettbaserte kart- og geodatatenester ut frå behova til ei rekkje aktørar i samfunnet, både i og utanfor sektoren. Arbeidet blir ført vidare i 2021. Ny statistikk og nye temakart vil bli utvikla i tråd med behova. Mellom anna skal NIBIO støtte Mattilsynet i arbeidet med å utvikle kartløyningar for registrering av skadegjerarar. NIBIO forvaltar kart for Landbruksdirektoratet som viser rein-drifta sin arealbruk.

Geovekst er eit samarbeid mellom fleire aktørar om sams etablering, forvaltning, drift, vedlikehald og bruk av geografisk informasjon. NIBIO har ansvar for landbruket sitt bidrag. Landbrukssektoren vil framleis få rett til å nytte alle kartdata som blir etablerte innanfor Geovekst-samarbeidet.

Vedlikehald av arealressurskarta, løysinga for Noreg i bilete og regelmessig nasjonal omløpsfotografering skal samla sett bidra til god dekning av detaljerte kart og flybilete over jord- og skogareala. Kommunane vil få kunnskapsstøtte til oppdatering og vedlikehald av karta.

Statens kartverk leier arbeidet med å etablere ein digital høgde- og terrengmodell for Noreg. NIBIO skal bidra i dette arbeidet i 2021.

Det internasjonale samarbeidet på kartområdet, som NIBIO deltek i, blir ført vidare. Det inneber mellom anna å støtte arbeidet til SSB med nasjonal arealstatistikk og European Environmental Agency's arbeid med europeisk arealovervaking. Det vil òg bli gitt hjelp til internasjonale prosessar for auka samordning av og samhandling om geodata innanfor tema som instituttet har ansvar for.

Data som er samla inn frå satellittar, har potensial til å bli nytta i overvaking av skog- og arealressursar. Arbeidet med å delta i Copernicus, som er EUs program for jordobservasjon, blir ført vidare i 2021. NIBIO og Statens kartverk vil bidra i utviklinga av landtenesta i Copernicus. Noreg er òg med på utviklinga av Galileo, eit europeisk system for satellittnavigasjon. Instituttet skal i denne samanhengen yte kompetansestøtte innanfor landbruksrelaterte tema.

#### Føretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi

NIBIO skal levere eit godt kunnskapsgrunnlag for økonomiske og politiske avgjerder i sektoren. Det gjeld særleg på område som produksjon og omsetnad av landbruksprodukt, næringsmiddelindustri og matvaremarknader, landbruksbaserte næringer og landbruket si rolle i samfunnet. NIBIO skal òg utarbeide materiale som grunnlag for arbeidet til Budsjettnemnda for jordbruket og ha rolla som sekretariat for nemnda etter avtale med departementet. Instituttet har i tillegg ein del særskilde utgreiingsprosjekt der departementet er oppdragsgivar. Utviklinga i internasjonale råvaremarknader, endringar i handelspolitiske rammevilkår og konsekvensane dette har for norsk landbrukspolitikk og matproduksjon, er òg viktige tema for kunnskapsutvikling i åra framover. Departementet legg vekt på auka bruk av data frå driftsgranskningane til forskning og utgreiing. I 2017 starta NIBIO arbeidet med å oppgradere og fornye IKT-systema knytte til Budsjettnemnda for jordbruket. Systema er avgjerande for verksemda og må forbehold med tanke på tryggleik, nedetid og informasjonstap. Arbeidet vil fortsetje i 2021.

**Kap. 4136 Kunnskapsutvikling m.m.**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
30	Husleige, Norsk institutt for bioøkonomi	18 081	18 533	19 052
	Sum kap. 4136	18 081	18 533	19 052

**Kap. 1137 Forsking og innovasjon**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
50	Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd	248 878	241 761	232 677
51	Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	178 036	187 815	194 856
54	Næringsretta matforskning m.m.	168 881	170 000	170 000
70	Innovasjonsaktivitet m.m., <i>kan overførast</i>	3 500	4 500	2 000
71	Bioøkonomiordninga, <i>kan overførast</i>	1 964	2 908	
	Sum kap. 1137	601 259	606 984	599 533

**Post 50 Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd****Formål med løyvinga**

Løyvinga skal bidra til å nå hovudmåla på landbruks- og matområdet, inkludert dei forskingspolitiske delmåla. Løyvinga omfattar først og fremst forskningsaktivitet i regi av Noregs forskingsråd.

**Rapportering 2019**

Regjeringa har fastsett fem mål for Noregs forskingsråd. Rapportering på desse måla, og det samla resultatet av verksemda til Noregs forskingsråd i 2019, er omtalt i budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2021.

Rapporteringa nedanfor gir ei oversikt over aktivitet og bruk av Landbruks- og matdepartementets forskingsmidlar via Noregs forskingsråd i 2019. Ei meir utfyllande rapportering på resultat og effektar av forskingsløyvingane frå departementet finst i del III.

Løyvingane frå Landbruks- og matdepartementet følgjer i hovudsak opp *Langtidsplanen for forskning og høgere utdanning* (2019–2028) sine

langsiktige prioriteringar «Klima, miljø og miljøvennlig energi», «Muliggjørende teknologier», og «Samfunnsikkerhet og samhörighet i en globalisert verden».

Løyvingar til forskning over Landbruks- og matdepartementets budsjett har i hovudsak blitt disponerte gjennom programmet *Berekraftig verdiskaping i mat- og biobaserte næringer* – BIONÆR i Forskningsrådet. Programmet skal bidra til å finansiere forskingsprosjekt innanfor jordbruk, skogbruk, reindrift og andre landbaserte bionæringer, inkludert nye bioressursar, nye måtar å bruke bioressursar på, matforedling og matindustri. I tillegg følgjer programmet opp forskingsinnsatsen på områda matsikkerheit, mattryggleik, dyrehelse og dyrevelferd, inkludert antibiotikaresistens, berekraftig sunn matproduksjon og redusert matsvinn. Ved å finansiere langsiktige kunnskaps- og kompetansebyggjande forskingsprosjekt bidreg programmet til å byggje opp kompetanse av stor samfunnsverdi innanfor landbruks- og matsektoren, og på tverrfaglege område. BIONÆR finansierer både grunnleggjande og næringsretta forskning. Prosjekta kan vere tverrgående og dekkje fleire tema. Mange av prosjekta i BIONÆR har element av klima- og miljøforskning i seg.

Departementet har òg bidrege med forskingsløyvingar til mellom anna programma Stort program energi (ENERGIX) og Miljøforskning for ei grøn samfunnsomstilling (MILJØFORSK), som følgjer opp ulike prioriterte område innan fornybar energi og miljø, i tillegg til programmet Bioteknologi for verdiskaping (BIOTEK 2021). Samla utgjer løyvingane til desse tre programma oppfølginga av departementet sitt sektoransvar.

I 2019 tildelte departementet i overkant av 207 mill. kroner til BIONÆR. Programmet finansierte 150 pågåande prosjekt, 34 prosjekt blei avslutta. 39 nye nasjonale prosjekt med klar relevans for Landbruks- og matdepartementet blei starta opp i 2019, innan fleire program i Forskningsrådet.

Tildelingar frå Landbruks- og matdepartementet til forskning skal leggje grunnlaget for stabil leveranse av trygg kvalitetsmat, auka lønsemd og næringsutvikling. Hovudinnsatsen i BIONÆR var òg i 2019 innanfor området mat med 24 pst. Området dekkjer jordbruk, planteproduksjon og husdyr, og omfattar mellom anna næringsmiddelproduksjon, lagring og emballering av matvarer baserte på jordbruksprodukt, matsikkerheit, mattryggleik, under dette antibiotikaresistens, og redusert matsvinn. Innsatsen dekkjer òg departementet si prioritering av grunnleggjande agromoni, sortsutvikling og avlsarbeid, i tillegg til plante- og dyrehelse og dyrevelferd. Prosjekt på innovative og nye produkt utgjorde om lag fire pst. av den samla porteføljen, men her er det òg ein betydeleg portefølje i ENERGIX, og Brukarstyrt Innovasjonsarena (BIA), som er finansiert over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet.

Forskningsrådet har i 2019 følgd opp Landbruks- og matdepartementets prioritering av skogen si rolle i klimasamanheng, og strategidokumentet *Skog- og trenæringa – ein drivar for grøn omstilling*, gjennom ei målretta utlysing av forskingsprosjekt. Det blei innvilga seks forskingsprosjekt innanfor skog- og klimasatsinga i 2019. Desse prosjekta spenner vidt – alt frå skogplante-foredling til bygging av høghus i tre, forvaltningsstrategiar for skog for å møte klimaendringane, skoggjødsling med nitrogenriket kol og nye impregneringssystem for norske treslag.

Departementet si prioritering av mattryggleik i 2019 blei følgd med ei utlysing som resulterte i tre prosjekt. Prosjekta rettar seg inn mot tema innan sporing av genredigerte produkt i den norske matkjeda, mikroplastpartiklar i miljøet og deira rolle i å spreie og beskytte bakteriar og virus som smittar menneske via mat og vatn, og produk-

sjon av brødprodukt med minst mogleg av soppgiftar for småbarn.

Innanfor LAVUTSLIPP2030, ei sams satsing mellom Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet, er det sett i gang prosjekt på mellom anna biokol, myr, berekraftig husdyrproduksjon, lågare utslepp av lystgass frå gjødsel, klimanøytrale veksthus, fangst av metan i fjøs og moglegheiter for å redusere metanutslepp frå storfe.

Forskning for å redusere utslepp av CO<sub>2</sub> blir dekt òg gjennom vidare innsats på områda biodrivstoff, biogass og biovarme, som er område under ENERGIX-programmet. Produksjon av fornybar energi er eit næringstungt område, og innovasjonsprosjekt dominerer porteføljen.

Tildelinga til Forskningsrådet går òg til forskning for å auke innovasjonsgraden og konkurranseevna innanfor næringane i landbrukssektoren. Tematisk innretta program som BIONÆR og ENERGIX har vore viktige verkemiddel for å mobilisere næringslivet til å investere meir i FoU. Den brukarstyrte forskinga løyser ut vesentlege private midlar til forskning.

I BIONÆR blei det i 2019 gitt midlar til kommersialisering av forskingsresultat til kommersialiseringsprosjektet Cystlab. Prosjektet har til formål å verifisere eit nytt lågkostnads landbruksprodukt utvikla for å fjerne parasittiske potetcystematoder (PCN), eit aukande problem for verdas potetproduksjon.

Vidare er tildelinga nytta til programmet Forskningsbasert innovasjon i regionane (FORREGION), som har som mål at fleire bedrifter skal bruke forskning i innovasjonsarbeidet sitt, og at fleire fagmiljø i FoU-institusjonane blir relevante samarbeidspartnarar for næringslivet. FORREGION har fleire aktivitetar for å fremje utvikling av bioøkonomien innanfor jordbruk og skogbruk.

Auka internasjonalisering står sentralt i tildelingar over departementet sitt forskingsbudsjett, og gjer det mogleg for norske FoU-miljø og bedrifter å delta i konkurransen om internasjonale forskingsmidlar innanfor mange nettverk i European Research Area Net (ERA-NET), eit samarbeid mellom ulike forskingsprogram i Europa. Norske miljø deltek innanfor område som mat- og husdyrproduksjon, økologisk produksjon og forbruk, dyrehelse og skogbruk. På landbruks- og matområdet har fellesprogrammet Agriculture, Food Security and Climate Change (JPI FACCE) resultert i ei rekkje prosjekt med norsk deltaking innanfor bioøkonomi og klimaeffektar. Aktiviteten har auka kraftig dei siste åra. Norske aktørar har mellom anna stor suksess i prosjekt knytt til jord-

helse og berekraftig planteproduksjon under endra klima. Landbruks- og matforskningsmiljø og bedrifter hadde òg stor suksess i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020.

Dei handlings- og næringsretta programma til Forskningsrådet er retta mot kunnskapsbehov i sektoren og i forvaltninga. Forskningsprogramma BIONÆR, MILJØFORSK og ENERGIX er viktige verkemiddel for kunnskapsutvikling i forvaltninga, og for å nå målet om høg kvalitet og relevans i forskinga. I tillegg til porteføljen av samfunnsfaglege prosjekt om rammevilkår og næringspolitikk blir det lagt vekt på at samfunnsfaglege problemstillingar må integrerast i prosjekt der det er relevant.

I 2019 blei resultatane frå kunnskapsnotatane på mattryggleik, plantehelse, dyrehelse og dyrevelferd publisert. I desse blei kunnskapsstatus for årene 2012–2019 skildra og kunnskapshol på dei ulike fagområda blei identifisert. Notata blei utarbeidd i samarbeid mellom relevante forskningsmiljøa, og vil bli følgt opp vidare av Forskningsrådet.

Forskningsrådet skal bidra til å auke kvaliteten på og relevansen av forskningsprosjekta. Kvaliteten på søknadene til BIONÆR er svært god, og i 2019 hadde om lag 86 pst. av søknadene om forskarprosjekt karakteren 5 eller betre (7 er det beste). For innovasjonssøknadene var talet 53 pst. Blant prosjekta som fekk tilslag var karakteren 5 eller høgare.

For å sørge for ei heilskapleg forvaltning av dei samla forskningsmidlane i landbrukssektoren samarbeider Forskningsrådet med styret for *Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukter* (FFL) og styret for *Forskningsmidler over jordbruksavtalen* (JA), mellom anna om sams utlysingar, langsiktig planlegging og porteføljestyring. FFL/JA sine midlar blir omtalte under kap. 1137, post 54 og kap. 1150, post 50.

Forvaltninga har behov for kunnskap for å sikre nok og trygg mat, god dyre- og plantehelse og god dyrevelferd, samstundes som det blir teke omsyn til miljø og klima. I 2012 blei det etablert ei finansieringsordning for å styrkje forvaltningsretta forskning. I 2019 blei det gitt midlar over ordninga til eitt prosjekt som har som mål å styrkje forvaltninga av norsk plantehelse.

God og tilpassa forskningsformidling er viktig for at resultatane frå forskinga kan bli teke i bruk både av primærprodusentane og dei andre ledda i verdikjeda. Formidling er i stor grad integrert i forskningsaktivitetane og programverksemda. Programma gir òg viktige bidrag til formidling av ny kunnskap, mellom anna gjennom konferansar,

utlysing av konferansestøtte og forskarsamlingar. Forskningskommunikasjonen omfattar tiltak for å fremje dialog mellom forskning og samfunn, og for å bidra til at forskning blir brukt i politikk, forvaltning og næringsutvikling. Norsk Landbruksrådgiving, som er eit viktig bindeledd mellom forskinga og landbruket, har i så måte ei viktig rolle i å formidle kunnskap til næringsutøvarane.

Veterinærinstituttet (VI) fekk i 2019 tildelt 3,0 mill. kroner over posten til prosjektet HUNT Ei helse. Dette er eit prosjekt der ein samarbeider med Helseundersøkingane i Nord-Trøndelag (HUNT) og NMBU. Formålet med tildelinga har vore å leggje til rette for forskningsprosjekt i grenseflata mellom folkehelse og dyrehelse, med utgangspunkt i biologisk forskningsmateriale frå dyr som kan knytast til personar som deltek i HUNT.

Det har i 2019 mellom anna blitt samla inn prøver frå storfe, sau, gris, hest og hund. Analyse av mikrobiomdata frå prøvene er sett i gang, og det blir etablert ei databaseløysing som varetek krava til personvern og kompatibilitet med framtidig nasjonal helseanalyseplattform.

Det blei i 2019 tildelt 2,5 mill. kroner til vidare utvikling av Veterinærinstituttets samarbeid med kinesiske institusjonar. Mellom anna blei det signert samarbeidsavtalar med Harbin Veterinary Institute – Chinese Academy of Agricultural Sciences og med Institute for Microbiology – Chinese Academy of Sciences.

I tillegg fekk VI tildelt 2,5 mill. kroner til kortsiktige forskningsbehov på skrantesjuka (CWD) i 2019. VI har i samarbeid med Universitetet i Oslo utvikla og publisert ein smitteopplagingsmodell. Denne blir brukt for å gi råd til Mattilsynet og villreinforvaltninga om risikofaktorar, kontrolltiltak og kor mange prøver som må testast for å oppnå tilfredsstillande tryggleik om fråvær av skrantesjuka.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer i 2021 framlegg om ei løyving på 232,7 mill. kroner over kap. 1137, post 50. Løyvinga skal bidra til å nå dei fire landbruks- og matpolitiske hovudmåla; matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar, og dei forskningspolitiske delmåla, som er omtalte i kat. 15.20.

Ny kunnskap, og tett kopling mellom forskningsmiljø og næringsliv, er viktig for at landbruket sine mange små og mellomstore bedrifter skal vere konkurransedyktige og kunne omstille seg i



ei økonomisk krevjande tid som følgje av Covid-19. Departementet vil i 2021 prioritere 20 mill. kroner til forskingsaktivitet som kan bidreg til å fremje teknologiutvikling, grøn omstilling i næringslivet og utvikling av nye arbeidsplassar, med vekt på klimatilpassa og berekraftig matproduksjon. Desse områda følgjer opp regjeringa sin langtidsplan for forskning og høgare utdanning, og handlingsplanen for berekraftige matsystem i norsk utanriks- og utviklingspolitikk 2019–2023, *Mat, mennesker og miljø*.

Departementet er oppteke av forskning på område som bidreg til å ta vare på og utvikle arbeidet med å sikre mattryggleiken i Noreg vidare, og plante- og dyrehelse i eit endra klima. Kunnskap som kan bidra til at Noreg framleis har Europas lågaste forbruk av antibiotika i husdyrproduksjonen, er blant desse områda. I tillegg vil kunnskap innanfor dyrevelferd vere viktig.

Departementet vil òg leggje vekt på kunnskap som kan bidra til å styrkje skogen si rolle i klimasamanheng, både som karbonlager og som erstatning for produkt baserte på fossilt karbon. Innsatsen på området må sjåast i samanheng med strategien *Skog- og trenæringa – ein drivar for grøn omstilling*, som blei lagd fram i 2019.

Internasjonalisering av landbruks- og matforskninga vil òg i 2021 vere prioritert. Noregs forskingsråd skal leggje til rette for at dei nasjonale forskingsprogramma utviklar vidare det strategiske, tematiske og finansielle samspelet med EU-forskninga, inkludert EUs nye rammeprogram Horisont Europa. Departementet gjer framlegg om å rammeoverføre 5,3 mill. kroner frå kap. 1137, post 50 til kap. 288, post 73, på Kunnskapsdepartementets budsjett i 2021 for deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa. For nærare omtale sjå Prop. 1 S (2020–2021) frå Kunnskapsdepartementet. Norsk deltaking i Horisont Europa krev tilslutning frå Stortinget. Aktiviteten innanfor fellesprogrammet JPI FACCE (Agriculture, Food Security and Climate Change) skal førast vidare.

Forskning er viktig for å støtte opp under behovet for kunnskap i forvaltninga. Det gjeld på alle ansvarsområda til departementet. Offentlege og private aktørar står i stor grad overfor dei same kunnskapsbehova innanfor område som nok og

trygg mat, betre ressursutnytting og auka verdiskaping og sysselsetjing i landbruks- og matnæringane. I denne samanhengen er det behov for både brukarstyrt forskning og forskning for forvaltninga. Det er viktig å sjå midlane i samanheng med midlar tildelte frå Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og Forskingsmidlar over jordbruksavtalen, jf. kap. 1137, post 54 og kap. 1150, post 50.

### **Post 51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd**

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for basisfinansiering av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Veterinærinstituttet (VI) og Ruralis. I tillegg får Nofima AS tildelt midlar til fleirårige strategiske program frå Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, jf. kap. 1137, post 54. Forskingsrådet har ansvaret for fordelinga av basisløyvingane til primærnæringsinstitutta.

### **Formål med løyvinga**

Formålet med basisløyvingar er å sikre ein sterk instituttsektor i landbruks- og matsektoren som kan tilby brukarretta forskning av høg internasjonal kvalitet til næringslivet og forvaltninga. Løyvingane på posten skal nyttast til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging og stimulere til høg vitenskapleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid innan heile breidda av instituttet sine faglege aktivitetar. Løyvingane skal nyttast i tråd med retningslinene for statlege basisløyvingar til forskingsinstitutt.

### **Rapportering 2019**

Samla blei det tildelt 281,4 mill. kroner i basisløyvingar til primærnæringsinstitutta i 2019. Av dette blei 171 mill. kroner gitt over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet. I tillegg fekk NIBIO 2,0 mill. kroner til strategiske satsingar frå Klima- og miljødepartementet og Nofima AS basisløyving på 74,1 mill. kroner til strategiske program frå Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt.

Tabell 2.1 Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskningsinstitutta, 2019

	Drifts- inntekter	Drifts- resultat	Basis- løyving i 2019	Løyving disponert til strategiske instituttsatsingar	Basisløyving pr. forskar- årsverk	Basisløyving i pst. av drifts- inntektene
	mill. kr	mill. kr	mill. kr	mill. kr	mill. kr	pst.
NIBIO	766,6	-0,2	154	28,6	0,44	20
Veterinærinstituttet	415,5	2,7	25,8	7,6	0,19	6
Ruralis	43,4	0,7	8,3	2,6	0,35	19
SUM	1225,5	3,2	188,1	38,8		

Kjelde: Tal frå Årsrapport 2019 Primærnæringsinstitutta, Noregs Forskningsråd

Tabell 2.2 Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskningsinstitutta, 2019

	Samla årsverk	Forskarårsverk som del av samla årsverk	Tilsette med dr. grad. pr. forskarårsverk	Publikasjonspoeng per forskarårsverk
		pst.	forh. tal	forh. tal
NIBIO	629	56	0,74	0,61
Veterinærinstituttet	290	47	0,95	0,73
Ruralis	29	83	0,71	1,14
SUM	948			

Kjelde: Tal frå Årsrapport 2019 Primærnæringsinstitutta, Noregs Forskningsråd

### Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) hadde eit driftsunderskott på 0,2 mill. kroner i 2019. Tilsvarende for 2018 var eit overskott på 1,5 mill. kroner. Talet på årsverk var 629 i 2019, mot 634 i 2018.

I 2019 har instituttet brukt midlar av løyvinga til 12 strategiske instituttsatsingar. Dette er fleirårige prosjekt som har som formål å byggje kompetanse på fagområde som vil bli viktige for instituttet framover. I 2019 har det vore slike satsingar til dømes innanfor identifikasjon og motverk av invaderande framandarter, auka berekraft i bioøkonomien, plantevernmiddel, klimasmart landbruk og auka verdiskaping i skogsektoren.

Midlane har òg blitt brukte til strategiske tiltak som mellom anna vidareføring av Senter for presisjonsjordbruk og etableringa av Senter for presisjonskogbruk. Internt har instituttet brukt ein god del av midlane til å koordinere tverrfaglege aktivitetar, mellom anna å utvikle modellar for å sjå verknaden av klimatiltak i landbruket. Andre tiltak innanfor løyvinga har vore oppbygging av instituttet sin eigen kompetanse, publisering og formidling, og nettverksbygging og kompetanseutvikling

for å styrkje samarbeidet med andre FoU-aktørar nasjonalt og internasjonalt. Også deltaking i fleire internasjonale forskingsorgan er dekt av løyvinga. Løyvinga har dessutan dekt noko av den internasjonale prosjektutviklinga.

### Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet (VI) hadde eit driftsoverskott i 2019 på 2,7 mill. kroner. I 2018 var overskottet på 1,6 mill. kroner. Talet på årsverk var 290 i 2019, mot 294 i 2018.

I 2019 har litt under ein tredel av løyvinga blitt brukt til strategiske instituttsatsingar. Dette er på viktige område som til dømes gensekvensering av sjukdomsframkallande bakteriar og dyrevelferd. I tillegg har VI sidan 2018 vore ein del av eit stort europeisk prosjekt innanfor Ëi helse. Dette prosjektet er ei stor strategisk investering som blir styrt på same måte som dei strategiske instituttsatsingane.

Basisløyvinga har vidare blitt brukt som eigendel i 55 forskingsprosjekt finansierte av Forskningsrådet og EU. Andre tiltak som er dekte under løyvinga har vore rettleiing av PhD-kandi-

datar og masterstudentar, og finansiering av deltaking i internasjonale nettverk.

#### Ruralis

Ruralis hadde eit driftsoverskott på 0,7 mill. kroner i 2019. Tilsvarande for 2018 var eit overskott på 0,3 mill. kroner. Talet på årsverk var 29 i 2019, mot 32 i 2018.

Delar av basisløyvinga har i 2019 blitt brukt til tre pågåande strategiske instituttsatsingar. Desse er knytte til tema som bruk og utnytting av utmarksressursar, berekraftige matsystem og tverrvitskapeleg kompetansebygging. Løyvinga har vidare vore brukt som eigendel i forskingsprosjekt knytte til regionale forskingsfond og til internasjonalt samarbeid. Andre tiltak har vore nettverksbygging, konferansedeltaking, kurs, utvikling av nye forskingsprosjekt og dekning av utgifter til doktorgradsstipendiatar.

#### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei samla løyving på 194,9 mill. kroner til dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta. I dette inngår 2 mill. kroner som er overført frå Klima- og miljødepartementet, og som tidlegare har blitt tildelt til strategiske instituttsatsingar i NIBIO. For 2021 skal 1 pst. av løyvinga over kap. 1137, post 51, der husleigekompensasjonen til NIBIO er trekt frå, fordelast mellom NIBIO, VI og Ruralis etter oppnådde resultat ut frå gjeldande indikatorar.

Forskinsinstitutta er ein sentral del av det norske forskings- og innovasjonssystemet. Instituttsektoren er samarbeidspartnar og leverandør av FoU-tenester til næringsliv og offentleg sektor og bidreg til å overføre teknologi og kompetanse mellom aktørar. Kunnskapsdepartementet har sett i gang ein prosess med sikte på å utvikle ein meir heilskapleg instituttpolitikk. Landbruks- og matdepartementet deltek i dette arbeidet.

#### Post 54 Næringsretta matforskning m.m.

##### Formål med løyvinga

Ordninga har bakgrunn i Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, som blei oppretta i medhald av lov 26. juni 1970 om forskingsavgift på visse landbruksprodukt. I tråd med lova er formålet å sikre økonomisk grunnlag for forskning på landbruksprodukt som blir nytta til å framstille

nærings- og nyttingsmiddel og førkorn til husdyr. Midlane blir kravd inn gjennom ei avgift på importerte og norskproduserte landbruksprodukt. Løyvinga blir forvalta av eit styre som er oppnemnt av departementet.

Midlane skal nyttast slik at dei bidreg til å nå dei landbrukspolitiske måla som knyter seg til produksjon av nærings- og nyttingsmiddel. Løyvinga skal tildelast næringsrelevante forskingsprosjekt etter open utlysning og konkurranse. Delar av løyvinga skal gå til matforskningsinstituttet Nofima AS, som er eit næringsretta institutt innanfor utvikling av mat- og næringsmiddelproduksjon i grøn og blå sektor. Løyvinga blir motsvart av inntekter frå forskingsavgifta på landbruksprodukt, jf. kap. 5576, post 70 Forskningsavgift på landbruksprodukt.

#### Rapportering 2019

Det har vore stor aktivitet knytt til ordninga gjennom 2019, og styret har i sin rapport til departementet informert om at fondet ved utgangen av året hadde 120 prosjekt i porteføljen sin. Nokre av desse er forprosjekt, men dei fleste er fleirårige forskingsprosjekt. I løpet av året blei 28 forskingsprosjekt avslutta og like mange nye blei innvilga.

Styret har lagt stor vekt på å sikre næringsretta prosjekt med god brukarmedverknad og brukarforankring. Fondet sine midlar blir over tid ført tilbake til dei ulike produksjonane i landbruket i tråd med innbetaling frå desse. Vidare har det vore lagt vekt på å oppnå god samordning av fondet sine midlar med forskingsmidlar over jordbruksavtalen og programma i Noregs forskningsråd. Forsking med støtte frå fondet dekkjer mange fagområde som samla sett skal bidra til at dei landbruks- og matpolitiske måla blir nådde. Viktige fagområde er mat- og planteproduksjon, klima, miljø og berekraft, auka konkurransekraft og meir effektiv resursbruk i sektoren. Styret for fondet vurderer måloppnåinga i 2019 til å vere god.

Matforskningsinstituttet Nofima AS er tildelt midlar til fleirårige strategiske program der inneverande periode er frå 2017 til 2020. For 2019 fekk instituttet 74,1 mill. kroner til desse programma. Dei tek for seg viktige område som sunnare mat, ein berekraftig matindustri, auka innovasjon i industrien og trygg og haldbar mat. Fondet har òg bidrege med 2 mill. kroner til miljøforskningsprogrammet i Noregs forskningsråd.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei samla løyving på 170,0 mill. kroner til Næringsretta matforskning m.m.

Departementet legg opp til ei meirinntektsfullmakt mellom kap. 1137, post 54 og kap. 5576, post 70, jf. framlegg til romertalsvedtak II.

### Post 70 Innovasjonsaktivitet m.m.

#### Formål med løyvinga

Løyvinga over posten skal nyttast til innovasjonsaktivitet i landbruks- og matsektoren.

#### Rapportering 2019

BioSmia – Senter for marknadsdriven bioinnovasjon  
BioSmia fekk i 2019 tildelt eit tilskott på 2,5 mill. kroner i 2019. Formålet med tilskottet var å styrkje senteret sitt bidrag til vekst i eksisterande og etablering av nytt næringsliv innan bioøkonomien. Senteret har vore ein møteplass og motor for marknadsdriven innovasjon innan bioøkonomien og har hatt tett kontakt med næringsliv, bedrifter og vitskapelege miljø. Til dømes bidrog dei som arrangør til Biotown 2019. Det er ein årleg nasjonal møteplass og konferanse innan bioøkonomi, bioindustri og berekraftig matproduksjon, der mellom anna næringsliv, landbruk og forskingsmiljø deltar.

Mære landbruksskole – Landbruket sitt klima- og energisenter

I 2019 var tilskottet til Landbrukets klima- og energisenter ved Mære landbruksskole på 1,0 mill. kroner. Tilskottet har blitt nytta til å finne og vise fram nye klimaløysningar for og med landbruket gjennom å bygge opp under ulike aktivitetar i senteret. Løyvinga har mellom anna gått til tilrettelegging av demonstrasjonsanlegg, kompetanseformidling og arena for FoU. Senteret har lagt vekt på samarbeid med FoU-miljø, og har arrangert fleire fagdagar med deltakarar frå primærnæringar (gardbrukarar), rådgivarar og elevar.

Frå 2019 er det særleg to samarbeid som kan få stor verdi for utviklinga av Landbrukets klima- og energisenter. Det eine er eit tett samarbeid med NIBIO om fleire prosjekt som bidreg til å løfte Mære landbruksskole som Nullutsleppsgard og FoU-arena. Det andre er eit samarbeid med SINTEF kor Mære skal bli eit pilotområde

for Forskingssenteret for nullutsleppsområde i smarte byar (FME-ZEN). Dette skal gi Mære landbruksskole tilgang til mange forskarar og større merksemd på klimainvesteringar.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,0 mill. kroner over posten, som tilskott til Landbrukets klima- og energisenter ved Mære landbruksskole. 1 mill. kroner er flytta frå kapittel 1100, post 21 for å samle overføringane til Mære på ein stad.

### Post 71 Bioøkonomiordninga

#### Formål med løyvinga

Løyvinga skal fremje auka innovasjonsaktivitet og støtte opp under eit sterkare og meir framtidsretta landbruk. Midlane skal leggje grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane.

Regjeringa ser eit stort potensial i å stimulere til vidareutvikling av produksjonsprosessar og ny næringsverksemd med utgangspunkt i fornybar biomasse frå primærnæringane. Løyvinga skal leggje grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av sektorar og næringar.

#### Rapportering 2019

Bioøkonomiordninga fungerer som ein «paraply» over åtte ulike verkemiddel fordelte på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet.

Målgruppa for ordninga er bedrifter, uavhengig av storleik, som utviklar og tek i bruk løysingar for produksjon, foredling og distribusjon av bioressursar. Ordninga dekkjer utviklingsstøtte både i og på tvers av eksisterande verdikjeder og er landsdekkjande.

Prosjekt som blir prioriterte, skal:

- utvikle eller bidra til utvikling av løysingar i produksjon, foredling og/eller full utnytting i bruk av bioressursar, til dømes produktutvikling, prosessutvikling eller organisatorisk utvikling
- bidra til utvikling av marknadsretta strategi, nye marknader og/eller bygge opp merkevarer

- sannsynleggjere eit positivt klimabidrag
- bidra til auka og berekraftig matproduksjon

Midlane frå Landbruks- og matdepartementet finansierte i 2019 til saman seks utviklingsprosjekt, hovudsakeleg innanfor jordbruksrelatert verksemd; Strand Unikorn, Hoff, Bjertnæs og Hoel, Jook, Raymond Himberg og Norsk Landbruksrådgiving. Fleire andre prosjekt retta mot

landbruket blei finansierte med midlar frå andre departement i Bioøkonomiordninga.

**Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer ikkje framlegg om å løyve midlar til Bioøkonomiordninga i Innovasjon Norge.

## Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak

Utgifter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
1138	Støtte til organisasjonar m.m.	49 668	48 527	48 527	0,0
1139	Genressursar, miljø- og ressurs- registreringar	24 161	30 205	30 205	0,0
1140	Haukbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.	90 108	79 278	72 088	-9,1
1141	Haukbare viltressursar – jeger- prøve, tilskott til organisasjonar m.m.		11 389	10 519	-7,6
1142	Landbruksdirektoratet	580 782	674 637	1 056 255	56,6
1148	Naturskade – erstatningar	67 452	168 000	159 000	-5,4
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	147 412	121 206	122 335	0,9
1150	Til gjennomføring av jordbruks- avtalen m.m.	16 108 162	16 645 652	16 940 902	1,8
1151	Til gjennomføring av reindrifts- avtalen	130 678	136 100	149 500	9,8
1161	Myndigheitsoppgåver og sektor- politiske oppgåver på statsgrunn	24 335	24 213	24 092	-0,5
	Sum kategori 15.30	17 222 758	17 939 207	18 613 423	3,8

## Inntekter under programkategori 15.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
4140	Haustbare viltressursar	3 631			
4141	Haustbare viltressursar		4 500	3 630	-19,3
4142	Landbruksdirektoratet	53 907	44 363	45 554	2,7
4150	Til gjennomføring av jordbruks-avtalen m.m.	3 221	50	50	0,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	261 881	260 000	252 780	-2,8
Sum kategori 15.30		322 640	308 913	302 014	-2,2

**Mål og strategiar**

Budsjettframlegget under kategori 15.30 omfattar næringsavtalar, verdiskaping og utviklingstiltak i skogbruket, miljøtiltak, Landbruksdirektoratet, erstatning for naturskade, forvaltning av statsgrunn i skog og utmark, forvaltning av haustbare viltressursar og støtte til organisasjonar. For nærare informasjon om næringsavtalane, sjå Prop. 118 S (2019–2020) *Endringer i statsbudsjettet 2020 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppjøret 2020 m.m.)* og Prop. 99 S (2019–2020) *Endringer i statsbudsjettet 2020 under Landbruks- og matdepartementet (Reindriftsavtalen 2020/2021)*, og handsaminga av desse i Stortinget.

Framlegget under kategorien rettar seg særleg mot desse hovudmåla; landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon. Tilrettelegging for landbruk over heile landet krev framleis ei differensiering av verkemidla. Regjeringa vil sikre effektiv bruk av statlege overføringar, redusere kostnadsnivået og gi bonden nye og betre inntektsmoglegheiter. Det skal satsast på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein framtidsretta landbruksproduksjon over heile landet.

Regjeringa vil i 2021 arbeide vidare med å følgje opp stortingsmeldingane om jordbrukspolitikken, skog- og trenæringa, reindrifta og vekst og gründerskap. Bidrag frå landbruket til å løyse klimautfordringane har òg høg prioritet. Viktige nasjonale strategiar for bioøkonomi, reiseliv, økologisk jordbruk og jordvern er med på å gi retning

for arbeidet. Det blei i 2019 lagt fram eit strategidokument med formål å mobilisere skog- og trenæringa til meir forskning, utvikling og innovasjonsaktivitet og bidra til større etterspørsel etter grøne, trebaserte produkt. Strategidokumentet blir følgt opp vidare i 2021, mellom anna gjennom eit dialogforum som blei etablert hausten 2019.

Landbruksdirektoratet står sentralt i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken og er støtte- og utgreiingsorgan for departementet, jf. kap. 1142. Det blir lagt vekt på ei brukarretta og effektiv forvaltning av tilskottsordningar og hensiktsmessige juridiske verkemiddel i tillegg til kontroll og dokumentasjon.

God kunnskap og vitskapleg dokumentasjon er viktig i arbeidet med å nå dei landbrukspolitiske måla. Forvaltning av dyrka mark, skog og utmark krev god oversikt over areal- og genressursane, noko som er føresetnader for lønsam drift og god kunnskap om berekraftig forvaltning med gode miljøomsyn. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er ein viktig leverandør av kunnskap til forvaltning og næringsutøvarar, jf. kap. 1136 og 1137.

**Prioriteringar**

Internasjonale prosessar

Regjeringa vil innanfor gitte landbrukspolitiske ramar arbeide for ein friare handel med landbruksvarer. Noreg forhandlar om marknadstilgang for landbruksvarer innanfor EFTA-samarbeidet og overfor Storbritannia og Kina.

Fram mot ministerkonferansen i Buenos Aires i desember 2017 drøfta medlemslanda i WTO ulike tema som kunne bidra til ein friare verds-

handel med landbruksvarer. Ministerkonferansen gav ingen nye resultat på landbruksområdet. Ministerkonferansen i Kasakhstan i juni 2020 blei avlyst på grunn av koronapandemien. Ny ministerkonferanse skal gjennomførast i 2021.

Når det gjeld pliktene i den eksisterande WTO-avtalen og oppfølginga av ministervedtaket frå Nairobi i 2015 om avvikling av eksportsubsidiar for landbruksvarer innan utgangen av 2020, tilpassar regjeringa verkemiddelbruken slik at Noreg oppfyller pliktene.

EØS-avtalen opnar for avtalar mellom Noreg og EU om handel med landbruksvarer. 1. oktober 2018 blei ein ny avtale om auka handel mellom Noreg og EU etter artikkel 19 i EØS-avtalen sett i verk. Avtalen inneber auka kvotar inn til Noreg for mellom anna ost, kjøtt og blømande planter. Vidare gir avtalen auka eksportkvotar inn til EU for kjøttvarer, mjølkeprodukt og blomar.

EFTA forhandlar i 2020 med fleire land om å inngå handelsavtalar, mellom andre Vietnam og SACU (South African Customs Union). Vidare held forhandlingane mellom Noreg og Kina fram i 2020. Forhandlingar om ein handelsavtale mellom EØS/EFTA-landa og Storbritannia har òg starta opp i 2020. I august 2019 blei EFTA og Mercosur (Brasil, Argentina, Paraguay og Uruguay) samde om ein frihandelsavtale. Avtalen er ikkje formelt godkjent. Jordbruket har ei sentral stilling i internasjonalt arbeid og forhandlingar for berekraftig utvikling. På FN's klimakonferanse i Fiji/Bonn i november 2017 blei partane samde om vidare arbeid med klima, jordbruk og matsikkerheit. Partane samla seg om kunnskap og tiltak innanfor praktiske og overordna tema som jordsmonn, gjødselhandtering, husdyrhald, klimatilpassing og matsikkerheit. Departementet vil halde fram med å engasjere seg i internasjonalt samarbeid om landbruk og klima. Det er viktig å sikre eit godt samarbeid mellom sekretariatet for FN's klimakonvensjon (UNFCCC), FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO), Verdsbanken og aktuelle samarbeidsland på dette området.

Mandatet til FAO omfattar global matsikkerheit, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar. Noreg vil aktivt følgje opp dei styrande organa i FAO, inkludert fagkomiteane innan jordbruk, skog og fiske. Noreg deltek mellom anna i ei arbeidsgruppe i landbrukskomiteen i FAO som skal utvikle retningsliner for mattap og matsvinn. Noreg vil òg følgje og påverke det internasjonale arbeidet mot antibiotikaresistens innanfor One Health-rammeverket. Noreg er her ein pådrivar både gjennom FAO og Verdsheleorganisasjonen (WHO). I tillegg er standardsetjing

for mattryggleik under Codex Alimentarius, den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar (plantetraktaten), og kommisjonen for genetiske ressursar prioriterte område.

2030-agendaen har sett ambisiøse mål – berekraftsmåla – for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling fram mot 2030. Eit toppmøte om matsystem i 2021 skal betre framgangen og gjere synleg det tiåret der verda skal nå berekraftsmåla. Noreg vil òg aktivt følgje opp arbeidet i Komiteen for matsikkerheit (CFS). Nye frivillige prinsipp for matsystem og ernæring legg vekt på samanhengen mellom matsystem, kosthald og ernæring.

Regjeringa la i juni 2019 fram ein handlingsplan for berekraftige matsystem. Dette er eit prioritert område innan utviklingspolitikken.

Departementet vil støtte opp om FAOs arbeid med berekraftig skogforvaltning. FAO har ei særleg viktig rolle i samarbeidet med andre land om kartlegging av og utvikling i forvaltning av skogressursane. Departementet vil òg ta aktivt del i arbeidet under FAOs kommisjon for genetiske ressursar og den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk. Det inneber òg vidareutvikling av det globale frølageret på Svalbard. Departementet arbeider spesielt for forbetringar av det multilaterale systemet for tilgang og fordelssdeling knytt til genressursar i plantetraktaten og styrking av bøndene sine rettar til såvare. Saman med India, leier Noreg ei ekspertgruppe som skal sjå på dei rettane bønder har under plantetraktaten. Dette vil bidra til ei meir effektiv planteforedling og større matproduksjon både i Noreg og i andre land.

Det er behov for eit forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. FN's skogforum (UNFF) legg overordna premisser for berekraftig skogforvaltning globalt, og vedtok i 2017 ein strategisk plan for alt arbeid som blir gjort i FN på skogområdet. I Europa samarbeider landa om berekraftig skogforvaltning og utvikling av skog- og trenæringa gjennom FOREST EUROPE, FN's økonomiske kommisjon for Europa (UNECE) og FAOs regionale skogkommisjon for Europa (EFC). Noreg deltek aktivt i dette arbeidet. Noreg er medlem av European Forest Institute (EFI), eit europeisk forskingsinstitutt som er oppretta ved ein internasjonal avtale. Noreg bidreg økonomisk til den delen av EFI som arbeider med å kople forskning og politikktutvikling, noko som gir eit kunnskapsgrunnlag for nasjonal og europeisk skogpolitikk. Noreg er òg medlem av to regionale skog-



samarbeid, skognettverket Barents Forest Sector Network innanfor Barents-samarbeidet med Finland, Russland og Sverige, og eit sirkumborealt samarbeid der også Canada og USA deltek. Noreg tok over formannskapet i Barents Forest Sector Network i oktober 2019 og vil ha dette til oktober 2021.

Nordisk ministerråd for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) arbeider for ein berekraftig og konkurransekraftig bruk av naturressursar, mellom anna dei genetiske ressursane. Det er eit mål å skape meirverdi og nordisk nytte for dei enkelte nordiske landa og innbyggjarane gjennom sams nordisk innsats. Det fireårige samarbeidsprogrammet utgjer, saman med dei overordna initiativa, handlingsrommet for samarbeidet. Samarbeidsministrane (MR-SAM) starta i 2019 arbeidet med revisjon av dei overordna måla for samarbeidet og har peika på strategiske prioriteringar for eit grønt, konkurransedyktig og inkluderande Norden. Nordisk Ministerråd (NMR) er no i gang med arbeidet med handlingsplanar og budsjett retta mot å nå visjonen om at Norden skal bli verdas mest berekraftige og integrerte region. Aktiviteten i MR-FJLS fell naturleg inn under visjon og prioriteringar og komiteane har arbeidd med planar og tiltak på området. Desse blei drøfta på det digitale møtet for ministrane i juni i år. Det er tidlegare vedteke ein bioøkonomistrategi som er retningsgivande for det nordiske ministersamarbeidet for FJLS-sektorane. I dette samarbeidet er både skogbruk og jordbruk sentrale element for å bidra til utviklinga mot det grønne skiftet og departementet vil òg i tida framover leggje vekt på det nordiske samarbeidet innanfor bioøkonomi og grøn omstilling. På møtet blei det òg semje om å sjå på mogleg samarbeid i arbeidet mot koronapandemien, og i tillegg styrkje det nordiske samarbeidet omkring berekraftig proteinproduksjon i Norden. Det nordiske samarbeidet med å finne gode langsiktige løysingar for genressursarbeidet gjennom Nord-Gen held òg fram. Det skogtregenetiske samarbeidet i Norden, som no er organisert inn i Nord-Gen, har vart i 50 år. Arbeidet har gitt vesentleg nytte for det nordiske skogbruket. Dette vil bli markert på ein konferanse i Noreg i 2021. På ministermøtet på Island hausten 2019 sette Noreg villsvin på den nordiske agendaen. Drøftingane om sams nordisk tilnærming til villsvinproblematikken vil fortsetje.

#### Hovudtrekk i jordbruksoppgjæret

Den 19. mars 2020 gjekk partane i jordbruksoppgjæret ut i fellesskap og sa at det ikkje kunne

gjennomførast tradisjonelle forhandlingar på noko tidspunkt i 2020, som følgje av koronapandemien. Budsjettnemnda for jordbruket la den 17. april fram eit avgrensa grunnlagsmateriale. Den 26. april blei partane samde om å starte forenkla forhandlingar om ein jordbruksavtale for 2020–2021, og den 30. april inngjekk partane ein jordbruksavtale for 2020–2021. Løyvinga over statsbudsjettet blir auka med 350 mill. kroner i 2021 og målprisane blir auka med 1 ¼ pst. i gjennomsnitt frå 1. juni 2020. Ei meir utfyllande omtale av jordbruksoppgjæret 2020 finst i kap. 1150.

#### Matsikkerheit, beredskap og landbruk over heile landet

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon i produksjonar med marknadsmoglegheiter, av omsyn til mellom anna norske forbrukarar og beredskapen. Verkemidla skal innrettast slik at dei bidreg til auka produksjon. Tilrettelegging for landbruk over heile landet krev framleis differensiering av verkemidla. Regjeringa vil sikre ein effektiv bruk av statlege overføringar, redusere kostnadsnivået og gi bonden nye og betre inntektsmoglegheiter. Det skal satsast på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein framtidsetta landbruksproduksjon over heile landet.

#### Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane

På same måte som åra før, blei det òg i årets forenkla jordbruksoppgjæret lagt vekt på å stimulere til auka bruk av utmarksressursane gjennom å auke satsane for beite i utmark. Beiting i utmark utnyttar fôrressursane til matproduksjon og bidreg samstundes til å halde ved like eit ope og artsrikt kulturlandskap. Om lag 90 pst. av sau og lam oppfyller vilkåra for beitetilskott, det vil seie at dei går på beite minst 16 eller 12 veker avhengig av arealsonen, og får størstedelen av det daglege grovfôropptaket sitt frå beiting. Prosentdelen sau på utmarksbeite aukar etter som besetningane blir større. Delen storfe på utmarksbeite var 28 pst. i 2019. For storfe går prosentdelen på beite ned med storleiken på buskapen. Tilskotta til utmarksbeite har blitt vesentleg auka i dei tre siste jordbruksoppgjæra.

#### Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Dei om lag 150 000 landbrukseigedommane med bustadhus i Noreg utgjer eit viktig grunnlag for sysselsetjing og busetjing, og for utvikling og pro-

duksjon av varer og tenester med utgangspunkt i landbruket.

Ressursgrunnlaget er spreidd, og vilkåra for jord- og skogbruksdrift varierer. Regjeringa arbeider for eit sterkt og konkurransedyktig landbruk i alle delar av landet. Landbruket bidreg med ei rekkje fellesgode og gir grunnlag for sysselsetjing, verdiskaping, næringsutvikling og vekstkraftige distrikt. I tillegg til aktiviteten i landbruket og tilhøyrande foredlingsindustri gir kjøp av varer og tenester ringverknader for andre næringar lokalt og regionalt. Omfanget av landbruk varierer mellom ulike delar av landet, og sysselsetjing og verdiskaping i landbruket er størst i Innlandet, Rogaland og Trøndelag. Samstundes spelar landbruksnæringsrelativt sett ei større rolle for sysselsetjinga i distrikta enn i meir sentrale strøk av landet. Det er difor viktig å ha verkemiddel som stimulerer til utnytting av ressursane til landbruksproduksjon over heile landet, og som legg til rette for busetjing, sysselsetjing og verdiskaping i distrikta.

For å stimulere til landbruk og landbruksbaserte næringar innanfor arktisk landbruk og fjellandbruk er satsinga på områderetta innsats ført vidare.

I Granavoldenplattforma seier regjeringa at ho vil: «utrede muligheten for å innføre retningslinjer for hvor lenge dødsbo kan eie en landbruks-eiendom.» Justis- og beredskapsdepartementet har i samråd med Landbruks- og matdepartementet sendt eit forslag på høyring som inneheld reglar om kor lenge ein landbrukseigedom kan bli verande i eit dødsbu. Når ein eigedom blir liggjande lenge i eit dødsbu, aukar risikoen for at eigedommen ikkje er i aktiv bruk og at ressursane ikkje blir utnytta på ein god måte. I 2018 var det om lag 4 000 eigedommar som låg i dødsbu, og ein del av desse eigedommane hadde då lege i dødsbu i meir enn ti år. I høyringsforslaget blir det mellom anna gjort framlegg om at arvingane skal ha overført landbrukseigedommen til ny eigar med tinglyst heimel innan fem år rekna frå arvefallet.

#### *Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling*

Noreg har i overkant av 3 pst. jordbruksareal, spreidd over alle landsdelar og fylke. Føresetnadene for jordbruksproduksjon varierer mellom dei ulike delane av landet. Naturgitte vilkår og klimatiske forhold påverkar både produksjonsmoglegheitene og nivået på avlingane. Topografien er avgjerande for kor store og samanhen-

gande jordbruksareala kan vere. Små og mellomstore bruk er viktige for å utnytte produksjonspotensialet i alle delar av landet. Auka produktivitet og styrkt konkurransekraft vil vere avgjerande for å realisere målet om auka produksjon og høgare heimemarknadsdelar. I jordbruksavtalen blir difor eit støttesystem som kompenserer for ein del av dei ulempene mindre bruk har, prioritert.

Eitt av måla for landbrukspolitikken er eit aktivt og lønsamt jordbruk over heile landet, med produksjonar og næringsverksemd bygd på lokale ressursar, og der inntektsmoglegheita blir sikra for ulike bruksstorleikar. I tråd med dette blei grunnlaget for den geografiske produksjonsfordelinga styrkt òg i årets jordbruksoppgjær. Økonomien i produksjon av planteprodukt til mat, korn, poteter og grønsaker, blei vesentleg auka, særleg for dei areala som er best eigna for slik produksjon. Tilskotta til det grasbaserte husdyrhaldet er differensierte for å treffe område med produksjonsutfordringar og driftsvanskar. Tilskotta til utmarksbeite er òg auka.

#### *Leggje til rette for rekruttering i heile landet*

Ei stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen er det viktigaste bidraget frå regjeringa for å halde ved like gode rammevilkår og grunnlag for auka lønsemd i landbruket, og for å leggje til rette for rekruttering til landbruket over heile landet. Investeringsverkemidla er eit særleg målretta verkemiddel fordi yngre næringsutøvarar investerer i større grad enn eldre. Det er òg slik at mange eldre som investerer, gjer det for å leggje til rette for neste generasjon. Unge under 35 år er prioriterte i delar av regelverket.

Landbruksnæringsrelativt har behov for kunnskap og kompetanse for å utvikle norsk matproduksjon og andre landbruksbaserte næringar. Eitt av måla i Granavoldenplattforma er å styrkje landbruksutdanninga og setje i verk kompetanseretta tiltak for å stimulere til rekruttering i næringane. I den samanhengen er det viktig å leggje til rette for gode og fleksible opplærings- og utdanningssystem. Gjennom dei årlege jordbruksoppgjæra er det gjort fleire tiltak for å styrkje innsatsen knytt til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Satsinga omfattar nasjonale og regionale ordningar som vaksenagronomen, mentorordninga i landbruket, regionale midlar til rekruttering og kompetanseheving og nasjonale tilretteleggingsmidlar som dekkjer tilskott til nasjonale

kompetanseutviklingstiltak. Det er viktig å ha god kompetanse gjennom heile verdikjeda for mat, og regjeringa har difor sett ned eit rådgivande utval om rekruttering til mat- og måltidsbransjen.

Det er avgjerande for landbruket å ha eit godt omdømme i det norske samfunnet og at dette kan haldast ved lag over tid. Landbruket som heilskap og den enkelte næringsutøvarer er den viktigaste og beste ambassadøren for å rekruttere til næringa.

#### *Ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift*

Reindriften er ei urfolksnæring som er unik både i nasjonal og i internasjonal samanheng. Reindriften er ein del av eit levande landbruk gjennom beitebruk i fjellområde og utmark, og har eit stort potensial for auka verdiskaping.

Regjeringa har som mål å utvikle reindriftnæringa til ei næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. Tilskotta over reindriftsavtalen er retta mot dei som har reindrift til hovudnæring. Det er ein viktig del av reindriftpolitikken at utøvarane skal sjåast på og handsamast som næringsutøvarar.

Regjeringa arbeider vidare med å følge opp Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift – Lang tradisjon – unike muligheter* og handsaminga av denne i Stortinget. Det er lagt til grunn at økologisk berekraftig drift og auka produksjon dannar grunnlaget for dei unike moglegheitene reindriften gir. Meldinga presenterte òg strategiar og tiltak for at næringa betre skal kunne utnytte potensialet sitt i ei rasjonell og marknadsorientert retning. Inntektene frå reindriften skal i størst mogleg grad skapast ved å selje etterspurde produkt og tenester på marknaden. Det vil gi grunnlag for den unike næringa og kulturberaren som reindriften er.

Stortinget vedtok endringar i reindriftslova som gjeld offentleggjering av reintal internt i næringa og obligatorisk individmerking i juni 2019. Endringa som gjeld offentleggjering av reintal tok til å gjelde 1.1.2020, mens obligatorisk individmerking ikkje vil ta til å gjelde før det er utforma ei forskrift for ordninga. Landbruks- og matdepartementet har gitt NIBIO i oppdrag å gjere ei utgreiing, som skal liggje til grunn som kunnskapsgrunnlag for utarbeiding av forskrifta. Departementet legg vekt på å involvere reindriftnæringa i det vidare arbeidet.

Departementet har etablert ei arbeidsgruppe som skal utarbeide kriterium for måla i reindriftpolitikken om økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Arbeidsgruppa vil vere ferdig med arbeidet i 2020. Departementa skal i løpet av 2020

ha ferdig ein ny rettleiar om reindrift og plan- og bygningslova. Denne skal erstatte dei gjeldande rettleiarane «Reindrift og planlegging etter plan og bygningsloven» og «Reindrift og konsekvensutredningar etter plan- og bygningsloven».

Økologisk berekraft er ein grunnleggjande føresetnad for å ta vare på reindriftskulturen framover, for utvikling av næringa og for auka lønsemd. Reindriften er ei viktig og tradisjonsrik matproduserande næring i Noreg. Trygg mat, god dyrevelferd og marknadsorientert produksjon står sentralt i landbruks- og matpolitikken. Det er utgangspunktet for regjeringa sitt mål om å fremje ei rasjonell og marknadsorientert utvikling av næringa. Innanfor desse rammene er det eit mål å auke produksjonen og lønsemda i næringa.

I dag er det meste av beitekapasiteten utnytta. Reindriftnæringa må auke produksjonen og lønsemda gjennom andre driftstilpassingar enn gjennom å auke talet på dyr. Skal reindriften framleis ha eit økonomisk grunnlag for heiltidsutøvarar og samtidig halde fram med den familiebaserte reindriften, er det sentralt å sjå på alternative verksemdar knytte til reindriften, til dømes innanfor reiseliv, lærings- og omsorgsbaserte tenester, vidareforedling og lokalmat. Desse verksemdene er prioriterte i Reindriftsavtalen 2020/2021.

Vinteren og våren 2020 har vore krevjande for reindriftnæringa. Det var erklært beitekrise i store delar av Finnmark, Nordland og Troms. Stortinget har i løpet av 2020 løyvd 30 mill. kroner til kriseberedskapsfondet. I tillegg blei avtalepartane samde om å redusere eigenkapitalen i Reindriftnæringens utviklingsfond for å tilføre kriseberedskapsfondet midlar vinteren 2020. Beitekrise viste at systemet for å handtere beredskap i reindriften fungerer, men det er likevel naudsynt å gå gjennom korleis krise blei handtert, både av forvaltning og næring. Avtalepartane vil gjere ein slik gjennomgang hausten 2020.

Reintalsreduksjonen har vore krevjande både for næringa og for styresmaktene. Reintalet i Vest-Finnmark låg i 2019 noko over det fastsette reintalet. Dette viser at det er naudsynt å følge med på utviklinga for å unngå at reintalet aukar på nytt.

Tap av rein til rovvilt er ei stor utfordring. I enkelte reinbeitedistrikt har det over tid blitt erstatta opp mot halvparten av kalveproduksjonen som tap til rovvilt. Sjølv om tapet blir erstatta, vil det gi negative konsekvensar for den enkelte siidaandel og reindriftsfamilie. Dette fordi endra aldersstruktur i simleflokken kan gi lågare kalvetilgang det etterfølgjande året, med tapte produksjonsinntekter som resultat.

Rovviltpolitikken har innverknad på samisk reindrift. Det er difor viktig at tiltak som blir sette i verk når det gjeld rovvilt, òg blir vurderte opp mot dei forpliktingane staten har overfor samane som urfolk. Dette gjeld både materielle forpliktingar til å sikre mellom anna naturgrunnlaget for den samiske reindriften og dessutan prosessuelle forpliktingar som gjeld konsultasjonar og deltaking i avgjerder som kan påverke samiske interesser direkte.

#### Auka verdiskaping

##### *Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter*

Regjeringa vil prioritere dei marknadsbaserte produksjonsmoglegheitene. Til dømes har regjeringa gjennom fleire jordbruksoppgjjer styrkt verke-midla for å stimulere område med underdekning av norske produkt. Regjeringa har prioritert produksjonen av planteprodukt til mat, der det er eit marknadspotensial for auka norsk produksjon.

##### *Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat*

Heile verdikjeda i norsk jordbruk må i større grad tilpasse seg sterkare konkurranse i framtida. Det betyr at jordbruket skal vere ei effektiv næring som leverer det forbrukarane etterspør, og som tek inn over seg ein stadig meir krevjande internasjonal marknad. Det krev eit framtidretta jordbruk som er mindre politisk styrt og meir forbrukar- og marknadsretta. Det er òg ein føresetnad for auka norsk matproduksjon og for at det framleis kan vere eit mangfaldig jordbruk over heile landet.

Norsk jordbruk har mange konkurransefortrinn og eit godt utgangspunkt for produksjon av konkurransedyktige kvalitetsprodukt. Regjeringa har som mål å auke og effektivisere norsk matproduksjon, og har lagt til rette for at næringa kan utvikle seg og få styrkt konkurransekraft. Enklare verkemiddelstruktur, færre offentlege inngrep i næringsdriften, auka konkurranse og meir marknadsretting av produksjonen har stått sentralt i denne omstillinga.

##### *Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine samla ressursar*

Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* tydeleggjer ambisjonane regjeringa har for vekst og gründerskap i dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Meldinga peikar på generelle tiltak

knytte til stimulering til gründerskap, vekst og innovative næringsmiljø, og stimulering til vidare vekst og utvikling for desse næringane i landbruket. Meldinga er følgd opp med ein strategi for reiseliv basert på ressursane i landbruket og reindriften. Innovasjon Norge (IN) følgjer opp strategien gjennom satsingar over Utviklingsprogrammet til kampanjar for mat og drikke, sykling, fiske og vandring. Auka synleggjing skjer både over nettsidene til Visit Norway og i sosiale medier. Det blir òg satsa på kurstilbod til bedriftene om vertskap, opplevingar, booking og digitalisering. Det er eit potensial for vidare utvikling av opplevingar og aktivitetar knytte til utmark, kulturlandskap og reindrift.

Ein vesentleg del av løyvingane under Landbrukets utviklingsfond (LUF) er prioriterte til ordningar som skal stimulere til næringsutvikling i landbruket, der investerings- og bedriftsutviklingsmidlane i landbruket (IBU-midlane) og Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriften basert vekst og verdiskaping er dei største ordningane. I tillegg er det prioritert både nasjonale og regionale verkemiddel som skal leggje til rette for auka verdiskaping og innovasjon.

Regjeringa har sett i gang eit lovarbeid med mål om å gå gjennom og modernisere viltlova. Ansvaret for forvaltninga av haustbare viltressursar blei gjennom kgl.res. 27. april 2018 lagt til Landbruks- og matdepartementet. Klima- og miljødepartementet har ansvaret for den overordna forvaltninga av økosystema og oppgåver og ansvar knytt til ikkje-haustbare viltartar, og gaupe. Dette gjeld òg freda rovvilt, andre freda artar og framande artar. Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet samarbeider difor om lovarbeidet. Viltlova har til formål at viltet og viltet sine leveområde skal forvaltast i samsvar med naturmangfaldlova, og slik at produktivitet og artsrikdom i naturen blir teke i vare. Innanfor denne ramma kan viltproduksjonen haustast til gode for landbruksnæring og friluftsliv. Viltlova blei vedteken 29. mai 1981 og er endra fleire ganger, mellom anna ved innføring av naturmangfaldlova i 2009. Fleire paragrafar i viltlova er oppheva, og delar av lova står i dag fram som fragmentert. Det er naudsynt med betre samordning mellom viltlova og anna relevant regelverk, og klargjing som følgje av nye utfordringar på området.

Handlingsplanen for næringsutvikling basert på haustbare viltressursar, som blei lagd fram for partane i jordbruksoppgjjeret i 2019, blir følgd opp gjennom Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriften basert vekst og verdiskaping under LUF. Sentrale tiltak er kompetanse- og produktutvikling

for aktørar som ønskjer å selje jaktopplevingar, og for dei som ønskjer å vidareforedle og selje viltkjøtt. Dette vil bidra til å realisere ambisjonane for å byggje Noreg som ein matnasjon.

#### *Vidareutvikle Noreg som matnasjon*

Regjeringa vil samordne innsatsen for å utvikle Noreg som ein matnasjon, og vil i 2021 leggje fram ein strategi for utviklinga av Matnasjonen Noreg fram mot 2030. Strategien er tufta på følgjande visjon:

*«I 2030 er mat ei kjelde til matglede, stoltheit, god helse og fellesskap i heile befolkninga og er eit synleg element i turistlandet Noreg. Noreg er internasjonalt kjend for ein spennande matkultur, sin store sjømateksport og mat- og drikkeopplevingar med norske råvarer i verdsklasse.»*

Visjonen er brei ved at han omfattar fleire sektorar og næringar enn berre næringssektorane fiskeri og jordbruk, til dømes reiseliv. Matnasjonen Noreg skal vidare vere tufta på ei berekraftig forvaltning av naturressursane og leggje vekt på matnæringane sitt bidrag til sysselsetjing og verdiskaping i heile landet.

Tradisjonelt deler vi matsektoren inn i ein blå og ein grøn sektor. For å byggje ein sterk matnasjon må den samla innsatsen innanfor dei to sektorane synleggjerast betre og inkludere heile matkjeda. Matnasjonen Noreg skal òg inkludere helse- og kosthaldssida. Til dømes *Nasjonal handlingsplan for betre kosthold (2017–2023)*, Inten sjonsavtalen med industrien og handelen om kosthaldsråda, og kvalitetsreforma *Leve hele livet*, syner på ulike måtar korleis mat, helse og kosthald heng saman. Strategien for Matnasjonen Noreg vil samle og synleggjere innsatsen på ansvarsområda til dei tre matdepartementa, med særskild vekt på dei områda der det er ekstra potensial for å sjå innsats og ressursar i samanheng.

Sidan gründermeldinga i 2015 har det offentlege og næringa arbeidd mot målet om å nå ein samla omsetnad av lokal mat og drikke gjennom alle salskanalar på 10 mrd. kroner innan 2025. Dette er ein sams ambisjon for heile matnæringa og alle salskanalar. Utviklinga innanfor daglegvarehandelen har lenge vore svært god, mens tala for sal gjennom dei andre kanalane har vore meir usikkle. I 2019 gjennomførte Matmerk for første gang ei samla kartlegging av salet av lokalmat gjennom både daglegvarehandelen og den såkalla HoReCa-marknaden (hotell, restaurant og cate-

ring). Tala syner at ambisjonen er nådd og vel så det. Til saman utgjorde dette salet 11,25 mrd. kroner i 2019 og viser tydeleg at dette er ein viktig del av Matnasjonen Noreg.

#### *Leggje til rette for bonden sine inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden*

Som i andre sektorar er det naudsynt å fornye driftsapparatet med jamne mellomrom. Utviklinga, med større jordbruksforetak, høgare produktivitet og bruk av ny teknologi, krev auka investeringar. Nye krav til dyrevelferd, medrekna krav om lausdriftsfjøs, gjer at investeringsbehov innan mjølke- og storfeproduksjon er særleg stor. Regjeringa har prioritert verkemiddel til både investering og bedriftsutvikling i jordbruksoppgjera dei siste åra. Verkemidla bidreg til å redusere risikoen og betre kapitaltilgangen ved investeringane. Den særskilde prioriteringa av frukt- og grøntnæringa, veksthusnæringa og kornproduksjonen blir ført vidare i 2021.

#### *Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder*

Eit aktivt og lønsamt skogbruk og ein konkurransedyktig skogindustri er viktig for busetjing, sysselsetjing og næringsutvikling i store delar av landet. Skogsektoren er ein del av ein open, global marknad. Ein konkurransedyktig skogindustri i Noreg er difor avgjerande for velfungerande verdikjeder og for størst mogleg verdiskaping knytt til norsk tømmer.

Skogpolitikken blir følgd opp i tråd med Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, som blei handsama av Stortinget i januar 2017. Her går det mellom anna fram at auka vidareforedling av norsk tømmer i lønsame foredlingsbedrifter i Noreg vil vere viktig for auka verdiskaping og for positive nærings-, miljø- og klimabidrag frå sektoren. Strategidokumentet *Skog- og trenæringa – ein drivar for grøn omstilling*, som blei lagt fram i 2019, blir følgd opp gjennom mellom anna eit dialogforum der representantar frå skog- og trenæringa, forskning og forvaltning deltek.

Dei viktigaste verkemidla i skogpolitikken er skogfond, tilskott til nærings- og miljøtiltak, tilskott til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar, tilskott til skogplanteforedling og tilskott til produksjon av bioenergi. Verkemiddelbruken knytt til forbetring av skogsvegnettet og tømmerkaier i skogbruket har høg prioritet. Ein god infrastruktur i form av vegar, jernbane og tømmerkaier

er viktig for å auke verdiskapinga og styrkje konkurransekrafta til fastlandsindustrien.

Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar gir eit godt grunnlag for berekraftig skogbruk. Departementet vil føre vidare kunnskapsprosjektet Miljøregistreringer i skog (MiS-prosjektet) ved NIBIO.

Under handsaminga av Meld. St. 6 (2016–2017) uttalte Stortinget at det er behov for å skaffe fram betre kunnskap om den eldste skogen i Noreg for å sikre god forvaltning av han. Hovudmålet i skogpolitikken er å fremje ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen. Statistikk frå Landsskogtakseringa viser eit aukande omfang av gammal skog og daude tre. Landsskogtakseringa og databasane for skogbruksplanar gir god informasjon om gammal skog, både om omfang og om kor den eldste skogen er.

Departementet vil vurdere korleis denne kunnskapen kan brukast for å synleggjere kvar den eldste skogen finst, til dømes gjennom ei kartløyning. Bruk av tydelege definisjonar og kriterium blir viktige oppgåver, jf. arbeidet med Natur i Norge (NiN).

Stortinget gav òg støtte til planen om å vurdere tiltak for auka varetaking av nøkkelbiotopar. Nøkkelbiotopane blir etablerte etter miljøregistrering i samband med skogbruksplanlegginga, og blir forvalta av skogeigarane som frivillige miljøomsynsområde. Frå år 2000 til i dag er det sett til side eit samla areal på om lag 1 mill. dekar. Nøkkelbiotopane blir ikkje hogne, og i fleire tilfelle blir dei i dag òg vurderte til å inngå i verneområde etter opplegget for frivillig skogvern. Vidareføringa av miljøregistreringane i skogbruksplanlegginga vil auke omfanget av nøkkelbiotopar framover.

Departementet har saman med miljøstyremaktene og skognæringa arbeidd med å gå gjennom status for nøkkelbiotopane for å sjå på kor mykje som er teke vare på, og for å peike på behovet for vidare utviklingsarbeid på området. Målet er å vurdere behovet for ei meir langsiktig varetaking av nøkkelbiotopane, slik det mellom anna kjem fram i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*. Arbeidet blir slutført hausten 2020.

Noreg har forhandla fram eit forslag til avtale med EU om sams oppfylling av klimamåla for 2030. Skogen har ei viktig rolle i klimapolitikken. Avtalen er no til godkjenning i EU-systemet. Skog og annan arealbruk er éin av tre pilarar i EUs klimarammeverk. Det er sett eit mål om at sekto-

ren skal gå i netto null for perioden 2021–2030. Det vil seie at CO<sub>2</sub>-utsleppa frå sektoren ikkje skal overstige opptaket etter reknereglane EU har fastsett i sum for denne perioden. Forvalta skog er den viktigaste av fem arealkategoriar i sektoren skog og anna arealbruk. EU-landa hadde frist for å levere ein referansebane for forvalta skog til Kommissjonen ved utgangen av 2018, og dei har no ein prosess for teknisk vurdering og godkjenning. Noreg har òg utarbeidd ein referansebane for forvalta skog, og ESA er i prosess med teknisk vurdering som blir avslutta hausten 2020. For Noreg er det sett eit mål om 40 pst. reduksjon av utsleppa i ikkje-kvotepliktig sektor i 2030. Utslepp av andre klimagassar enn CO<sub>2</sub> frå jordbrukssektoren er omfatta av ikkje-kvotepliktig sektor, den såkalla innsatsfordelingsforordninga. Kor mykje dei ulike sektorane, inkludert jordbruket, må redusere sine utslepp med, vil bli fastsett nasjonalt, sjølv om Noreg inngår ein avtale med EU.

Regjeringa vil føre vidare tiltak som bidreg til auka opptak av CO<sub>2</sub> og lagring av karbon, og leggje til rette for meir bruk av fornybart skogråstoff som kan erstatte fossile utslepp i andre sektorar. Regjeringa vil føre vidare tilskott til tettare planing ved forynging av skog, gjødsling av skog og skogplanteforedling. Skogplanteforedling er eit viktig område for å sikre auka verdiskaping, klimatilpassing og auka opptak av CO<sub>2</sub> i skog. Regjeringa vil halde fram med å forbetre rutineane for kontroll og handheving av plikta til å foryngje skogen etter hogst.

Statsallmenningslovutvalet blei oppnemnt ved kgl. res. 4. mars 2016 for å gå gjennom lovverket for statsallmenningane med mål om modernisering og forenkling. Utvalet fekk mellom anna i oppgåve å vurdere om det var mogleg å slå saman dei to lovene som finst i dag, til éi lov. Utvalet fremja forslaget sitt i NOU 2018: 11 *Ny fjellov* i juni 2018. Her la utvalet fram forslag til ei ny lov om statsallmenningane som erstatning for fjellova og statsallmenningslova. NOU 2018: 11 har vore til høyring i 2018/2019, og departementet arbeider med vidare oppfølging.

Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

*Redusert forureining frå landbruket*

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernemiddel er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Den samla gjennomføringa av ulike jordarbeidingstiltak, grasdekte areal m.m. i kornområda har redusert erosjonsrisikoen på dei

dyrka areala, men ikkje tilsvarende den venta verknaden av tiltaka. Undersøkingar frå NIBIO viser at meir nedbør og ustabile vintrar har ført til auka avrenning, og at det skjuler verknaden av tiltaka. Verknadene nedstraums er òg påverka av andre prosessar, som spreidde avløp frå bustader. Etter vassforskrifta skal alle vassførekomstar ha god økologisk status. Det er framleis utfordringar med å redusere avvika mellom dagens tilstand og miljømåla som er sette etter vassforskrifta. Gjeldande vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram for åra 2016–2021 skal no oppdaterast for planperioden 2022–2027, i samsvar med ny kunnskap, endra føresetnader, krava i vassforskrifta og nasjonale føringar.

Noregs rapporterte utslepp av ammoniakk ( $\text{NH}_3$ ) overstig forpliktingane etter Göteborg-protokollen, og det er òg av den grunn naudsynt med tiltak for å få ned utsleppa. Det er sett i gang ein gjennomgang av gjødselregelverket. Eit av formåla med gjennomgangen er å redusere utsleppa til luft.

#### *Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av $\text{CO}_2$ og gode klimatilpassingar*

All matproduksjon startar med fotosyntesen. I utgangspunktet er difor alt jordbruk basert på opptak av  $\text{CO}_2$ . Jordbruksaktivitetar, særleg husdyrhald, er biologiske prosessar som òg er opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan ( $\text{CH}_4$ ) og lystgass ( $\text{N}_2\text{O}$ ). Utsleppet av klimagassar frå jordbruket var i 2018 på 4,5 mill. tonn  $\text{CO}_2$ -ekvivalentar, og utgjorde om lag 8,7 pst. av dei samla norske utsleppa. Det er ikkje mogleg å produsere mat utan utslepp av klimagassar. Ved handsaminga av Meld. St. 11 (2016–2017) i Stortinget uttalte næringskomiteen at klimagassutslepp frå biologiske prosessar ikkje kan jamstillast med utslepp frå fossile kjelder. Utsleppa frå jordbruket er reduserte med 5,3 pst. frå 1990 til 2018 og med 1,1 pst. frå 2017 til 2018. Redusert bruk av gjødsel og færre storfe på grunn av auka effektivitet i mjølkeproduksjonen er hovudårsakene til nedgangen i utsleppa frå jordbruket.

Jordbrukspolitikken skal leggjast om i meir miljø- og klimavenleg retning. I jordbruksopp-gjeret 2020 blei styrkinga av klimainnsatsen prioritert. Berekningane av utsleppa frå jordbruket har stort forbetringspotensial.

I juni 2019 underteikna regjeringa og jordbruksorganisasjonane ein klimaavtale. Det er sett eit mål om at utsleppa skal reduserast med 5 mill. tonn  $\text{CO}_2$ -ekvivalentar for perioden 2021–2030. Jordbruksaktivitetar, og særleg husdyrhald, er

biologiske prosessar som òg er opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg metan og lystgass. Jordbruket er samstundes ein bidragsytar til det grønne skiftet, både gjennom binding av karbon og gjennom produksjon av fornybar biobasert energi og drivstoff. Klimaavtalen mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket vil liggje til grunn for klimaarbeidet i sektoren framover.

For å redusere utsleppa av klimagassar er det innført eit forbod i nydyrkingsforskrifta mot nydyrking av myr, men med moglegheit for kommunen til å gi dispensasjon i særlege tilfelle. Endringa blei fastsett 2. juni 2020, og er ei oppfølging av Stortingets handsaming av Prop. 39 L (2018–2019) *Endringar i jordlova mv.* Ved ein avtale med EU om sams oppfyljing av klimamåla for 2030, jf. Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, vil EUs reglar for å bokføre opptak og utslepp frå skog og andre areal òg gjelde for Noreg. EU-regelverket for skog og annan arealbruk som gjeld frå 2021, inneber avgrensingar i kva som kan inngå av faktiske opptak og utslepp i vurderinga av om sektoren vil oppfylle målet om netto null utslepp. Førebelse utrekningar viser at Noreg truleg må bokføre eit netto utslepp frå sektoren på 12 mill. tonn  $\text{CO}_2$  i sum i perioden 2021–2030. Dette utsleppet kjem særleg frå avskoging.

Meld. St. 41 (2016–2017) og klimaforliket legg opp til ei aktiv forvaltning av skogressursane for å sikre eit høgt opptak av  $\text{CO}_2$  i skog, slik at karbonlageret i skogen stadig aukar. Tilveksten i skogen er no på sitt høgaste, men tilveksten og  $\text{CO}_2$ -opptaket vil gå ned i tida framover. Hovudårsakene til det er at mykje av skogen har nådd hogstmoden alder, og at det har vore ein periode på 1990- og 2000-talet med låge investeringar i skogen. Vidareføring av arbeidet med skogplanteforedling, tettare planting og gjødsling av skog skal bidra til auka opptak av karbon og at trea i størst mogleg grad er tilpassa eit klima i endring. Pilotprosjektet for planting av skog på nye areal over budsjettet til Klima- og miljødepartementet er avslutta og sluttrapport blei lagd fram våren 2019. Departementa skal no vurdere resultata og råda i rapporten. Regjeringa vil fortsetje arbeidet med å forbetre rutineane for kontroll og handheving av plikta til å forynge skogen etter hogst.

Meir bruk av fornybar bioenergi og meir bruk av tre framfor innsatsfaktorar som er baserte på fossile ressursar, kan gi viktige bidrag til energiforsyninga og byggsektoren og minke utsleppa av klimagassar. Regjeringa vil i 2021 føre vidare satsinga på bioenergi gjennom Verdskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiut-

vikling i landbruket. Programmet blir finansiert over jordbruksavtalen. Meir bruk av tre i bygg og andre tiltak som aukar lageret av karbon i ulike produkt laga av tre, bidreg òg positivt i klimasamanheng. I Meld. St. 41 (2016–2017) går det fram at regjeringa vil bidra til meir bruk av tre i bygg. Bruk av tre i bygg og andre konstruksjonar er eit innsatsområde i Bioøkonomiordninga som Innovasjon Norge forvaltar.

Av bioøkonomistrategien til regjeringa går det mellom anna fram at fornybare biologiske ressursar må erstatte fossile ressursar i eit lågut-sleppssamfunn. Verdiskaping basert på berekraftig hausting av biomasse frå jord-, skog- og havbruk – bioøkonomien – kan difor få ein større plass i næringslivet i framtida. Noreg har god tilgang på bioråstoff. Basert på fornybar energi og relevant kompetanse frå prosessindustri og petroleumsrelatert verksemd kan norsk biomasse frå jordbruk, skog og hav omdannast til eit breitt spekter av høgverdige produkt. I tillegg må ein vente gjennombrøtt for nye bruksmåtar for bioteknologi.

Klimaendringar aukar risikoen for at nye plante- og dyresjukdommar og zoonosar etablerer seg i Noreg. Det venta smittepresset må møtast med god beredskap og førebyggjande tiltak. Departementet vil òg prioritere midlar til plante-foredling og utvikling av sortar med sikte på betre klimatilpassing. Det er eit særst langsiktig arbeid å prøve ut eller utvikle nye sortar til bruk i landbruket i Noreg.

Noreg skal vere mellom dei leiande landa i arbeidet med å produsere kunnskap for eit klimatilpassa landbruk, jf. mellom anna Meld. St. 33 (2012–2013) *Klimatilpassing i Norge*. Departementet legg opp til ein koordinert og målretta innsats innanfor forskning og utvikling (FoU). Departementet vil arbeide vidare med å utvikle det internasjonale samarbeidet om forskning.

#### *Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal og ressursgrunnlag*

Det er viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjorda. Samstundes må jordvernet balanserast mot behova samfunnet har. Regjeringa la i 2015 fram ein nasjonal jordvernstrategi for å redusere omdisponeringa av dyrka jord, og omdisponeringa har gått ned dei siste åra. I 2018 oppdaterte regjeringa denne strategien, og målet for omdisponeringa blei nådd både i 2017, 2018 og 2019. Departementet

vil revidere jordvernstrategien i 2021, og samtidig vurdere målet som er sett.

Aktiv drift i landbruket er den viktigaste føresetnaden for å ta vare på kulturlandskapet. Kulturlandskap forma av landbruket er viktige for identitet og tilknytning. Kulturlandskapet gir ei ramme for satsing på kultur, lokal mat, friluftsliv, busetting og turisme, og er leveområde for mange artar av plante- og dyreartar.

Det genetiske mangfaldet av planter, husdyr og skogtre er ein viktig ressurs for landbruket, ikkje minst i møte med nye utfordringar som til dømes klimaendringar. Departementet vil følgje opp strategien frå 2019 for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk.

Departementet har ansvaret for drifta av Svalbard globale frøhvelv, som har som mål å lagre sikkerheitskopiar av frø frå dei viktigaste matvekstane i verda. Frølageret har òg ei viktig rolle i arbeidet med å auke forståinga for genetiske ressursar og det internasjonale samarbeidet om dette. Departementet vil leggje vekt på å sikre eit effektivt nordisk samarbeid om å ta vare på genetiske ressursar i Nordisk genressurscenter (NordGen) og den nordiske partnerskapen for frøforedling, som har som mål å styrkje planteforedlinga og nytte dei nordiske genressursane betre.

#### *Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet*

Mangfaldet og variasjonen av natur- og kulturverdiar i jordbrukslandskapet er ein karakteristisk og viktig del av landskapet i Noreg. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksavtalen skal bidra til å halde det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet ved lag. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar landskapsverdiane i den kommunale planlegginga og lagar planar som kan liggje til grunn for ei god forvaltning. Frå og med 2020 har dei aktuelle kommunane ansvar for forvaltning av ordninga med tilskott til verdsarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap og utvalde kulturlandskap i jordbruket, der det blir gitt støtte til skjøtsel av viktige jordbrukslandskap med store miljøverdiar.

Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet samarbeider om ordninga. Avsetjinga til tilskott til tiltak utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap blir ført vidare på same nivå i 2021.



**Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Støtte til organisasjonar	39 500	39 302	39 302
71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	2 200	1 298	1 298
72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk	7 968	7 927	7 927
	Sum kap. 1138	49 668	48 527	48 527

**Post 70 Støtte til organisasjonar****Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å støtte organisasjonar på nasjonalt nivå som arbeider innanfor Landbruks- og matdepartementets målområde.

Dette omfattar organisasjonar som

- formidlar kunnskap og fremjar forståing for verdien av landbruk, matproduksjon og matkultur,
- synleggjer yrkesmoglegheiter knytte til garden sine ressursar, eller
- fremjar berekraftig landbruk, verdiskaping og landbruksbasert næringsutvikling

Tilskottet skal medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane, og bidra til eit levande og aktivt organisasjonsliv lokalt, regionalt og nasjonalt.

Departementet har hatt ein gjennomgang av ordninga Støtte til organisasjonar. Ordninga vil framleis bli forvalta av departementet, og forslag

til fordeling av midlane til navngitte mottakarar vil, som tidlegare, bli fremja i budsjettproposisjonen. Då tildelinga av tilskottet blir fastlagd i Stortingets vedtak, vil midlane ikkje lysast ut, og ordninga er ikkje regulert av noko regelverk.

Det blir set krav om rapportering i form av årsmelding/årsberetning og revisorgodkjend rekneskap. Dette er grunnlag for oppfølging og kontroll, og skal sendast departementet innan 1. juni påfølgjande år. For organisasjonar som mottok tilskottsbeløp mindre enn 200 000 kroner, er det sett krav om at rekneskapen skal vere attestert.

Årsmelding/årsberetning og rekneskap for løyvinga i 2021 skal sendast departementet innan 1. juni 2022.

**Rapportering 2019**

Departementet gjer framlegg om løyvingar til organisasjonar direkte i budsjettproposisjonen. I 2019 blei det fordelt 39,5 mill. kroner i støtte til 30 organisasjonar, jf. tabell 2.3.

Tabell 2.3 Støtte til organisasjoner i 2019 (i kroner)

Organisasjon	Støtte 2019
Biologisk-dynamisk forening	152 000
Bondens marked Norge	505 000
Det Norske Skogselskap	1 200 000
Det Norske Hageselskap	1 111 000
Dyrebeskyttelsen	404 000
Dyrevernalliansen	754 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 615 000
Geitmyra matkultursenter for barn	2 404 000
HANEN	2 171 000
Hest og Helse	232 000
Kvinner i skogbruket	174 000
Matsentralen Oslo	800 000
Matsentralen Norge	7 000 000
Matvett	415 000
Nettverk for GMO fri mat og fôr	1 500 000
NOAH – for dyrs rettigheter	750 000
Norges Birøkerlag	250 000
Norges Bygdekvinnelag	404 000
Norges Bygdeungdomslag	140 000
Norges Vel	2 020 000
Slipp oss til – ungdom inn i landbruket	255 000
Norsk Gardsost	372 000
Norsk Seterkultur	180 000
Norske Lakseelver	550 000
Oikos – Økologisk Norge	2 929 000
Spire	101 000
Norsk Kulturarv	355 000
TreSenteret	303 000
Vitenparken Campus Ås	3 283 000
4H Norge	7 171 000
<b>Sum</b>	<b>39 500 000</b>

**Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 39,3 mill. kroner til støtte til organisasjonar.

Løyvinga er fordelt på 30 organisasjonar, jf. tabell 2.4.

Tabell 2.4 Støtte til organisasjonar i 2020 og budsjettframlegg for 2021 (i kroner)

Organisasjon	Støtte 2020	Forslag 2021
Bondens marked Norge	500 000	500 000
Det Norske Skogselskap	1 190 000	1 190 000
Det Norske Hageselskap	1 090 000	1 090 000
Dyrebeskyttelsen	400 000	400 000
Dyrevernalliansen	740 000	740 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 600 000	1 600 000
Geitmyra matkultursenter for barn	2 380 000	2 380 000
HANEN	2 150 000	2 150 000
Hest og Helse	230 000	230 000
Jordvern Norge		200 000
Kvinner i skogbruket	170 000	170 000
Matsentralen Norge	7 800 000	7 800 000
Matvett	410 000	410 000
Nettverk for GMO fri mat og fôr	1 490 000	1 490 000
NOAH – for dyrs rettigheter	730 000	730 000
Norges Birøkterlag	250 000	250 000
Norges Bygdekvinnelag	400 000	400 000
Norges Bygdeungdomslag	130 000	130 000
Norges Vel	1 900 000	1 900 000
Norsk Bonde- og småbrukarlag – Slipp oss til – ungdom inn i landbruket	250 000	250 000
Norsk Gardsost	370 000	370 000
Norsk Seterkultur	180 000	180 000
Norske Lakseelver	540 000	540 000
Spire	100 000	100 000
Norsk Kulturarv	350 000	350 000
TreSenteret	300 000	300 000
Ungt Entreprenørskap	350 000	350 000
Vitenparken Campus Ås	3 200 000	3 000 000
4H Norge	7 100 000	7 100 000
Økologisk Norge	3 002 000	3 002 000
<b>Sum</b>	<b>39 302 000</b>	<b>39 302 000</b>

## Post 71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar

### Formål med løyvinga

Posten omfattar midlar for medverknad i internasjonale skogpolitiske prosessar og anna internasjonalt skogsamarbeid. Noreg arbeider for eit forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. FN's skogforum (UNFF) er ein viktig arena for dette globalt, mens FOREST EUROPE er den sentrale arenaen for samarbeid om skogpolitikk på regionalt nivå i Europa. FOREST EUROPE samlar dei europeiske landa og ei rekkje internasjonale og frivillige organisasjonar om strategiar for å møte utfordringar og moglegheiter som skogsektoren i Europa står overfor. Det europeiske instituttet for skogforskning (EFI) er ein internasjonal organisasjon der Noreg er medlemsstat og deltek i møte i styrande organ. EFI driv forskning og utgreiing av europeiske skogspørsmål og er ein sentral aktør i å skaffe fram kunnskapsgrunnlag for utvikling av skogpolitikk både nasjonalt og internasjonalt. Det regionale skogsamarbeidet i FN-regi skjer gjennom United Nations Economic Commission for Europe (UNECE) og FAOs europeiske skogkommisjon. Noreg deltek òg her. Noreg er òg medlem i andre regionale skogsamarbeid, skognettverket Barents Forest Sector Network innanfor Barents-samarbeidet med Finland, Russland og Sverige, og eit Sirkumborealt samarbeid der òg Canada og USA deltek. Noreg tok over formannskapet i Barents Forest Sector Network i oktober 2019 og vil ha dette til oktober 2021. Vidare er skog og skogbruk ein del av det nordiske ministerrådsamarbeidet.

Løyvinga skal òg nyttast til norsk medverknad i andre forum for internasjonalt samarbeid om skogspørsmål, til dømes FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO). Løyvinga må sjåast i samanheng med løyvinga til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) frå kapittel 1136, post 50, som skal dekkje bidrag frå instituttet til internasjonalt skogpolitisk samarbeid.

### Rapportering 2019

Noreg har i 2019 bidrege med 1,5 mill. kroner til eit fond som finansierer verksemda i Policy Support Facility under EFI. Dette programmet skal kople forskning og politikktutvikling, og er eit godt bidrag til kunnskapsgrunnlag i utviklinga av

nasjonal skogpolitikk og europeisk skogpolitisk samarbeid. I 2019 har fondet finansiert to rapportar i serien «From science to Policy», om aktuelle problemstillingar knytte til skog i Europa. Det har òg vore gitt ut kortare nyheitsskriv om aktuelle saker, og eit skriv om planta skog. Think Forest har arrangert to seminar om skogskadar og om planta skog. Det har vore stor merksemd på desse arrangementa. Det har òg vore eit seminar om bioøkonomi i Beijing, Kina, der den finske ambassaden var vertskap.

NIBIO er ein viktig aktør i oppfølginga av det internasjonale skogsamarbeidet, mellom anna i FOREST EUROPE, FAO og UNECE. Ein viktig del av dette er å sikre rapportering og delta i utviklingsarbeidet til desse organisasjonane og prosessane. NIBIO fekk ei løyving på 490 000 kroner til sekretariatfunksjonar for det norske formannskapet i Barents Forest Sector Network i 2020 og fram til eit avsluttande arrangement i 2021.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,3 mill. kroner til internasjonalt skogsamarbeid.

Løyvinga skal nyttast til vidare oppfølging av internasjonale prosessar. Hovuddelen vil bli nytta til å føre vidare bidraget til arbeidet i EFI og til gjennomføringa av eit avsluttande arrangement i det norske formannskapet i Barents Forest Sector Network innanfor Barents-samarbeidet.

## Post 72 Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)

### Formål med løyvinga

Norsk senter for økologisk landbruk er ei privat, sjølvstendig stifting som arbeider med forskning, rådgiving og formidling av kunnskap innan fagområda økologisk landbruk og matproduksjon, miljø, berekraft og fornybar energi.

Løyvinga skal gå til utvikling og formidling av kunnskap om produksjon og forbruk av økologisk mat. Ein mindre del av løyvinga kan gå til forskingsretta arbeid.

### Rapportering 2019

Det blei løyvd 7,968 mill. kroner til formålet. Stiftinga har drive både munnleg og skriftleg formidling til bønder, landbruksrådgivarar, studentar, offentleg forvaltning, forbrukarar og storhusholding. Formidlinga har skjedd gjennom ulike nett-

stader, artiklar i fagtidsskrift, foredrag og ulike arrangement. Stiftinga deltek på ei rekkje samarbeidsarenaer, og har i 2019 delteke i fleire grupper, mellom anna Matmerk si redaksjonsgruppe for forbrukerretta informasjon og Landbruksdirektoratet si arbeidsgruppe for utarbeiding av eit forslag til jordprogram. Stiftinga legg vekt på dialog og samarbeid med fleire organisasjonar nasjonalt og internasjonalt. NORSØK har eit særskilt omfattande samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving og NIBIO. Innanfor løyvinga har NORSØK òg arbeidd med å samle og utvikle

kunnskap innanfor ei rekkje tema som jordkvalitet, agronomi og klima, fornybar energi, dyrevelferd og driftsopplegg og plantevern.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,9 mill. kroner til stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK). Aktuelle tiltak som skal inngå i løyvinga, vil bli avklart i dialog mellom stiftinga og departementet.

## Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	24 161	30 205	30 205
	Sum kap. 1139	24 161	30 205	30 205

### Post 71 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak

#### Formål med løyvinga

Over post 71 blir det gitt støtte til tiltak innanfor delmålet berekraftig bruk og eit sterkt vern av areal og ressursgrunnlag i landbruket, som ligg under hovudmålet om berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Løyvingar over posten omfattar tiltak for å styrkje nasjonalt og internasjonalt arbeid med å ta vare på og sikre berekraftig bruk av genressursar i jord- og skogbruket. Midlar til prosjektet Miljøregistreringar i skog ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) inngår òg i denne posten.

#### Rapportering 2019

Koordineringa av det nasjonale arbeidet med genressursforvaltning er lagd til Norsk genressurscenter under NIBIO.

Tilskott til bevaring og berekraftig utvikling og bruk av husdyr-, plante- og skogregenetiske ressursar som har eller kan få innverknad på mat og landbruk i Noreg, blir forvalta av Landbruksdirektoratet. Over post 71 blei det i 2019 løyvd tilskott på 7,8 mill. kroner, fordelt på i alt 62 prosjekt. Tilskottet blei gitt til tiltak som bidreg til å nå nasjonale mål og til å oppfylle Noregs interna-

sjonale forpliktingar. Prioriteringar og satsingsområde i gjeldande handlingsplanar for bevaringsverdige husdyrrasar og plante- og skogregenetiske ressursar er difor lagde til grunn for løyvingane. Som tidlegare år gjekk dei fleste tilskotta i 2019 til aktivitetar for å sikre genressursane på lang sikt. Døme på dette er tilskott til avlsag, bevaringsbesetningar og klonarkiv, som tek hand om truga husdyrrasar og plantegenetiske ressursar i samarbeid med Norsk genressurssenter. Det er òg gitt støtte til drifta av genbanken for verpehøns på Hvam, der dei tidlegare kommersielle verpehønslinene er bevarte i ein levande genbank. I 2019 blei det òg gitt tilskott til fleire prosjekt, mellom anna til forskning om immunkomponentar i mjølk frå bevaringsverdige storferasar, utval av norske skogtre til grøntanlegg og uttesting og bruk av historiske nordnorske kornsortar.

Det blei utbetalt vel 1 mill. kroner til den internasjonale plantetraktaten sitt fond for nyttefordeling (Benefit Sharing Fund) over posten. Det svarar til 0,1 pst. av verdien av omsett såvare i Noreg i 2018.

Svalbard globale frøhvelv er etablert for å sikre at den globale matforsyninga i framtida kan dra nytte av det store genetiske mangfaldet innan matplantene våre. Særskilde vekstar av stor verdi for den globale matforsyninga er sikra i kvelvet. Dette spesialbygde fryselageret, som er lagt inn i permafrosten i fjellet, husar sikkerheitskopiar av

frø frå heile verda. Sju institusjonar la til saman inn 32 575 nye frøprøver i 2019. Ved utgangen av 2019 har 78 institusjonar verda over lagra 1 108 526 sikkerheitskopiar i kvelvet på Svalbard. I 2019 blei Statsbygg ferdig med ei stor teknisk oppgradering av frøkvelvet. Ein ny vasssett tunnel mellom inngangsbygget og fjellhallane, eit oppgradert kjølesystem og sikring av dei tekniske installasjonane i eit eige teknisk bygg, vil bidra til å sikre frøkvelvet for framtida òg under eit scenario med eit varmare klima på Svalbard. Frølageret er eit viktig bidrag for Noreg til det internasjonale samarbeidet for bevaring av genetiske ressursar for mat og landbruk. Midlane i 2019 gjekk til drift av frølageret, som mellom anna inkluderer husleige, kapitalkostnader, driftsutgifter til NordGen for arbeid med deponering av frø, ein sams kommunikasjonsstrategi og styrkt driftssikkerheit.

I skogpolitikken har regjeringa som mål å leggje til rette for berekraftig forvaltning av skogressursane. Departementet gir støtte til prosjektet Miljøregistreringer i Skog (MiS), som gir eit fagleg fundament for eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det blei løyvd 4,550 mill. kroner til dette arbeidet for 2019. Miljøregistreringane gir grunnlag for miljøomsyn i skogbruket, for miljøsertifiseringa i skogbruket, og blir nytta av skogeigarane for å finne område som kan vere aktuelle for frivillig vern. Stortinget har vedteke at det er klassifiseringssystemet Natur i Norge (NiN), som Artsdatabanken har ansvaret for, som skal brukast ved offentleg kartlegging av natur. NiN er eit verktøy for å gjere greie for variasjon i naturen, og sikrar mellom anna eit dokumentert og etterprøveleg

kunnskapsgrunnlag til bruk i vurderingar av bruk og vern. NiN er teke i bruk og innarbeidd i MiS-kartlegginga.

Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter fekk til saman tildelt 4,947 mill. kroner i 2019. Sentera har ansvar for å fremje dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Det blir fødd urovekkjande få føl av dei nasjonale rasane, og denne tendensen har vart i ein del år. Fjordhest og nordlandshest/lyngshest har hatt stabile eller svakt aukande bedekningstal dei seinare årane. Fjordhest og nordlandshest/lyngshest har ei stabil innavlsutvikling i siste generasjon. Fagutvalet for avl og bevaring av nasjonale hesterasar leverer årleg ei tilråding til departementet om oppfølging av handlingsplan for bevaring, til støtte for dei prioriteringane av midlar som departementet gjer.

Over posten blei det òg løyvd 0,4 mill. kroner til stiftinga Det norske arboret til arbeidet med samlingar av tre og buskar som eignar seg for norske forhold, og til formidlingsverksemd.

Stiftinga Norsk Hjortesenter fekk i 2019 tildelt 1,124 mill. kroner for å halde fram som kompetansesenter for hjort – både viltlevande og i oppdrett. Hjortesenteret bidreg til kunnskapsutvikling og auka kompetanse om hjort som ressurs, hos private, hos rettshavarar og i forvaltninga.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 30,2 mill. kroner til tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak. Departementet tek sikte på at fordelinga på ulike tiltak vil vere om lag som i tabell 2.5.

Tabell 2.5 Tilskott til genressursforvaltning (i 1000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2020	2021
Genressurstiltak	7 040	7 040
Svalbard globale frøhvelv	10 249	10 249
Nordisk genressurscenter (NordGen)	1 850	1 850
Prosjektet Miljøregistreringer i skog (MiS-prosjektet)	4 550	4 550
Nord-Norsk Hestesenter og Norsk Fjordhestsenter	4 947	4 947
Stiftinga Det norske arboret og Norsk Hjortesenter	1 569	1 569
Sum genressursforvaltning og miljøtiltak	30 205	30 205

Dei genetiske ressursane er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon og tilpassing til nye behov og utfordringar for landbruket.

I eit internasjonalt perspektiv vil trugsmåla mot genetisk variasjon hindre utvikling av eit berekraftig landbruk. Endra klima er ei utfordring som vil krevje tilpassa plante- og dyremateriale i landbruket og tilpassa skogtre i skogbruket.

Midlane på posten bidreg til å oppfylle pliktene Noreg har i Den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk, og i dei vedtekte sektorvise handlingsplanane for husdyr, planter og skogtre under FAOs kommisjon for genetiske ressursar for mat og landbruk.

Vidare vil arbeidet som blir finansiert over denne posten, bidra til å oppfylle Noregs bidrag til FN's mål for berekraftig utvikling. Sidan dette arbeidet er viktig, har Landbruks- og matdepartementet vedteke ein strategi for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk: *Forråd av gener – muligheter og beredskap for framtidens landbruk*. Strategien synleggjer og godkjenner den innsatsen som blir lagd ned på genressursfeltet i dag, og peikar samstundes på eit behov for vidareutvikling og nye tiltak. Den nye strategien for forvaltninga av genressursar innanfor landbruket skal leggjast til grunn for tilskott til genressurstiltak og genressursforvaltninga elles.

Det er ei sentral målsetjing for bruken av desse midlane å sikre langsiktig bevaring av genetiske ressursar ved å stimulere til forpliktande eigeninnsats frå private, lokale og offentlege samarbeidspartnarar. Midlane skal òg bidra til å stimulere til auka bruk og næringsutvikling basert på dei genetiske ressursane, og i møte med nye utfordringar, til dømes klimaendringar.

Departementet vil aktivt følgje opp samarbeidet under Nordisk ministerråd og i NordGen, mellom anna det nordiske samarbeidet om frøforordling, som er eit viktig langsiktig tiltak for å utvikle klimatilpassa plantemateriale. Innanfor NordGen er den faglege verksemda knytt til husdyr og skogtre lokalisert i Noreg. Det er eit mål å utnytte synergieffektar som ligg i samlokalisering med Norsk genressurscenter, og departementet gjer framlegg om støtte til denne verksemda i NordGen med 1,85 mill. kroner. Det er òg sett av midlar på posten til Plantetraktatens fond for nyttefordeling til oppfølging av lovnaden Noreg gav ved opninga av Svalbard globale frøhvelv, om å gi ei årleg støtte som svarer til 0,1 pst. av verdien av årleg omsett såvare. Midlane går til bønder i utviklingsland og deira berekraftige bruk av plantemangfald for å sikre lokal matsikkerheit.

Over posten vil det bli gitt tilskott til drift av Svalbard globale frøhvelv som inkluderer husleige for investeringa i anlegget, driftsutgifter, koordinering av frømottak og informasjon til depositørar og til omverda. Oppgraderinga av frøkvelvet som følgje av klimaendringar på Svalbard blei ferdig i 2019 og inneber ein vasstett tunnel i inngangen, auka tryggleik og eit forbetra og meir miljøvenleg kjølesystem. For departementet inneber dette ei auka husleige i 2021, basert på ein kostnad på 21,4 mill. kroner for forprosjekta og ein kostnad på 169 mill. kroner for sjølv ombyggingsprosjektet som hadde ei styringsramme på 193,1 mill. kroner. Departementet har i samband med den tekniske oppgraderinga også styrkt driftssikkerheita og sett i verk ein ny kommunikasjonsstrategi for frøkvelvet på Svalbard, i samarbeid med NordGen og CropTrust som er departementet sine partar i drifta av frøkvelvet. Det globale tryggingsslageret for frø på Svalbard har god oppslutning frå genbankane i verda, og det er innleidd eit langsiktig samarbeid med mange av dei aller viktigaste institusjonane. Det er framleis stor interesse for det globale frølageret i internasjonale medium og hos allmenta. Internasjonale aktørar, det internasjonale panelet for frøkvelvet og partsmøte i Den internasjonale plantetraktaten er viktige støttespelarar i drifta av frøkvelvet.

Kunnskapsoppbygging i MiS-prosjektet om biologisk mangfald og miljøregistreringar i skogbruksplanlegginga held fram i 2021, og departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,6 mill. kroner til dette. Landbruksdirektoratet har ansvar for registreringsopplegget og gjennomføringa av MiS-kartlegginga. Prosjektet skal i samarbeid med Landbruksdirektoratet følgje opp resultat og erfaringar i vidare arbeid med å utvikle gode og konkrete råd om miljøomsyn i skogbruket som kan innarbeidast i registreringsopplegget. Registreringane vil framleis bli nytta i arbeidet med å finne område som kan vere aktuelle for frivillig vern.

Oppdaterte ressurs- og miljødata frå skogbruksplanlegginga blir forvalta av NIBIO på oppdrag frå Landbruksdirektoratet. I karttenesta Skogportalen hos NIBIO skal framleis MiS-data og annan relevant miljøinformasjon frå ulike kjelder samlast og tilpassast behova til næringa og offentleg forvaltning.

Landbruksdirektoratet skal sørge for at Natur i Norge (NiN) blir ført vidare i skogbruksplanlegginga. Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet har gitt Artsdatabanken i oppdrag å greie ut forhold omkring skogbestandsdynamikk og omgrepet naturskog for å få eit meir standardisert

registreringsopplegg og eit betre og meir eintydig kunnskapsgrunnlag. NiN blir halde ved lag og vidareutvikla av Artsdatabanken.

Departementet gjer òg framlegg om ei løyving på 4,9 mill. kroner til Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter, mellom anna til oppgåver dei utfører i samarbeid med raselaga for å fremje og bevare dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest.

Departementet vil føre vidare støtta til stiftingane Det norske arboret og Norsk Hjortesenter. Norsk Hjortesenter skal, som kompetansesenter, arbeide vidare for at både viltlevande hjort og hjort i oppdrett kan gi grunnlag for auka næringsutvikling og verdiskaping generelt og i landbruket spesielt.

## Kap. 1140 Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	15 989	16 000	14 920
21	Spesielle driftsutgifter	24 391	22 000	21 890
23	Jegerprøve m.m., <i>kan overførast</i>	3 619		
71	Tilskott til viltformål, <i>kan overførast</i>	39 763	41 278	35 278
75	Organisasjonar – haustbare viltressursar	6 346		
	Sum kap. 1140	90 108	79 278	72 088

### Formålet med løyvinga

Kapittelet omfattar utgifter til tiltak innanfor viltforvaltninga. Midlane under kap. 1140 er primært retta mot målet om auka verdiskaping under Landbruks- og matdepartementet, og resultatområda Naturmangfald og friluftsliv under Klima- og miljødepartementet.

Kvart år betaler jegerane inn jeger- og fellingsavgifter til Viltfondet. Desse midlane blir inntektsførte på kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet, post 72 Jeger- og fellingsavgifter, og blir nytta til tiltak som fremjar viltforvaltninga, jf. viltlova § 43.

Inntektsløyvingane over kap. 5576 finansierer utgifter over kap. 1140, post 01, 21 og 71 (Landbruks- og matdepartementets proposisjon), utgifter til viltforskning over kap. 1410, post 50 (Klima- og miljødepartementets proposisjon), og utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420, post 01 (Klima- og miljødepartementets proposisjon). For nærare omtale av avgiftene og forholda mellom kap. 1140, 1410, 1420, 5576 og inntektene til Viltfondet, sjå kap. 5576.

Løn og godtgjersler til fast tilsette innanfor det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1140, men over kap. 1100 Landbruks- og mat-

departementet, kap. 1420 Miljødirektoratet og kap. 525 Fylkesmannsembeta.

Bruken av midlane i Viltfondet blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Dette må sjåast i samanheng med at arbeidet med konkrete tiltak i mange tilfelle krev innsats frå dei frivillige organisasjonane, og at dei sentrale ledda i desse organisasjonane skal kunne ha synspunkt på disponeringa.

Løyvingane skal nyttast til oppgåver under Landbruks- og matdepartementet når tiltaka er retta mot dei haustbare viltartane, men òg til oppgåver under Klima- og miljødepartementet når tiltaka er retta mot artar som ikkje er rekna som haustbare. Landbruks- og matdepartementet stiller årleg midlar til ikkje-haustbare artar til disposisjon for Klima- og miljødepartementet. Budsjettmidlane blir fordelte mellom haustbare og ikkje-haustbare artar basert på erfaringstal.

### Post 01 Driftsutgifter

#### Formål med løyvinga

Midlane under posten er i hovudsak retta mot dei haustbare viltressursane.



Posten dekkjer utgifter til løn og godtgjersler for dei statlege villreinnemndene og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltninga, som det nasjonale Jegerregisteret i Brønnøysund, utarbeiding av jaktstatistikk, utvikling og drift av betalingstema for jegeravgifta og informasjonstiltak.

### Rapportering 2019

Arbeidet i villreinnemndene er ført vidare. For enkelte av nemndene krev skrantesjuka auka innsats. Arbeidet med å digitalisere jegerdokumentasjonen held fram. Dette er òg ei tilpassing til nye rutinar ved Statistisk sentralbyrå (SSB) for å hente inn statistikk over jegerar og utbyttet deira, der jegerane bidreg til ei betre overvaking av viltet.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 14,9 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 1 mill. kroner i forhold til 2020 grunna reduserte administrative utgifter knytte til digitalisering.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

#### Formål med løyvinga

Midlane under posten er retta mot større nasjonale tiltak, mellom anna kjøp av tenester.

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som blir sikra gjennomførte av Miljødirektoratet. Der regionale eller sentrale styresmakter set i verk oppdrag hos andre, eller kjøper tenester der det er krav om ulike leveransar, skal utgiftene dekkjast over post 21. Det gjeld mellom anna nasjonale overvåkingsprogram, forskning og utgreiing.

### Rapportering 2019

Utgifter til drift og utvikling av hjorteviltregisteret blir dekte over denne posten. Hjorteviltregisteret er bygd opp for å sikre opplysningar om jegerobservasjonar og felte dyr under jakt. Kommunen er pålagd å nytte dette i si forvaltning og rapportering av data til statistiske formål, mellom anna til SSB. Registeret er òg sentralt i formidling av data om skrantesjueanalysar. Data frå bestandsovervåkingsprogrammet for hjortevilt blir lagra i registeret. Her blir òg informasjon om alle fallvilttilfelle, mellom anna viltpåkjørsler på veg og bane, lagra. Arbeidet med ny teknisk løysning blei starta opp i 2018, og ført vidare i 2019. Arbeidet

med å utvikle gode prosessar med andre land omkring gåseforvaltninga er ført vidare, og det er òg samarbeid med grunneigarar om hønsefuglportalen. Utgifter til ulike forskingsprosjekt på haustbare artar i regi av forskingsinstitusjonar er ført på post 21, samt drift av program for bestandsovervaking av hjortevilt og helseovervaking av vilt.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 21,9 mill. kroner, om lag uendra frå 2020 til 2021. Løyvinga i 2021 skal prioriterast til nasjonale overvåkingsprogram innan helse og bestand og drift og utvikling av hjorteviltregisteret. Hjorteviltregisteret er sentralt for varetaking og bruk av data om hjortevilt, både for kommunar og andre. Løyvinga må òg sjåast i samanheng med midlane som blir tildelte som tilskott under post 71.

### Post 23 Jegerprøve m.m.

#### Formålet med løyvinga

Løyvinga skal gå til å drifte ordninga med den obligatoriske jegerprøva.

### Rapportering 2019

Sjå nytt kap 1141.

### Budsjettframlegg 2021

Posten er flytta til nytt kap. 1141 frå 2020.

### Post 71 Tilskott til viltformål

#### Formål med løyvinga

Midlane under posten er retta mot auka verdiskaping og oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av viltressursane. Målet for tilskottsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskott av vilt, og til å ta vare på produktiviteten og mangfaldet i naturen regionalt og nasjonalt. Tiltaka som blir sette i verk skal gi betre kunnskap om artar og bestandar og korleis dei kan haustast på beste måten.

Det kan bli gitt tilskott innanfor område som jakt og jaktmoglegheiter, viltkartlegging, innarbeiding av leveområde for vilt og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova, samarbeid om viltforvaltninga lokalt og oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, forskings- og stu-

dentoppgåver og andre særleg prioriterte viltformål. Søknader om tilskott til tiltak som inngår som ein del av eit planbasert arbeid, blir prioriterte.

Innanfor desse rammene skal posten dekkje tiltak i samband med forvaltning av hjortevilt, under dette tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskott til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar og andre.

Vidare skal posten dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, styrking av oppsyn og registrering i villreinområda, og utvikling av driftsplanar. Innbetalte fellingsavgifter skal først tilbake til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda.

Midlar under posten kan òg gå til tilskott til vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er naudsynte for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. I tillegg er tilskottsmidlane som fylkeskommunane nyttar til haustbart vilt førte under denne posten. Den enkelte fylkeskommune gir etter søknad midlar til praktiske tiltak knytte til desse artane. Sidan fylkesmennene på same tid forvaltar tilskottsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde, er det eit krav om god samordning av bruken av midlane.

Det vil òg kunne tildelast tilskott til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innanfor viltforvaltninga.

I tillegg skal posten dekkje utgifter til overvaking for å sikre kontinuerleg oversikt over bestandsstatus og utvikling av artar og grupper av viltartar. Overvakingssjesskjta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk sentrale, regionale og lokale tiltak for forvaltning og justering av verkemiddel og avdekkje kunnskapsbehov.

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskott leverer sluttrapportar, rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Den faktiske verknaden av tilskotta kan ikkje vurderast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samband med andre verkemiddel og årsaksforhold.

### Rapportering 2019

Løyvingane blei i 2019 nytta om lag som tidlegare år. For 2019 blei det levert 707 søknader i Miljødirektoratets elektroniske søknadssenter. Av desse

var 156 stila til Miljødirektoratet, 289 til dei ulike fylkesmannsembeta, og 262 var stila til ulike fylkeskommunar. Det har blitt gitt tilskott til dei fleste aktørar og grupperingar som arbeider med viltforvaltning. Ordninga med elektronisk innlevering av søknader fungerer godt, og ordninga fører til støtte til ulike tiltak i regi av enkeltpersonar, organisasjonar og lag. Løyvingane over posten har òg gjort det mogleg at søkjarar kan medverke i prosjekt der andre har ansvar for hovudfinansieringa, til dømes prosjekt under Noregs forskingsråd. Ordninga er vidare nytta til støtte til studentprosjekt, der slik støtte inneber at det blir gjennomført prosjekt med fagleg relevans for viltforvaltninga.

Det er eit mål at resultatane frå bruken av tilskottsmidlane skal bli tilgjengelege for alle interesserte og slik auke kunnskapen om og spreinga av vellykka former for tiltak. Rapportar frå prosjekt og oppnådde resultat er tilgjengelege under søknadsarkiv i Miljødirektoratets elektroniske søknadssenter. Løyvingane til tilskott og handsaminga av den enkelte søknaden skal samla sett underbyggje dei nasjonale måla. Ettersom det er fleire ulike styresmakter og mange tiltakshavarar, vil det vere ei stor breidd i type tiltak, og i kva som kan oppnåast på eitt enkelt år. Det er for ein stor del dei same som betaler avgift, som nyttar høvet til å søkje om tilskott, og som nyttar resultatane. Dette fører til ein god samanheng mellom tiltakstypar og årlege behov for resultat. Det er vidare slik at ressurstilgangen samla sett er vurdert å vere god nok i forhold til dei prioriterte tiltaka. Dei som nyttar tilskottsordningane eller resultatane, har eigeninteresse i å oppnå dei nasjonale måla, ettersom måloppnåinga er naudsynt for å kunne halde oppe haustinga og ha eit godt nok kunnskapsunderlag for forvaltninga.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 35,3 mill. kroner.

### Post 75 Organisasjonar – haustbare viltressursar

#### Formål med løyvinga

Løyvinga skal leggje til rette for tiltak som fremjar jaktbasert friluftsliv.

### Rapportering 2019

Sjå nytt kap. 1141.

**Budsjettframlegg 2021**

Posten er flytta til nytt kap. 1141 frå 2020.

**Kap. 4140 Haustbare viltressursar**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Jegerprøve, gebyr m.m.	3 631		
	Sum kap. 4140	3 631		

**Post 01 Jegerprøve, gebyr m.m.****Formålet med løyvinga**

Inntektene på posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøva, jf. forskrift 2. april 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst.

**Rapportering 2019**

Sjå nytt kap. 4141.

**Budsjettframlegg 2021**

Posten er flytta til nytt kap. 4141 frå 2020.

**Kap. 1141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
23	Jegerprøve m.m., <i>kan overførast</i>		4 500	3 630
75	Organisasjonar – haustbare viltressursar		6 889	6 889
	Sum kap. 1141		11 389	10 519

**Post 23 Jegerprøve m.m.****Formål med løyvinga**

Løyvinga skal gå til å drifte ordninga med den obligatoriske jegerprøva.

**Rapportering 2019**

Gebyrinntektene frå kap. 4141, post 01 dekkjer utgiftene under kap. 1141, post 23 til å drifte jegerprøveordninga. Inntektene dekkjer vedlikehald av undervisningsmateriell, utdanning av jegerprøveinstruktørar, drift av e-læring, eksamensordninga og elektronisk betalingsløyving for eksamensgebyret, samt vidareutvikling av jegerprøva.

**Budsjettframlegg 2021**

Utgiftene til å drifte den obligatoriske jegerprøva blir venteleg om lag 3,6 mill. kroner, jf. inntekter under kap. 4141, post 01. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4141, post 01.

**Post 75 Organisasjonar – haustbare viltressursar****Formål med løyvinga**

Løyvinga skal leggje til rette for tiltak som fremjar jaktbasert friluftsliv. Ordninga blei etablert for 2019 under kap. 1140, post 75.

**Rapportering 2019**

Det blei i 2019 opna for søknader om tilskott til tiltak som kan gi barn og unge auka forståing for bruk av utmarksressursane. Tilskottsordninga rettar seg først og fremst mot sentral- og fylkesleddet i frivillige organisasjonar og sentrale institusjonar for barn og unge. Desse kan søkje om tilskott til tiltak som fremjar jakt, fangst og hausting som friluftslivsaktivitet.

Det blei i 2019 sett av 2 141 000 kroner til ordninga, som kom i gang i siste halvdel av 2019. Det kom inn fem søknadar, og samla blei det i 2019 utbetalt 1 484 750 kroner i tilskott.

**Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6,9 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje grunnstønad til Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) til aktivitetar knytte til jakt og fangst på haustbare viltressursar og tiltak for stimulere barn og unge til forståing og bruk av utmarksressursane.

Departementet tek sikte på at fordelinga på tiltak vil vere om lag som i tabell 2.6.

Tabell 2.6 Fordeling av midler på kap. 1141, post 75 for 2021 (i 1000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Grunnstønad til Norges Jeger- og Fiskerforbund	4 861	4 861
Tiltak for barn og unge – bruk av utmarksressursar	2 028	2 028
Sum kap. 1141, post 75	6 889	6 889

**Kap. 4141 Haustbare viltressursar**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Jegerprøve, gebyr m.m.		4 500	3 630
	Sum kap. 4141		4 500	3 630

**Post 01 Jegerprøve, gebyr m.m.****Formål med løyvinga**

Inntektene på posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøva, jf. forskrift 2. april 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst.

**Rapportering 2019**

I 2019 var det til saman 11 806 eksamensgjennomføringar, noko som var ein nedgang på om lag 1 000 frå året før. Sjå kap. 1141, post 23.

**Budsjettframlegg 2021**

Det er venta inntekter på posten på 3,6 mill. kroner. Kvar kandidat som gjennomfører jegerprøveeksamen må betale eit eksamensgebyr per eksamensforsøk. Jegerprøvegebyret blei sist endra i 2015. Departementet gjer framlegg om å justere gebyret i 2021 frå 300 kroner til 330 kroner, med bakgrunn i auka kostnader knytte til drift av jegerprøveordninga, prisutvikling i marknaden, i tillegg til færre eksamensgjennomføringar. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarende utgiftene under kap. 1141, post 23, til å drifte ordninga med jegerprøva. Kap. 1141, post 23, kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten.

**Kap. 1142 Landbruksdirektoratet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	259 004	241 733	240 203
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	2 281	12 051	12 051
50	Arealressurskart	7 715	7 676	7 638
60	Tilskott til veterinærdekning	180 471	170 286	174 945
70	Tilskott til fjellstuer	808	816	816
71	Tiltak for berekraftig reindrift, <i>kan overføres</i>	4 355	4 513	4 500
72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	471	452	492
73	Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	105 529	55 610	55 610
74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagde beitenekt		1 000	1 000
75	Tilskott til klimarådgiving på gardar	7 132		
76	Tilskott til oppkjøp av mjølkekvoter			188 500
77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overføres</i>	13 016	160 000	350 000
78	Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overføres</i>		20 000	20 000
80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overføres</i>		500	500
	Sum kap. 1142	580 782	674 637	1 056 255

**Post 01 Driftsutgifter****Formål med løyvinga**

Hovudformålet med løyvinga er drift av Landbruksdirektoratet.

Landbruksdirektoratet er eit utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet er òg sekretariat for Omsetnadsrådet, styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen, styret for Utviklingsfondet for skogbruket, Reindrifststyret, styret for Reindriftens utviklingsfond og Marknadsutvalet for reinsdyrkjøtt.

Hovudoppgåva til Landbruksdirektoratet er samordna, heilskapleg og effektiv forvaltning av

økonomiske og juridiske verkemiddel retta mot primærlandbruket, landbruksbasert næringsmiddelindustri og handel. Verkemidla på området, som Landbruksdirektoratet skal forvalte i samsvar med lov, forskrift og/eller regelverk for ordningane, skal bidra til god måloppnåing innanfor hovudmåla for landbruks- og matpolitikken. Landbruksdirektoratet skal gjennom kontroll og oppfølging av avvik bidra til å sikre at verkemidla blir forvalta trygt og effektivt i samsvar med regelverket.

Landbruksdirektoratet skal, i tillegg til å administrere dei ulike ordningane, vere eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet skal ha oversikt over utviklingstrekk i ressursgrunnlaget og heile verdikjeda, bidra til erfaringsutveksling med næringa og samarbeid med anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatoppnåing opp mot gjeld-

ande politiske mål og gi innspel til departementet om utvikling av verkemiddel, under dette forenkling. Landbruksdirektoratet skal drive formidling av fag- og forvaltningskompetanse og av landbruks- og matpolitikk til regional og lokal forvaltning.

Landbruksdirektoratet skal samarbeide med fylkesmennene for å bidra til god lov- og tilskottsforvaltning på regionalt og lokalt nivå, mellom anna kontroll.

Landbruksdirektoratet har desse forvaltningsområda:

- areal, skogbruk, ressursforvaltning og økologisk landbruk
- reindrift
- inntekts- og velferdspolitiske tiltak
- marknadstiltak, handel og industri
- digitalisering og organisasjon

### Rapportering 2019

Landbruksdirektoratet er lokalisert i Oslo, Steinkjer og Alta. Regjeringsvedtaket hausten 2017 om å flytte 30 årsverk frå Oslo til Steinkjer, kravde mykje merksemd i direktoratet òg i 2019. Eininga i Steinkjer vil vere ferdig etablert i oktober 2020.

Direktoratet la i 2019 vekt på å utvikle verksemda og tenestene direktoratet forvaltar vidare. I 2019 leverte Landbruksdirektoratet eit omfattande utgreiingsmateriale til jordbruksoppgjeret og forhandlingane om reindriftsavtalen. Direktoratet har òg vore ein sentral bidragsytar i ulike utval og arbeidsgrupper.

Digitalisering er eit strategisk satsingsområde for direktoratet og eit sentralt verkemiddel for å oppnå måla i direktoratet sin strategiske plan. Direktoratet arbeider målretta for å sikre at digitalisering skal gi nytte for direktoratet, forvaltninga og landbruksnæringa. I 2018 starta arbeidet med ei ny løysing for forvaltning av importvernet og foredla råvarer (RÅK). Den første hovudleveransen, ein tollkalkulator, blei ferdig hausten 2019. Nye digitale tenester for reindrifta blei òg tekne i bruk. I 2019 leverte 82 pst. melding om reindrift digitalt og 92 pst. søkte om tilskott digitalt.

Direktoratet fekk fleire nye oppdrag på ulike område i 2019. Forskrift for kompensasjon etter avviking av hald av pelsdyr blei fastsett i november og Landbruksdirektoratet fekk det overordna ansvaret for forvaltninga av ordninga. I tillegg kom ansvaret på rovviltområdet, der direktoratet skal gi fagleg støtte til Fylkesmannens arbeid som sekretariat for rovviltnemndene, og å

uttale seg i samband med forvaltningsplanar for rovvilt.

Arbeidet med å sikre at reintalet er tilpassa beitegrunnlaget, blei ført vidare i 2019. Reintalet i Finnmark krev enno tett og aktiv oppfølging. Utviklinga i reindriften er positiv på fleire område. Marknad og prisar har vist ei god utvikling over tid. Reindriftsstyret har stadfesta bruksreglar for alle sams beiteområde i Vest-Finnmark som gir betre grunnlag for ei stabil drift framover. Direktoratet har òg arbeidd med å utarbeide rundskriv og rettleiarar til reindriftslova. I 2019 blei det etablert beredskapsutval i reindriften i Finnmark. Beredskapsutvala blir leia av fylkesmannen.

Landbruksdirektoratet har fleire verkemiddel som bidreg til å sikre matforsyninga og stabile prisar. Gjennom importvern og tollnedsetjing har Landbruksdirektoratet lagt til rette for avsetnad av norsk produksjon, samstundes som det er lagt til rette for supplerande import og oppfylling av internasjonale forpliktingar.

I 2019 fekk Landbruksdirektoratet rolla som sekretariat for Grøntutvalet, jordbruksavtalepartane si satsing på grøntsektoren. Målet med arbeidet var å auke norskdelen og møte etterspørselen etter norskprodusert vare.

Oppgåva med å setje opp statistikk for matsvinn i jordbrukssektoren blei òg gitt til Landbruksdirektoratet i 2019. Målet er å halvere matsvinn per innbyggjar innan 2030. Arbeidet er godt i gang. Statistikken vil måle svinn i primærleddet, og vil bli publisert i 2021.

Landbruksdirektoratet har ei rådgivande og rettleiande rolle på jordvernområdet. I 2019 leverte direktoratet ei utgreiing om landbruket si eiga nedbygging av dyrka jord. I tillegg blei fleire ulike utgreiingar gjennomførte for å auke kunnskapen om korleis landbruket sitt bidrag til miljø og klima kan styrkast. Dette inneber redusert tap av jord, avrenning og utslepp til luft frå jordbruksdrifta. 2019 var første søknadsåret etter revidering av dei regionale miljøprogramma. I tråd med føringane frå jordbruksoppgjeret har tiltak som gjeld utslepp til luft fått auka prioritet.

Ordninga med utvalde kulturlandskap i jordbruket blei i 2019 utvida med tre nye område. Det er no 44 utvalde kulturlandskap i jordbruket. Ny forskrift om Utvalde kulturlandskap i jordbruket og Verdsarvområda blei vedteke 27. desember 2019, og vedtaksmyndigheita blei flytta frå fylkesmannen til kommunen.

I skogbruket har det vore høg aktivitet med eit rekordstort avverkingsvolum. Det har vore satsa målretta på betre infrastruktur, auka forynging av skog, samt miljø og klimatiltak. Tilskott til klima-

tiltaka gjødsling og tettare planting av skog auka, og det blei innvilga fleire tilsegner til skogsvegar og tømmerkaier.

Landbruksdirektoratet samarbeider med miljøforvaltninga i areal- og miljøsaker. I 2019 har direktoratet på fleire område levert utgreiingar saman med Miljødirektoratet. Døme på dette er sluttrapport og evaluering av pilotfasen for Planting av skog på nye areal som klimatiltak og utgreiing om bruk av utanlandske treslag. Hausten 2019 blei det arbeidd mykje med utgreiinga Klimakur 2030 både innan jordbruk og skogbruk.

I 2019 blei forbetring og utvikling av dei ulike IKT-systema prioritert. Det blei lagt vekt på utvikling av ny systemløyving for importvern og foredla jordbruksråvarer (RÅK), gjort eit digitaliseringsløft for fagsystemet for skogordningane (ØKS), og utvikling av Agros, som er ei sams løyving for over 25 ulike ordningar inkludert kompensasjonsordninga for pelsdyr. I 2019 gjennomførte direktoratet ei utgreiing om nytt søknads- og sakshandsamingssystem for erstatningsordningane i landbruket.

Landbruksdirektoratet etablerte i 2019 eit responsmiljø for handtering av kritiske IKT-hendingar (landbruks- og matCERT) for landbruks- og matsektoren.

Innføringa av den nye personvernforordninga (GDPR) har vore vektlagt. IKT-tryggleik for dei ulike fagsystema blei òg prioritert og arbeidet med å verne systema, data og tenestene mot uautorisert tilgang, skade eller misbruk heldt fram. Landbruksdirektoratet har sett ut drift, vedlikehald og utvikling av IKT.

Landbruksdirektoratet har i 2019 halde fram arbeidet med målretta og effektiv kontroll med tilskottsforvaltninga. Riksrevisjonen har påpeikt utfordringar grunna delegert forvaltning av ordningane produksjonstilskott og avløyserstilskott. Direktoratet arbeider med å utvikle ein meir effektiv internkontroll knytt til forvaltninga av ordningane. Direktoratet vil leggje større vekt på formalisering, systematisering og risikovurderingar. Dette inneber òg endring i fagsystemet eStil PT og presisering av krav og forventningar til oppfølging og kontroll i rundskriv og instruksar.

Landbruksdirektoratet skal følgje opp at fylkesmennene tek ansvar for den regionale forvaltninga og kontrollen på landbruksområdet på ein formålstenleg måte. Fylkesmennene har vidare ansvar for å følgje opp at kommunane gjer sine oppgåver knytt til forvaltning og kontroll på landbruksområdet.

Direktoratet har òg kartlagt kva for ordningar som framleis krev forskrift.

Nærare omtale av aktiviteten i Landbruksdirektoratet i 2019 finst i årsrapporten på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no).

### Budsjettframlegg 2021

Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Landbruksdirektoratet. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 240,2 mill. kroner.

Framlegget inneheld kompensasjon for ein varig auke av driftsutgiftene som følgje av den nye eininga i Steinkjer. Det blir prioritert å sikre eit stabilt drifts- og fagmiljø i Steinkjer, samstundes med at direktoratet utfører dei andre oppgåvene på ein tilfredsstillande måte.

Regjeringa vil auke kunnskapen om landbruket sin arealbruk. Rett og god arealbruk er avgjerande for å setje landbruksnæringane i stand til å vareta og utvikle nye arbeidsplassar i distrikta basert på bruk av naturressursar. Landbruksdirektoratet har ei viktig rolle i å levere kunnskap av høg kvalitet om dette. Framlegget til løyving omfattar 6 mill. kroner for å styrkje det faglege arbeidet med arealbruken i landbruket knytt til oppgåver innanfor klima og miljø. Som ein del av dette er det særleg viktig å styrkje arbeidet med varetaking av den landbruksfaglege sida av den todelte målsetjinga i rovviltpolitikken. Den auka satsinga på desse områda skal bidra til styrking av direktoratet si eining i Steinkjer.

Framlegget inneheld òg ei rammeoverføring på 0,335 mill. kroner til kap. 1605, post 01 Driftsutgifter DFØ. Bakgrunnen er at Landbruksdirektoratet har gått over frå del- til fullservice rekneskapstenester frå Direktoratet for forvaltning og økonomisk styring (DFØ).

Nedanfor følgjer ein nærare omtale av viktige oppgåver på dei enkelte forvaltningsområda i 2021.

#### Areal, skogbruk, ressursforvaltning og økologisk landbruk

Landbruksdirektoratet vil i 2021 føre vidare arbeidet med å bidra til eit berekraftig skogbruk og ein effektiv infrastruktur i skogen.

Når det gjeld klima- og miljøomsyn i jordbruket, vil Landbruksdirektoratet utvikle tiltaka vidare med sikte på forenkling og målretting til beste for klima, miljø og næring. Ei prioritert oppgåve vil vere å leggje til rette for ei målretta gjennomføring av tiltak for å redusere klimagassutsleppa, slik som gjødslingstiltak, biogass og dyrkings- og driftspraksis med mål om å auke karbonbindinga i jorda. Regional og lokal oppfølging

av vassforskrifta og arbeid med kulturlandskap vil òg vere viktige oppgåver for Landbruksdirektoratet i 2021.

Landbruksdirektoratet vil bidra til at interessene til landbruket blir tekne vare på i saker knytt til naturmangfaldlova. Det er behov for merksemd på jordvern på alle nivå for å ta vare på god matjord. Direktoratet samarbeider med Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) i oppfølginga av den nasjonale jordvernstrategien.

Landbruksdirektoratet vil ha eit samarbeid med Miljødirektoratet på klima- og miljøområdet. Dette gjeld særleg utgreiing av tiltak og verkemiddel med mål om reduserte utslepp av klimagassar, binding av karbon og fornybar energi.

Direktoratet vil òg følgje opp den nasjonale strategien for økologisk jordbruk og tiltaka i Økologiprogrammet. Direktoratet vil bidra til auka samordning og informasjons- og kunnskapsdeling i det økologiske samarbeidsforumet for aktørar som forvaltar verkemiddel over jordbruksavtalen.

Landbruksdirektoratet vil ta hand om den landbruksfaglege sida i rovviltpolitikken og leggje til rette informasjon om utviklinga i beitenæringane (husdyr, rein).

Landbruksdirektoratet vil i 2021 arbeide for å sikre ei god og effektiv forvaltning av statens naturskadeordning.

## Reindrift

Innrapportert samla reintal i Finnmark er no tilnærma på det nivået som er fastsett i bruksreglane. Landbruksdirektoratet vil i 2021 arbeide for å halde oppe grunnlaget for ei økologisk berekraftig reindrift ved å sikre eit stabilt reintal. Saman med fylkesmannen vil direktoratet følgje opp dei siidaandelane som har auka reintalet utover det som er fastsett, ved å nytte føresegnene i reindriftslova. Landbruksdirektoratet vil vurdere behovet for offentleg kontrollerte teljingar i heile reinbeiteområdet i samråd med fylkesmannen. Teljinga i 2019 avdekte eit distrikt med for høgt reintal, og fylkesmannen avkorta difor tilskotta til dei gjeldande siidaandelane.

Landbruksdirektoratet vil føre vidare arbeidet med å stimulere til best mogleg produksjon i reindriften. For å ha kontroll med utviklinga i reindriften, vil Landbruksdirektoratet hente inn og gjere tilgjengeleg naudsynte grunnlagsdata frå totalregnskapet og melding om reindrift.

Ny digital løysing for innlevering av melding om reindrift og søknad om tilskott til siidaandelar

og tamreinlag er teken i bruk. Delen digitale brukarar er i dag på om lag 80 pst. Det er behov for ei oppgradering av systema som ligg bak innleveringsløysinga. Direktoratet vil difor halde fram planlegginga av vidareutvikling av reindriftsystema i 2021.

Vidareutvikling av sjølvstyret i reindriften står sentralt i arbeidet for å nå dei reindriftpolitiske måla. Direktoratet vil i nær dialog med departementet arbeide aktivt med ulike tiltak for å styrkje sjølvstyret og internkontrollen i reindriften.

Landbruksdirektoratet vil i 2021 følgje opp Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift. Lang tradisjon – unike muligheter*. Dette gjeld mellom anna obligatorisk individmerking av rein og tilgjengelegging av reintal internt i næringa.

Landbruks- og matdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under posten med opp til 0,5 mill. kroner ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. framlegg til vedtak III.

## Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Innspel til målretting, forvaltning, forenkling og kontroll av dei økonomiske verkemidla over jordbruksavtalen er viktige òg i 2021.

Landbruksdirektoratet vil i 2021 arbeide vidare med å styrkje grunnlaget for ei god forvaltning av produksjonstilskotta i jordbruket og tilskott til avløyning ved ferie og fritid. Arbeidet med å styrkje grunnlaget for ei god forvaltning av husdyrkonsesjonsregelverket vil òg bli prioritert.

Omsetnadssrådet har finansiert utvikling av nytt IKT-system for kvoteordninga for mjølk. Det har som mål om å forenkle forvaltningsprosene i ordninga og skal slutførast og takast i bruk i omsetnaden av kvoter i 2021 med verknad frå 2022.

Landbruksdirektoratet vil arbeide for å betre forvaltninga av pristilskotta, der meieria, slakteria og andre mottaksanlegg er tilskottsformidlarar. Direktoratet vil utvikle forvaltninga av verkemiddel til næringsutvikling og kompetanseutvikling vidare.

Landbruksdirektoratet er sekretariat for to forskingsstyre; styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og styret for forskingsmiddel over jordbruksavtalen. Sekretariatet vil i 2021 føre vidare arbeidet med å leggje til rette for eit effektivt og velfungerande styrearbeid gjennom god saksførebuing og oppfølging av vedtak, for å sikre forskning av høg kvalitet til størst mogleg nytte for næringa.



Marknadstiltak, handel og industri

Landbruksdirektoratet vil i 2021 arbeide for å sikre ei god forvaltning av dei ulike marknadsordningane for jordbruksråvarer, der like konkurransevilkår for aktørane står sentralt.

Direktoratet vil som sekretariat for Omsetningsrådet følgje opp endringane etter gjennomgangen av regelverket for marknadsbalansering i jordbruket.

Landbruksdirektoratet vil forvalte importvernet for landbruksvarer i tråd med unilaterale, bilaterale og multilaterale forpliktingar, der avsetnad for norske landbruksvarer er eit viktig mål.

Landbruksdirektoratet vil føre vidare arbeidet med faglege analysar og grunnlagsmateriale til bruk i internasjonale forhandlingar (WTO, EU, EFTA), og rapportering i samsvar med internasjonale forpliktingar. Direktoratet vil òg bidra med analysar i samband med Brexit.

Landbruksdirektoratet vil halde fram med å følgje med på konkurransesituasjonen til den mest konkurransesette industrien som foredlar jordbruksråvarer (RÅK-industrien).

Landbruksdirektoratet vil følgje med på dei nasjonale og internasjonale marknadene for landbruksvarer, sørge for å ha relevant og oppdatert informasjon om forsyningssituasjonen og analysere og rapportere om utviklinga.

Digitalisering og organisasjon

Landbruksdirektoratet vil utvikle vidare styringsystema i verksemda og halde fram arbeidet med å effektivisere verksemda og tenestene.

Digitaliseringsplanen i Landbruksdirektoratet skal bidra til prioriteringar av tiltak som gir nytte for brukarane, samarbeidspartnarane og direktoratet. I 2021 vil arbeidet med å digitalisere tenestene halde fram.

I 2021 vil arbeidet med å utvikle nye nettsider slutførast. Målet er å skape nettsider som tek utgangspunkt i behovet til brukarane. Nettsidene og dei digitale tenestene skal vere effektive, lett tilgjengelege og trygge å bruke.

Direktoratet har fått finansiering til fleire utviklingsprosjekt i 2021. Dette gjeld digital løysing for nydyrking i Agros, kartløyning for SMIL-ordningane, fullføring av digitalisering av skogforvaltninga og utvikling av eit nytt søknads- og sakshandsamingssystem for erstatningsordningane i landbruket.

Arbeidet med tryggleik og beredskap vil vere eit viktig område òg i 2021.

## Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

### Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje utgiftene til oppfølging av Noregs ansvar ved gjennomføringa av ny reingjerdekonvensjon med Finland, og til konvensjons-gjerda mot Sverige, Finland og Russland. Posten skal òg dekkje utgiftene til oppfølging av reinbeiteavtalar i Røros-regionen og til vedlikehald av gjerda i Hemsedal og Lærdal.

I tillegg skal posten dekkje eventuelle erstatningskrav frå finske og russiske styresmakter i samsvar med gjeldande reingjerdekonvensjon og avtalar.

### Rapportering 2019

Det er gjennomført skogrydding av den første delen av delstrekning 2 og 3 etter gjeldande reingjerdekonvensjon med Finland. Vidare er det gjennomført vedlikehald av konvensjonsgjerda mot Sverige, Finland og Russland og vedlikehald av gjerda i Røros-området.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 12,1 mill. kroner.

Våren 2016 ratifiserte Noreg ny reingjerdekonvensjon mellom Noreg og Finland. Hausten 2016 ratifiserte òg Finland konvensjonen. Avtalen inneber mellom anna at det er norsk ansvar å føre opp gjerde på strekninga Karigasniemi–Levajok. Kostnaden for dette er berekna til 17,6 mill. kroner i perioden 2018–2021. Løyvinga i 2021 skal dekkje oppføring av den siste gjerdestrekninga.

Posten skal òg dekkje andre kostnader knytte til gjennomføring av reingjerdekonvensjonen mellom Norge og Finland, mellom anna møte i norsk-finsk reingjerdekommissjon. Posten skal òg dekkje vedlikehald av gjerde mot Finland, Sverige og Russland.

## Post 50 Arealressurskart

### Formål med løyvinga

Over posten blir det gitt støtte til vedlikehald av eit arealressurskart (AR5) som gir næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet.

### Rapportering 2019

Løyvinga er brukt til arbeidet med oppdatering og vedlikehald av arealressurskarta (AR5) hos NIBIO. Karta blir viste mellom anna i løysinga Gårdskart på nett og er viktige i samband med kontroll av tilskottsordningar.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,6 mill. kroner.

### Post 60 Tilskott til veterinærdekning

#### Formål med løyvinga

Tilskottet skal bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell.

Tilskott til veterinærdekning har sidan 2008 blitt gitt som eit øyremerkte tilskott. Hovuddelen av posten har gått til klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid.

Posten blir òg nytta til stimuleringstiltak for å bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. I tillegg blir eit mindre beløp nytta til veterinærtenester på Svalbard.

### Rapportering 2019

Midlane er fordelte til kommunane. Eit mindre beløp har vore nytta til veterinærtenester på Svalbard.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 174,9 mill. kroner.

### Post 70 Tilskott til fjellstuer

#### Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å halde oppe tryggleiken i veglaust terreng for mellom andre reingjetarar. Departementet har i dag tre statseigde fjellstuer – Joatka, Mollisjok og Ravnastua. Fjellstuen blir drivne på kontrakt med Landbruksdirektoratet. Fjellstuen har plikt til å halde ope heile året.

### Rapportering 2019

Det er gitt tilskott til alle fjellstuen. I tillegg til fast driftstilskott, blei det i 2019 òg gitt variabelt

tilskott til innkjøp av naudsynt utstyr til alle fjellstuen.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,8 mill. kroner.

### Post 71 Tiltak for berekraftig reindrift

#### Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å finansiere ulike tilpassingar og tiltak for å leggje til rette for ei berekraftig reindrift. Reinteljing og oppfølging av godkjende bruksreglar er sentrale tiltak, i tillegg til kontrolltiltak retta mot grenseoverskridande reinbeite mellom Noreg og Sverige.

Auka kunnskap om produksjon og tap vil vere viktig, både for å dempe konflikter og for ei berekraftig forvaltning av reindriftnæringa. Kostnader knytte til slik kunnskapsutvikling blir dekte over denne posten. Utover dette er formålet med løyvinga å dekkje ei rekkje tiltak for å følgje opp både reindriftslova og grensereinbeite-lova, overvakingsprogrammet for Finnmarksvidda, enkelte utviklings- og utgreiingskostnader og digitalisering av arealbrukskart for reindriften.

### Rapportering 2019

Det er gjennomført teljing av rein i Finnmark og Trøndelag i 2019. Sluttrapporten for prosjektet Overvakingsprogrammet for Finnmarksvidda blei publisert i 2019. Digitalisering av arealbrukskart for reindriften og utarbeiding av mellombels digital løysing for melding om reindrift og søknad om tilskott til siidaandelar og tamreinlag, er utført etter planen.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,5 mill. kroner.

Posten skal nyttast til kontroll og oppfølging av fastsett reintal og godkjende bruksreglar. Posten skal òg nyttast til kontroll av grenseoverskridande beite og handheving av beitetider og bruk av beiteområde.

Det krev ekstra innsats å følgje opp distrikt der talet på rein ikkje er i samsvar med beiteressursane, og der talet på utøvarar er for høgt til at målet om økonomisk berekraft blir nådd. Oppfølginga inneber mellom anna at det skal leggjast til rette for fellestiltak for betre infrastruktur, og

at det framleis skal stimulerast aktivt til auka slakting og omsetnad av reinkjøtt. Kva for tiltak som blir sette i verk og finansierte over posten, vil vere avhengig av mellom anna situasjonen i det enkelte distriktet og den gjeldande marknadssituasjonen.

Oppfølging av fastsett reintal og godkjende bruksreglar er prioriterte oppgåver både for direktoratet og for fylkesmannen i 2021. Vidare vil Landbruksdirektoratet og fylkesmannen i 2021 prioritere kontrolltiltak retta mot grenseover-skridande reinbeite mellom Noreg og Sverige.

## Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite

### Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen, jf. føresetnadene i overskjønnet heimla av Frostating lagmannsrett 2. september 1999, og beiteleige ut frå inngåtte reinbeiteavtalar med grunneigarane i Trollheimen.

### Rapportering 2019

Det blei i 2019 utbetalt fastsette årlege erstatningar til 45 personar.

Utgifter til beiteleige til Trollheimen/Igelfjellet Reinbeiteforening for driftsåret 2018/2019 er dekte over denne posten.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei overslagsløyving på 0,5 mill. kroner.

## Post 73 Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon

### Formål med løyvinga

Formålet med ordninga er å gi produsentar erstatning for tap og dekning av visse utgifter i samband med pålagde tiltak mot sjukdommar, smittestoff og skadegjerarar hos dyr og planter, jf. § 22 i Ot.prp. nr. 100 (2002–2003) *Om lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (matlova)*. Tilskottet skal òg dekkje tap i samband med tiltak som blir sett i verk som følgje av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) i svinehaldet, tiltak for å redusere innhaldet av radioaktivitet i storfe og småfe og enkelte andre kompensasjonar for å lette etterleving av

krava i matlova og plikter i primærproduksjonen, jf. matlova § 31.

### Rapportering 2019

#### Skadegjerarar i planteproduksjon

Erstatning i planteproduksjon var i 2019 på omlag 6,27 mill. kroner for sanering av tospovirus i produksjon av begonia, bakteriebladflekk i jordbærproduksjon og førsanering av soppssjukdomen laukkvitrate i laukproduksjon.

#### Pålagd slakting

Som i 2018 er årsaka til kostnadene i hovudsak relatert til erstatning etter pålegg om sanering for multiresistente stafylokokkar i svinebesetningar (MRSA). All utbetaling for MRSA-sanering blei gjort etter påvisning av smitte tidlegare år og i all hovudsak knytt til ein besetning i Nordland. Øvrige husdyrsjukdommar medførte i 2019 12,5 mill. kroner i erstatning.

#### MRSA-kompensasjon

Det har i fleire år vore ei omfattande sanering av LA-MRSA i norske svinebesetningar. Det har ført til ein auke i utbetalningar i 2019.

#### Radioaktivitet

Forureininga etter atomulykka i Tsjernobyl skaper framleis problem for beitebruken enkelte stader på Indre Austlandet og i Midt-Noreg. For å motverke dette blir det brukt giesesalt, som reduserer opptaket av radioaktivt cesium i dyr på beite. For høge verdiar av radioaktive stoff kan føre til at slaktet ikkje kan brukast til mat. Omfanget av erstatningsutbetalningar er i stor grad knytt til omfanget av sopp på utmarksbeite seint i beitesesongen og til omfanget av kontrollmåling av radioaktivitet. Det var som vanleg mest nedføring i Oppland, og utbetalt kompensasjon var under gjennomsnittet for dei siste fem åra i alle fylke med unntak av Nordland.

Landbruksdirektoratet kjøpte i 2019 inn nytt lager av saltslikkestein tilsett giesesalt samt giesesalt for tilsetning i kraftfôr som førebyggjande tiltak for beitedyr i radioaktive område.

Ny rammeavtale for produksjon og lagring av saltslikkestein tilsett giesesalt og giesesalt for tilsetning i kraftfôr blei òg inngått i 2019. Det er behov for å gjere innkjøp til ny lagerbeholdning annakvart år. I tråd med den nye rammeavtalen vil kvart innkjøp fram i tid bli på om lag 10,9 mill. kroner.

### **Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei overslagsløyving på 55,6 mill. kroner.

### **Post 74 Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagde beitenekt**

#### **Formål med løyvinga**

Løyvinga på posten blir brukt til å gi dyreeigarar økonomisk kompensasjon når Mattilsynet som følgje av fare for rovviltangrep, har gjort vedtak om beiterestriksjonar for storfe og småfe med heimel i dyrevelferdslova.

#### **Rapportering 2019**

Mattilsynet gjorde ingen vedtak om restriksjonar i bruk av utmarksbeite i 2019 som førte til utbetalingar av kompensasjon same år.

### **Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,0 mill. kroner.

### **Post 75 Tilskott til klimarådgiving på gardar**

#### **Formål med løyvinga**

Tilskottsordninga omfattar både etablering av metodar for datafangst og eit system for klimarådgiving på gardar i regi av Norges Bondelag. Prosjektet blir drive av Landbrukets Klimaselskap.

#### **Rapportering 2019**

Løyvinga er frå budsjettåret 2019 flytta til kap. 1150, post 50 Landbrukets utviklingsfond. Det er i 2019 utbetalt 7 mill. kroner på posten. Dette var overførte midlar frå 2018 til 2019 som følgje av at enkelte aktivitetar blei utsette.

### **Post 76 Tilskott til oppkjøp av mjølkekvoter**

#### **Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å finansiere ein del av oppkjøpet av 40 mill. liter mjølkekvote for å tilpasse den nasjonale mjølkeproduksjonen etter at moglegheita for eksportsubsidiar blei teken bort frå 1. juli 2020.

Eksportsubsidiar til mjølk har i hovudsak blitt brukte til sal av Jarlsbergost i USA. Tine har

etter endringa lagt opp til at denne produksjonen skal skje i Irland. Det reduserer grunnlaget for norsk mjølkeproduksjon tilsvarende. Partane i jordbruksoppgjøret blei den 16. oktober 2019 samde om å gjennomføre ei tidsavgrensa oppkjøpsordning med sikte på å kjøpe ut 40 mill. liter mjølk. Avtalen innebar at staten skulle dekkje 5 kroner per liter av kostnaden opp til maksimalt 200 mill. kroner. Kostnadene utover dette blir dekte av omsetnadsavgifta. Det blei fastsett ulik pris i kvar av kvoteregionane, og den samla kostnaden ved heile kvotekjøpet på 40 mill. liter er berekna til 537 mill. kroner.

### **Budsjettframlegg 2021**

Det er per 1. juni 2020 godkjent sal tilsvarende 37,7 mill. liter kvote. Selde kvoter skal løysast inn i 2021, og heile beløpet må budsjetterast dette året som ei eingongsløyving. Med eit statleg bidrag tilsvarende 5 kroner per liter gir det eit tilskott på 188,5 mill. kroner.

Landbruksdirektoratet administrerer oppkjøpsordninga. Oppkjøpet skal gjennomførast med finansiering frå Omsetnadssrådet sitt fond, og midlane på posten skal overførast dit. Departementet legg til grunn at om enkelte produsentar skulle trekkje seg frå ordninga, blir unyttta løyving betalt tilbake.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 188,5 mill. kroner.

### **Post 77 Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald**

#### **Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å gi kompensasjon for avvikling av pelsdyrhald. Stortinget vedtok 13. juni 2019 lov om forbod mot hald av pelsdyr, jf. Prop. 99 L (2018–2019). Med dette har Stortinget vedteke eit forbod mot hald av pelsdyr etter 1. februar 2025 og at departementet kan gi forskrifter om økonomisk kompensasjon og om tilskott til omstilling til oppdrettarar som heldt pelsdyr 15. januar 2018.

Departementet fastsette 27. november 2019 forskrift om kompensasjon etter avvikling av pelsdyrhald. Stortinget fatta 11. februar 2020 fleire oppmodingsvedtak knytte til kompensasjonsordninga. Mellom anna blei det fatta vedtak der regjeringa blei bedt om å endre kompensasjonsordninga, slik at det blir gitt kompensasjon som om det dreier seg om eit ekspropriasjonsarta inngrep. Regjeringa arbeider med oppfølging av vedtaka

knytte til kompensasjonsordninga. Fram til endringane blir sette i verk, kan pelsdyroppdrettarar som har avvikla drifta, søkje kompensasjon etter gjeldande ordning. Dei vil få høve til å søkje på nytt og få utbetalt eventuell tilleggskompensasjon når den nye ordninga er på plass.

I tillegg til kompensasjonsordninga som skal endrast, blir ein del etablerte ordningar førte vidare i tråd med Stortingets oppmodingsvedtak. Dette gjeld kompensasjon for kostnader til riving og opprydding etter avvikling av pelsdyrhaldet og kompensasjon for lågare alderspensjon til visse pelsdyroppdrettarar.

Ein mindre del av løyvinga kan bli brukt til administrative kostnader i samband med ordninga.

Kompensasjonen er ei regelstyrt ordning, og løyvinga vil bli tilpassa naudsynte utbetalingar. Den enkelte vil få utmålt og utbetalt kompensasjon etter fastsett regelverk. I praksis er difor kompensasjonsordninga å rekne som ei overslagsløyving.

### Rapportering 2019

Det blei motteke ein søknad i 2019 om kompensasjon ved avvikling av pelsdyr.

### Budsjettframlegg 2021

Det er knytt uvisse til kva som er rett nivå på løyvinga på posten, mellom anna fordi nytt regelverk ennå ikkje er fastsett. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 350,0 mill. kroner.

### Post 78 Tilskott til omstilling for pelsdyroppdrettarar

#### Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å lette omstillinga for pelsdyroppdrettarar i samband med forbod mot hald av pelsdyr, jf. Prop. 99 L (2018–2019). Dette

omfattar i hovudsak ei ordning med tilskott til omstilling som blir forvalta av Innovasjon Norge. Løyvinga vil òg bli nytta til tilskott til arbeidsretta kompetanseheving for pelsdyroppdrettarar, forvalta av Landbruksdirektoratet. Posten var ny i budsjettåret 2020.

Ein mindre del av løyvinga kan bli brukt til administrative kostnader i samband med ordningane.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 20,0 mill. kroner.

### Post 80 Radioaktivitetstiltak

#### Formål med løyvinga

Staten sitt ansvar for å dekkje kostnader som følgje av radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulykka har som prinsipielt utgangspunkt det vedtaket som regjeringa gjorde om økonomisk skadesløyse 31. juli 1986. Regelverket for radioaktivitetstiltak i reindrifta blir fastsett etter dialog mellom avtalepartane, på same måte som forskriftene etter reindrifftsavtalen.

Mattilsynet overvakar nivået for radioaktivitet, og fastset grenseverdier for radioaktivitet i mellom anna reinkjøtt. Dersom reinkjøttet i eit område ligg over grenseverdien, kan det givast tilskott som kompensasjon for ekstrakostnader knytte til dette.

### Rapportering 2019

I 2019 var nivået for radioaktivitet på eit så lågt nivå at det ikkje var behov for tiltak.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,5 mill. kroner.

## Kap. 4142 Landbruksdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsinntekter, refusjonar m.m.	53 907	44 363	45 554
	Sum kap. 4142	53 907	44 363	45 554

**Post 01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.**

Posten gjeld driftsinntekter som Landbruksdirektoratet har i samband med mellom anna sekretariatet for Omsetnadsrådet, styret for Fondet for for-

skingsavgift på landbruksprodukt og Utviklingsfondet for skogbruket, administrasjon av ulike fond, prisutjammingsordninga og kvoteordninga for mjølk. Inntekter frå gebyr blir òg førte på posten.

**Kap. 1148 Naturskade – erstatningar**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	67 452	168 000	159 000
	Sum kap. 1148	67 452	168 000	159 000

**Post 71 Naturskade, erstatningar****Formål med løyvinga**

Statens naturskadeordning gir erstatning for dei naturskadane det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning, og løyvinga skal brukast til å dekkje desse utgiftene. Søknader om erstatning for naturskadar etter naturskadeerstatningslova blir handsama etter ein rein forvaltningsmodell. Landbruksdirektoratet avgjer sakene i førsteinstans, mens klagen blir avgjorde av Klagenemnda for naturskadesaker som klageinstans.

**Rapportering 2019**

I 2019 blei det handsama 370 saker. Det blei gitt tilsegner om erstatning for om lag 80 mill. kroner. Utbetalingane i 2019 var på om lag 72 mill. kroner og gjeld erstatningssaker for 2018 og tidlegare år. Tilsegner om erstatning blir gitt med ein utbetningsfrist på tre år.

Ansvar som utgjer gitte, men ikkje innfridde tilsegner om erstatning, var 31. desember 2019 på om lag 82,8 mill. kroner.

**Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 159,0 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 87,0 mill. kroner for 2021, jf. tabell 2.7 og framlegg til vedtak IV.

Tabell 2.7 Tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar i 2021 (i mill. kroner)

Ansvar 1.1.2020	82,8
+ Venta tilsegner i 2020	153,0
= Sum	235,8
- Venta erstatningsutbetalningar i 2020	149,8
= Venta ansvar 31.12.2020	86,0
+ Takseringskostnader, IKT-vedlikehald o.a.	7
+ Venta nye tilsegner i 2021	153,0
= Sum	246,0
Forslag til løyving i 2021	159,0
Forslag til tilsegnfullmakt i 2021	87,0

Klimaframskrivingar viser at vi i Noreg må rekne med meir ekstremvêr. Med ei slik utvikling kan det bli fleire og meir omfattande naturskadar i åra framover.

Dei som blir råka av naturskade, har på visse vilkår rett til erstatning over Statens naturskadeordning etter naturskadeerstatningslova. Det knyter seg uvisse til budsjetteringa for ordninga. Dette kjem av at omfanget av naturulukker varierer frå år til år, og at erstatninga blir utbetalt etter at skaden er utbetra. Vidare er fristen for utbetring tre år, noko som òg verkar inn på den årlege utbetalinga. Ved budsjetteringa av løyvinga blir difor normalt eit gjennomsnittså for naturskadar lagt til grunn, og det er i tillegg knytt ei tilsegnfullmakt til posten.

Direktoratet skal sørge for at krav om erstatning for naturskadar blir handsama raskt og forsvarleg. Direktoratet skal dessutan raskt kunne setje inn målretta og utvida innsats når det skjer store naturulukker.

Landbruks- og matdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av mellom anna styringsdialog, rapportar og informasjon om økonomi.

Løyvinga skal dekkje innfriing av både tilsegner som blir gitt i 2021, og uteståande tilsegner frå tidlegare år. Vidare skal løyvinga dekkje kost-

nader ved taksering av skadar, informasjonstiltak og andre tiltak som bidreg til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulukker eller aukar verknaden av ressursane som blir nytta på naturskadeområdet. Løyvinga skal òg dekkje utgifter som trengst til ekstrahjelp, og vedlikehald og vidareutvikling av IKT-systemet for ordninga. I tillegg skal utgifter til Klagenemnda for naturskadesaker dekkjast av posten.

## Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 506	3 488	4 971
71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	92 300	78 774	72 674
73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	51 606	38 944	44 690
	Sum kap. 1149	147 412	121 206	122 335

### Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

#### Formål med løyvinga

Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl.res. datert 25. februar 1977, med endringar sist av 4. desember 2014. Fondet har til oppgåve å støtte opp om forskning, utvikling, informasjon og opplæring innanfor skogbruket. I styret for fondet er offentleg forvaltning og private organisasjonar innanfor skogsektoren representerte. Landbruksdirektoratet er sekretariat for fondet.

#### Rapportering 2019

I 2019 blei det løyvd 3,5 mill. kroner til fondet. I alt fekk ni nye prosjekt tilskott.

#### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei samla løyving på 5,0 mill. kroner til Utviklingsfondet for skogbruket. Midlane frå fondet vil i første rekkje gå til brukarretta FoU-verksemnd med klare problemstillingar og mål. Fondet skal bidra til prosjekt

som utviklar og styrkjer skogbruket som ei rasjonnell, økonomisk og berekraftig næring.

### Post 71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket

#### Formål med løyvinga

Skogen og eit aktivt skogbruk gir viktige bidrag til sysselsetjing og verdiskaping i heile landet, i tillegg til viktige klimagevinstar. For å styrkje desse bidraga vil regjeringa leggje til rette for at ein større del av det produktive skogarealet som kan drivast lønsamt, blir teke i bruk, mellom anna ved auka hogst, hausting av virke til biobrensel og oppbygging av ny skog. Ein formålstenleg infrastruktur, med samanhengande betre standard frå skog til industri og vidare til marknadene, er eit satsingsområde for regjeringa. Som det går fram av Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, og strategidokumentet *Skog- og trenæringa – ein drivar for grøn omstilling* (2019), er ein god infrastruktur avgjerande for konkurransekrafta til skogsektoren og for det positive bidraget til verdiskaping for distrikta og landet som skogsektoren gir. Løyvinga

skal bidra til vidareutvikling av ein betre transportinfrastruktur for skog- og trenæringa i tillegg til andre verdiskapingstiltak i skogbruket.

### Rapportering 2019

Det blei utbetalt om lag 92,3 mill. kroner til infrastrukturtiltak i skogbruket over posten i 2019, under dette 65,5 mill. kroner til tømmerkaier og 26,8 mill. kroner til vegar. Det blei gitt tilsegn om midlar til fem tømmerkaiprojekt langs kysten: Lierstranda i Buskerud, Fusa i Vestland, Stokmarknes, Steigen og Andøya i Nordland. Til saman blei det gitt tilsegn på 53,9 mill. kroner til tømmerkaiprojekt i 2019.

Det blei bygd om lag 137 km nye skogsbilvegar og bygd om lag 368 km eldre skogsbilvegar i 2019. Dette er ein auke frå 2018. Aktiviteten må sjåast i samanheng med løyvingane til det same formålet over kap. 1150, post 50.

Ansvaret på posten 31. desember 2019 var på 117,3 mill. kroner.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 72,7 mill. kroner til verdiskapingstiltak i skogbruket i 2021.

Tilskott frå posten vil bli gitt til verdiskapings-tiltak med vekt på tiltak som bidreg til å redusere transportkostnadene. Behovet for investeringar i infrastruktur er stort over heile landet, men kyst- og innlandsfylka har ulike utfordringar. I mange av kystfylka står mykje av den skogen som i dag er hogstmoden, eller som snart blir det, langt frå veg eller i vanskeleg tilgjengeleg terreng, noko som gjer det kostnadskrevjande å utnytte ressursane. I innlandsfylka er ein stor del av skogsvegnettet gammalt og treng opprusting for å oppfylle transportbehova og dei krava som moderne transportutstyr stiller.

Tilskott til investeringar i betre skogsvegar er målretta og prioriterte tiltak for auka hogst og meir kostnadseffektiv tømmertransport. Desse investeringane vil òg bidra til betre klimatilpassing av vegnettet i skogbruket, mellom anna gjennom tiltak som minskar faren for erosjon og lausmasseskred ved kraftig nedbør. Kommunale hovudplanar for skogsvegar er eit godt verktøy for å utvikle skogsvegnettet vidare.

Tilgang til kai og sjøtransport opnar for kostnadseffektive leveransar av tømmer, flis og andre treprodukt til foredlingsindustrien i Noreg og til marknader nasjonalt og internasjonalt. Tømmerkaier er blitt stadig viktigare som følgje av end-

ringar i marknadene for tømmer og treprodukt dei siste åra, òg i etablerte skogområde på Sør- og Austlandet. Midlar over denne posten skal bidra til bygging og ombygging av kaier og kaiterminalar for rasjonell transport og logistikk knytt til tømmer. Gode planprosessar og overføring av kunnskap og erfaring frå prosjekt til prosjekt er viktig i dette arbeidet. Landbruksdirektoratet forvaltar ordninga med tilskott til kaiprojekt for departementet.

Infrastrukturtiltaka har positive sysselsetjings- og verdiskapingseffektar og styrkjer konkurransekrafta i skognæringa. Som for 2020 vil departementet bruke ein kombinasjon av løyving og tilsegnfullmakt som verkemiddel for ei effektiv planlegging og gjennomføring av større infrastrukturtiltak der investeringane skjer over fleire år.

Sidan tilskotta ikkje alltid kjem til utbetaling same året som det blir gitt tilsegn, gjer departementet framlegg om ei tilsegnfullmakt for 2021 på 126,3 mill. kroner for å kunne dekkje ansvar frå tidlegare år, jf. tabell 2.8 og framlegg til vedtak IV. Beløpet er basert på ein prognose frå Landbruksdirektoratet.

Tabell 2.8 Tilsegnfullmakt til infrastrukturtiltak i 2021 (i mill. kroner)

Ansvar 1.1.2020	117,3
+ Venta tilsegner i 2020	77,7
= Sum	195,0
- Venta utbetalningar i 2020	78,8
= Venta ansvar 31.12.2020	116,2
+ Venta nye tilsegner i 2021	82,8
= Sum	199,0
Forslag til løyving i 2021	72,7
Forslag til tilsegnfullmakt i 2021	126,3

## Post 73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak

### Formål med løyvinga

Skogen spelar ei viktig rolle for klimaet. Regjeringa vil halde fram med å leggje til rette for tiltak som kan ta vare på eller styrkje karbonlageret i skogen, og slik at meir bruk av fornybart skogråstoff kan erstatte fossile utslepp i andre sektorar.

Posten omfattar òg bidrag til stiftinga Det norske Skogfrøverk, som har som oppgåve å sikre



forsyninga av skogfrø i Noreg. Bidraget frå departementet er basert på ein avtale med Skogfrøverket om forvaltningsoppgåver frå 1995.

### Rapportering 2019

Det blei løyvd 38,9 mill. kroner til tilskott til skog-, klima- og energitiltak i 2019.

Av dette blei det sett av 24 mill. kroner til klimatiltaka tettare planting etter hogst og til gjødsling av skog. Når overførte midlar frå 2018 blir tekne med, viser rekneskapen at det blei gitt om lag 31 mill. kroner i tilskott til tettare planting på 266 000 dekar. Det blei vidare gitt tilskott på om lag 5,5 mill. kroner til gjødsling av om lag 37 500 dekar. Det blei òg løyvd 8,8 mill. kroner til Det norske Skogfrøverk til forvaltningsoppgåver. Oppgåvene omfattar kontroll etter forskrift om skogfrø og skogplanter, produksjons- og utviklingsoppgåver og informasjons- og opplæringstiltak knytte til anlegg for frøproduksjon. Det blei òg gitt ei ekstra løyving på 6 mill. kroner til Det norske Skogfrøverk for å styrkje skogplanteforedlinga som eit klimatiltak i skogbruket.

Det blei dessutan løyvd 650 000 kroner til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) for det norske bidraget til det nordisk-baltiske prosjektet Future Forest. Prosjektet har som formål å definere bruksområde for gran- og furuproveniensar i Norden. Det norske bidraget er ei oppfølging av utgreiinga om moglegheitene for meir nordisk samarbeid i skogfrø- og skogplanteforsyninga, og det er venta at resultatata vil gi grunnlag for bruk av plantemateriale som er betre tilpassa klimaet i Norden.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei samla løyving på 44,7 mill. kroner til klimatiltak i skog, som oppfølging av klimaforliket og Meld. St. 41 (2016–

2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid.*

Landbruksdirektoratet forvaltar ordningane med tilskott til tettare planting og gjødsling. Klimatiltaka blir rekna som kostnadseffektive og er blant dei billigaste klimatiltaka som kan gjennomførast nasjonalt. Tiltaka har eit langsiktig potensial til å auke opptaket av CO<sub>2</sub> i skog med 3,7 mill. tonn CO<sub>2</sub> årleg. Ordningane er baserte på skog- og miljøfaglege kriterium utarbeidd av Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

Skogplanteforedling av treslaget gran er ein viktig del av forvaltningsoppgåvene til Skogfrøverket. Skogfrøverket fornyar no frøplantasjar med det beste materialet frå plantasjar av gran som blei etablerte i 1960- og 1970-åra. Fornying av skogfrøplantasjar er avgjerande både for ei satsing på skogplanteforedling som klimatiltak, og for å halde oppe produksjonen av foredla frø som i dag. Det er òg ønskeleg at større delar av landet får tilgang til foredla frø gjennom etablering av nye frøplantasjar, og at det blir starta eit foredlingsprogram for furu. Departementet gjer framlegg om ei løyving til Skogfrøverket på 9 mill. kroner til forvaltningsoppgåver og 6 mill. kroner til arbeidet med langsiktig skogplanteforedling og utvikling.

Departementet vil òg gi ei løyving til prosjektet PlanteValg ved NIBIO på om lag 650 000 kroner. Dette prosjektet tek i bruk resultatata frå prosjektet Future Forest. Arbeidet er no i ein ny fase der det blir lagt til rette for at modellar for tilpassing og bruksområde for gran og furu blir teke inn i ei digital nettløysing. Prosjektet PlanteValg skal gi skogeigaren og vegleingsapparatet eit betre grunnlag for å velje best mogleg plantemateriale for forynging av skog. Desse klimatiltaka vil auke opptaket av karbon i skogen. Tiltaka vil samstundes styrkje ressursgrunnlaget, og dermed grunnlaget for verdiskaping i skog- og trenæringa i eit langsiktig perspektiv.

**Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	26 280	14 533	18 400
50	Tilskott til Landbrukets utviklingsfond	1 193 933	1 250 553	1 295 553
70	Marknadstiltak, <i>kan overføres</i>	303 750	303 747	273 145
71	Tilskott ved avlingssvikt, <i>overslagsløyving</i>	380 652	43 000	46 500
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	3 529 660	3 800 600	3 896 050
74	Direkte tilskott, <i>kan overføres</i>	8 939 538	9 404 044	9 566 800
77	Utviklingstiltak, <i>kan overføres</i>	257 381	281 980	291 309
78	Velferdsordningar, <i>kan overføres</i>	1 476 968	1 547 195	1 553 145
	Sum kap. 1150	16 108 162	16 645 652	16 940 902

**Formål med løyvinga**

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Verkemidla under jordbruksavtalen skal samla sett gi rammevilkår som fører til ei god måloppnåing både for næringa og for samfunnet. Ei vurdering av hovudmåla post for post på budsjettkapitlet gir ikkje fullgod informasjon. Difor er det heller ikkje tenleg å ha ei eiga resultatrapportering på kvar enkelt ordning. I omtalen under dette kapitlet gjer departementet årleg greie for hovudtrekka i tilpassingane for ulike ordningar og for bruken av ulike aktørar i forvaltninga av ordningane.

**Marknadsregulering og pristilskott/frakttilskott**

Tilskott til produsert volum, til marknadstiltak og til frakt blir dekte over fleire ordningar under kap. 1150, post 70 og 73, og i nokon grad under post 77. Satsane er baserte på fastsette kriterium, som produktgruppe, levert volum, distrikt m.m. Grunnlaget for tilskotta som blir utbetalte til produsentane via eit omsetnadsledd, vil normalt vere det same som grunnlaget for oppgjeret mellom omsetnadsledd og produsent. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og verkemiddel som verkar saman mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla basert på rapportering frå Budsjettnemnda for jordbruket i samband med den årlege proposisjonen om jordbruksoppgjeret. Rapporteringa blir i tillegg supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå

heile forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar.

Tilskott som blir utbetalte via eit omsetnadsledd, skil seg òg frå normalprosedyren ved at tilskottsmottakarane normalt ikkje søker om tilskottet. Storleiken på tilskotta er ei direkte følge av levert vare til omsetnadsleddet. Omsetnadsledda gjer ikkje eigne vurderingar ved forvaltninga av tilskotta. Dei blir difor ikkje rekna som tilskottsforvaltarar, men som medhjelparar. Vidare blir det ikkje sendt eigne tilskottsbrev til produsentane. Tilskottsbeløpet går normalt fram av avrekninga for kvar leveranse. Det blir heller ikkje kravd rapport, og det blir ikkje utført kontroll hos tilskottsmottakarane (produsentane), fordi tilskottet blir gitt mot levert vare. Naudsynt kontroll blir sikra gjennom kontroll hos omsetnadsledda som leverer grunnlaget for utbetalingane, og som formidlar tilskottet til den enkelte produsenten. Samla sett bidreg dette til ei kostnadseffektiv forvaltning av ordningane.

**Direkte tilskott og tilskott til velferdsordningar m.m.**

Desse ordningane ligg under jordbruksavtalen kap. 1150, post 74 og 78. Også under post 77 har ein slike ordningar. Dei direkte tilskotta er baserte på objektive kriterium slik som talet på dyr, areal, produksjonstype, mengd og distrikt. Satsane står i forhold til løyvd beløp og prioriteringar mellom ulike produksjonstypar, produksjonsomfang og lokalisering av driftseiningane. Velferdsordningane er i hovudsak tiltak for å refun-

dere kostnader til avløyning for sjukdom og moglegheit for ferie/fritid i verksemdar som krev arbeid alle dagar i året. Ein står her overfor den same problemstillinga når det gjeld målformulering og kriterium for måloppnåing som for tilskott til marknadsregulering, pris og frakt, sjå ovanfor. For ordningane med direkte tilskott og velferdsordningar vil resultatrapporteringa òg i hovudsak skje samla basert på rapportering frå Budsjett-nemnda for jordbruket i samband med proposisjonen om jordbruksoppgeret. Det er heller ikkje for denne gruppa av ordningar aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane. Det gjeld òg for ordningane med tilskott til veterinære reiser, der tilskott blir utbetalt etter søknad om refusjon av utgifter som allereie er oppsamla. Her kan det ikkje stillast vilkår om kva midlane skal nyttast til, eller krevjast rapportering om bruken av midlane.

#### Kollektive overføringar

På enkelte område er det administrativt meir effektivt å overføre tilskott samla frå departementet og/eller Landbruksdirektoratet direkte til ein sams mottakar, framfor først å utbetale tilskott til kvar produsent, som så betaler inn til same sluttmottakar. Godtgjersla i sjukepengeordninga for bønder er finansiert gjennom ei kollektiv overføring frå jordbruksavtalen til Folketrygdfondet. Ei anna kollektiv overføring er innbetaling av omsetnadsavgift for frukt og grønt på post 70. Oppfølginga av desse ordningane vil vere å føre over løyvde beløp til rett mottakar. I tillegg må ein regelmessig vurdere om ordningane verkar som føreset, og om overføringane gir eit rett uttrykk for reelle utgifter.

#### Tilskott til skogkultur og miljøtiltak

Tilskott til skogkultur og miljøtiltak, som blir løyvde med heimel i forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket, blir utbetalte som ein refusjon av dokumenterte utgifter. Søknad blir sendt kommunen etter at tiltaket er gjennomført. Det blir ikkje søkt om tilsegn på førehand, og tilskottsbrevet frå kommunen inneheld ikkje spesifikke vilkår om kva tilskottet skal brukast til, eller kva rapporteringskrav som gjeld.

Kommunane utarbeider retningslinjer for prioritering av tilskotta. Årlege kunngjeringsar gir informasjon om kva tiltak som gir rett til tilskott, og om den maksimale delen av tiltaket som tilskottet dekkjer. Kontroll av tilskottet skjer ved søknadshandsaminga. Dersom løyvingsramma er avgrensa, kan tilskottsdelen bli redusert. Den delen av tiltakskostnaden som ikkje blir dekt av

tilskott, kan dekkjast av skogfondsmidla til skogeigaren. Det dreier seg årleg om mange tusen tiltak, og tilskottsbeløpa er ofte relativt små. Rapporteringskravet blir dekt ved at spesifiseringa av tiltaket er registrert i Landbruksdirektoratets fagsystem for skogtiltak.

#### Forvaltning

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Landbruksdirektoratet. Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane blir direkte dekte innanfor løyvingane over kap. 1142, over kap. 525 til fylkesmennene i budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, over kap. 571 rammetilskottet til kommunane og kap. 572 rammetilskottet til fylkeskommunane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Løyvinga over kap. 1150, post 21 skal dekkje kostnader i samband med utgreiingar i arbeidsgrupper, evalueringar og utvikling av nye IKT- og fagsystem i Landbruksdirektoratet for forvaltning av tilskott over kap. 1150. For å kunne ha fleksibilitet kan det òg i nokre tilfelle vere aktuelt å dekkje utviklings- og utgreiingskostnader over tilskottsordningane.

På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom organ som ikkje er ein del av statsforvaltninga. Dette gjeld særleg Innovasjon Norge. Kommunane er førstelinestyresmakt for dei fleste økonomiske verkemidla på landbruks- og matområdet, og omsetnadsledda har som omtalt ei medhjelparrolle i utbetalinga av tilskott til produsentane. I tilfelle der ikkje-statlege aktørar er tilskottsforvaltarar har departementet klargjort ansvar og oppgåver for desse aktørane. På nokre område er det fastsett at eit styre, utval eller råd skal tildele tilskottsmidla, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat og har ansvar for alle dei andre forvaltningsoppgåvene. Departementet legg til grunn at tilskottsforvaltninga likevel skjer innanfor statsforvaltninga.

Departementet og dei som tilskottsforvaltninga er delegert til, arbeider kontinuerleg med å få eit så godt kontrollsystem som mogleg. Det er etablert prosessar for å styrkje den kontrollfunksjonen fylkesmennene har på landbruksområdet. Det blir mellom anna sett krav til fylkesmannsembeta om at dei kvart år skal utarbeide ein risikobasert kontrollplan og gjennomføre føretaks-kontroll og forvaltningskontroll av kommunar. Når det gjeld kompetanse i landbruksforvaltninga har fylkesmannen og Landbruksdirektoratet ei kontinuerleg oppfølging gjennom rettleiing og rådgiving, kommunebesøk, og særskilde sam-

lingar og kompetansetiltak retta mot dei landbruksansvarlege i kommunane.

Samla sett har det målretta arbeidet med kontroll og oppfølginga av kontroll dei siste åra gitt gode resultat. Likevel er det framleis utfordringar med kontroll og vidareutvikling av kontrollsystema i landbruket. Det gjeld særleg å sikre at kommunane har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar, og at fylkesmannen og kommunane får ei meir systematisk oppfølging av avvik. Departementet legg til grunn at det er eit kontinuerleg behov for forbetring av kontrollsystema.

Riksrevisjonen har i fleire samanhengar peika på at systemet for kontroll med utbetalingar av tilskott over jordbruksavtalen og den rolla kommunane har i tilskottsforvaltninga må bli betre. Landbruks- og matdepartementet vil følgje opp dette området vidare framover.

### Rapportering 2019

Ved sida av å produsere varer og tenester for ein marknad er norsk landbruks- og matsektor leverandør av ei rekkje fellesgode, det vil seie gode som ikkje kan omsetjast i ein marknad. Verkemidla bidreg til at hovudmåla for politikken blir nådde gjennom produksjon av varer og tenester for ein marknad i kombinasjon med produksjon av fellesgode.

For å nå hovudmåla for politikken er mange av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å bidra til lønsam produksjon over heile landet, for å optimalisere den geografiske produksjonsdelinga og i nokon grad påverke måten produksjonen skjer på. Mange av tilskottsordningane er horisontale ordningar, det vil seie at dei på same tid verkar inn på fleire av måla. Det gjeld mellom anna tilskott som skal sikre det økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målspesifikke, vil òg kunne påverke andre mål. Dette gjer at tradisjonell resultatmåling av eit konkret tiltak eller tilskott ikkje gir fullgod informasjon.


Når det gjeld måla for landbrukspolitikken, som er omtalte mellom anna i del I, er det òg fleire verkemiddel for å nå desse, både over jordbruksavtalen og over andre kapittel i budsjettet. Det omfattar mellom anna økonomiske tiltak retta mot

næringsutvikling, busetjing og sysselsetjing, verkemidler for matsikkerheit m.m. Produksjon av trygg mat er òg ein grunnleggjande føresetnad for næringspolitikken i jordbruket, men dei spesifikke verkemidla er i stor grad av ikkje-økonomisk karakter, og dei matpolitiske verkemidla ligg utanfor avtalen. Det finst òg fleire juridiske verkemiddel som kan verke mot same mål som dei økonomiske. Dessutan er dette tiltak og rammer for sjølvstendige næringsutøvarar. Alt i alt gjer dette at måloppnåinga ikkje kan målast på enkelte tiltak, men på indikatorar som viser utviklingstrekk i næringa samla sett. Kapittel 2 i Prop. 118 S (2019–2020) om jordbruksoppgjeret 2020 gir ei oversikt over sentrale utviklingstrekk for dei måla som er relevante for dei verkemidla som er omfatta av jordbruksavtalen. Sjå elles resultatrapporteringa i del III.

### Produksjons- og marknadsutvikling


I perioden 2011 til 2020 har det samla produksjonsvolumet i jordbruket auka med 4,9 pst. i følgje normalisert rekneskap. Produksjonen av husdyrprodukt har i perioden auka med 5,5 pst., men etterspørselen etter produkt frå det grasbaserte husdyrhaldet har stagnert dei siste åra. Likevel har produksjonen av storfekjøtt auka, slik at reduksjonen i etterspørselen er teken som ein reduksjon i import. Produksjonen av fjørfekjøtt og egg har auka med om lag 27 pst. sidan 2011.

Produksjonen av planteprodukt har i same periode auka med 3,6 pst. Dei første åra etter 2011 gjekk arealet til planteproduksjon ned og avlingsutviklinga var svak, mellom anna som følgje av dårleg vær. Sidan 2013 har produksjonen av planteprodukt auka, mellom anna som følgje av fleire gode kornår. Unntaket er tørkesommaren 2018, der kornproduksjonen gjekk ned med 48 pst. samanlikna med 2017. Det er grunn til å tru at utviklinga i kornarealet til 2019 er påverka av at fleire produsentar ønskte å byggje opp fôr-lageret dei mista i 2018, og dermed produserte gras framfor korn på enkelte areal. Produksjonen av grønsaker har i same periode auka med nær 30 pst., og produksjonen av frukt har hatt ein auke på opp mot 15 pst.



Figur 2.1 Endring i produksjonsvolum for husdyr- og planteprodukt, 2011–2020, iflg. normalisert rekneskap

Kjelde: Budsjettnemnda for jordbruket



Figur 2.2 Endring i produksjonsvolum fordelt på produksjonar, 2011–2020, iflg. normalisert rekneskap

Kjelde: Budsjettnemnda for jordbruket

### Sjølvsyningsgrad/heimemarknadsdel

Sjølvsyningsgraden syner heimemarknadsdelen målt som energi, dvs. kor mykje av maten som blir konsumert som er produsert i Noreg, og er eit av fleire mål på kva marknadsdel den norske matsektoren har i den norske matmarknaden. Sjølvsyningsgraden for varer produsert i jordbruket er påverka av dei naturgitte produksjonsforholda, vêret, ulike krav til kvalitet, prisar, landbrukspolitiske verkemiddel og internasjonale avtalar om handel. I berekninga av sjølvsyningsgraden blir det ikkje teke omsyn til eksport, eller til moglegheita for å leggje om produksjonen til produkt med høgare energigrad om landet kjem i ein situasjon som skulle krevje det. Sjølvsyningsgrad er difor ikkje noko godt mål på moglegheitene til å dekkje behovet av matvarer med

nasjonal produksjon, til dømes i ein situasjon der all import blir stoppa over lengre tid.

Sjølvsyningssevna seier noko om kva som kan gjerast i ein krisesituasjon, for å sikre befolkninga forsyning av energi og andre næringsstoff for eit fullverdig kosthald. Dette målet inkluderer omlegging av forbruk i retning energirike plantevekstar, korn, poteter og grønsaker, og ei dreining av produksjonen mot tilsvarende produkt. Ein krisesituasjon vil òg ofte føre til endringar i produksjonen som følgje av risikoen for redusert tilgang på innsatsmidlar som maskinar og reiskapar, reservedelar, gjødsel og andre driftsmiddel. For å berekne sjølvsyningssevna må ein definere kva slags krise det er snakk om.

Tala for sjølvsyningssevna er utarbeidd i april, før dei nye anslaga for produksjon og inntekt var klare. Det er difor nytta tal frå 2010 til 2019.

Tabell 2.9 Andelen av matvareforbruket på energibasis som er produsert i Noreg, 1979–2019 (i prosent)

	1979	1989	1999	2009	2017	2018	2019 <sup>1</sup>	2019 <sup>3</sup>
Korn som mjøl <sup>2</sup>	13	23	33	34	38	20	21	27
Poteter, friske	93	99	81	79	78	55	72	1,2
Potetprodukt	67	93	75	85	73	82	81	2,0
Potetmjøl <sup>4</sup>	75	84	100	99	87	89	88	0,8
Sukkervarer, honning	2	3	0	1	1	1	1	9,5
Grønsaker	72	73	57	48	50	45	46	1,8
Frukt og bær	29	27	6	5	5	6	6	4,1
Kjøtt	92	97	97	95	92	95	95	13,0
Storfe	.	.	96	89	81	86	86	2,8
Kalv	.	.	100	100	100	100	100	0,0
Sau/Lam	.	.	98	95	99	97	98	0,9
Geit	.	.	100	100	100	100	100	0,0
Hest	.	.	100	100	98	98	97	0,0
Svin	.	.	97	98	97	97	97	6,7
Fjørfe	.	.	99	98	98	98	97	2,2
Rein	.	.	76	99	100	100	100	0,1
Vilt	.	.	96	97	93	93	94	0,2
Kjøttbiprodukt	86	96	98	98	99	99	98	0,7
Egg	100	100	97	99	99	99	98	1,6
Fisk	94	88	80	80	80	80	80	1,8
Mjølkk	100	100	100	100	100	100	100	3,9
Yoghurt	.	.	99	98	87	87	88	1,2
Konserv. mjølkeprod.	86	100	100	99	99	99	99	2,7
Fløyte, inklusive rømme	100	100	100	100	100	100	100	2,5
Ost	97	97	95	89	85	84	83	6,4
Smør	92	100	99	97	98	98	98	2,8
Margarin	44	40	20	20	20	20	20	6,0
Anna feitt	60	20	20	20	20	20	20	3,7
Erter, nøtter og kakao	0	0	0	0	0	0	0	5,6
Ris	0	0	0	0	0	0	0	1,8
Norskprodusert i alt (sjølvforsyningsgrad)	49	50	47	49	50	45	45	
Produsert i norsk jordbruk	41	44	45	47	49	44	44	
Produsert i norsk jordbruk, på norsk fôr	35	36		43	43	36	36	

<sup>1</sup> Førebelse tal<sup>2</sup> Inkludert bakevarer<sup>3</sup> Matvara sin del av det samla engrosforbruket (uavhengig av norsk eller import)<sup>4</sup> Omrekna til friske poteter f.o.m. 1999

Kjelde: Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)

Sjølvsforsyningsgraden blir rekna for det året produksjonen blir nytta. Avlingssvikten som følgje av tørken sommaren 2018 påverka dermed sjølvsforsyningsgraden både for 2018 og 2019. At produksjonen av korn om lag blei halvert samanlikna med eit normalår hadde særleg innverknad på dette.

For husdyrprodukt er sjølvsforsyningsgraden i Noreg gjennomgåande høg. Den norskproduserte delen av kjøtt er om lag 95 pst. av totalforbruket. Husdyrprodukt har høgt innhald av protein, og sjølvsforsyningsgraden for protein er om lag 70 pst. Naturgitte forhold gjer at sjølvsforsyningsgraden for energirike planteprodukt til mat er klart

lågare. Fleire energirike vekstar kan ikkje produsert i Noreg, og frukt- og grøntsektoren er i konkurranse med import.

Sjølvsforsyningsgraden seier ikkje noko om kvar innsatsvarane i produksjonen kjem frå. Mange av produksjonsmidla i jordbruket blir importerte. Etter fleire år med reduksjon, auka den samla delen av norske råvarer i kraftfôret i perioden 2014 til 2017. Årsaka til dette var i stor grad gode kornavlingar, men òg auka merksemd bruken av norske råvarer i kraftfôret dei siste åra. I 2018 og 2019 er delen norsk råvare i kraftfôret redusert som følgje av avlingssvikta for korn sommaren 2018.

Tabell 2.10 Andelen av råvarer i kraftfôr til husdyr som er produsert i Noreg, 2001–2019 (i prosent)

	2001	2005	2010	2015	2017	2018	2019 <sup>1</sup>
Feitt	72	62	50	49	56	52	55
Karbohydrat	83	89	77	73	78	73	60
Protein	23	16	17	5	5	4	4
Til saman	74	76	65	55	60	57	48

<sup>1</sup> Førebelse tal  
Kjelde: Landbruksdirektoratet

Andelen av norsk råvare i kraftfôret blir òg påverka av dei proteinkjeldene som blir nytta i fôret. Dei siste åra har soya som proteinkjelde blitt redusert og erstatta av proteinråvarer med høgare karbohydratinnhald. Det gir mindre rom for bruk av norsk fôrkorn. Den norskproduserte kveiten er etterspurt som råvare i kraftfôrproduksjonen, og auka produksjon av kveite kan bidra til å auke norskdelen i kraftfôret. Sjølv om det i normalår er rom for å auke kornproduksjonen, gjorde gode kornavlingar i 2019 at det berre har vore behov for å importere eit mindre kvantum korn til kraftfôr i første halvår av 2020. Dei høge kornavlingane i 2019 har òg gjort det naudsynt å skrive ned 34 000 tonn matkorn av haustkveite til fôrkorn, og å lagre om lag 15 000 tonn matkveite over til neste sesong. Desse tiltaka har blitt finansierte med omsetnadsavgift. Ved utgangen av sesongen 2018–2019 var lageret av matkorn 38 pst. av årleg forbruk.

Norskdelen av feitt og protein i kraftfôret har vore relativt stabil på eit lågare nivå enn tidlegare, som følgje av forbod mot bruk av animalsk protein i dyrefôr; kjøttbeinmjøl frå 2003 og fiskebeinmjøl frå 2010. Norskprodusert protein frå jordbruket konkurrerer i stor grad om dei mest produktive

areala, som er eigna for korn og matvekstar. I kraftfôret blir det nytta feitt frå råvarer som erter og oljefrø. Norskprodusert vare held god kvalitet, men nytta er likevel avgrensa fordi eigenskapane til feittet i desse råvarene ikkje heilt kan erstatte importert vare.

#### Arealutvikling og geografisk fordeling av produksjonane

Eit av måla for landbrukspolitikken er eit aktivt og lønsamt jordbruk over heile landet, med produksjonar og næringsverksemd som byggjer på lokale ressursar. Noreg har i overkant av 3 pst. jordbruksareal, spreidd over alle landsdelar og fylke. Det samla jordbruksarealet auka fram til 1998, men har i åra etter gått noko ned. I perioden 2005 til 2013 blei nytt kartverk teke i bruk som kontrollgrunnlag ved søknad om produksjonstilskott. I denne perioden blei jordbruksarealet i drift i snitt redusert med 60 000 dekar kvart år. Etter 2013, då overgangen til nytt system var fullført, har den årlege arealreduksjonen vore på 8 000 dekar. Frå 2018 til 2019 blei det samla jordbruksarealet i drift redusert med 0,4 pst.



Tabell 2.11 Jordbruksarealet fordelt på vekstar, 1999–2019 (i 1 000 dekar)

	1999	2010	2016	2017	2018	2019 <sup>1</sup>
Kveite	516	721	668	758	587	800
Rug, rugkveite	27	68	46	84	33	92
Bygg	1 826	1 462	1 376	1 349	1 480	1 300
Havre	913	761	762	676	698	548
Olje-/belgvekstar	64	82	66	49	65	62
Sum korn og oljevekstar	3 345	3 093	2 917	2 915	2 863	2 802
Poteter	149	132	120	117	116	117
Andre grovfôrvekstar	317	119	91	96	111	107
Grønsaker	46	61	73	71	73	73
Andre vekstar åker og hage (inkl. brakk)	138	131	131	119	113	114
Sum åker og hage	3 995	3 536	3 332	3 318	3 276	3 213
Eng og beite på dyrka jord	4 876	4 766	4 750	4 727	4 787	4 820
Natureng og overflatedyrka jord til slått og beite	1 511	1 758	1 755	1 806	1 800	1 789
Jordbruksareal i drift til saman	10 383	10 060	9 837	9 851	9 863	9 822

<sup>1</sup> Førebelse tal

Kjelde: Budsjettmemnda for jordbruket


Reduksjonen i jordbruksareal i drift frå 2010 til 2019 har i hovudsak skjedd på Vestlandet og i Nord-Noreg. På Austlandet har det samla jordbruksarealet gått ned med 0,3 pst. i perioden, samstundes som arealet til eng og beite har auka med 0,6 pst. Ei årsak til dette er mellom anna auka hald av storfe og sau. I nokre område bidreg dette til redusert avrenning til vassdrag fordi det blir meir grasdekke mellom dyrka mark og vassdrag. Kornarealet har gått ned med 9,4 pst. sidan 2010. Truleg heng reduksjonen i kornarealet i 2019 saman med behovet for å byggje opp lager med grovfôr etter tørkesommaren 2018.

Kvart år blir det omdisponert noko jordbruksareal til andre formål, til dømes bustadområde og infrastruktur. Stortinget har sett som mål at innan 2020 skal det ikkje omdisponerast meir enn 4 000 dekar. I 2018 blei det omdisponert 3 600 dekar dyrka jord. Dette er det lågaste registrerte talet sidan registreringane starta i 1976.

Den geografiske fordelinga av produksjon er viktig for det samla produksjonsvolumet og for å nå målet om landbruk over heile landet. Produksjon av kumjølkk blir styrt av eit kvotesystem som

gjer at den regionale fordelinga av produksjonen i stor grad blir oppretthalde. Trass i dette har produksjonen av kumjølkk gått noko ned i Agder/Telemark og på Austlandet, mens den har auka noko i Trøndelag. Oppkjøpet av mjølkekvote gjennom den ekstraordinære oppkjøpsordninga i 2020, hadde som føresetnad at den geografiske fordelinga av produksjonen så langt det var mogleg skulle oppretthaldast. Delen kvote som blei kjøpt opp i kvar produksjonsregion, blei difor berekna ut frå den disponible kvota til regionen. Likevel kan ein forvente mindre geografiske endringar i mjølkeproduksjonen frå 2021 som resultat av at nokre regionar har fylt si kvote for oppkjøp, mens andre regionar ikkje har gjort det.

Produksjonen av storfekjøtt har auka i heile landet, men auken har vore størst i Agder/Telemark, Rogaland og Trøndelag. For sau har endringane i produksjonen frå 2014 til 2019 vore mindre i fleire regionar, med unntak av Trøndelag som har hatt ein sterk auke og Nord-Noreg som har hatt ein reduksjon. Arealet for eng og beite har auka i Trøndelag. Åkerarealet har gått ned i heile landet, men mest på Vestlandet og i Rogaland.



Figur 2.3 Endring i produsert mengde fordelt på produksjonar og landsdelar, 2014–2019

#### Inntektsutviklinga i jordbruket

Inntektsutviklinga i jordbruket har vore prega av overproduksjon i fleire sektorar, noko som har gitt inntektstap for produsentane. I samsvar med jordbruksavtalen har jordbruket det økonomiske ansvaret for overproduksjon. Etterspørselen etter produkt frå grasbasert husdyrhald har stagnert. Hausten 2017 var prega av mykje regn på Vestlandet, mens ekstrem tørke ramma sesongen 2018. Året 2019 gav gode avlingar. Samtidig starta arbeidet med å redusere mjølkeproduksjonen i samband med at eksportsubsidiene for mjølk blei avvikla. Det gav auka omsetnadsavgift frå 2019. Samtidig auka utrekna realrente i 2019.


#### Budsjett for 2020

Dei forenkla forhandlingane om jordbruksavtalen blei gjennomførte utan at det låg føre grunnlagsmateriale for 2020 frå Budsjettnemnda for jordbruket (BFJ). I tillegg avlyste SSB publiseringa av makroøkonomiske prognosar i mars. I juni la BFJ, på vanleg måte, fram tal inkludert verknaden av

jordbruksavtalen, med budsjett for inntektsutviklinga frå 2019 til 2020.

I normalisert rekneskap blir vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk redusert med 6 pst. frå 2018 til 2019. Budsjettnemnda for jordbruket reknar med ein auke på om lag 16 ½ pst. frå 2019 til 2020. Den budsjetterte inntektsauken i 2020 kjem av både auka produksjon, betre marknadsbalanse, og stor reduksjon i kostnader til diesel, straum og renter. Samstundes aukar inntektsverdien av jordbruksfrådraget, som i jordbruksavtalen i 2019 blei utvida frå og med inntektsåret 2020.

Budsjettnemnda for jordbruket er tydeleg på at det er stor uvisse om anslaget for 2020. Det skjer framleis store endringar i marknaden og dei makroøkonomiske tala er ustabile. Det bidreg til at inntektstala for jordbruket endrar seg mykje frå år til år, og inntektsutviklinga bør vurderast over nokre år. Figur 2.4 viser inntektsutviklinga dei siste åra i Totalkalkyla, normalisert rekneskap, med budsjett for 2020, rekna ut av Budsjettnemnda for jordbruket i juni 2020.



Figur 2.4 Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk i Totalkalkyla for jordbruket, normalisert rekneskap

Dersom inntektsutviklinga i 2020 blir slik prognosane tilseier, vil jordbruket under regjeringa Solberg (2014 til 2020) kunne få ein inntektsauke per årsverk på om lag 31 ½ pst. Lønsauken for lønsmottakarane for same periode ser ut til å bli 16,3 pst.

#### Jordbruksoppgjæret 2020

Det oppstod ein ekstraordinær situasjon etter utbrottet av koronapandemien og dei omfattande smittevernstiltaka som blei sette i verk. Mange bransjar blei stengde ned, arbeidsløysa auka raskt og mange bedrifter fekk store fall i omsetnaden. Det var usedvanleg stor uvisse om den vidare utviklinga. Den 12. mars avlyste Statistisk sentralbyrå si planlagde publisering av konjunktur-tendensane, som mellom anna omfattar anslag for vekst i prisar, løn, renter og valuta, og som Budsjettnemnda for jordbruket nyttar i arbeidet sitt med grunnlagsmaterialet til jordbruksforhandlingane. Den 17. mars blei det klart at lønsoppgjæra blei utsette til hausten.

Den 19. mars gjekk partane i jordbruksoppgjæret ut i fellesskap og sa at det ikkje kunne gjennomførast tradisjonelle forhandlingar på noko tidspunkt i 2020. Den 17. april la Budsjettnemnda for jordbruket fram eit avgrensa grunnlagsmateriale, utan prognosar for inntekter og kostnader i 2020, og utan referansebruksberekningar. Etter dette hadde partane fleire møte og gjennomførte konsultasjonar om korleis situasjonen kunne handterast best mogleg. Den 26. april blei partane samde om å

starte forenkla forhandlingar om ein jordbruksavtale for perioden 2020–2021. Formålet med forenkla forhandlingar var å bidra til føreseielegheit for næringa og mest mogleg stabilitet i matforsyningane i ei krisetid. Forhandlingane blei gjennomførte utan tradisjonelt utgangspunkt i BFJs grunnlagsmateriale, partane justerte berre på eksisterande ordningar og talet på tema i oppgjæret blei avgrensa sidan det ikkje var mogleg å gjennomføre ordinære og omfattande drøftingar mellom partane på grunnlag av tradisjonelle krav og tilbod.

Den 30. april 2020 inngjekk partane jordbruksavtale for 2020–2021 etter forenkla forhandlingar. Løyvingane over statsbudsjettet skal aukast med 350 mill. kroner i 2021. Midlane er disponerte til pris- og direktetilskott, og er fordelte for å styrkje det økonomiske grunnlaget for matproduksjon, spesielt korn, potet og grønt, og for å vareta klima- og distriktsomsyn. Målprisane blei auka med 1 ¾ pst. i gjennomsnitt frå 1. juni 2020. Årsverknaden er usikker fordi ein ikkje har utarbeidd ordinære produksjonsprognosar for 2020, men er estimert til å vere 300–310 mill. kroner.

Avtalepartane var samde om at det viktigaste omsynet i dei forenkla forhandlingane i 2020 var å leggje betre til rette for produksjon av mat enn det ein ville ha oppnådd ved å forlenge den gjeldande avtalen og utsetje forhandlingane til hausten. Partane var samde om å prioritere planteprodukt til mat og klimatiltak, samstundes som distriktsomsyn skulle varetakast.

Grønt, poteter og korn blei prioritert mellom anna med ein øyremerka auke i Investerings- og

bedriftsutviklingsordninga (IBU) til investeringar innan grøntproduksjonane, avsetjing av midlar til prosjekt for å auke etterspørselen og for å lage ein berekraftstrategi, i tillegg til at fleire tilskott blei auka.

Innsatsen for å redusere klimagassutslepp frå jordbruket og betre klimatilpassing blei prioritert i oppgjeret. Det blei mellom anna prioritert å auke satsinga på tiltak som kan bokførast i den offisielle klimagassrekneskapen, som fossilfri oppvarming og maskinpark, biogass, gjødsellager og miljøvenleg gjødselspreiing.

Avtalen tydeleggjorde distriktsprofilen ytterlegare ved å styrkje grunnlaget for den geografiske produksjonsdelinga, gjennom auka inntektsmoglegheiter for planteproduksjonane og ytterlegare forsterking av geografisk differensierte ordningar som mellom anna distriktstilskott til produksjon av frukt og grønt. I tillegg blei løyvingane til utmarksbeite og til frakt av slaktedyr, frakt av kraftfôr og kilometersatsen for veterinære reiser auka.

Partane blei i tillegg samde om å gjeninnføre ein ordinær omsetnadsordning for mjølkekvotar med verknad frå kvoteåret 2022, for å sikre føreseielegheit for produsentane. Minimum 40 pst. av kvota må seljast til staten til ein pris på 4 kroner per liter.

### Budsjettframlegg 2021

I jordbruksoppgjeret blei den samla løyvinga på kap. 1150 auka med 350 mill. kroner. Postane 71 og 73 er overslagsløyvingar der satsar og volum styrer løyvingsbehovet.

På grunn av den spesielle situasjonen kring tiltaka mot koronapandemien er det framleis stor uvisse omkring volumprognosar på overslagsløyvingane for 2021. Prognosane viser at det gir ei redusert løyving på post 73 med 55 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2020. Samla løyving i 2021 blir etter dette 16 940,9 mill. kroner, mot 16 645,7 mill. kroner i saldert budsjett for 2020.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

#### Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å kunne dekkje kostnader til utvikling av IKT- og fagsystem i forvaltninga av tilskott til jordbruket, evalueringar av ordningane og arbeidsgrupper som er sette ned av avtalepartane eller vedtekne av Stortinget. I nokre tilfelle der kostnadene er direkte relaterte

til konkrete tilskottsordningar, kan dei òg bli finansierte over ordninga.

### Rapportering 2019

Følgjande prosjekt blei finansierte over ordninga i 2019:

- Utvikling av diverse IKT-prosjekt, mellom anna Agros fagsystem, ny IKT-løysing for importvern og RÅK og digitalisering av skogforvaltninga.
- Finansiering av evalueringar og arbeidsgrupper, mellom anna kjøp av tenester til evaluering av tørkesommaren 2018.

### Budsjettframlegg 2021

For 2021 er det planlagt følgjande prosjekt finansiert over ordninga:

- IKT-utvikling i Landbruksdirektoratet 16,4 mill. kroner
- Finansiering av arbeidsgrupper m.m. 2 mill. kroner

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 18,4 mill. kroner.

### Post 50 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)

#### Formål med løyvinga

Midlane over posten blir løyvde til Landbrukets utviklingsfond (LUF). I tråd med vedtektene til LUF kan fondsmidlane nyttast til tiltak som styrker og byggjer ut næringsgrunnlaget på dei enkelte landbruksføretaka. Ordningane under LUF omfattar verkemiddel knytte til næringsutviklings- og miljøtiltak, medrekna mellom anna tilskottsordningar, utviklingsprogram og prosjekt. Auka verdiskaping er eitt av hovudmåla for landbruks- og matpolitikken, og fleire av verkemidla under LUF skal bidra til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. For ordningane som blir forvalta av Innovasjon Norge (IN), står målsetjingane om fleire gode grunderar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø sentralt.

Gjennom utforminga av dei regionale bygdeutviklingsprogramma, medrekna regionale næringsprogram, regionale miljøprogram og regionale skog- og klimaprogram, blir det utforma regionalt tilpassa strategiar for verkemiddelbruken.

## Rapportering 2019


Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar)

Dei fylkesvise IBU-midlane har eit todelt formål. Dei skal bidra både til utvikling av ny næringsverksemd på landbrukseigedommen, og til utvikling og modernisering av det tradisjonelle landbruket. Midlane blir forvalta av IN. Fylkesvise rammer for IBU-midlane tek utgangspunkt i ein fordelingsnøkkel. Ut over nasjonale føringar, legg partnerskapa i fylka beståande av fylkesmannen, fylkeskommunen, faglagga i landbruket og IN regionale føringar for bruken av midlane.

Det er stor etterspørsel etter investeringsverkemidlar. Dei fleste søknadene gjeld midlar til effektivisering av produksjonen. I 2019 løyvde IN IBU-tilskott til 1 084 prosjekt. Avslagsprosenten var på 7. Samla tilsegnssum for tilskott var i under-

kant av 638 mill. kroner, ein nedgang på 9 pst. Om lag 84 pst. av tilskotta blei gitt til investeringar innan tradisjonelt landbruk.

Investeringsstøtta kan utgjere opp til 35 pst. av kostnadsramma for prosjektet, avgrensa til 2 mill. kroner per prosjekt, med unntak for Troms og Finnmark der det ikkje er eit kronetak på tilskottet. Gjennomsnittleg tilskottsbeløp innan tradisjonelt landbruk var på 706 000 kroner i 2019, ein auke på om lag 60 000 kroner frå 2018. Årsaka til oppgangen er delvis at gjennomsnittleg kostnadsoverslag for prosjekt innan tradisjonelt landbruk har auka noko i 2019. Fylkesvis fordeling av midlane via fordelingsnøkkel og ulik pågang etter investeringsstøtte gir variasjonar regionalt i støtteutmåling og samla innvilga beløp. Finnmark og Troms har høgast gjennomsnittleg del tilskott per prosjekt til tradisjonelt landbruk, jf. figur 2.5.




Figur 2.5 Innvilga investeringstilskott 2019 og gjennomsnittleg del tilskott av investering per fylke (i kroner)

Kjelde: Innovasjon Norge

### Nærare om investeringar innan tradisjonelt landbruk

Investeringsstøtte til jord- og hagebruk skal tilpassast dei nasjonale marknadsforholda. Figur 2.6 gir

ei oversikt over fylkesvis fordeling av IBU-tilskott til ulike produksjonar innan tradisjonelt landbruk i 2019.



Figur 2.6 Andel investerings- og bedriftsutviklingsmidlar til tradisjonelt landbruk fordelt på ulike produksjonar, 2019 (i mill. kroner)

<sup>1</sup> Kategorien «Anna» gjeld m.a. prosjekt som omfattar fleire typar produksjonar, eller prosjekt innan andre husdyrproduksjonar enn dei som er nemnde i dei andre kategoriane.

Kjelde: Innovasjon Norge

### Løyvingar til planteproduksjon

Løyvingane til planteproduksjon over IBU-ordninga er aukande. Til saman blei det løyvd 81 mill. kroner fordelt på 187 prosjekt. 41 pst. av løyvingane er gitt til utbygging av korntørke. Den største relative auken gjeld lager for grønnsaker og poteter særleg i Hedmark, Trøndelag og Vestfold. Vestland har flest prosjekt innan frukt og bær.

### Løyvingar til grøvførbasert husdyrhald

I overkant av 77 pst. av alle tilskott innan tradisjonelt landbruk gjekk til investeringar innan grovførbasert husdyrhald. Det er ein reduksjon på 6 prosentpoeng frå 2018. Nedgangen kjem i stor grad av restriksjonar på prosjekt innan sauehald i 2019, og at fleire partnerskap ikkje har prioritert utviding og etablering av storfehald i kornområda. IN fører ei restriktiv line for investeringsstøtte til svinproduksjon, konsumeggproduksjon og kyllingproduksjon på grunn av marknadsituasjonen. Tilskott til prosjekt innan produksjon av konsumegg gjeld økologisk produksjon der IN har opna

opp for kapasitetsutviding der det er leveringsavtalar.

Talet på investeringsprosjekt innan mjølkeproduksjon er redusert med 65 samanlikna med 2018, mens løyvingane ligg på same nivå som i 2018. Gjennomsnittleg støtteutmåling var på 21 pst. i 2019, som er ein auke på 2 prosentpoeng frå 2018. Gjennomsnittleg tal på buskap før utbygging innan mjølkeproduksjon har halde seg stabilt sidan 2018 på om lag 30 årskyr. Planlagd buskap har auka noko frå 2018 og er på om lag 40 kyr. IN forklarar utviklinga med høge prisar på kjøp eller leige av mjølkekvotar og tilgang til arealressursar tilpassa bruka. Aukene i buskap gir betre grunnlag for å ta i bruk ny og effektiv teknologi som mellom anna automatiserte anlegg for mjølking og føring. Investeringsprosjekt med 15–30 kyr har blitt særskild prioritert i dei seinare års jordbruksoppgjær. Delen prosjekt som etter utbygging er innanfor denne bruksstorleiken har auka frå 25 til 40 pst. dei siste 5 åra.


56 pst. av alle løyvingane innan tradisjonelt landbruk er registrert med miljøeffekt. Dette er ein auke på 4 prosentpoeng frå 2018. Med miljø-

effekt er det meint til dømes at prosjektet fører til mindre utslepp av klimagassar, reduserte utslepp til vatn, energieffektivisering og betre utnytting av avfall, restråstoff og biologiske ressursar. 4 pst. av midlane gjekk til investeringar innan økologisk produksjon.

#### Nærare om investeringstilskott innan andre landbruksbaserte næringar

Det blei løyvd nærare 101 mill. kroner i IBU-tilskott til andre landbruksbaserte næringar i 2019. Dette er relativt uendra frå 2018. For etablering av bedrifter i landbruket utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, er det ei klar politisk målsetjing at mid-

lane skal bidra til auka sysselsetjing og etablering av nye, lønsame arbeidsplassar. Ein rapport frå IN om bruk av IBU-midlar i 2019 talfestar ein gjennomsnittleg venta sysselsetjingseffekt på 381 årsverk for tilsegn gitt til prosjekt innan tiltaksgruppene etablerartilskott, bedriftsutvikling og investeringar i andre landbruksbaserte næringar. Figur 2.7 gir ei oversikt over fordelinga av tilskott i 2019 til andre næringar knytt til landbruket fordelt på bransjar. Fordelinga tek utgangspunkt i SSBs standard for næringsgruppering. Fordelinga er relativt stabil samanlikna med 2018, med unntak av ein viss reduksjon i investeringstilskott for prosjekt innan Inn på tunet under grupperinga Undervisning, helse og sosialtenester.



Figur 2.7 Andel investerings- og bedriftsutviklingsmidlar til andre landbruksbaserte næringar fordelt på bransjar, 2019<sup>1</sup> (i prosent)

<sup>1</sup> Tilskott til Inn på tunet inngår i grupperinga undervisning, helse og sosialtenester.

Kjelde: Innovasjon Norge

#### Risikolån

Frå og med 2006 blei det opna for å setje av midlar til eit taps- og rentestøttefond innanfor ramma av dei fylkesvise IBU-midlane. I 2019 blei det løyvd 24 risikolån med ei samla løyving på 27,3 mill. kroner hovudsakeleg til investeringar innan tradisjonelt landbruk (mjølk- og storfeproduksjon). Risikolåna har ein langt tydelegare distriktsprofil enn ordinære investeringstilskott til tradisjonelt jordbruk. Gjennomgangen av risikolåneordninga frå 2017 viser at 79 pst. av alle risikolån gitt i perioden 2006–2016 er gitt innanfor sone 3 i det distriktpolitiske verkeområdet. I desse områda


med lågt pantegrunnlag vil ei slik toppfinansiering i avgrensa grad vere mogleg i den private marknaden.

#### Regionale tilretteleggingsmidlar

Landbruksnæringa er kjenneteikna av små føretak, som kvar for seg har avgrensa kapasitet til å drive utviklingsarbeid og kunnskapsutvikling som kjem fellesskapet til gode. Dei regionale tilretteleggingsmidlane (RT-midlane) skal vareta dette. Midlane blei forvalta av fylkesmannen fram til 2020, då ordninga blei overført til fylkeskommunen. Målgruppa er organisasjonar, institusjonar,

kommunar og ulike former for samarbeidsorgan innan landbruk. Innsatsen kan dreie seg om mobiliseringstiltak og FoU-prosjekt for å stimulere til innovasjon og styrking av produksjonsmiljø regionalt, eller tiltak som kan stimulere til annan landbruksbasert næringsutvikling. Frå 1. januar 2019 overtok Landbruksdirektoratet det nasjonale forvaltningsansvaret for RT-midlane. Direktoratet har gjort ein gjennomgang av rapporteringa frå fylkesmannen for 2019.

I 2019 blei det løyvd i overkant av 72 mill. kroner fordelt på 457 prosjekt. Midlane er innretta i tråd med dei regionale næringsprogramma og det regionale partnerskapet er godt involvert i prioriteringa når det gjeld bruken av midlane. Midlane blei fordelte på ulike område i landbruket. Figur 2.8 viser korleis løyvingane fordeler seg på ulike innsatsområde.



Figur 2.8 Regionale tilretteleggingsmidlar fordelt på innsatsområde, 2019 (i mill. kroner)

Kjelde: Landbruksdirektoratet

#### Områderetta innsats

I jordbruksoppgjeret 2018 blei avtalepartane samde om å sette av 4 mill. kroner til områderetta innsats i 2019, med sikte på ei treårig satsing innan arktisk landbruk og fjellandbruket. Med utgangspunkt i dei positive effektane områderetta innsats gav i første prosjektperiode, blei avtalepartane samde om å auke ramma til områderetta innsats til 8 mill. kroner i 2020, fordelt med 4 mill. kroner til arktisk landbruk og 4 mill. kroner til fjellandbruket.

#### Arktisk landbruk

Satsinga på arktisk landbruk omfattar Nordland og Troms og Finnmark. Fylkesmannen i Troms og Finnmark har eit koordinerande ansvar for forvaltninga av midlane. I årsrapporten for 2019 går

det fram at midlane er prioriterte til prosjekt for auka omsetnad av potet, grønt og bær, synleggjering av verdier knytte til beiteressursane og beitebruk, etablering av samhandlingsarenaer for det arktiske landbruket, arktisk kompetansesenter for sau, i tillegg til mat- og reiselivssatsing i Nord-Noreg.

#### Fjellandbruket

Satsinga på fjellandbruket omfattar Trøndelag, Innlandet, Vestfold og Telemark og Viken. Fylkesmannen i Trøndelag har eit koordinerande ansvar for forvaltninga av midlane. I årsrapporten for 2019 går det fram at det framleis er høg merksemd på utviklingsarbeid retta mot fjellandbruket, og at det er sett i gang eit vidt spekter av tiltak ut frå lokale utfordringar og moglegheiter i samspel med faglaga i jordbruket og andre interessentar.



## Rekruttering og kompetanseheving i landbruket

### *Fylkesvise midlar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket*

I 2019 blei fylkeskommunane tildelt til saman 29 mill. kroner til arbeid med rekruttering og kompetanseheving på landbruks- og matområdet. Av desse blei 14 mill. kroner sett av til ulike etterutdanningstiltak (RK-midlane), og 15 mill. kroner til ein nasjonal modell for vaksenagronomopplæring (vaksenagronomen).

Fylkeskommunane melder om stor etterspørsel etter kompetansetiltak og etter- og vidareutdanningstiltak, både for utøvarar som allereie er etablert i næringa, og for utøvarar som er på veg inn i næringa. Både etterutdanningstiltak og formell vidareutdanning er etterspurt.

RK-midlane blei fordelte etter same fordelingsnøkkel som IBU-midlane. Målet for ordninga er å bidra til rekruttering og kompetanseheving av næringsutøvarar for å vareta og auke verdiskapinga i landbruket. Fylkeskommunane rapporterer om god samhandling med andre offentlege instansar, særleg fylkesmennene, IN, faglag i landbruket og andre lokale aktørar om bruken av RK-midlane. For 2019 har midlane i all hovudsak blitt brukt til ulike etterutdanningstiltak for næringsutøvarar.

### *Nasjonal modell for vaksenagronomen*

I 2019 blei avtalepartane samde om å setje av 15 mill. kroner til vidare etablering og drift av nasjonal modell for vaksenagronomen gjeldande for skuleåret 2020/2021. I tillegg blei det sett av 2 mill. kroner til vidare utvikling og implementering av felles digitale løysingar til bruk i undervisninga. Ordninga blei etablert i 2018, og allereie hausten 2019 hadde 16 av 17 fylkeskommunar etablert eit vaksenagronomtilbod. Frå hausten 2019 var gartnaropplæring for vaksne i regi av dei fylkeskommunale skulane òg omfatta av ordninga. Fylkeskommunane rapporterer om stor interesse for tilbodet. Oppland fylkeskommune fekk i oppdrag, i samarbeid med Vestfold fylkeskommune, å vidareutvikle og implementere digitale løysingar til bruk i vaksenagronomopplæringa. Prosjektet har bestått i utprøving av tekniske løysingar, utvikling av fagstoff og opplæring av lærarar. I skuleåret 2020/2021 deltek 16 skular i implementering av ei sams løysing.

### *Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL)*

Midlane skal bidra til kompetanseutvikling for yrkesutøvarar innan primærlandbruket eller til-

leggsnæringar til primærlandbruket. Kurstilbod som blir gjort tilgjengeleg i heile eller aktuelle delar av landet, og som har potensial til å bli eit tilbod til ein stor del av produsentane innan den aktuelle produksjonen, blei prioritert. Frå 2019 er forvaltninga av ordninga flytta frå Matmerk til Landbruksdirektoratet. Det blei innvilga nærare 2,4 mill. kroner til 10 prosjekt i 2019. Døme på prosjekt som har fått tilskott er:

- Opplæringsprogram for klauvhelse og klauvskjering på storfe (Animalia)
- Omstilling til SPF-produksjon (Norsvin SA)
- Digital opplæringspakke Inn på tunet (Norges Bondelag)
- Utvikling av fagskuletilbod innan berekraftige matopplevingar (NIBIO)
- Kompetansetilbod innan klima- og energi i landbruket ved bruk av landbrukets klimakalkulator og med bakgrunn i klimasmart agrobiologi (Mære landbruksskole)

Frå 2020 er ordninga innlemma som ein del av nasjonale tilretteleggingsmidlar. Landbruksdirektoratet leverte ein rapport til jordbruksoppgjeret 2020 med vurderingar av den vidare samla forvaltninga av verkemidla.

### *Forsøk med mentorordning i landbruket*

Norsk Landbruksrådgiving (NLR) har i perioden 2017–2019 hatt ansvar for eit forsøk med ei lågterskel mentorordning i landbruket, i samarbeid med faglag regionalt og IN. Forsøket har vore i gang i regionane Trøndelag, Innlandet, Agder og Sogn og Fjordane. Det blei sett av til saman 6 mill. kroner til ordninga over LUF. Målgruppa for ordninga er unge/nye bønder som har inngått ein avtale med ein erfaren bonde (mentor) om råd og rettleiing i ein oppstarts- eller utviklingsfase. Til saman 136 par nye bønder/mentorar har delteke i forsøksordninga. Forsøket blei evaluert undervegs av Østlandsforskning. I evalueringa blei det vist til at ordninga kan utfylle utdanningstilboda og rådgjevingstilboda i landbruket ved å tilby skreddarsydd kompetanse og mellom anna stimulere til nettverksbygging. Ved ei vidareføring blei det tilrådd ei nasjonal ordning der det burde utformast strengare krav for utveljing av deltakarar samanlikna med forsøksordninga, i tillegg til at ordninga må få eit tydelegare mål og ei meir presist definert målgruppe og koplast mot andre utviklingstiltak i landbruket. Ordninga er frå 2020 ei nasjonal ordning forvalta av NLR.

## Forskning og utvikling

Målet med forskningsmidlane over jordbruksavtalen er å utvikle ny kunnskap til landbruks- og matsektoren. Prioriteringane skal støtte opp under dei landbruks- og matpolitiske måla, og vere i tråd med prioriterte innsatsområde fastsett i dei årlege jordbruksoppgjera. Midlane blir i første rekkje disponert til forskings- og innovasjonsprosjekt etter utlysing. Det blir òg sett av midlar til utgreiingar. Forskningsmidlane blir forvalta av eit styre beståande av avtalepartane.

I 2018 blei det sett av 65 mill. kroner til forskningsmidlar over jordbruksavtalen for 2019 – ein auke på 10 mill. kroner frå året før. Styret for forskningsmidlane over jordbruksavtalen lyste ut midlane, og tok i utlysingsteksten, og ved tilsegn, omsyn til behovet for kunnskap for reduserte utslepp av klimagassar frå jordbruket, og auka lagring av karbon i jord og skog. Vidare var målet å bidra til oppfølging av regjeringa sin strategi for bioøkonomi.

Gjennom året blei til saman 34 ulike prosjekt avslutta, mens 12 nye samarbeidsprosjekt starta opp i løpet av 2019. Samarbeidsprosjekt blir gjennomført av forskingsmiljøa, med medverknad og delfinansiering frå næringslivet. Mange av prosjekta som blei starta i 2019 har som mål å redusere klimagassutslepp og skape ein meir klimatilpassa jordbruksproduksjon.

Det 5-årige prosjektet «Klimasmart skogbruk» blei òg innvilga i 2019, som ei oppfølging av jordbruksoppgjeret i 2018.

Avtalestyret lyste òg ut midlar til innovasjonsprosjekt i næringslivet. Tidleg på året blei 10 innovasjonsprosjekt innvilga – alle delfinansiert av jordbruksavtalemidlar. Desse starta opp i løpet av året, på tema som dyrehelse, mattryggleik og redusert svinn. Desse prosjekta er eigd av bedriftene, men blir gjennomført i samarbeid med nasjonale og internasjonale forskingsmiljø.

I jordbruksoppgjeret 2019 blei avtalepartane samde om at følgjande tema skulle greiast ut til jordbruksoppgjeret 2020:

- Enklare teknologiar for karbonfangst og -lagring som bruk av biokol, og jordbrukspraksis som fører til auka karbonbinding i jord.
- Utpøving av grønsakssortar tilpassa norske dyrkingsforhold som ein del av grøntsatsinga.
- Om dagens utdanningstilbod på alle nivå er tilpassa kompetansebehovet i landbruket si verdikjede.
- Moglegheitene for vidareutvikling av berekraftige produksjonssystem for norske forhold,

med utgangspunkt i endra forbrukarmønster og etterspørsel.

Desse blei lyst ut og 5 prosjekt starta opp i 2019.

Utgreiinga om karbonfangst og -lagring viser at bruk av fangvekstar i kornproduksjon bidreg til karbonbinding og dermed redusert utslepp av CO<sub>2</sub> frå jordbruket. Reduksjonen er berekna til om lag 100 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år dersom fangvekstar blir sådd på ein tredel av kornarealet.

I utgreiinga om uttesting av grønsakssortar tilpassa norske forhold blir det tilrådd at det framleis blir lagt til rette for frøavl på gamle norske sortar, i tillegg til at dagens opplegg for sortsprøving blir utvida og utvikla for å styrkje norsk grønsaksproduksjon.

To studiar har teke for seg moglegheitene for vidareutvikling av berekraftige produksjonssystem for norske forhold, med utgangspunkt i endra forbrukarmønster og etterspørsel. Den eine utgreiinga såg på behovet for ny kunnskap for å utvikle meir berekraftige produksjonssystem for fjørfe i tråd med nye forbrukarkrav. Utgreiinga konkluderer med at ny kunnskap vil bli viktig for at næringa skal tilpasse seg krava frå forbrukarane om meir dyrevenleg produksjon basert på mest mogleg lokale råvarer. Konkret er det behov for å utvikle attraktive uteområde som stimulerer til naturleg åtferd, i tillegg til kunnskap om å hindre rovdyratak og korleis ein kan sikre seg mot smittsame sjukdommar. Den andre utgreiinga peikar på åtte konkrete forbetningsområde for å kunne få til ein meir berekraftig matproduksjon i Norge. Viktige stikkord nemnt i denne samanhengen er mellom anna langsiktig arealforvaltning, ressursoptimalisering, kretsløpstenking og meir mangfald.

Utgreiinga om dagens utdanningstilbod er tilpassa kompetansebehovet i landbruket si verdikjede, leverte etter avtale ein delrapport til jordbruksoppgjeret i 2020. Den handla om ei kartlegging av kompetansebehovet blant aktørane i verdikjeda, fordelt på leverandørar av varer og tenester, blant gardbrukarar og lønstakarar i jordbruket, og i matindustrien. Sluttrapporten skal bli ferdig hausten 2020.

I tillegg blei det lyst ut midlar til utgreiings- og forprosjekt i to omgangar, der 13 prosjekt blei innvilga, innan tema som klima, dyrevelferd, berekraft og grøntsektoren. Tre av desse starta opp i løpet av 2019.

Årleg overføring til Forskningsrådet sitt miljøprogram til forskning innan området miljø og jordbruk blei vidareført i 2019. Løyvinga skal bidra til

auka berekraft og redusert miljøbelastning frå norsk matproduksjon. I 2019 blei det gjennomført ei fellesutlysning saman med BIONÆR og Miljøforsk på temaet berekraftig bruk og vern av utmarksressursar. Det blei òg løyvd 2,5 mill. kroner til norsk-svensk samarbeid om hesteforskning. Rammetilskott til Graminors arbeid med utvikling av plantemateriale tilpassa norske vekstforhold blei vedteke ført vidare, og utgjorde 3 mill. kroner i 2019.

#### Stiftinga Matmerk

Stiftinga Matmerk har som mål å styrkje konkurransevna til norsk matproduksjon og at forbrukarane ønskjer seg norskprodusert mat. Det skjer gjennom arbeid med kvalitetssikring, kompetanse og synleggjering av norske konkurransefortrinn og opphav overfor matprodusentar, handelsnæringa og forbrukarane. Stiftinga har som oppgåve å administrere og utvikle vidare Kvalitetssystem i landbruket (KSL), godkjennings- og merkeordninga for Inn på tunet, merkeordningane Nyt Noreg, Beskytta nemningar og Spesialitet, generisk informasjon om økologisk mat og å drifte databasen lokalmat.no. Stiftinga skal òg bidra til profilering og marknadstilgang for norske matspesialitetar og drifte den nasjonale nettstaden for Inn på tunet.

Matmerk har over fleire år arbeidd med oppgradering og utvikling av KSL til eit meir brukarvenleg og kostnadseffektivt system bygd på ny teknologi. Det nye revisjonsverktøyet vil vere ferdig og tilgjengeleg frå 2020, og det blir sett i gang opplæringsprogram retta mot bønder, skular og rådgivarar for å sikre god kunnskap om bruk av systemet. Arbeidet med HMS er viktig for landbruket. Matmerk vil etter planen i 2020 lansere ei tilleggsløysning i KSL og ein eigen HMS-app som skal bidra til tiltak knytte til HMS på garden. Matmerk har som mål å auke revisjonsfrekvensen i KSL til kvart 3. år for alle produksjonar med unntak for grovfôr. Dette er mellom anna grunna i krav i nye dyrevelferdsprogram og tydelege signal frå grøntbransjen.

Matmerk har ansvaret for godkjenningsordninga for Inn på tunet. Bruka har ekstern KSL-revisjon annakvart år. Ved utgangen av 2019 var det til saman 404 godkjende Inn på tunet-tilbydarar. Matmerk driftar i tillegg den nasjonale nettsida for Inn på tunet som inneheld tilbydaroversikter, nettsaker om tilboda, ein kunnskapsbank og relevant informasjon om godkjenningsordninga.

Bransjeportalen Lokalmat.no har blitt ein viktig kanal for både kjøparar og produsentar av

lokalmat. Lokalmat.no koplar saman tilbydarar av lokalmat og innkjøparar i daglegvare- og restaurantmarknaden. Interesse er aukande og ved utgangen av 2019 var det 576 bedrifter med til saman 2 484 produkt registrert i databasen og 305 innkjøparar. Matmerk tilbyr òg marknadstener til lokalmatprodusentar. Dette er eit lågterskeltilbod innanfor økonomi og marknadsforståing. Matmerk driftar nettsida Økologisk.no, som gir forbrukarane faktabasert informasjon om økologisk matproduksjon og økologiske produkt.

Det er eit mål å auke den samla omsetnaden av lokalmat frå alle salskanalar til 10 mrd. kroner innan 2025. Dette målet blei nådd i 2019. Den årlege målinga av omsetnad av lokalmat i daglegvarehandelen i 2019 blei gjennomført i samarbeid med Nielsen Norge og Arne Reiler Consulting. Nytt for 2019 var at målinga òg omfatta sal av lokalmat innan storhushaldning. Omsetnadsveksten i daglegvarehandelen var på 5,6 pst. frå 2018, og samla omsetnad var på 5,25 mrd. kroner. Omsetnaden i storhushaldning var på 6 mrd. kroner. Omsetnadstala er usikre, men gir likevel eit godt bilete av utviklinga på området. 2019-målinga er ei nullpunktmåling for storhushaldning.

Matmerk forvaltar fleire merkeordningar for norsk mat. Auka verdiskaping i landbruket gjennom mangfaldige, synlege og tilgjengelege norske matspesialitetar og merkebrukarar er mellom anna vektlagt i strategien for landbruks- og reindriftsbasert reiseliv og i arbeidet med Matnasjonen Noreg.

#### Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping

Utviklingsprogrammet skal skape vekst og verdiskaping innan lokalmat, reiseliv medrekna jakt og fisketurisme, reindriftsnæringa, Inn på tunet, innlandsfiske og andre landbruks- og reindriftsbaserte næringar. Programmet blir forvalta av IN og er eit sentralt verkemiddel for å nå målsetjingane i landbrukspolitikken. Både Meld. St. 31 (2014–2015) om vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar og regjeringa sin strategi for reiseliv basert på ressursane i landbruket og reindrifta, *Opplevingar for ein kvar smak*, gir føringar for Utviklingsprogrammet. Tiltaka over programmet er òg viktige for å realisere Matnasjonen Noreg. Programmet blir finansiert både over jordbruksavtalen og reindriftsavtalen.

Programmet tilbyr tilpassa kompetansetiltak til verksemder, finansiering til verksemder som ønskjer å vekse og utvikle seg åleine eller i nett-

verk, og ulike omdømmetiltak. Omdømmetiltaka skal byggje stoltheit og auke kompetansen i næringa, i tillegg til å auke kunnskapen om dei ulike områda som programmet dekkjer, både hos forbrukarar, i marknaden og i samfunnet meir generelt. Fleire regionar har utvikla heilskaplege strategiar og handlingsplanar for mat og reiseliv, som òg vil bidra til ei vidare utvikling av sterke mat- og reiselivsregionar i tråd med måla i reiselivsstrategien.

Programmet har bidrege til gode resultat, noko evalueringar dei siste åra har stadfesta. Ni av ti verksemdar seier at bidrag frå IN har vore avgjerande for at prosjektet blei sett i gang. Vidare syner estimat frå Samfunnøkonomisk analyse at verksemdar som har fått støtte frå IN har ein gjennomsnittleg årleg meirvekst på alle dei tre effektindikatorane som IN målar på, samanlikna med ei kontrollgruppe. Dei tre er salsinntekter, verdiskaping og produktivitet. Evalueringane og føringane frå dei sentrale stortingsmeldingane og reiselivsstrategien blir nytta for å utvikle programmet vidare. Det er programmet si styringsgruppe som, saman med IN, jamleg vurderer innretninga på programmet både når det gjeld bedriftsnettverksordninga, vekstordninga, kompetansetilbodet og omdømmesatsinga i programmet. Etterspørselen etter midlar til vekst og bedriftsnettverk har vore noko lågare enn venta det siste året, og det vil difor bli satsa meir på mobilisering. Det er i tillegg utvikla ei ordning for vekst for bedrifter som har fått vekststøtte tidlegare, ei fase 2-ordning, der kompetanse òg inngår.

Koronapandemien har våren 2020 hatt til dels store konsekvensar for aktørane som nyttar verkemidla under Utviklingsprogrammet. Som følgje av pandemien har departementet gitt Innovasjon Norge moglegheit til å gjere tilpassingar i programmet for å motverke nokre av konsekvensane for næringsaktørane. IN har difor gjort mellombelse justeringar i programmet for å gjere det enklare for verksemdene å finne nye marknader og vidareutvikle eller lansere nye produkt. Verksemdene kan få dekt kostnader til forretningsutvikling, utvikling av eksisterande og/eller nye produkt/tenester som til dømes designprosjekt, utviklingsaktivitetar for å bidra til best mogleg sal som til dømes marknadsundersøkingar, kompetanseheving og støtte til mindre investeringar i utstyr, maskin og inventar som er naudsynt for å realisere utviklingsaktivitetane. Endringane er mellombelse, men det er venta at pandemien og konsekvensane av den vil prege utviklinga av programmet framover.

#### *Omdømmearbeid under Utviklingsprogrammet*

Tiltak og prosjekt som bidreg til auka synlegging og omdømmebygging innanfor alle målgruppeområda er ein viktig og integrert del av Utviklingsprogrammet. Tiltaka i denne porteføljen har vore stabile over fleire år, og blir vurderte opp mot både reiselivsstrategien og andre gjeldande politiske føringar. Omdømmearbeidet kan delast i tre hovudgrupper: 1) regionale og nasjonale matarrangement og aktivitetar, 2) marknadsføring av reiselivsprodukt og -aktivitetar, og 3) prosjekt som får støtte etter søknad. Desse tiltaka vil òg bli sentrale i den vidare bygginga av Noreg som ein matnasjon.

Frå og med 2020 inngår Det norske måltid i omdømmeporteføljen i Utviklingsprogrammet som eit av tre store nasjonale omdømmeprosjekt, saman med Matstreif og deltakinga på Internasjonale Grüne Woche (IGW) i Berlin. Gjennom konkurransen blir dei beste mat- og drikkeprodukta i Noreg kåra, og den har utvikla seg til å bli ein viktig og prestisjefylt prisutdeling for produsentane. Prosjektet bidreg til å synleggjere produkt frå både sjø og land, og kan bli eit viktig prosjekt for å synleggjere Matnasjonen Noreg.

IN legg til grunn for arbeidet med reindrift under Utviklingsprogrammet at produksjonen av reinkjøtt er berekraftig og kan utnyttast marknadsmessig av bedriftene og bransjen. Arbeidet med eit kompetanseprogram for reinkjøttneringa under Utviklingsprogrammet blei ferdigstilt i 2019. Evalueringa viser at bedriftene er godt nøgde med programmet og har hatt eit fagleg utbytte av å delta. IN har arbeidd med produktutvikling, og har sett i gang eit forprosjekt som skal gi svar på om bedriftene ønskjer eit kollektivt utviklingsprogram for produktutvikling. IN har vidare eit tett samarbeid med Marknadsutvalet for reinkjøtt om gjennomføring av matarrangement som til dømes Matstreif.

#### *Kompetansenettverksordninga*

Kompetansenettverksordninga for lokalmat blir finansiert over Utviklingsprogrammet. Målgruppa for ordninga er små matverksemdar med opp til 10 tilsette. Det kan vere primærprodusentar eller næringsmiddelverksemdar med mål om å utvikle, foredle og selje kvalitetsprodukt basert på lokale råvarer, eller reiselivsverksemdar som har utviklingsprosjekt i samarbeid med lokalmatprodusentar. I tillegg til dette matfaglege tilbodet hos kompetansenettverka, kan verksemdene få hjelp til å løyse marknadsutfordringar gjennom Mat-

merk sitt tilbud innan marknadstenester. I 2019 blei det gjennomført 177 besøksordningar og 66 kurs i regi av dei fem kompetansenettverka. Fleirtalet av både besøksordningane og kursa omhandlar foredling av mjølk og kjøtt. Samarbeidet mellom nettverka har auka dei siste åra, og i 2019 blei det lagt ned mykje arbeid i å utvikle sams grunnmodular på det matfaglege området.

Dei fem kompetansenettverka er lokalisert slik:

- Nofima: kompetansenettverket i Aust-Noreg og kompetansenettverket i Sør-Noreg
- Sogn Jord- og hagebruksskule: kompetansenettverket i Vest-Noreg
- Mære landbruksskule: kompetansenettverket i Midt-Noreg
- Nibio Holt: kompetansenettverket i Nord-Noreg

Den overordna forvaltninga av ordninga blei frå 2020 overført frå IN til Landbruksdirektoratet. Oppdragsgjevaransvaret for dei regionale kompetansenettverka for lokalmat blei lagt til dei fem fylkeskommunane Rogaland (dekkjer Agder og Rogaland), Viken (dekkjer Vestfold og Telemark, Oslo, Viken og Innlandet), Vestland, Trøndelag (dekkjer Trøndelag og Møre og Romsdal) og Troms og Finnmark.

Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket

Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket (tidlegare Bioenergiprogrammet) skal bidra til meir miljøvenlege energiløysingar både i landbruket og i andre sektorar, og samtidig gi moglegheit for auka verdiskaping for skogeigarane. Det er eit mål å skape aktivitet i heile landet. Aktivitetsnivået i 2019 var høgare enn det har vore nokon gang. Det blei innvilga støtte til 188 prosjekt, som er det høgaste talet sidan programmet blei starta i 2003. Samla planlagt energiproduksjon for prosjekta som fekk støtte i 2019 er 38 GWh. Løyvinga i 2019 var 77 mill. kroner. I tillegg blei det overført midlar

frå 2018, slik at den samla ramma for programmet i 2019 var på nesten 85 mill. kroner. Samla tilsegn i 2019 blei 93 mill. kroner.

Gardsvarmeanlegg var òg i 2019 den dominerande typen prosjekt, men det blei gitt støtte til nokre fleire varmesalanlegg enn i 2018. Det blei òg gitt støtte til tre veksthusanlegg. Det er låg lønsemd i biogassproduksjon på gardsnivå. Men for større gardsbruk har det no komme teknologiske løysingar som gir tilstrekkeleg lønsemd og stabil drift. Ei aukande interesse frå husdyrprodusentar speglar seg i søknader om forprosjekt og investeringssaker. Fleire av forprosjekta som er innvilga i 2019 og tidlegare år, har no ført fram til vedtak om investering med søknad om tilskott til ENOVA eller IN.

IN vurderer at hovuddelen av prosjekta under programmet, bidreg med vekst på bedriftsnivå. Programmet har gitt gode resultat når det gjeld målområda vekst i bedrifter, miljø/klima, i tillegg til lokal verdiskaping. Det er estimert at programmet har bidrege til ein årleg reduksjon av klimagassutsleppa med 88 000 tonn CO<sub>2</sub>.

Det er gjort fleire endringar i retningslinene for programmet dei siste åra, og det er gitt støtte til kompetanse- og utgreiingsaktivitetar innanfor dei nye målområda. Frå 2019 blei målområdet for programmet utvida til å òg omfatte utviklings- og utprøvningsprosjekt innan klima, miljø og energi på gardsnivå. Målet skal vere å teste ut ny produksjonsteknologi og nye løysingar som skal bidra til reduserte klimagassutslepp og auka konkurransekraft for landbruksnæringa. I 2019 blei det gitt støtte til 5 slike prosjekt på til saman 3,9 mill. kroner.

Skogbruk

Tilskottsramma til skogbruk over Landbrukets utviklingsfond (LUF) var i 2019 på 242 mill. kroner. Av dette utgjorde ordninga for tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) til saman 194 mill. kroner. Fordelinga går fram av tabell 2.12.

Tabell 2.12 Fordeling av midlar til ulike skogbrukstiltak, 2015–2019 (i mill. kroner)

	2015	2016	2017	2018	2019
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket	174	177	178	176	194
<i>Vegbygging, taubane o.a.</i>	101	104	103	103	110
<i>Skogkultur og andre tiltak</i>	73	73	75 <sup>1</sup>	70	84
<i>Miljøtiltak</i>				3	8
Kystskogbruket	2,5	3,5	4,5	4,5	5
Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar	25	20	26 <sup>2</sup>	27,5	28,5
Kompetansetiltak (Skogkurs og Velg Skog)	12,5	13,5	13,5	14	14,5
Til saman	214	214	222	222	242

<sup>1</sup> Inkl. 5 mill. kroner av kompensasjonsmidlar for økt CO<sub>2</sub>-avgift på mineralolje for 2017

<sup>2</sup> Inkl. 3 mill. kroner av kompensasjonsmidlar for økt CO<sub>2</sub>-avgift på mineralolje for 2017

Det blei sett av 110 mill. kroner til vegbygging og taubane mv. over LUF. I tillegg blei det løyvd 22 mill. kroner til skogsveggar over statsbudsjettet på kapittel 1149, post 71. Tal frå Landbruksdirektoratet viser at det blei bygd 137 km med nye skogsbilveggar og bygd om rundt 368 km eksisterande skogsbilveggar i 2019.

Planteaktiviteten i Noreg har auka dei siste åra og den positive utviklinga har halde fram i 2019. I 2019 blei det sett ut 43,6 mill. skogplanter, 14 pst. fleire enn i 2018. Tala for 2019 viser òg at aktiviteten for skogkulturtiltaka markkreiing, ungskogpleie og planting har auka. Arealane med markkreiing, nyplanting og ungskogpleie var på høvesvis 88 000 dekar, 225 000 dekar og 272 000 dekar. Samanlikna med 2018 er dette ein auke på 17 000 dekar for markkreiing, 19 000 dekar for planting og 32 000 dekar for ungskogpleie. Av løyvinga til skogkultur, miljøtiltak og andre tiltak blei 8 mill. kroner øyremerkte til miljøtiltak. Det blei utbetalt 2,3 mill. kroner til miljøtiltak i 2019. Dette er noko meir enn det som blei utbetalt til miljøtiltak i 2018.

Det blei avsett 28,5 mill. kroner til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar i 2019, og det blei avslutta og godkjent prosjekt på om lag 3,4 mill. dekar. Miljøregistreringane frå skogbruksplanlegginga dekkjer no ein stor del av den produktive skogen, og det er starta opp revisjonsprosjekt for dei eldste registreringane i tråd med retningslinene for behovsanalysar og revisjonsoppbygg som er utarbeidd av Landbruksdirektoratet og PEFC (Programme for the Endorsement of Forest Certification) Norge.

Kartlegging av MiS-livsmiljø og etablering av nøkkelbiotopar har gått føre seg sidan 2001, og det samla arealet med nøkkelbiotopar utgjer eit areal på 1,17 mill. dekar. Av dette har 150 000 dekar blitt verna etter naturmangfaldlova som skogreservat etter prinsippa om frivillig vern.

Skogbruk i kyststrøka har særskilde utfordringar knytte til mellom anna låg skogsvegdekning, høg del vanskeleg terreng og eigedomsstruktur. Kystskogbruket omfattar kystfylka frå Vest-Agder til Finnmark. Desse fylka har store skogressursar. Det er gitt midlar til mellom anna fylkesovergripande prosjekt der infrastrukturtiltak som skogsbilveggar og tømmerkaiar er prioritert.

Skogbrukets Kursinstitutt (Skogkurs) er ein sentral aktør for å utvikle og gjennomføre kompetansetiltak på skog- og utmarksområdet, retta mot rettleiingsapparat og skogeigarar, skogsarbeidarar og entreprenørar over heile landet. Skogkursserien Aktivt skogbruk er eit døme på denne aktiviteten, og det blei gjennomført om lag 500 slike kurs med over 2700 deltakarar i 2019.

#### Oppfølging av handlingsplan mot villsvin

I jordbruksoppgjeret i 2019 blei det sett av 2 mill. kroner til tiltak mot villsvin i 2019 og 2 mill. i 2020 til oppfølging av handlingsplanen mot villsvin som blei lagt fram i november 2019. Midlane er forvalta av Miljødirektoratet. Tilskottsramma er nytta til prosjekt som byggjer opp under målet om færrest mogleg villsvin spreidd ut over eit minst mogleg område. Prosjektet «Grunneigarbasert tiltaksplan for kontroll av villsvin i Noreg», i regi av Norges Bondelag, Glommen Mjøsen Skog SA,

NORSKOG og Utmarksforvaltningen AS, går over tre år og fekk tildelt 1,64 mill. kroner.

#### Konfliktførebyggjande tiltak jordbruk – reindrift

Det blei sett av 2 mill. kroner til konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift i 2019. I tillegg blei det sett av 1,45 mill. kroner til same formål over reindriftsavtalen. Midlane blir forvalta av Fylkesmannen i Trøndelag og blir i hovudsak nytta til gjerdebygging, men òg til ekstraordinære tiltak for gjeting, føring og beiteundersøkingar. Det blei i 2019 innvilga i underkant av 4,6 mill. kroner til sju prosjekt i fylka Troms og Finnmark, Trøndelag og Innlandet. 1 mill. kroner av desse var øymerka eit prosjekt med utgangspunkt i konflikter mellom reindriftnæringa og landbruksnæringa i områda ved grensa mellom det tidlegare fylket Hedmark og Trøndelag.

Fylkesmannen i Trøndelag vurderer ordninga som eit viktig tiltak som kan bidra til å dempe til dels langvarige og større konflikter. I tillegg gir prosessen med utarbeiding av søknadene og tilhøyrande avtalar mellom partane, i seg sjølv eit grunnlag for dialog og konfliktdeмпing. Fylkesmannen fekk fleire søknader om tilskott i 2019 enn året før. Det er viktig at aktuelle fylkesmenn og kommunar gir god informasjon om ordninga.

#### Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Formålet med tilskott til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er å varetta natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet, i tillegg til å redusere forureininga frå jordbruket. Ordninga skal gi meir målretta innsats med utgangspunkt i lokale behov, utfordringar og målsetjingar.

Ordninga blir forvalta av kommunane. Til saman blei det i 2019 innvilga 148,2 mill. kroner over ordninga. Om lag 60 pst. av midlane blei i 2019 innvilga til tiltak for å fremje verdier i kulturlandskap, kulturmiljø og biologisk mangfald, mens 40 pst. av midlane gjekk til tiltak for å redusere forureining til vatn.

Det er dei siste åra øymerka midlar til utbeiring av hydrotekniske anlegg i planeringsområda rundt Oslofjorden og i Trøndelag. Dette har gitt ein vesentleg auke i oppslutninga, både i tal på oppgraderte anlegg og innvilga tilskott.

Verneverdige bygningar og gamal kulturmark er dei største postane for bevaring av kulturlandskap, mens hydrotekniske anlegg er den viktigaste gruppa av tiltak innan forureining. Tilskott til restaurering og skjøtsel av kystlynghei, slåttemark og slåttemyr bidreg til varetaking av desse

utvalde naturtypene i kulturlandskapet. Kulturlandskapstiltak blir ofte gjennomførte i samarbeid og med samfinansiering frå natur- og kulturminnestyremaktene.

#### Drenering

Godt drenert jord gir større avling, betre utnytting av næringsstoff, redusert fare for jordpakking og redusert fare for lystgassutslepp. God drenering betrar i tillegg moglegheita for produksjon og innhausting i periodar med ekstremvær.

Det var 2 131 søkjarar om tilskott til drenering i 2019, og det blei gitt tilsegn om tilskott for 85 mill. kroner. Dette er ein tydeleg nedgang frå 2018. Nedgangen i talet på søknader i 2019 kan tyde på at dei auka satsane frå 2017 ikkje har ført til eit varig auka årleg søknads- og grøfteomfang.

#### Levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg

Ved å bruke husdyrgjødsel og matavfall til biogassproduksjon, bidreg ein til reduserte utslepp av klimagassar frå jordbruket, samtidig som det blir produsert klimavenleg biogass som kan erstatte fossilt drivstoff. Forskrift om tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg tredde i kraft 1. januar 2015, med tilbakeverkande kraft for leveransar av husdyrgjødsel i 2013 og 2014. Tilskottssatsen har auka sidan oppstarten av ordningane og blei dobla til 60 kroner per tonn husdyrgjødsel frå 1. januar 2016. I jordbruksoppgjæret 2018 vedtok avtalepartane at tilskottssatsen skulle aukast til 70 kroner per tonn husdyrgjødsel frå 1. januar 2019 med verknad for leveransar av husdyrgjødsel i 2018.

For søknadsomgangen 2019 var 4,7 mill. kroner tilgjengeleg til ordninga. Ved denne søknadsomgangen søkte 35 føretak om eit beløp på til saman 4,16 mill. kroner. 30 av desse føretaka leverte husdyrgjødsel til Greve Biogassanlegg og eit føretak leverte til Romerike Biogassanlegg. Dei resterande fire søkjarane brukte husdyrgjødsel i eigne anlegg. For budsjettåra 2013–2020 er det sett av til saman 15 mill. kroner til ordninga.

#### Tilskott til tiltak i beiteområde og organisert beitebruk

Tilskott til sams investeringar til tiltak i beiteområde og driftstilskott til organiserte beitelag har som mål å fremje bruk av beiteressursane i utmarka, vedlikehald av kulturlandskap og redusere tap av dyr. Støtte til investeringar kan sjåast i samanheng med midlar til førebyggjande og kon-

fliktdempande tiltak mot rovviltskadar over Klima- og miljødepartementet sitt budsjett, der dette er relevant. Det blei sett av 18 mill. kroner. 15 mill. kroner gjekk til investeringar i beiteområde i 2019 og 3 mill. kroner blei øyremarka til arbeidet mot skrantesjuka (CWD). Det blei i tillegg utbetalt 30,5 mill. kroner frå RMP til 746 godkjente beitelag. Dette omfatta om lag 3/4 av samla tal på sau og 1/3 av samla tal på storfe som gav grunnlag for utmarksbeitetilskott (blei slepte på utmarksbeite).

#### Klima- og miljøprogrammet

Klima- og miljøprogrammet skal bidra til å nå måla i landbruket på klima- og miljøområdet gjennom utgreiing og informasjonstiltak som raskt kan formidlast til landbruket. Hausten 2019 blei den samla ramma for 2020 på 22,2 mill. kroner fordelt med 7 mill. kroner til fylkesvise tiltak og 15,2 mill. kroner til sentrale tiltak. Det blei registrert 57 søknader på dei sentrale midlane, med eit søknadsbeløp på 84,9 mill. kroner.

#### Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap

I 2019 blei det markert at ordninga for tilskott til utvalde kulturlandskap i jordbruket med midlar over jordbruksavtalen og Klima- og miljødepartementets budsjett, var 10 år. I 2019 omfatta ordninga 44 område og ytterlegare to område blir etablert i 2020. Til saman var det sett av vel 33 mill. kroner til ordninga i 2019, med 11 mill. kroner over jordbruksavtalen. Dei utpekte områda representerer variasjonar av kulturlandskap i jordbruket med store verdiar knytt til biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø over heile landet. Aktiv landbruksproduksjon er viktig for gjennomføring av satsinga. Relevante direktorat er bedt om å levere forslag til plan for det vidare arbeidet med Utvalde kulturlandskap i jordbruket for

perioden 2020–2025. Planen skal vurdere status for ordninga og moglegheiter for utveljing av nye område, inkludert ein tidsplan, i tillegg til behovet for eventuelt å styrkje eksisterande område. Planen skal baserast på gjeldande økonomiske ramme. For 2020 er løyvinga auka med 4,5 mill. kroner over jordbruksavtalen.

Midlane til verdensarvområda Vegaøyen og Vestnorsk Fjordlandskap over jordbruksavtalen var 7,5 mill. kroner i 2019 og er vidareført i 2020. Det er òg løyvd midlar over Klima- og miljødepartementet sitt budsjett til samfinansiering med midlane over jordbruksavtalen til skjøtsel i desse verdensarvområda. I begge verdensarvområda har midlane vore viktige for grunneigarar og drivarar, for å sikre at areal blir haldne i hevd. I tillegg bidreg Klima- og miljødepartementet med midlar til Verdensarvområda som mellom anna omfattar informasjonsarbeid og tilretteleggingstiltak for å vareta forpliktingane gjennom Verdensarvkonvensjonen.

Ordningane Utvalde kulturlandskap og Verdensarvsatsinga er slått saman til ei ordning og frå og med 2020 blir ordninga forvalta av kommunane.

#### Budsjettframlegg 2021

Med bakgrunn i Prop. 118 S (2019–2020) og Stortingets handsaming, jf. Innst. 380 S (2019–2020), gjer departementet framlegg om ei løyving på 1 295,6 mill. kroner til Landbrukets utviklingsfond (LUF) for 2021. LUF blir vidare tilført 9,5 mill. kroner i 2020 gjennom omdisponering av midlar i 2020. Tabell 2.13 viser kapitalstatusjonen for LUF i perioden 2019–2021. Prognosen for 2020 viser at eigenkapitalen og likviditeten til fondet blir svekka med om lag 254 mill. kroner. Prognosen for 2021 viser at eigenkapitalen og likviditeten til fondet blir ytterlegare svekt. Kapitalstatusjonen og likviditetsutviklinga for LUF må haldast under oppsikt.



Tabell 2.13 Framføring av kapitalsituasjonen for Landbrukets utviklingsfond, 2019–2021 (i mill. kroner)

	Rekneskap 2019	Prognose 2020	Prognose 2021
Løyving	1 133,5	1 250,6	1 295,6
Eingongsoverføring, udisponerte midlar	60,4	9,5	
Renteinntekter	17,0	8,5	10,2
Andre inntekter	52,4	25,2	25,2
Sum tilførsel	1 263,4	1 293,8	1 331,0
Utbetalningar jf. statusrapport LUF 3-18/2020	1 647,8	1 574,2	1 511,0
Endring i tilskottsramme <sup>1</sup>		7,0	45,0
Sum utbetalningar	1 647,8	1 581,2	1 556,0
Innestående i Norges Bank, inkl. a konto IN	1 193,6	991,1	746,2
Utestående investeringslån	83,2	44,4	64,2
Sum eigedelar	1 276,8	1 035,4	810,4
Tapsfond BU risikolån	40,9	40,0	41,5
Sum Eigenkapital i LUF	1 235,9	995,4	768,9
<i>Likviditet</i>			
Tilført årsløyving, renteinntekter m.m.	1 263,4	1 293,8	1 331,0
Netto tilførsel av kapital ifm. Investeringslån (avdrag)	45,3	33,4	24,8
Disponibel likviditet	1 308,7	1 327,2	1 355,8
Utbetalningar	1 647,8	1 581,2	1 556,0
Endring i likviditet	-339,1	-254,1	-200,2

<sup>1</sup> Auken i tilskottsramme for 2020 og 2021 vil truleg ikkje komme til full utbetaling i tilsegsåret

Tabell 2.14 viser tilskottsramma for LUF i 2021 og endring i tilskottsramme frå 2020 til 2021. Tilskottsramma for fondet blir sett til 1 733 mill. kroner, medrekna avsetjing til rentestøtteutbetalningar. Ein vesentleg del av tilskottsramma for LUF for 2020 er sett av til ordningar som skal stimulere til investeringar og bedriftsutvikling, næringsutvikling og gründerskap i landbruket. Skogbruk og ordningar som gjeld klima- og miljøtiltak, utgjer ein annan sentral del av tilskottsramma til fondet.

Tilskottsnivået for dei fleste ordningane blir ført vidare på same nivå som for 2020, med unntak av midlar til investering og bedriftsutvikling (IBU-ordninga), nasjonale tilretteleggingsmidlar, Verdskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket, Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), Klima- og miljøprogrammet og biogassordninga.

Tabell 2.14 Tilskottsramme for Landbrukets utviklingsfond, 2021 (i mill. kroner)

	2020	Ekstra 2020	2021	Endring 2020–2021
Bedriftsretta midlar til investering og utvikling	634,5		664,5	30,0
Nasjonale tilretteleggingsmidlar	8,0	5,0	8,0	0,0
Inn på tunet-løftet del 2	3,0		3,0	0,0
Regionale tilretteleggingsmidlar	48,0		48,0	0,0
Områderetta innsats				
<i>Arktisk landbruk</i>	4,0		4,0	0,0
<i>Fjellandbruket</i>	4,0		4,0	0,0
Rekruttering og kompetanse i landbruket				
<i>Nasjonalt rekrutteringsprosjekt</i>	2,0		0,0	-2,0
<i>Regionale kompetansenettverk for lokalmat</i>	14,0		14,0	0,0
<i>Regionale tilskott til rekruttering og kompetanseheving</i>	14,0		14,0	0,0
<i>Nasjonal modell for vaksenagronom</i>	17,0		17,0	0,0
<i>Mentorordning</i>	4,0		4,0	0,0
Forsking og utvikling	82,0		82,0	0,0
PRESIS- Presisjonsjordbruk i praksis	4,0		4,0	0,0
Matmerk	63,0		63,0	0,0
Utviklingsprogrammet	92,0		92,0	0,0
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	87,0		97,0	10,0
Skogbruk	257,0		257,0	0,0
Oppfølging av handlingsplan mot villsvin	2,0		2,0	0,0
Midlar til konfliktføreb. tiltak jordbruk/reindrift	1,5		1,5	0,0
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	127,0		132,0	5,0
Drenering	68,0		68,0	0,0
Tilskott til tiltak i beiteområde	23,0		23,0	0,0
Handlingsplan for plantevernmidlar	12,0		12,0	0,0
Klima- og miljøprogram	22,0	2,0	28,0	6,0
Klimasmart landbruk	8,0		0,0	-8,0
Biogass	5,0		9,0	4,0
Støtte verdsarvområda og utvalde kulturlandskap	23,0		23,0	0,0
Utviklingstiltak innan økologisk landbruk	34,0		34,0	0,0
SUM tilskottsramme	1 663,0	7,0	1 708,0	45,0
Rentestøtte – utbetalningar	31,0		25,0	-6,0
SUM tilskottsramme inkl. utbetalningar rentestøtte	1 694,0	7,0	1 733,0	39,0

Avsetjinga på 2 mill. kroner til nasjonalt rekrutteringsprosjekt som blei gjort for 2020 var eit einongsbeløp og blir ikkje ført vidare i 2021. Midlar sett av i 2020 kan òg nyttast i 2021 til prosjektet. Avsetjinga til klimasmart landbruk på 8 mill. kroner til å ferdigstille klimakalkulator er òg ei løyving som ikkje blir ført vidare i 2021. Prosjektet kan disponere eventuelle unytta midlar til formålet i 2021.

Det er gjort følgjande justeringar samanlikna med 2020, jf. Prop. 120 S (2018–2019) *Jordbruksoppgjøret 2019*:

Midlar til investering og bedriftsutvikling (IBU-ordninga)

Avsetjinga aukar med 30 mill. kroner til 664,5 mill. kroner. Investeringar i gjødsellager og tak på kum skal prioriterast. 120 mill. kroner av avsetjinga er øyremerkd til nasjonalt program for investeringar i grøntsektoren. Midlane skal gå til investerings-, kompetanse- og produktutvikling til produsentar i grøntnæringa. Nye produsentar bør prioriterast ved marknadsvekst.

Nasjonale tilretteleggingsmidlar

Dagens avsetjing på 8 mill. kroner blir ført vidare. Det blir sett av 5 mill. kroner til utviklingsprosjekt innanfor grøntsektoren og klimaområdet, jf. særskild omtale av dette i kapittel 4.1 og 4.2 i Prop. 118 S (2019–2020).

Forskning og utvikling

Dagens avsetjing på 82 mill. kroner blir ført vidare. 10 mill. kroner av avsetjinga skal øyremerkast grøntprosjekt. Det blir elles vist til særskild omtale av føringar for forskings- og utgreiingsprosjekt i kapittel 4.1 og 4.2 i Prop. 118 S (2019–2020). I tråd med desse føringane skal det setjast av midlar til eit forskingsprosjekt på fangvekstar. Det skal i tillegg setjast av midlar til ei utgreiing knytt til status og behov innan lager og pakkeri i grøntnæringa. Omfanget av utgreiingar blir ført vidare på omlag same nivå som i fjor.

Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping

Dagens avsetjing på 92 mill. kroner blir ført vidare. Det skal vurderast å føre vidare omdispenseringar knytte til koronapandemien i 2021.

Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket

Tilskottsramma aukar med 10 mill. kroner til 97 mill. kroner. Utsleppsreducerande investeringar skal prioriterast.

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Avsetjinga til SMIL aukar med 5 mill. kroner til 132 mill. kroner for 2021. Klimatilpassing, irekna særskilde hydrotekniske tiltak skal prioriterast.

Klima- og miljøprogrammet

Avsetjinga til Klima- og miljøprogrammet blir auka med 6 mill. kroner til 28 mill. kroner for 2021. Jord blir innlemma som tema i programmet, mellom anna som ei oppfølging av Jordprogrammet, og det blir øyremerkd midlar til utgreiingar i regi av rekneskapsgruppa for klimaavtalen for jordbruket, jf. omtale i kapittel 4.2 i Prop. 118 S (2019–2020).

Biogass

Tilskottssatsen for levering av husdyrgjødsel til biogassproduksjon blir auka til 100 kroner per tonn husdyrgjødsel. Tilskottsramma for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg blir auka med 4 mill. kroner til 9 mill. kroner i 2021. Tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg blei i si tid etablert som pilotordning, men er no ei ordinær ordning, jf. nærare omtale i kapittel 4.2 i Prop. 118 S (2019–2020).

Innovasjon og vekst i grøntsektoren

Satsinga på grøntsektoren som blei etablert i jordbruksoppgjøret 2019 blei ført vidare i jordbruksoppgjøret i 2020. Satsinga følgjer opp fleire av tiltaka frå rapporten til det rådgjevande utvalet for vekst og innovasjon i grøntsektoren som blei nedsett i samband med fjorårets jordbruksoppgjøret. Tiltaka omfattar avsetjing av ei eiga investeringsramme for grøntsektoren på 120 mill. kroner innanfor IBU-ordninga, eigne prosjektmidlar og midlar til forskings- og utgreiingstiltak, oppmoding om å etablere eit forum for norsk grønt i grøntsektoren, i tillegg til auke i målprisar og areal- og distriktstilskott innan grøntproduksjonar.

### Klimasatsinga over jordbruksavtalen

I dei forenkla forhandlingane blei partane samde om å prioritere tiltak som har klimaverknad. I 2019 blei det inngått ein intensjonsavtale mellom jordbruket og staten med mål om å redusere klimagassutsleppa og auke opptaket av karbon med 5 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar innan 2030. I jordbruksoppgjeret blei det bestemt å auke sat-

singa på følgjande tiltak som blir bokført i den offisielle klimagassrekneskapen; fossilfri oppvarming og maskinpark, biogass, utvida gjødsellager og dekkje og miljøvenleg gjødselspreiing. Det blei òg prioritert å arbeide vidare med å styrkje kunnskapsgrunnlaget innanfor klimaområdet.

Ei rekkje ordningar blei prioriterte for å følgje opp klimainnsatsen, sjå omtale under dei ulike postane.

### Post 70 Marknadstiltak, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70.11	Tilskott til marknadstiltak grøntsektoren	27 400	31 400	31 400
70.12	Tilskott til råvareprisutjammingsordninga	238 350	234 347	200 745
70.13	Tilskott til avrensordninga poteter	38 000	38 000	41 000
	Sum post 70	303 750	303 747	273 145

Departementet gjer framlegg om ei løyving på post 70 på 273,1 mill. kroner i 2021.

#### Underpost 70.11 Tilskott til marknadstiltak i grøntsektoren

Formålet med marknadstiltaka er å bidra til å nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukta, jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetnad for produsert vare og bidra til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. I grøntsektoren blir kostnadene ved marknadsregulering, opplysningsverksemd og faglege tiltak dekte av løyvinga til marknadstiltak, mens for andre produksjonar blir dette dekt gjennom omsetnadsavgift. Dette gir ei løyving på underposten på 31,4 mill. kroner i 2021.

#### Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisutjammingsordninga

Formålet med RÅK-ordninga er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg. Til og med 2020 har det òg blitt kompensert råvarekostnader for ein del norske varer som blir eksportert. Frå 2021 er det vedteke å avvikle ordninga med eksportrestitusjon. Det reduserer løyvinga med om lag 36 mill. kroner.

Det er viktig at løyvingane over denne ordninga er avpassa engrosprisane på norskprodu-

serte jordbruksvarer. Prisane på verdsmarknaden kan variere mykje. I 2020 har det òg vore store svingingar i valutamarknaden. Dette påverkar løyvingsbehovet til RÅK-ordninga. Endringane i målprisar i jordbruksoppgjeret påverkar òg løyvingsbehovet. Som for mykje anna er det stor uvisse i prisutviklinga på mat framover. Svekkinga av den norske kronekursen har redusert løyvingsbehovet. Dette er det teke omsyn til med ei redusert løyving. Målprisauken i jordbruksoppgjeret gir ein mindre auke i løyvinga. Samla gir dette ei løyving på underposten på 200,7 mill. kroner i 2021.

#### Underpost 70.13 Tilskott til avrensordninga poteter

Formålet med ordninga er å sikre avsetjing av norskproduserte avrenspoteter. Avrenspoteter er fråsorterte poteter som ikkje kan nyttast til mat eller industriproduksjon. Det blir gitt prisnedskrivningstilskott til produksjon av rektifisert potetsprit eller potetstivelse ved avtale om mottak av avrenspoteter frå godkjente omsetnadsledd i marknadsordninga for poteter. Dette gir redusert matsvinn og lågare klimagassutslepp.

I jordbruksoppgjeret blei satsane auka tilsvarende 3,0 mill. kroner. Dette gir grunnlag for ei løyving på underposten på 41,0 mill. kroner i 2021.

**Post 71 Tilskott ved avlingsvikt, overslagsløyving****Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å redusere økonomiske tap i plante- og honningproduksjon som kjem av klimatiske forhold det ikkje er mogleg å sikre seg mot.

**Rapportering 2019**

Det kom vel 500 søknader om tilskott for tap i sesongen 2019. Det er om lag halvparten av det som blir rekna som normalt, mens det i 2018 kom 15 000 søknader. Av desse blei 3 700 handsama og betalt ut i 2019 med 371 mill. kroner. For skadeåret 2019 blei det betalt ut om lag 10 mill. kroner og samla løyving blei på 380,6 mill. kroner.

**Budsjettframlegg 2021**

I samband med dei tiltaka som blei sette i verk for å hindre spreieing av koronaviruset blei det sett i verk ei rekkje tiltak som mellom anna avgrensa mobiliteten av arbeidskraft. Dette gjorde det usikkert om grøntæringa ville klare å skaffe seg tilstrekkeleg sesongarbeidskraft. For å redusere risikoen for denne næringa, og hindre redusert produksjon som følgje av uvisse omkring tilgang på arbeidskraft blei partane samde om å utvide denne ordninga for sesongen 2020. Tap på grunn av mangel på arbeidskraft som følgje av tiltak mot spreieing av koronaviruset er teke inn som et vilkår for å få tilskott denne sesongen. Samstundes blei òg dei maksimale utbetalingane per vekstgruppe auka for grøntproduksjonane. Ut frå dette la partane til grunn ein auke i løyvinga på 1,5 mill. kroner i 2020 og 3,5 mill. kroner i 2021.

For avlingsåra 2020 og 2021 er det elles lagt til grunn eit normalt skadeomfang.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på post 71 på 46,5 mill. kroner i 2021.

**Post 73 Pristilskott, overslagsløyving**

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
73.11	Pristilskott ull	116 784	124 000	115 000
73.13	Pristilskott mjølk	664 858	701 100	670 000
73.15	Pristilskott kjøtt	1 466 360	1 453 400	1 449 000
73.16	Distriktstilskott egg	3 088	3 500	3 400
73.17	Pristilskott grøntsektoren	147 506	152 300	171 600
73.18	Fraktilskott	339 287	385 700	405 350
73.19	Pristilskott korn	738 426	881 100	1 081 700
73.20	Tilskott matkorn	53 351	99 500	
	Sum post 73	3 529 660	3 800 600	3 896 050

Departementet gjer framlegg om ei løyving på post 73 på 3 896,1 mill. kroner i 2021.

**Underpost 73.11 Pristilskott ull**

Formålet med tilskottet er å bidra til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehalvet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskot-

tet skal òg bidra til å betre kvaliteten på norsk ull og sikre avsetnad i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

I jordbruksoppgjeret blei ordninga ført vidare med uendra satsar, men prognosane viser ein nedgang i volumet som gir grunnlag for ein reduksjon i løyvinga på 9 mill. kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 115,0 mill. kroner.

**Underpost 73.13 Pristilskott mjølk**

Løyvinga omfattar ordningane med grunntilskott til geitemjølkk og distriktstilskott for mjølkk og mjølkeprodukt.

Formålet med pristilskott til mjølkk er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som er med på å halde oppe busetjing og sysselsetjing i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen.

Distriktstilskottet blir gitt med ni ulike satsar for mjølkk produsert i område med høge produksjonskostnader i Sør-Noreg, og for all mjølkk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskottet varierer frå null og opp til 189 øre per liter.

I jordbruksoppgjæret blei det ikkje gjort endringar i satsane, mens det er prognosert ein redusert produksjon tilsvarande 31,1 mill. kroner.

Dette gir ei løyving på underposten på 670 mill. kroner. Løyvinga på underposten er fordelt med 70 mill. kroner til grunntilskott for geitemjølkk og 600 mill. kroner i distriktstilskott for all mjølkk.

**Underpost 73.15 Pristilskott kjøtt**

Ordninga omfattar grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt, kvalitetstilskott for storfekjøtt og kvalitetstilskott for slakt av lam og kje.

Formålet med tilskotta er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling som er med på å halde oppe busetjing og sysselsetjing i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen. Grunntilskottet skal òg bidra til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren, mens kvalitetstilskotta skal stimulere til ein auke i produksjonen av kjøtt med høg kvalitet.

Distriktstilskott går i hovudsak til kjøtt frå grovfôrbaserte produksjonar differensiert på fem soner. Det blir òg gitt distriktstilskott til produksjon av svinekjøtt i Nord-Noreg, Agder og Vestlandet med unntak av Rogaland.

Grunntilskottet for kjøtt blir berre gitt til slakt av sau/lam og geit/kje.

I jordbruksoppgjæret blei det ikkje gjort endringar i satsane for pristilskott kjøtt. Volumprognosen gir ein liten reduksjon tilsvarande 4,4 mill. kroner.

Dette gir ei løyving på underposten på 1 449 mill. kroner. Av dette utgjer grunntilskottet til sau/lam og geit/kje 94 mill. kroner, kvalitetstilskottet til storfekjøtt 250 mill. kroner, distriktstilskottet 650 mill. kroner og tilskott til lammeslakt og kjeslakt 455 mill. kroner.

**Underpost 73.16 Distriktstilskott egg**

Formålet med ordninga er å bidra til eggproduksjon i heile landet gjennom å jamne ut geografiske skilnader i lønsemda i produksjonen. Tilskottet omfattar Nord-Noreg og Vestlandet utanom Rogaland. Det blei ikkje gjort satsendringar i jordbruksoppgjæret. Det gir ei løyving på underposten på 3,4 mill. kroner.

**Underpost 73.17 Pristilskott grøntsektoren**

Formålet med ordningane er å betre inntekta for produsentane innan grøntsektoren og bidra til ein geografisk spreidd produksjon.

Ordninga omfattar distriktsdifferensierte tilskott til konsumproduksjon av eple, pære, plomme, kirsebær, morellar og bær. Det blir gitt tilskott for leveransar av pressfrukt til industri og til produksjon av matpotet i Nord-Noreg. Det blir òg gitt distriktsdifferensierte tilskott til produksjon av salat samt veksthusproduksjon av tomat og slangeagurk.

Distriktsdifferensieringa følgjer dei same sonene som tilskott for areal- og kulturlandskap.

I jordbruksoppgjæret blei satsane i ordninga auka tilsvarande 10 mill. kroner. Distriktstilskott for frukt og bær blei auka tilsvarande 8,1 mill. kroner, salat og veksthusgrønsaker blei auka med 1,6 mill. kroner og potetproduksjon i Nord-Noreg med 0,3 mill. kroner. Den største auken i satsar blei gitt i sone 5.

Det er òg prognosert volumauke tilsvarande 9,3 mill. kroner. Samla forbruk over ordninga er etter dette berekna til 171,6 mill. kroner. Av dette er 139,3 mill. kroner for frukt og bær, 27,7 mill. kroner for salat, tomat og agurk og 4,9 mill. kroner til potetproduksjon i Nord-Noreg.

**Underpost 73.18 Frakttilskott**

Ordninga omfattar tilskott til frakt av kjøtt, egg, korn, kraftfôrråvarer og kraftfôr. Frakttilskotta skal bidra til å jamne ut prisane til produsent og forbrukar. Frakttilskotta er baserte på at råvarekjøparane og produsentane må dekkje ein eigen del av kostnadene.

I jordbruksoppgjæret blei det gitt ein auke i løyvingane for frakt av kjøtt frå produsent til slakteri med 12 mill. kroner og for frakt av kraftfôr med 8 mill. kroner.

Dette gir ei løyving på underposten på 405,4 mill. kroner. Av dette er 155,0 mill. kroner til frakt av kjøtt, 7,35 mill. kroner til frakt av egg, 82,0 mill. kroner til frakt av korn og 161 mill. kroner til frakt av kraftfôr.

**Underpost 73.19 Pristilskott korn**

Ordninga omfattar tilskott til prisnedskrivning ved kjøp av norskprodusert korn for vidare sal eller tilverking av kraftfôr eller mat, og tilskott til føretak som nyttar norskprodusert korn i tilverking av mjøl eller andre cerealprodukt som blir nytta til mat (matkorntilskott). Gjennom desse ordningane kan ein då regulere prisen på råvarer til kraftfôr og matmjøl. For å fremje avsetnaden av økologisk korn og erter blir det gitt høgare satsar til økologisk produksjon.

Formålet med ordningane er å sikre avsetnad av norskprodusert korn, erter og oljefrø, og å regulere kostnadene og konkurransekrafta til norsk husdyrproduksjon, i tillegg til å styrkje konkurransekrafta til norsk cerealindustri.

I jordbruksoppgjæret blei målprisane for korn auka med i gjennomsnitt 12 øre per kg. For kveite av matkornkvalitet blei målprisen auka med 17 øre per kg, mens den blei auka med 13 øre per kg for havre og 10 øre per kg for bygg. Prisnedskrivningstilskottet til norskprodusert korn blei auka med vel 10 øre per kg. Saman med ein auke i løy-

vinga til frakt av kraftfôr rekna partane at råvarekostnaden av norsk korn til kraftfôr blir omlag uendra. I jordbruksavtalen blir det òg sett ein referansepris på soya til kraftfôr som styrer tollsatsane ved import og prisutjamninga på soya som er importert tollfritt. Dette gjer det lønsamt å bruke det norske kornet som karbohydratråvare.

Matkorntilskottet blei auka med knapt 7 øre per kg, og som gjer at heller ikkje råvarekostnaden på det norske kornet til mat blei endra i jordbruksoppgjæret.

Endringane i jordbruksoppgjæret krev ei auka løyving på 120,2 mill. kroner.

Dette gir ei løyving på underposten på 1 081,7 mill. kroner. Av dette er 978,5 mill. kroner til prisnedskrivning og 108,2 mill. kroner til matkorntilskott.

**Underpost 73.20 Tilskott matkorn**

Tilskott til bruk av norsk matkorn blir frå 2021 lagt inn som ein av to delordningar på underpost 73.19.

**Post 74 Direkte tilskott, kan overførast**

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
74.11	Driftstilskott mjølk og kjøtt	1 591 132	1 678 900	1 678 900
74.14	Tilskott husdyr	2 416 088	2 552 385	2 611 900
74.16	Beitetilskott	895 511	971 900	1 035 100
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 430 315	3 552 200	3 569 300
74.19	Tilskott til regionale miljøprogram	490 636	528 159	551 100
74.20	Tilskott til økologisk jordbruk	115 856	120 500	120 500
	Sum post 74	8 939 538	9 404 044	9 566 800

Departementet gjer framlegg om ei løyving på post 74 på 9 566,8 mill. kroner i 2021.

**Underpost 74.11 Driftstilskott mjølk og kjøtt**

Ordninga består av tilskott til føretak med mjølkeproduksjon og tilskott til føretak med kjøttproduksjon på ammekyr.

Formålet med driftstilskottet er å styrkje økonomien i mjølkeproduksjonen og i produksjon av storfejøtt. Tilskottet skal òg jamne ut skilnader i

lønsamd mellom føretak av ulik storleik, og har òg ei geografisk differensiering.

Driftstilskottet til mjølkeproduksjon er like stort per føretak for alle som har fem kyr eller meir. I jordbruksoppgjæret blei satsen auka med 5 000 kroner per føretak i sone 1, 2, 3 og 4, med 5 750 kroner i sone 5 og med 6 000 kroner i sone 6 og 7.

For driftstilskottet til ammekuproduksjon blei satsen auka med 4 280 kroner per føretak i sone 1–4 og med 5 600 kroner i sone 5–7. For føretak

med mindre enn 40 kyr svarar det til 107 kroner og 140 kroner per ku.

Auken i satsane krev ei auka løyving på 52,9 mill. kroner som er likt med den innsparinga ein får på ordninga som følgje av reduksjon i talet på føretak.

Dette gir ei løyving på underposten på 1 678,9 mill. kroner. Av dette er 354,0 mill. kroner til kjøttproduksjon og 1 324,9 mill. kroner til mjølkeproduksjon.

#### **Underpost 74.14 Tilskott husdyr**

Formålet med tilskottet er å styrkje og jamne ut inntektene til føretak med ulike husdyrproduksjonar og etter storleiken på husdyrhaldet. Ordninga skal òg styrkje økonomien i honningproduksjon og bidra til bevaring av gener for gamle husdyrrasar.

Tilskottet blir gitt per dyr/slakt/bikube. Satsane per dyreslag blir trappa ned med aukande dyretal per føretak. I jordbruksoppgjeret blei satsen for mjølkekyr, eggproduksjon og hjort auka tilsvarande 63 mill. kroner.

Verknaden av endra satsar i jordbruksoppgjeret og tilpassing av løyvingsbehovet til dyretalet gir ein auke i løyvinga på 59,5 mill. kroner. Dette gir ei total løyving i 2021 på 2 611,9 mill. kroner.

#### **Underpost 74.16 Beitetilskott**

Formålet med ordningane er å stimulere til pleie av kulturlandskap og å oppnå god utnytting av utmarksbeiteressursane.

Ordninga består av eit tilskott for dyr som beitar i utmark, og eit tilskott for dyr som beitar i kulturlandskapet (innmark og/eller utmark). Det er krav til minimum beitetid for å få rett til tilskotta, og dei som får tilskott for dyr som beitar i utmark, kan òg få det generelle beitetilskottet for dei same dyra.

I jordbruksoppgjeret blei satsane for utmarksbeitetilskottet auka med 25 kroner per dyr for alle dyr, mens beitetilskottet ikkje blei endra. Satsendingane gir ei auka løyving tilsvarande 55 mill. kroner, mens prognosen for talet på beitedyr i 2021 gir ei auka løyving på 8 mill. kroner.

Dette gir ei samla løyving på 1 035,1 mill. kroner fordelt med 654,1 mill. kroner for dyr på utmarksbeite og 381,0 mill. kroner i generelt beitetilskott.

#### **Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskaps-tilskott**

Formålet med tilskottet er å bidra til å skjøtte, halde ved like og utvikle kulturlandskapet gjen-

nom aktiv drift og til å halde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål. Tilskottet er ein del av det nasjonale miljøprogrammet, og det må kunne dokumenterast oppfølging av miljøkrav knytt til produksjonen for å oppnå maksimalt tilskott.

Ordninga omfattar eit tilskott til kulturlandskap med den same satsen per dekar til alt jordbruksareal som oppfyller vilkåra for arealtilskott. Som eit tiltak for å nå målet om aktivt jordbruk over heile landet blir det i tillegg gitt eit arealtilskott der satsane per dekar er differensierte ut frå type produksjon og kvar i landet produksjonen skjer. Dette skal bidra til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar og mellom distrikta.

I jordbruksoppgjeret blei satsen for tilskottet til kulturlandskap for alt dyrka areal ikkje endra, medan det blei prioritert å stimulere korn- og potetproduksjon. For korn blei satsane auka med 9 kroner per dekar i heile landet, mens satsen for poteter blei auka med 185 kroner per dekar. For korn er det rekna til 25,6 mill. kroner og for poteter til 21,7 mill. kroner.

Dette gir ei samla løyving til arealtilskott i 2021 på 3 569,3 mill. kroner som er fordelt med 1 428,0 mill. kroner i kulturlandskapsstilskott og 2 141,3 mill. kroner i arealtilskott.

#### **Underpost 74.19 Tilskott til regionale miljøprogram**

Formålet med ordninga er å sikre miljøkvalitetar og kulturlandskap, og å hindre erosjon og avrenning av næringsstoff til vatn gjennom eit regionalt og lokalt tilpassa regelverk for økonomisk støtte. Dei regionale miljøprogramma har tiltak med tilhøyrande tilskott retta mot føretak innanfor følgjande område: redusert forureining til vatn og luft, varetaking av kulturlandskap og kulturminne, tilrettelegging for friluftsliv og tilgjenge, varetaking av biologisk mangfald, utslepp til luft, plantevern og miljøavtale. Nasjonalt miljøprogram legg rammene for utforminga av dei regionale miljøprogramma. Ordninga opnar for at fylka kan støtte dei tiltaka som er mest målretta i deira eige område, og vil bidra til å hindre attgroing og stimulere til beiting og betre opplevingskvalitetar i kulturlandskapet. Rapporteringa tyder på stor aktivitet i fylka, og at det gir auka målretting og differensiering av miljøarbeidet. Ny fireårig programperiode gjeld frå 2019 til 2022. Landbruksdirektoratet har utarbeidd ein nasjonal instruks som dannar grunnlag for dei fylkesvise forskriftene. Miljøutfordringane varierer frå fylke til fylke,



og dei regionale miljøprogramma gir ei målretting av miljøinnsatsen i jordbruket ut over det som er mogleg gjennom generelle nasjonale ordningar.

I jordbruksoppgjæret var partane samde om å auke ramma for ordninga med 22,9 mill. kroner. Tiltak som skal bidra til å redusere klimagassutsleppa blei prioriterte, som miljøvenleg spreiding av husdyrgjødsel og tilskott til fangvekstar.

Partane var òg samde om innføring av nye erosjonsrisikokart som grunnlag for tilskottsutmåling frå 2021, og at Landbruksdirektoratet må sjå nærare på fordelingsnøkkelen for ordninga. Tilskott til klimarådgiving skal implementerast som ein del av Regionale miljøprogram frå vekstsesongen/søknadsomgangen 2021. Dette gir ei løyving i 2021 på 551,1 mill. kroner.

### Underpost 74.20 Tilskott til økologisk jordbruk

Formålet med ordninga er å stimulere til at ein større del av jordbruksproduksjonen er økologisk. Ordninga omfattar ekstra arealtilskott og husdyrtilskott til økologisk produksjon.

I jordbruksoppgjæret blei satsane for det ekstra arealtilskottet til økologisk kornproduksjon auka med 7 kroner per dekar. Satsane for dei ekstra tilskotta til økologisk husdyrproduksjon blei auka med 3–6 pst. Endringa i satsane til økologisk produksjon aukar løyvinga med 3 mill. kroner tilsvarende prognosen for redusert løyving over ordninga.

Dette gir ei løyving i 2021 på 120,5 mill. kroner, som er fordelt med 71,0 mill. kroner i husdyrtilskott og 49,5 mill. kroner i arealtilskott.

### Post 77 Utviklingstiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
77.11	Tilskott til dyreavl m.m.	86 144	92 600	98 133
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	15 475	27 020	27 020
77.13	Tilskott til rådgiving	93 500	98 000	98 000
77.15	Tilskott til kvalitetstiltak	48 262	49 360	52 156
77.17	Tilskott til fellesanlegg for frukt	14 000	15 000	16 000
	Sum post 77	257 381	281 980	291 309

Departementet gjer framlegg om ei løyving på post 77 på 291,3 mill. kroner i 2021.

#### Underpost 77.11 Tilskott til dyreavl m.m.

Tilskott til dyreavl m.m. skal bidra til avlsmessig framgang og populasjonar av friske og sunne husdyr tilpassa miljøet. Ordninga skal òg sikre genetisk variasjon i populasjonane og byggje på berekraftige prinsipp basert på ein tilstrekkeleg stor effektiv avlspopulasjon og inkludering av funksjonelle eigenskapar i avlsmålet.

Løyvinga skal bidra til at kostnadene ved inseminering av ku og svin kan haldast på om lag same nivå i heile landet, og til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

I jordbruksoppgjæret blei partane samde om å auke satsen i reisetillegget til veterinærreiser med kroner 1,50 per km, som gir ei auka løyving på

4,4 mill. kroner. Det er òg prognosert ein auke i forbruket på ordninga med 1,1 mill. kroner.

Dette gir ei løyving på 98,1 mill. kroner, fordelt med 25,6 mill. kroner til semintenester, 59,2 mill. kroner til veterinærreiser og 14,3 mill. kroner til avlsorganisasjonar.

#### Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.

Formålet med ordninga er å fremje frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det er tre typar tilskott under ordninga: pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott. For å sikre tilgang til klimatilpassa såvare blir det òg gitt tilskott til overlaging av såkorn mellom kornsesongar.

Tilskottet til frøavl blir gitt til sertifisert frøavl av godkjende sortar.

For å sikre forsyninga av såkorn i år, med små volum eller dårleg kvalitet på norsk såkorn, blir

det gitt tilskott til beredskapslagring av såkorn mellom avlingsåra. Tilskottet er 90 øre per kilo innanfor ei ramme på 10 mill. kroner. Det blei ikkje gjort endringar i jordbruksoppgjæret. Dette gir ei samla løyving på underposten på 27,0 mill. kroner.

#### **Underpost 77.13 Tilskott til rådgiving**

Formålet med ordninga er å bidra til kunnskapsoppbygging hos bøndene ved å leggje eit økonomisk grunnlag for drift i dei regionale rådgivingseiningane hos Norsk Landbruksrådgiving (NLR). Rammevilkåra og utfordringane for landbruket krev både næringspolitiske tilpassingar, produksjonstilpassingar og faglege tilpassingar. Løyvinga over jordbruksavtalen er med på å sikre eit likeverdig rådgivingstilbod over heile landet. Rådgivingseiningane utgjer eit fagleg bindeledd mellom landbruksforskinga og landbruket. NLR er viktig for å utvikle god agronomi og auka kompetanse i næringa. NLR har kjernekompetanse på god agronomi og gir råd innan planteproduksjon, maskin- og byggeteknikk, næringsutvikling, føretaksøkonomi, økologisk landbruk, miljøtiltak,

klimatiltak og HMS. Føringar for løyvinga i 2020 gjeld óg for 2021. Av den samla løyvinga skal minst 14 mill. kroner nyttast til HMS-rådgiving og HMS-relaterte tiltak, og minst 5,5 mill. kroner skal gå til byggeteknisk rådgiving. NLR må gjere naudsynte prioriteringar innanfor ramma. Dette gir ei løyving på underposten på 98,0 mill. kroner.

#### **Underpost 77.15 Tilskott til kvalitetstiltak**

Ordninga skal bidra til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette er å skaffe den norske potet- og grøntnæringa plantemateriale som er kontrollert for særskilde skadegjerarar, og med definerte eigenskapar som er tilpassa norske forhold. Formålet med å gi tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet.

Det er lagt til grunn ein auke i forbruket på ordninga med 2,8 mill. kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 52,1 mill. kroner. Løyvinga er fordelt på desse ordningane:

Tabell 2.15 Fordeling på tilskott til kvalitetstiltak, 2021 (i mill. kroner)

Utvikling av plantemateriale, nordisk	2,821
Utvikling av plantemateriale, oppformering	12,875
Utvikling av plantemateriale, Graminor	26,460
Kvalitetstiltak settepotetavl	10,000
Sum underpost 77.15	52,156

#### **Underpost 77.17 Tilskott til fellesanlegg for frukt**

Formålet med tilskottet er å fremje samarbeid om lagring, sortering, pakking og omsetnad av frukt som bidreg til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt.

I jordbruksoppgjæret blei ordninga styrkt med 1 mill. kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 16,0 mill. kroner.

**Post 78 Velferdsordningar, kan overførast**

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
78.11	Tilskott til avløyning	1 164 695	1 224 267	1 224 267
78.12	Tilskott til avløyning ved sjukdom m.m.	129 077	143 500	144 200
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga	48 300	38 700	43 900
78.15	Tilskott til landbruksvikarordninga	65 898	68 228	68 228
78.16	Tilskott til tidleppensjonsordninga	68 998	72 500	72 550
	Sum post 78	1 476 968	1 547 195	1 553 145

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 553,1 mill. kroner på post 78 i 2021.

**Underpost 78.11 Tilskott til avløyning**

Formålet med ordninga er å leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fritid og hjelp til avlasting, gjennom å bidra til finansiering av leigd arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar per dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag, men avgrensa til eit maksimalt tilskott per føretak. Dei som søkjer om tilskott, skal kunne dokumentere faktiske kostnader til leigd arbeid.

I jordbruksoppgjæret blei både maksimalt tilskott per føretak og satsane per dyr auka med i underkant av 3 pst. Det nye taket er etter dette 85 800 kroner per føretak. Dette gir ei auka løyving på 31,3 mill. kroner, som er tilsvarende prognosen for innsparing som følgje av redusert tal på føretak. Dette gir ei løyving på underposten på 1 224,3 mill. kroner.

**Underpost 78.12 Tilskott til avløyning ved sjukdom m.m.**

Formålet med ordninga er å bidra til å finansiere avløyning i føretak med husdyrproduksjon, honningproduksjon eller veksthusproduksjon og til føretak med planteproduksjon i onneperiodar. Brukarar kan få tilskott når dei på grunn av sjukdom, fødsel eller andre særlege grunnar ikkje kan ta del i arbeidet på bruket.

Grunnlaget for tilskott til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå satsar per dyr, og for veksthusproducentar blir tilskottgrunnlaget fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskott per føretak. Tilskottet

blir gitt for faktiske utgifter til avløyning, opp til maksimal sats per dag per bruk.

I jordbruksoppgjæret blei maksimal dagsats ført vidare med 1 670 kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 144,2 mill. kroner.

**Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga**

Ordinga er ei kollektiv innbetaling over jordbruksavtalen til NAV for å finansiere differansen i sjukepengar for næringsdrivande og jordbrukarar som får 100 pst. av sjukepengegrunnlaget ved sjukdom ut over 16 dagar. Tilskottet blir utbetalt av NAV til jord- og skogbrukarar som oppfyller dei generelle vilkåra for utbetaling av sjukepengar. Løyvinga blir fastsett ut frå utbetalingane frå NAV. Midlane blir overførte sentralt til Folketrygda.

Frå 1. oktober 2019 blir sjukepengane frå NAV heva frå 75 til 80 pst. av sjukepengegrunnlaget for sjølvstendig næringsdrivande. Dette reduserer løyvinga over jordbruksavtalen for å sikre jordbrukarar 100 pst. av sjukepengegrunnlaget. Det er prognosert ein auke i forbruket i 2021 med 5,2 mill. kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 43,9 mill. kroner.

**Underpost 78.15 Tilskott til landbruksvikarordninga**

Formålet med landbruksvikarordninga er å sikre at primærproducentane over heile landet har tilgang på arbeidshjelp når dei treng det ved akutt sjukdom eller i andre krisesituasjonar. Det er eit mål at ordninga skal nå eit omfang på 240 årsverk. Maksimal støtte per årsverk er 283 900 kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 68,2 mill. kroner.

**Underpost 78.16 Tilskott til tidlegpensjonsordninga**

Formålet med ordninga er å bidra til eit enklare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk. Dei som får tidlegpensjon, kan òg få avtalefesta pensjon og arbeidsavklaringspengar, uføre-

pensjon og etterlatenpensjon frå NAV. I jordbruksoppgjæret blei satsen for ein brukarpensjon auka med 5 200 kroner til 105 200 kroner. For tobrukarpensjon blir auken 8 320 kroner. Det gir ein auke i løyvinga på 3,5 mill. kroner som er lik den prognoserte nedgangen i bruken av ordninga. Dette gir ei løyving på underposten på 72,6 mill. kroner.

**Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
85	Marknadsordninga for korn	3 221	50	50
	Sum kap. 4150	3 221	50	50

**Formål med løyvinga**

Posten omfattar inntektene frå prisutjamningsbeløp på kraftfôrråvarer.

Ordninga har som formål å sikre tilnærma like konkurransevilkår mellom korn og andre råvarer i kraftfôr til husdyr. I jordbruksavtalen blir det rekna ut referanseprisar for protein og feitt som gir om lag den same råvareprisen for energien i desse varene som for norsk korn. Råvarer som soyabønner blir ikkje pålagde toll når dei blir importerte til Noreg som mat. Den delen av dette

som blir brukt til produksjon av kraftfôr til husdyr, blir då pålagd ei prisutjamning.

**Rapportering 2019**

Inntektene har direkte samanheng med verdsmarknadsprisene på dei aktuelle råvarene det er prisutjamning på. For soyamjøl har satsen dei siste åra for det meste vore null, mens det på erteprodukt har vore avgift i enkelte månader. Det var noko avgift på soya i mai, juni og august som gjer at inntekta blei noko høgare enn budsjettet.

**Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	36 700	36 600	42 400
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	7 500	7 300	7 300
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	84 036	88 200	95 800
79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	2 442	4 000	4 000
	Sum kap. 1151	130 678	136 100	149 500

**Formål med løyvinga**

Kapittelet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindrifftsavtalen.

Reindrifftsavtalen er ved sida av reindrifftslova det viktigaste verkemiddelet for å følgje opp måla og retningslinene i reindrifftspolitikken. I forhandlingane om reindrifftsavtalen blir dei sentrale økonomiske verkemidla drøfta, mellom anna ut frå dei

behova og utfordringane næringa til kvar tid står overfor.

Nærare omtale av mål og strategiar i reindriftspolitikken finst under programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak.

#### Tilpassing til økonomiregelverket i staten

På same måte som for tilskottsforvaltninga under kap. 1150 er det behov for tilpassingar til dei normale prosedyrane for ordningar under kap. 1151. Kostnadssenkande og direkte tilskott under post 75 og velferdsordningar under post 79 er baserte på fastsette kriterium. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og ei rekkje verkemiddel som verkar saman mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla i Totalrekneskapen for reindrifta frå Økonomisk utval for reindrifta før dei årlege forhandlingane om reindriftsavtalen. Rapporteringa er supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar.

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Landbruksdirektoratet. Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av ordningane blir dekte innanfor løyvingane til Landbruksdirektoratet over kapittel 1142. For å kunne ha naudsynt fleksibilitet vil det likevel vere aktuelt å dekkje kostnader til utviklings- og utgreiingsoppgåver og større evalueringar over nokre av ordningane.

På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom Innovasjon Norge. På desse områda har departementet klargjort ansvar og oppgåver for Innovasjon Norge. Vidare forvaltar styret for Reindriftens utviklingsfond ulike ordningar. Dette styret er partssamansett. Styret skal tildele tilskott, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat for styret.

#### Rapportering 2019

Reindriftslova skal gi grunnlag for ei god indre organisering og forvaltning av reindrifta. I tillegg skal reindriftsnæringa etter lova, gjennom internt sjølvstyre, sjølv spele ei aktiv rolle og ha ansvaret for at reindrifta er berekraftig. Eit sentralt verktøy i denne samanhengen er bruksreglane.

For reindriftsutøvarane som sjølvstendig næringsdrivande er det mange forhold, og utanom reindriftsavtalen, som påverkar inntektene og den naudsynte tilpassinga det enkelte året. Årleg kalvetilgang, samla tap og slaktevekter varierer markant mellom reinbeiteområda i

Noreg. Dette er skilnader som har gjort seg gjeldande over tid, og dei kjem mellom anna av variasjon i rovdyrbestanden og ulike føresetnader for drift mellom område. Utviklinga i årleg kalvetilgang, tap og slaktevekter er viktige indikatorar for å vurdere økologisk og økonomisk berekraft i reindriftsnæringa. Tilsvarande vil talet på personar i næringa verke inn på kor mange som kan ha reindrift som hovudverksemd.

Den viktigaste føresetnaden for å nå måla om økologisk, økonomisk og kulturell berekraft er at reintalet er i samsvar med beitegrunnlaget, at areala reindrifta kan nytte til auka produksjon og lønsemd blir tekne vare på, og at tapet av rein blir redusert. Tal frå Totalrekneskapen for reindriftsnæringa viser ein auke i resultatmåla frå 2017 til 2018. Samla sett blir vederlag for arbeid og eigenkapital auka frå 111,9 mill. kroner til 151,3 mill. kroner. Per årsverk blir vederlaget for arbeid og eigenkapital auka frå 119 200 kroner til 169 443 kroner. Årsaka til at resultatmåla er høgare, er auka kjøttinntekter og auka erstatningar. I tillegg har ikkje kostnadene auka så mykje som tidlegare. Tala viser store regionale skilnader mellom reinbeiteområda, men òg store variasjonar innanfor det enkelte området.

#### Budsjettframlegg 2021

Den 27. februar 2020 kom staten og Norske reindriftsamers landsforbund (NRL) fram til ein avtale for 2020/2021. Reindriftsavtalen for 2020/2021 har ei ordinær ramme på 149,5 mill. kroner. Dette er ein auke på 13,4 mill. kroner samanlikna med Reindriftsavtalen 2019/2020. Reindriftsavtalen 2020/2021 fører vidare prioriteringa av dei utøvarane som har reindrift som hovudverksemd. På bakgrunn av reduksjonen i produksjonsinntektene og at prosessen med tilpassing av reintal nyleg er gjennomført, har det vore viktig å føre vidare hovudlinene i tilskottssystemet. Det gir stabilitet for næringsutøvarane. Ei vidareføring støttar òg opp om dei reindriftsutøvarane som har følgt opp vedtak om reduksjon av reintalet. Siidaandelar som ikkje følgjer slike vedtak, har heller ikkje rett til tilskott over avtalen.

Reindriftsavtalen 2020/2021 er den sjuande avtalen der regjeringa Solberg har blitt samd med NRL. Semje i avtaleforhandlingane er viktig for å støtte opp om avtaleinstituttet og den hovudavtalen som er inngått mellom Landbruks- og matdepartementet og NRL.

Reindriftsavtalen 2020/2021 blei handsama av Stortinget 9. juni 2020, jf. Prop. 99 S (2019–2020) *Endringer i statsbudsjettet 2020 under Landbruks-*

og matdepartementet (*Reindrifftsavtalen 2020/2021 m.m.*) og Innst. 345 S (2019–2020). Departementet gjer framlegg om løyvingar under kap. 1151 for 2021 i samsvar med dette.

## Post 51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet

### Formål med løyvinga

Reindrifftsens utviklingsfond (RUF) skal gjennom bruk av økonomiske verkemiddel bidra til å utvikle reindrifftsnaeringa i samsvar med dei reindrifftspolitiske måla.

### Rapportering 2019

I 2019 blei det utbetalt 42,6 mill. kroner frå Reindrifftsens utviklingsfond.

### Budsjettframlegg 2021

Avtalepartane er samde om følgjande fordeling av løyvinga til Reindrifftsens utviklingsfond:

- 1,5 mill. kroner til konfliktførebyggjande tiltak
- 8,2 mill. kroner til Utviklingsprogrammet
- 2,5 mill. kroner til fagbrevordninga
- 5,0 mill. kroner til ulike tiltak for marknadsføring
- 4,5 mill. kroner til pramming av rein
- 3,5 mill. kroner til lærings- og omsorgsbaserte tenester
- 0,5 mill. kroner til oppfølging og kontroll av optisk klassifisering av rein
- 3,0 mill. kroner til beredskapsfond
- 2,5 mill. kroner til frakttilskott
- 0,3 mill. kroner til rapportering av slaktet rein
- 2,0 mill. kroner til HMS-arbeid i reindriffta
- 3,2 mill. kroner til kompensasjon til distrikt som er utestengde frå vinterbeite i Sverige

I tillegg skal 4,95 mill. kroner bli stilt til disposisjon for styret for Reindrifftsens utviklingsfond, og skal disponerast etter forskrift om Reindrifftsens utviklingsfond.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 42,4 mill. kroner til Reindrifftsens utviklingsfond.

## Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

### Formål med løyvinga

Dei store utfordringane reindrifftsnaeringa står overfor, krev aktiv deltaking frå naeringa sjølv. Organisasjonstilskottet skal medverke til at Norske reindriffts-

samers landsforbund kan delta aktivt i prosessar som er viktige for reindriffta, og for ei utvikling av reindriffta i samsvar med dei til kvar tid vedtekne politiske mål og retningslinjer i reindrifftspolitikken.

### Rapportering 2019

Det blei utbetalt 7,3 mill. kroner til Norske reindrifftsamers landsforbund i 2019.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,3 mill. kroner i 2021.

## Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, kan overførast

### Formål med løyvinga

Dei kostnadssenkande og direkte tilskotta skal bidra til å fremje berekraft, kvalitet og produktivitet i reindriffta, heve inntekta og verke utjamnande mellom einingar i naeringa.

Kostnadssenkande og direkte tilskott er sett saman av fleire ulike tilskottsordningar, som er samla i forskrift om tilskott til siidaandelar og tamreinlag, og i forskrift om tilskott til reinbeitedistrikt og tamreinlag.

### Rapportering 2019

Produksjonspremie

Formålet med produksjonspremien er å premiere innsats, produksjon og vidareforedling i naeringa. Grunnlaget for berekning er inntekt frå avgiftspliktig sal av kjøtt og biprodukt frå rein. For tamreinlaga vil årsrekneskapen danne grunnlaget for utrekninga av produksjonspremien. Produksjonspremien skal utbetalast til eigaren av siidaandelen. I 2019 blei det utbetalt 35,4 mill. kroner i produksjonspremie.

Avtalepartane blei samde om å auke presentsatsen for produksjonspremien frå 34 til 36. Det er sett av 40,4 mill. kroner til produksjonspremie i 2021.

Tilskott til etablering

Tilskott til etablering skal støtte opp om reindrifftsutøvarar under 35 år som har fått overdrege siidaandel. Det blei utbetalt 3,7 mill. kroner til tilskott til etablering i 2019.

Det er sett av 4,4 mill. kroner til tilskott til etablering i 2021.

### Særskild driftstilskott til ungdom

Tilskottet skal støtte opp om leiarar av siidaandelar som er under 30 år, og som er i ei etableringsfase der dei byggjer opp eiga drift. Det blei utbetalt 2,2 mill. kroner i særskild driftstilskott til ungdom.

Det er sett av 2,2 mill. kroner til særskild driftstilskott til ungdom i 2021.

### Kalveslaktetilskott

Formålet med kalveslaktetilskottet er å stimulere til at ein større del av kjøttproduksjonen er basert på kalv, noko som er ressursøkonomisk gunstig. Uttak av kalv dempar presset på vinterbeita og reduserer tapa i løpet av vinteren. Eit større uttak av kalv medverka òg til auka produktivitet fordi tilveksten på kalv er større enn tilveksten på større dyr. I 2019 blei det utbetalt 26,3 mill. kroner i kalveslaktetilskott.

Det er sett av 24,5 mill. kroner til kalveslakte-tilskott i 2021.

### Ektefelletillegg

Formålet med ektefelletillegget er å støtte opp om den familiebaserte reindrifta. Det kan givast eit tillegg til siidaandelar der begge ektefellane eller sambuarane er aktive i reindrifta i ein siidaandel. I 2019 blei det utbetalt 0,9 mill. kroner i ektefelle-tillegg.

Det er sett av 1,1 mill. kroner til ordninga i 2021.

### Særskild driftstilskott til kvinner med eiga driftseining

Formålet med særskild driftstilskott til kvinner med eiga driftseining er å støtte opp om kvinner i reindrifta. Det blir gitt eit tilskott på 25 000 kroner. Det er sett av 1,9 mill. kroner til ordninga med særskild driftstilskott til kvinner med eiga driftseining. Tilskottet blei innført i Reindriftsavtalen 2019/2020, og blei første gang utbetalt i 2020.

Det er sett av 1,9 mill. kroner til ordninga i 2021.

### Tilskott til reinbeitedistrikt og tamreinlag

Formålet med distriktstilskottet er å bidra til at reinbeitedistrikta skal kunne ta større ansvar for ei berekraftig utvikling av næringa. Det inneber å

få talet på rein i balanse med beitegrunnlaget, sikre areala til reindrifta, få betre lønsemd, leggje til rette for kriseberedskap, arbeide med helse, miljø og tryggleik og dessutan gi høve til ferie og avløyning ved sjukdom og svangerskap utover ordningane i folketrygda. I 2019 blei det utbetalt 15,3 mill. kroner i distriktstilskott.

Avtalepartane blei i Reindriftsavtalen 2020/2021 samde om å gi moglegheit for å nytte distriktstilskottet til å dekkje kostnader til avløyningar ved ferie og fritid.

Det er sett av 21,8 mill. kroner til tilskott til reinbeitedistrikt og tamreinlag i 2021.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving til kostnadssenkande og direkte tilskott på 95,8 mill. kroner for 2021.

### Post 79 Velferdsordningar, kan overførast

#### Formål med løyvinga

Formålet med posten er å sikre gode velferdsordningar for reindriftnæringa. Posten omfattar innbetaling av medlemsavgift til folketrygda og sjukepengeordninga. Posten omfattar òg tidlegpensjon og ei ordning for tilskott til leigd hjelp ved svangerskap og fødsel.

Sjølvtendig næringsdrivande får sjukepengar som svarar til 80 pst. av inntektsgrunnlaget. Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen gjer det mogleg for reindriftsutøvararar å få sjukepengar som svarar til 100 pst. av inntektsgrunnlaget ved sjukdom utover 16 dagar. Fødselspengar blir òg dekte med 100 pst. av inntektsgrunnlaget.

Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utøvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overførte sentralt til folketrygda.

#### Rapportering 2019

I 2019 blei det utbetalt 2,4 mill. kroner frå posten.

### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,0 mill. kroner i 2021.

**Kap. 1161 Myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Tilskott til Statskog SFs myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	14 194	14 123	14 052
75	Tilskott til oppsyn i statsallmenningar	10 141	10 090	10 040
	Sum kap. 1161	24 335	24 213	24 092

**Post 70 Tilskott til Statskog SFs myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver****Formål med løyvinga**

Posten omfattar tilskott til dei kostnadene Statskog SF har med delegerte styresmaktoppgåver og sektorpolitiske oppgåver, slik dei går fram av ei avtale mellom Statskog SF og Landbruks- og matdepartementet.

Statskog SF skal sørge for at dei rettane bruksrettshavarar og andre har på eigedommane, blir sikra i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. Føretaket skal arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er tenleg for samfunnet, for distrikta der eigedommane ligg og for staten som eigar. Innanfor skogbruket følger oppgåvene av lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift mv. i statsallmenningene (statsallmenningslova), og oppgåvene er særleg knytte til utvising av virke i statsallmenningar til bruksrettshavarar. I tillegg skal tilskottet dekkje driftskostnader der det blir selt virke til inntekt for allmenningsfonda.

Vidare utfører Statskog SF oppgåver der føretaket handlar som offentleg styresmakt, hand-samar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova og statsallmenningslova. Kostnadene Statskog SF har med forvaltninga av tilskottet til oppsyn, jf. post 75 Tilskott til oppsyn i statsallmenningar, blir òg dekte over denne posten.

I tillegg til dei lovpålagde oppgåvene har Statskog SF ei rekkje oppgåver som har grunnlag i pålegg og retningslinjer frå departementet. Statskog SF skal vere til stades på eigedommane og ha oppsyn og kontakt med brukarane av areala. Statskog SF har eit eige feltapparat, Fjelltenesta for naturoppsyn og forvaltning av statleg grunn i Nordland og Troms. Tenesta skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilret-

telegging bidra til å sikre naturverdiar og bevare biologisk mangfald. Fjelltenesta sel òg tenester til fleire oppdragsgivarar, mellom andre Statens naturoppsyn (SNO). Fjelltenesta har stor kunnskap om lokale forhold og tek òg del i redningsaksjonar etter oppmoding frå politiet. Statskog SF har inngått ein samarbeidsavtale med SNO om at Fjelltenesta skal utføre offentlegrettsleg naturoppsyn for SNO.

Statskog SF skal leggje til rette for at folk flest skal kunne drive eit aktivt friluftsliv på areala til føretaket. Som ledd i dette arbeidet held føretaket opne husvære i fjellet, merkar stiar og løyper og byggjer og driv vedlikehald av bruer, klopper, rasteplassar og fiskebryggjer. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern. Statskog SF har eit nært samarbeid med miljøvern-, landbruks- og helsestyresmaktene og dei frivillige organisasjonane i dette arbeidet.

**Rapportering 2019**

På post 70 er det i 2019 rekneskapsført 14,2 mill. kroner, i samsvar med løyvinga det året. Bruken av midlane er fordelt mellom oppgåver på statsallmenningsgrunn, oppsyn og brukarkontakt utanom statsallmenningar og ulike tiltak som gjeld all statsgrunn.

**Oppgåver på statsallmenningsgrunn**

Rekneskapen for oppgåvene på statsallmenningsgrunn viser at det blei brukt om lag 2,0 mill. kroner på skogbruksverksemd i statsallmenningane. Det blei utvist 4 740 kubikkmeter tømmer og ved til bruksrettshavarane eller selt til inntekt for allmenningsfonda i statsallmenningar med virkesrett. Til samanlikning blei det avverka 510 kubikkmeter i statsallmenningar med virkesrett utan fond, slik at den samla avverkinga i statsallmenningane med virkesrett i 2019 var på 5 250 kubikk-



meter. Det blei utført skogkultur i statsallmenningane for om lag 171 000 kroner i 2019. Dette er ei halvering i forhold til 2018. Årsaka er nedgang i hogsten. Det blei planta på om lag 80 dekar og utført ungskogpleie på 100 dekar.

#### *Oppsyn og brukarkontakt utanom statsallmenning*

Statskog SF Fjelltenesta har, med midlar frå denne budsjettposten, oppgåver knytte til oppsyn, nærvær og brukarkontakt utanom statsallmenning. Oppsynet rettar seg mot førebyggjande verksemd, ordinært oppsyn, vedlikehald og skjøtsel av areala, og skal mellom anna avdekkje og førebyggje ulovleg aktivitet, bidra til sikker ferdsel i fjellet og informere om lovleg og fornuftig åtferd.

Rekneskapen viser at det blei brukt 5,0 mill. kroner til oppsyn utanom statsallmenning i 2019. Det blei levert om lag 4 500 timer til oppsyn og brukarkontakt i Nordland og Troms. Samanlikna med dei tidlegare åra, er det for 2019 ein sterk auka i talet på personar som er blitt kontrollert eller fått informasjon frå Fjelltenesta i felt. I enkelte tilfelle er ulovleg hogst og barmarkskøyring i hyttefelt melde til politiet.

I 2019 var det fem tilfelle der Fjelltenesta på oppmoding frå politiet deltok i større eller mindre aksjonar der folk var sakna i fjellet. Spesielt krevjande var bistanden i samband med skredet i Tamokdalen i Troms i januar.

#### *Ulike friluftslivstiltak på all statsgrunn*

Statskog SF skal leggje til rette for bruk av naturen. Det blei brukt om lag 6 mill. kroner på arbeidet med tilrettelegging for friluftsliv i 2019. Det er om lag same nivå som i 2018. Oppgåvene er nedfelte i ein eigen handlingsplan for friluftsliv for perioden 2016–2020. Arbeidet med ein ny plan for perioden 2021–2025 er starta opp. Midlane er brukte til tilsyn og vedlikehald av anlegg, informasjonsarbeid og samordna visning av informasjon om opne husvære på nettsidene godtur.no, statskog.no og ut.no. Statskog SF har hatt stor merksemd på brannsikring av dei opne husværa.

Statskog Fjelltenesta har stadig ei viktig rolle innanfor tilrettelegging for friluftslivet i Nord-Noreg. Fjelltenesta utfører oppdrag for fleire instansar. Fleire turistforeiningar og turlag har drege nytte av Statskog SFs assistanse, når det ligg til rette for å kombinere driftsoppgåver med mellom anna å sjå innom hytter og bruer langs løypenettet.

#### *Andre oppgåver*

Etter at Riksantikvaren i 2017 vedtok å frede 20 lokalitetar med kulturhistoriske eigedommar i Statskog SFs eige, er det i 2018 og 2019 gjennomført synfaring og registrering av bygningar i regionane Troms, Helgeland, Midt-Noreg og Sør-Noreg. Arbeidet gir grunnlag for forvaltningsplanar der vedlikehaldsarbeid og særskilde rehabiliteringstiltak inngår. Ein eigen mal for praktisk orienterte forvaltningsplanar for freda anlegg blei gjort klar på ettersommaren i 2019. Denne skal òg brukast for dei andre anlegga i Statskog SFs landsverneplan, der Statskog SF sjølv skal ta vare på verneverdiane på liknande vis som det som er formelt freda.

Det aller meste av Statskog SFs areal i Trøndelag og Nord-Noreg ligg innanfor det samiske reinbeiteområdet. Statskog SF legg vekt på god dialog og samarbeid med næringa. Statskog SF har i 2019 arbeidd vidare med kartlegging av reindrifta sine anlegg på statsgrunn. Status i kartleggingsarbeidet er at det er om lag 600 hytter og anlegg som høyrer til reindrifta på eigedommane. Arbeidet skal føre til avklaring av eigarforhold og heimel til anlegga.

Statskog SF deltek i Noreg digitalt for å sikre tilgang til kartdata som trengst for å kunne utføre oppgåvene sine.

#### *Grunneigarfondet*

Statskog SF har ansvaret for forvaltninga av eit fond for grunneigarinntektene frå statsallmenningane. Hovuddelen av inntektene er frå feste-kontraktar i statsallmenningane. Halvparten av inntektene frå hytter og hotell går til det aktuelle fjellstyret. I tillegg kjem inntekter frå fallrettar, eigedomsutvikling og andre grunndisponeringstiltak. Bruken av Grunneigarfondet er regulert i § 12 i fjellova. Inntektene skal nyttast til å dekkje utgifter til administrasjon av statsallmenningane og til støtte til ein fellesorganisasjon for fjellstyra (Noregs fjellstyresamband). Fondet skal òg nyttast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønsame arbeidsplassar. Bruk av fondet til slike tiltak skal gjerast i samråd med Noregs fjellstyresamband.

Inntektene i grunneigarfondet var i 2019 på 27,0 mill. kroner, mot 32,7 mill. kroner i 2018. Årsaka til nedgangen er reduserte inntekter frå feste- og fallrettar og sal av grus og malm.

Kostnadene i 2019 var på 23,1 mill. kroner. Tilskottet til Noregs fjellstyresamband var på 3,4 mill. kroner i 2019, og det blei gitt 4,7 mill.

kroner i tilskott til tiltak i statsallmenningane. Resultatet for 2019 blei etter dette eit underskott på 3,5 mill. kroner. Behaldninga i Grunneigarfondet var 31. desember 2019 på 30,9 mill. kroner. Det tilsvarende talet i 2018 var 34,5 mill. kroner.

Økonomien i grunneigarfondet er viktig for omfanget av og kvaliteten på Statskog SFs oppgåver i statsallmenningane og for moglegheita til å bruke midlar til tiltak i statsallmenningane. Fondet er på eit nivå som gjer det mogleg å nytte meir av midlane til tiltak enn tidlegare.

#### Allmenningsfond

Allmenningsfond i statsallmenningar med virkesrett blir forvalta av Statskog SF og det enkelte allmenningsstyret i fellesskap. Allmenningsfondet er delt i tre delar: éin del som skal dekkje investeringar i skogen i allmenningen og dekkje virkesretten der han blir utøvd ved fellesdrift, éin del som er skogfond etter skogbrukslova, og éin del som er erstatningar for vern. Allmenningsfonda var 31. desember 2019 på 142,1 mill. kroner. Av det utgjer erstatning for vern av skog 127,9 mill. kroner.

#### Budsjettframlegg 2021

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 14,1 mill. kroner til myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn.

Oppgåver knytte til skogbruk i statsallmenningar omfattar planlegging og gjennomføring av arbeidet med utvising av virke til dei som har bruksrett, utarbeiding av skogbruksplanar, miljøregistreringar i skog, landskapsplanar og anna. Også i 2021 skal Statskog SF prioritere takseringar og miljøregistreringar av skogen i statsallmenningane.

Statskog Fjelltenesta skal halde fram med å føre tilsyn på statsgrunn i Nordland og Troms gjennom oppsyn, nærvær og brukarkontakt. Prioriterte oppgåver er førebyggjande arbeid gjennom informasjon og rettleiing om regelverket samt trygg og sikker ferdsel i fjellet. Fjelltenesta skal yte bistand og delta på redningsaksjonar på førespurnad frå politiet.

Statskog SF skal i 2021 halde fram med å leggje til rette for bruk av og tilgang til areala for allmenta. Innsatsen skal i hovudsak rettast mot kvalitetssikring og vedlikehald av eksisterande anlegg og tilbod som fremjar tryggleik for og vern av kulturminne, og informasjon om tilboda. Det er behov for vedlikehald av opne husværa for all-

menta. Mange av desse husværa blei tidlegare nytta i næringsverksemd og er viktige kulturberarar som bør haldast i stand så langt det er mogleg. Statskog SF skal halde fram samarbeidet med andre aktørar for å rette merksemd mot friluftsliv og dei store moglegheitene allmenta har til å drive friluftsliv i statsallmenningane og på annan statsgrunn.

Arbeidet med kartlegging og statusgjennomgang av reindriftsanlegg på statsgrunn vil halde fram.

Statskog SF skal i 2021 fortsetje arbeidet med forvaltningsplanar og tiltak i tråd med desse for verna bygningar i føretaket sitt eige.

#### Post 75 Tilskott til oppsyn i statsallmenningar

##### Formål med løyvinga

Posten dekkjer tilskott til refusjon av kostnader ved oppsynet fjellstyra fører i statsallmenningane. Etter § 36 i statsallmenningslova kan fjellstyra tilsetje oppsynsmenn til å føre tilsyn med statsallmenningen. Oppsynsmenn mottok løn av fjellkassa. Når tilsetjinga av oppsynsmenn skjer i samsvar med oppsynsordninga som departementet har godkjent, og innanfor årlege budsjett, har fjellstyra krav på å få refundert halvparten av lønsutgiftene over denne posten. Ordninga skal leggje til rette for å sikre samfunnsinteresser, oppsyn og tilrettelegging der staten som grunneigar har eit særleg ansvar. Fjellstyret gir ein instruks for oppsynstenesta som blir godkjend av Statskog SF. Forvaltninga av tilskottsordninga er delegert til Statskog SF.

Statsallmenningane i Sør- og Midt-Noreg utgjer over 26 mill. dekar, tilsvarende 11 pst. av alt utmarksareal i Noreg. Dette er viktige område for rekreasjon og lokal næringsutvikling. Fjelloppsynet har som formål å bidra til berekraftig bruk av statsallmenningane. Fjelloppsynet skal følgje opp føresegner gitt i eller i medhald av fjellova, og vere sakshandsamar for fjellstyra. Dette omfattar tilsyn med utøvinga av bruksrettane og jakt og fiske. Fjelloppsynet skal føre tilsyn med statsallmenningane på vegner av staten som grunneigar etter nærare prioriteringar gitt av Statskog SF. Fjelloppsynet skal òg føre kontroll med at lovene som er nemnde i naturoppsynslova § 2, blir følgde. Fjelloppsynet skal i slike tilfelle følgje instruks frå SNO. Fjelloppsynet sel tenester til SNO, og kostnader med desse tenestene blir dekte av SNO, ikkje frå løyvinga på denne posten. Oppsynsmenn kan bli gitt politifullmakt etter politilova § 20.

**Rapportering 2019**

I 2019 blei det løyvd 10,1 mill. kroner i tilskott til fjellstyra for oppsynsordningar i statsallmenningane. Statskog SF har fordelt midlane på grunnlag av budsjett, rekneskap og rapportering frå fjellstyra, etter ein nøkkel som mellom anna kjem samarbeidsordningar og små fjellstyre til gode. 66 av 94 fjellstyre har fått tilskott i 2019. Fjelloppsynet hadde 67 årsverk i 2019. Av dei er 49 årsverk brukte på oppgåver som gir rett til tilskott.

Noko over 40 pst. av tilskottet er brukt på arbeid i felt knytt til oppsyn og skjøtsel, mens dei resterande midlane er brukte til sakshandsaming og anna innarbeid som gir rett til tilskott. Delen brukt til oppsyn er gått noko ned frå 2018. Årsakene er aukande krav til formell sakshandsaming og auka medverknad i offentleg planarbeid og verneprosessar. For 2019 er talet på kontrollar

på om lag same nivå som i 2018, mellom 6 000 og 7 000. Det er rapportert om 85 ulovlege forhold. Dette er på om lag same nivå som i 2018, og framleis på eit lågare nivå enn det var tidleg på 2000-talet.

**Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 10,0 mill. kroner. Løyvinga på posten gir grunnlag for eit synleg oppsyn i statsallmenningane og rom for vidare tilrettelegging for friluftslivet. Oppsyn i statsallmenningar skjer gjennom både fjelloppsynet og det offentlegrettslege oppsynet SNO fører. Den lokale forankringa og kunnskapen fjelloppsynet har, er eit viktig bidrag i det samla oppsynet. Det er naudsynt med eit godt samarbeid mellom fjelloppsynet og SNO.

**Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Forskingsavgift på landbruksprodukt	168 881	170 000	170 000
72	Jeger- og fellingsavgifter	93 000	90 000	82 780
	Sum kap. 5576	261 881	260 000	252 780

**Post 70 Forskingsavgift på landbruksprodukt****Formål med løyvinga**

Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt blei oppretta i medhald av lov 26. juni 1970 om forskingsavgift på visse landbruksprodukt. I tråd med lova er formålet å sikre økonomisk grunnlag for forskning på landbruksprodukt som blir nytta til å framstille nærings- og nytingsmiddel og på førkorn til husdyr. Inntektsposten har ein motsvarande utgiftspost under kap. 1137, post 54. Det er uvisse knytt til dei endelege inntektene frå forskingsavgifta på landbruksprodukt, og departementet gjer difor framlegg om ei meirinntektsfullmakt mellom kap. 5576, post 70 og kap. 1137, post 54, jf. framlegg til vedtak II.

**Post 72 Jeger- og fellingsavgifter****Formål med løyvinga**

Jeger- og fellingsavgiftene som blir betalte inn til Viltfondet, blir inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Posten dekkjer utgifter under kap. 1140. I tillegg dekkjer posten òg nokre av utgiftene til viltforskning i Norsk institutt for naturforskning (NINA) under kap. 1410, post 50 og utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420, post 01.

**Budsjettframlegg 2021**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 82,8 mill. kroner i 2021. Forslaget er basert på venta inntekter frå avgiftene til Viltfondet i 2020 og 2021, jf. omtale av fondet nedanfor.

## Mål

§ 40 i viltlova fastset at «den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastset», og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom handsaminga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget retningslinene for bruken av midlane i Viltfondet. Av retningslinene går det mellom anna fram:

«Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jeger-sørvis.»

Det er ein føresetnad for den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde ovanfor, at om lag halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta, og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein, skal nyttast i villreinforvaltninga.

## Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggingstiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige inntekter frå enkelte typar fallvilt, det vil si vilt som døyr av andre årsaker enn ordinær jakt.

Kommunane krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Det er fastsett ei statleg rammeforskrift for dei kommunale viltfonda der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein, er det etablert ei tilsvarende ordning der midlar frå innbetalte avgifter frå året før blir tilbakeførte til det enkelte villreinområdet.

Jeger- og fellingsavgiftene blei sist endra i 2019, og departementet gjer framlegg om å justere avgiftene i 2021. Framlegg om satsane for dei ulike avgiftene går fram av tabell 2.16. Grunna omlegging til meir digitale løysingar for jegerane vil noko av inntektene til Viltfondet endre seg i forhold til tidlegare år. Mellom anna vil det ikkje bli kravd gebyr for utsending av ekstra jegeravgiftskort, fordi jegerane sjølve kan laste ned dette digitalt.

Oversikta i tabell 2.16 viser òg inntektene for kommunane i 2021, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. For kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 2.16 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter, 2021 (i kroner)

Type avgift	Storleiken på avgifta i 2021	Estimert tal på innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
Jegeravgift generelt	360	188 000	67 680 000	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt	100	117 000	11 700 000	Viltfondet
Ekstraavgift ved manglande levering av jaktstatistikk <sup>1</sup>	220	12 500	2 750 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein	320	3 200	1 024 000	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv	190	1 200	228 000	Viltfondet
Sum statlege avgifter			83 382 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg	580	20 000	11 600 000	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv	340	10 000	3 400 000	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort	450	33 000	14 850 000	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv	270	13 500	3 645 000	Kommunane
Sum kommunale avgifter			33 495 000	Kommunane

<sup>1</sup> Innkrevjing skjer etterskottsvis i 2021 for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2019/2020.

Inntektene frå avgiftene gjer at det blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabell 2.17.

Tabell 2.17 Berekning av kapital i Viltfondet, 2021 (i 1 000 kr)

= Saldo 31.12.19	2 848
+ Budsjettert innbetalt i 2020 <sup>1</sup>	80 978
- Budsjettert overføring til statsbudsjettet i 2020 (utbetalningar frå fondet)	81 000
= Budsjettert saldo 31.12.20	2 826
+ Budsjettert innbetalt i 2021 <sup>2</sup>	83 582
- Budsjettert overføring til statsbudsjettet i 2021 (utbetalningar frå fondet)	82 780
= Budsjettert saldo 31.12.21	3 628

<sup>1</sup> Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,3 mill. kroner.

<sup>2</sup> Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,2 mill. kroner.

#### *Administrasjon og økonomiforvaltning*

Viltfondet blir forvalta av Landbruks- og matdepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet det same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitaliserast i fondet og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Inntektene over kap. 5576, post 72 finansierer utgifter til vilttiltak, viltforvaltning og drift av Jegerregisteret over kap. 1140, post 01, 21 og 71, kap. 1420, post 01, og forskning på viltressursar over kap. 1410, post 50. Planlagd bruk av inntektene går fram av tabell 2.18.

Tabell 2.18 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2021 (i 1 000 kr)

Formål	
+ Drift av villreinnemndene, drift av jegerregisteret, offentleg jaktstatistikk og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltning (kap. 1140, post 01)	14 920
+ Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	1 591
+ Prosjekt, FoU, overvakingsprogram, sentrale fallviltutgifter m.m. (kap. 1140, post 21)	21 890
+ Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	2 852
+ Hjortevilttiltak, særskilde villreintiltak, lokale vilttiltak, viltovervaking (kap. 1140, post 71)	35 278
= Sum under kap. 1140	76 531
+ Viltforskning, NINA (kap. 1410, post 50)	2 982
+ Tilskottsforvaltning i Miljødirektoratet (kap. 1420, post 01)	3 267
= Totalsum	82 780

*Spesielt om hjortevilt og fallvilt*

Det er kommunane som har primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt. Det er òg nasjonale oppgåver innanfor desse felta som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom eit tillegg til jegeravgifta for hjorteviltjegerar. På denne måten medverkar hjorteviltjegerane til finansieringa av naudsynte nasjonale oppgåver.

Det er behov for at Miljødirektoratet gjennomfører sentrale analysar av individ som blir funne som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartane. Utgiftene til sentrale oppgåver i samband med hjortevilt og fallvilt er difor budsjetterte under kap. 1140, post 21 Spesielle driftsutgifter. For dei artane der fallviltet har ein salsverdi etter at naudsynte analysar av dyra er gjennomførte, omset Miljødirektoratet skinn og skrottar til inntekt for Viltfondet.

## Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Inntekter under programkategori 15.40 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
5652	Statskog SF – renter og utbytte	80 000	33 750	9 000	-73,3
	Sum kategori 15.40	80 000	33 750	9 000	-73,3

Landbruks- og matdepartementet forvaltar staten sine eigarinteresser i statsføretaket Statskog SF og i aksjeselskapa Graminor AS, Kimen Såvarelaboratoriet AS og Staur gård AS. Statens eigarskap i desse fire selskapa er grunngitt i sektorpolitiske mål. I tillegg er forvaltninga av eigarinteressene i aksjeselskapa Instrumenttjenesten AS og ITAS eierdrift AS delegert til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO).

Det er berre for Statskog SF det blir budsjettert med utbytte for 2021, jf. omtale under kap. 5652.

### Graminor AS

Graminor AS driv planteforedling, sortsrepresentasjon og oppformering for å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale. Selskapet tek imot lisens- og foredlaravgift ved omsetnad av sjukdomsfritt plantemateriale i marknaden, forskingsmidlar frå jordbruksavtalen og tilskott, jf. omtale under kap. 1150, post 77.

Staten eig 34 pst. av aksjane i selskapet. Av dette forvaltar departementet 28,2 pst., mens NIBIO og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) forvaltar høvesvis 5 pst. og 0,8 pst. Dette skal sikre eigar- og samfunnsinteressene i planteforedling og oppformering av plantemateriale i Noreg.

Graminor AS hadde i 2019 ein omsetnad på 66,1 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 0,8 mill. kroner. Det blei ikkje utbetalt utbytte for 2019.

Graminor AS har utarbeidd ein strategi for verksemda som er lagd til grunn for drifta av sel-

skapet i 2020. Ein ny strategi er under utarbeiding og vil bli vedteke i løpet av 2020. I strategien er verksemda presentert som ei forretningsmessig verksemd basert på planteforedling, representasjon og prebasisproduksjon og planteforedling på vegner av staten. I strategien til verksemda er det lagd til grunn ein langsiktig utbyttepolitikk basert på stabilitet og på at ein stor del av det årlege overskottet skal haldast tilbake til finansiering av planteforedlingsaktivitet. Det blir difor ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2021.

Staten kategoriserer dei direkte eigde selskapa på grunnlag av formålet med eigarskapen. Statens eigarpost i Graminor AS er plassert i kategori 3, der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen. Målet med statens eigarskap i selskapet er å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale.

### Kimen Såvarelaboratoriet AS

Kimen Såvarelaboratoriet AS (Kimen) er Noregs kompetansesenter på frøkvalitet og frøanalysar og nasjonalt referanselaboratorium for såvareanalyser. Selskapet har bygd opp kompetansen sin gjennom over 130 år og blei i 2004 omdanna til aksjeselskap. Staten eig 51 pst. av aksjane, Felleskjøpet Agri SA eig 34 pst., og Strand Unikorn AS eig 15 pst. Staten har ikkje eigarinteresser i selskapet av forretningsmessige grunner, og Kimen er plassert i ein kategori der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen (kategori 4). Formålet med eigarskapen i Kimen er å sikre at norske såvareverksemdar får utført dei analysar det er behov for, jf.

forskrifter innan såvarer, floghavre, plantehelse og planteproduksjonsområdet.

Kimen hadde i 2019 driftsinntekter på 11,5 mill. kroner og eit underskott på 1,3 mill. kroner. Eigenkapitalen er på 82 pst. Det blei ikkje utbetalt utbytte i 2019, og det blei ikkje budsjettert med ordinært utbytte for 2020.

Styret for Kimen har i 2019 arbeidd med framtidig strategi for selskapet, mellom anna med ein studietur til Danmark for å sjå kva ny teknologi kan medføre av endringar i selskapet. Arbeidet med ny strategiplan held fram i 2020 under leing av ny dagleg leiar.

Nokre av utfordringane for Kimen framover er svingingar i etterspørselen etter analysetenester. Bygningen der Kimen leiger lokale av Mattilsynet har blitt seld og skal rivast. Arbeid med å finne nye lokale har difor vore sentralt for Kimen.

Ein solid eigenkapital og vedlikehald av kompetanse vil difor framleis vere naudsynt dei kommande åra.

### **Staur gård AS**

Selskapet Staur gård AS er 100 pst. eigd av staten ved Landbruks- og matdepartementet. Selskapet er under avvikling. Staur gård AS har hatt ansvar for å drive eigedommen Staur i Stange, som òg er eigd av staten ved departementet. Verksemda i Staur gård AS har gått ut på å leggje til rette for jordbruksrelatert forskings- og forsøksverksemd på eigedommen og ordinær landbruksverksemd på andre areal. I tillegg har selskapet drive gjestegard og anna utleigeverksemd. I Prop. 114 S (2018–2019) blei det fremja forslag om å avvikle selskapet og å selje eigedommen Staur gård. Dette hadde bakgrunn i at regjeringa meiner landbrukseigedommar bør eigast og driftast av andre enn staten. Vidare meiner regjeringa at det ikkje er ei statleg oppgåve å eige, drive eller leggje til rette for eit kurs- og konferansehotell. Staur gård AS driv verksemd i ein konkurranseutsett marknad, og det er ikkje ønskjeleg at staten risikerer å utkonkurrere lokale og regionale gjestegardar. Regjeringa meiner vidare at det finst meir effektive måtar å støtte opp om forskning og utvikling i

landbruket på enn via eit statsaksjeselskap. Stortinget gav i tråd med Innst. 391 S (2018–2019) departementet fullmakt til å avvikle Staur gård AS.

I generalforsamlinga 24. juni 2019 blei selskapet vedteke oppløyst. Selskapet avvikla i siste halvår 2019 gjestegarden, og drifta har etter dette omfatta drift av landbruksareala, vedlikehald av bygg og klargjering av eigedommen for sal. Departementet starta i andre halvdel av 2019 ein prosess med sal av eigedommen og kontrakt med kjøpar blei signert mot slutten av 2019. Selskapet har drifta eigedommen i påvente av at kjøpar skal få konsesjon. Når ny eigar overtek eigedommen, vil selskapet bli endeleg oppløyst.

Selskapet hadde i 2019 ein omsetnad på 9,9 mill. kroner og eit underskott på 1,9 mill. kroner. Per 31. desember 2019 hadde selskapet ein eigenkapital på 5,7 mill. kroner. Det blei ikkje utbetalt utbytte i 2020, og det blir ikkje budsjettert med ordinært utbytte for 2021.

### **Instrumenttjenesten AS**

Instrumenttjenesten AS blei etablert i 1991 for å levere datatenester til seks forskingsinstitusjonar, som òg var eigarar. Statens formål med eigarskapen er å leggje til rette for effektiv forskning og utvikling i sektoren. Staten eig heile selskapet. Verksemdar under Landbruks- og matdepartementet forvaltar 60 pst. av aksjane, mens NMBU forvaltar 40 pst. Ved handsaminga av Prop. 1 S (2018–2019) gav Stortinget samtykke til at NIBIO og Veterinærinstituttet (VI) sitt eigarskap i Instrumenttjenesten AS kunne avviklast, og at verksemdene kan nytte inntektene frå salet. Oppfølging av vedtaket held no på. Instrumenttjenesten AS hadde i 2019 ein omsetnad på 11,5 mill. kroner og eit driftsresultat etter skatt på 423 000 kroner. Resultatet er vesentleg betre enn i 2018.

Med utgangspunkt i Innst. 8 S (2018–2019) har Stortinget vedteke at departementet kan avvikle NIBIO og Veterinærinstituttet sitt eigarskap i Instrumenttjenesten AS. Arbeidet med avviklinga er godt i gang, men tek lengre tid enn først estimert. NIBIO tek sikte på at avviklinga er ferdigstilt innan utgangen av 2021.



**Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
85	Utbytte	80 000	33 750	9 000
	Sum kap. 5652	80 000	33 750	9 000

**Mål og strategiar**

Statskog SF forvaltar om lag ein femdel av landarealet i Noreg. Statskog SF er den største skog-eigaren i landet med om lag 7 pst. av det samla skogarealet. Resten er fjell- og utmarksareal, for det meste i Troms og Nordland. I Sør-Noreg er ein stor del av arealet (om lag 27 000 kvadratkilometer) statsallmenning, der eigedommar med allmeningsrett har rett til å få vist ut tømmer og ved, beite og seter.

Statskog SF er med sin kompetanse og si erfaring innanfor skog- og utmarksområdet ein sentral aktør i ei berekraftig forvaltning av dei norske skog- og utmarksressursane. Føretaket er òg viktig for å løyse oppgåver knytte til skog- og utmarksspørsmål. Statskog SF skal ut frå vedtekene forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedommar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette, og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsetjinga kan Statskog SF òg drive andre eigedommar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal leggje vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftssinteresser. Ressursane skal utnyttast balansert.

Skogbruk er det viktigaste forretningsområdet til Statskog SF og utgjorde 43 pst. av bruttoinntektene i 2019. Statskog har som mål å utnytte skogproduksjonen som grunnlag for verdiskaping og høge skogverdiar, og føretaket har ambisjon om å vere den dyktigaste industrielle skog-eigaren i landet. Skogbruket i Statskog SF rettar seg mellom anna etter Norsk PEFC Skogstandard for eit berekraftig skogbruk. I 2019 var den samla hogsten på 232 000 kubikkmeter. Dette er lågare enn i 2018, og Statskog SF ventar at avverkninga vil ligge lågt i ein periode på grunn av mindre tilgjengeleg hogstmoden skog, før avverkninga igjen kan auke på lengre sikt.

Departementet si styring, oppfølging og kontroll av Statskog SF

Departementet si styring og kontroll av Statskog SF følgjer reglane i lov om statsføretak og vedtekene til føretaket. Alle avgjerder frå eigaren som er bindande for styret i føretaket, skjer som vedtak i føretaksmøte. Det ordinære føretaksmøtet i Statskog SF er i juni, og utover dette blir det kalla inn til ekstraordinært føretaksmøte når det trengst.

Spørsmål om korleis føretaket handsamar myndigheita som er delegert gjennom fjellova og allmeningslova, ligg utanfor sjølv eigarstyringa og blir handterte gjennom eigne kontaktmøte og tildelingsbrev, jf. kap. 1161.

Departementet har kontakt med og får informasjon frå føretaket i aktuelle saker. For å styrkje eigarstyringa blei det i 2011 innført regelmessige kontaktmøte mellom departementet og Statskog SF om mellom anna Statskog SFs framlegging av kvartalsresultat. Økonomien i verksemda og viktige hendingar blir gjennomgått på kontaktmøta og på ordinært føretaksmøte.

Vidareføring og utviding av arronderingssalet frå Statskog SF

Arronderingssalet, som er ein del av oppfølginga av Statskog SFs skogkjøp i 2010, jf. Prop. 11 S (2010–2011), kom i gang i 2011 og omfatta frå starten spreidde skogeigedommar på om lag 600 000 dekar som Statskog SF eigde før 2010. I eit ekstraordinært føretaksmøte i januar 2016 blei det opna for at Statskog SF kan utvide arronderingssalet med opp til 150 000 dekar der dette gir arronderingsgevinst for føretaket. Føretaket har innarbeidd ei slik utviding i planane sine, der det er lagt opp til at salet vil halde fram til 2021.

Arronderingssalet vil betre eigedomsstrukturen i føretaket og samstundes bidra til å styrkje det private skogbruket.

Ved utgangen av juni 2020 var det selt 218 eigedommar som til saman utgjer om lag 543 603 dekar der kjøparen har fått konsesjon. Eigedom-

mane er fordelte på 81 kommunar i 17 fylke. 66 pst. av eigedommane er selde til lokale kjøparar, mens 19 pst. er selde til kommunar og til Miljødirektoratet. Dei resterande 15 pst. er i hovudsak selde til jord- og skogeigarar i nabo-kommunar.

**Rapportering 2019**

Resultatet etter skatt for Statskog SF var på 84 mill. kroner i 2019. Det er 22 mill. kroner lågare enn i 2018. Føretaket viser til at endringa er knytt til lågare eingongsinntekter frå skogvern og sal av eigedom enn i året før, samstundes som det har vore ei god utvikling i den ordinære verksemda.

**Post 85 Utbytte**

Utbetalt utbytte til staten frå Statskog SF i 2019 var på 64 mill. kroner.


**Budsjettframlegg 2021**

Utbyttet frå føretaket for 2020 blir sett til 75 pst. av årsresultatet etter skatt. Det blir budsjettert med eit ordinært utbytte for 2020 på 9,0 mill. kroner. Endeleg framlegg til ordinært utbytte vil bli fastsett når årsresultatet for 2020 ligg føre, og vil bli lagt fram i den ordinære budsjettprosessen. Vedtak om utbytte blir gjort på ordinært føretaksmøte første halvår 2021.

*Del III*  
*Rapportering på dei landbruks-*  
*og matpolitiske måla*



### 3 Nærare om dei ulike landbruks- og matpolitiske måla



Figur 3.1 Målstrukturen for landbruks- og matpolitikken

#### 3.1 Matsikkerheit og beredskap

##### Sikre forbrukarane trygg mat

All mat som blir omsett i Noreg, skal vere trygg. Trygg mat er viktig for Noreg som matnasjon. Produksjon av trygg mat skaper tillit og sikrar avsetnad av varer og legitimitet for eit levande landbruk og for næringsmiddelindustrien.

Infeksjon grunna næringsmiddel er framleis eit stort helseproblem internasjonalt. Noreg har generelt færre smittestoff i mat samanlikna med andre land. Ein stor del av dei melde tilfella av matborne infeksjonar kjem frå smitte i utlandet. Førekosten av smittestoff i husdyr og mat som er produsert i Noreg, er låg samanlikna med dei

fleste andre land, sjølv om enkelte smittestoff har eit reservoar blant norske husdyr.

For å halde ved lag den gode statusen, blir det lagt vekt på kontinuerleg overvaking slik at tiltak kan setjast inn i tide. Faktorar som verkar inn på førekosten av matborne infeksjonar i Noreg, er mellom anna auka internasjonal handel med mat, nye matvanar og nye produksjonsrutinar.

Sjølv om mattryggleiken i Noreg generelt er god, opplever vi kvart år fleire større og mindre utbrott av matborne infeksjonar. Talet på varsla utbrott har vore ganske stabilt dei siste åra.

Kvaliteten på drikkevannet er generelt god. Svært få av oss blir sjuke av vatnet som kjem ut av krana. Likevel er det mange stader eit gammalt og dårleg leidningsnett som kan gi forureina vatn.

Tilstanden er god med omsyn til framandstoff og restar av legemiddel i mjølk, kjøtt og fisk og når det gjeld restar av plantevernemiddel i vegetabilsk mat. Ei utfordring er det derimot med kosttilskott som inneheld udeklarerte og ulovlege ingrediensar, eller som er tilsette legemiddel. Bruk av slike kosttilskott kan føre til alvorleg helseskade. Det er utfordringar knytt til produkt som blir omsette over internett og per postordre. Matilsynet skal utvikle tilsynet og auke kompetansen for å følgje opp nye omsetnadsformer og auka netthandel.

### Auka matvareberedskap

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon i produksjonar med marknadsmoglegheiter. Hovudoppgåva til jordbruket er matproduksjon, og verkemidla skal difor innrettast slik at dei medverkar til dette. I fleire produksjonar er det nær full marknadsdekning av norske varer. Det gjeld til dømes sau og lam, egg, svin, fjørfe og mjølk. I dei forenkla jordbruksforhandlingane i 2020 blei inntektsmoglegheiter for produksjon av planteprodukt til mat prioritert.

Sjølvforsyningsgraden beskriv heimemarknadsdelen rekna på energibasis. Det vil seie kor stor del av matvareforbruket på engrosnivå som kjem frå norsk produksjon av jordbruksprodukt eller fisk. Importerte innsatsvarer og eksport av til dømes fisk er ikkje med i berekninga av sjølvforsyningsgraden. Sjølvforsyningsgraden gir først og fremst eit bilete av den prosentdelen av heimemarknaden målt i energi som er produsert i Noreg og kan, per definisjon, ikkje overstige 100 pst.

Sjølvforsyningsgraden for varer som er produserte i jordbruket, blir særleg påverka av vêret, men òg av ulike kvalitetskrav, prisar, landbrukspolitiske verkemiddel og internasjonale handelsavtalar. Sjølvforsyningsgraden er gjennomgåande høg for husdyrprodukt, og klart lågare for planteprodukt. Etter fleire år med reduksjon i sjølvforsyningsgraden frå 2008 auka den med 3 prosenteningar frå 47 pst. til 50 pst. frå 2014 til 2015. Dette kom i stor grad av gode kornavlingar og at mykje av kornet hadde matkornkvalitet. Frå 2015 til 2017 gjekk sjølvforsyningsgraden ned med 1 prosentpoeng, til 49 pst. som følgje av at matkorn delen gjekk ned. Tørken sommaren 2018 gjekk svært hardt ut over norsk kornproduksjon, noko som påverkar sjølvforsyningsgrad både i 2018 og 2019 fordi sjølvforsyningsgraden blir berekna for det året produksjonen blir forbrukt. Både åra låg sjølvforsyningsgraden på 45 pst. Naturgitte forhold gjer at sjølvforsyningsgraden i Noreg er låg

for energirike plantevekstar og høg for husdyrprodukt med meir proteininnhald.

Mange av jordbruket sine innsatsfaktorar blir importerte. Av det samla fôrbehovet (grovfôr og kraftfôr) er om lag 20 pst. importerte råvarer. Av dei tre hovudførekomstane i kraftfôr, karbohydrat, feitt og protein, er delen av norskprodusert råvare særleg redusert for feitt- og proteinfraksjonen som følgje av forbodet mot bruk av kjøtt- og fiskebeinsmjøl. Bruken av norsk korn i kraftfôr er avhengig av vêret. Etter fleire år med reduksjon, auka den samla delen av norske råvarer i kraftfôret i åra 2014 til 2017. I 2018 og 2019 er delen norskprodusert råvare i kraftfôret redusert på grunn av den store avlingssvikta for korn som følgje av tørkesommaren 2018. Krav til energi- og proteininnhald i kraftfôret gjer at karbohydratdelen har blitt redusert dei seinare åra. Delen av norskprodusert karbohydrat blir òg påverka av kva type proteinråvare som er nytta – ei proteinråvare med lågt karbohydratinnehald, som mellom anna rapspelletts, gir rom for auka bruk av norsk karbohydrat i fôret. Delen av norskprodusert karbohydrat i kraftfôret var 78 pst. i 2017, men blei redusert til høvesvis 73 og 60 pst. i 2018 og 2019 som følgje av at tørken sommaren 2018 gav reduserte avlingar.

Signal frå næringa viser at det er rom for meir norskprodusert kveite i kraftfôret fordi kveiten har høgare proteininnhald enn anna fôrkorn. Ein auke i produksjonen av norsk kveite er difor ein viktig faktor for å auka delen norskprodusert råvare i kraftfôret. Sjølv om det i normalår er rom for å auka produksjonen av korn, gjorde gode kornavlingar i 2019 at det berre har vore behov for å importere eit mindre kvantum korn til kraftfôr i første halvår av 2020. Høge matkornavlingar gjorde òg at 34 000 tonn haustkveite av 2019-avlinga blei skriven ned til fôr og at om lag 15 000 tonn matkveite vil bli overlagra til neste sesong. Ved utgangen av sesongen 2018–2019 var lagerbeholdninga av matkorn 38 pst. av årleg forbruk.

Delen av norskprodusert feittråvare i kraftfôret har auka frå 49 pst. i 2015 til 55 pst. i 2019. I kraftfôret blir feitt frå råvarer som erter og oljefrø nytta. Norskprodusert vare held god kvalitet, men bruken er likevel avgrensa fordi eigenskapane til feittet i desse råvarene ikkje fullt ut kan erstatte importert vare.

### God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

God plante- og dyrehelse er viktig for mattryggleik, kostnadseffektivitet og ein langsiktig og berekraftig matproduksjon. Ein stor del av det glo-

bale potensialet for matproduksjon blir i dag ikkje utnytta på grunn av skadegjerarar i planteproduksjon og dyresjukdommar. Klimaendringar og auken i ferdsel over landegrensene er risikofaktorar for både plante- og dyrehelsa.

Plantehelsa er generelt god i Noreg samanlikna med mange andre europeiske land, sjølv om det kvart år er tilfelle av skadegjerarar i viktige kulturar.

Helsesituasjonen i norske husdyrpopulasjonar er god. Det er svært få tilfelle av salmonellainfeksjon hos norske husdyr samanlikna med mange andre land. Smitte til menneske frå norskproduisert kjøtt og kjøttprodukt er difor uvanleg.

Antibiotikabruken i norsk husdyrhald er svært låg i internasjonal samanheng. Dyktige og ansvarsmedvitne bønder, ansvarsfulle veterinærar og eit godt samarbeid mellom næringa og styresmaktene er avgjerande faktorar for den gode situasjonen i Noreg.

Landbruks- og matdepartementet har utarbeidd ein eigen handlingsplan mot antibiotikaresistens innanfor eige sektoransvar. I denne planen er det mellom anna ei målsetjing at den antibiotikaresistente LA-MRSA bakterien ikkje skal etablerast i norsk svinehald. I 2019 var det to funn av den bakteriestammen som internasjonalt blir rekna som LA-MRSA i norske svinebuskarar. Det er ein nedgang i forbruket av veterinære antibakterielle middel på 37 pst. til kjæledyr frå 2013 til 2019. Nedgangen er på om lag 24 pst. når ein reknar med bruk av humane antibakterielle middel. Forbruket til dei viktigaste matproduserande landdyra er i same periode redusert med om lag 21 pst.

Bruken av antibiotika til behandling av slaktekylling er framleis svært låg. Narasin blei fasa ut som førtilsetjingsmiddel til slaktekylling sommaren 2016. Vitskapskomiteen for mattryggleik vurderte i 2015 risikoen for overføring av antibiotikaresistens frå mat og matproduserande dyr i Noreg. Dei konkluderte med at det er lite sannsynleg at vi blir utsette for antibiotikaresistente bakteriar frå norske matvarer.

Generelt er helsa god òg hos viltlevande dyr, men i april 2016 blei sjukdommen *chronic wasting disease* (CWD) påvist hos villrein og elg. Denne sjukdommen hos hjortedyr er smittsam og dødelig. Sjukdommen er ikkje påvist i Europa tidlegare og aldri før hos reinsdyr. Mattilsynet starta raskt med kartlegging og tiltak for å avgrense og helst utrydde sjukdommen. Det er etablert verne-tiltak mot spreiding innanlands og mot utlandet. Den smitta villreinflakken i Nordfjella sone 1 er teken ut, og det blir gjennomført omfattande prøveuttak for å kartlegge om sjukdommen finst

andre stader. Dette arbeidet er òg viktig for å sikre at dei dyra som blir nytta til å byggje opp ein ny villreinstamme i Nordfjella, er friske.

God dyrevelferd er eit mål i seg sjølv, i tillegg til at det er eit gode for samfunnet og eit konkurransefortrinn for norsk mat. Generelt er dyrevelferda i Noreg betre enn i mange andre land. Det er stor offentleg merksemd på dyrevelferd.

Regjeringa har styrkt arbeidet for god dyrevelferd, mellom anna gjennom prøveprosjekt med dyrepoliti i fem politidistrikt.

Sjølv om dyrevelferda generelt er god, er det framleis utfordringar knytte til dyrevelferd i enkelte produksjonar og hos enkelte eigarar av både produksjonsdyr, sportsdyr og kjæledyr.

### Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane

For god utnytting av dei biologiske ressursane er langsiktig avlsarbeid viktig. Landbruks- og matdepartementets løyvingar til forskning har over fleire år bidrege med finansiering av viktige forskingsprosjekt innan husdyravl, der avlsorganisasjonane Geno og Norsvin er sentrale aktørar.

Både Geno og Norsvin har gjennom mange tiår lagt stor vekt på fleire eigenskapar enn berre auka produksjon av mjølk og kjøtt i avlsmåla sine. Det er vektlegginga av eigenskapar som helse, fruktbarheit, haldbarheit, beinkvalitet, gemytt og morsegenskapar som har bidrege til at den norske grisen og mjølkekua av rasen Norsk Raudt Fe (NRF) i dag er sær ettertrakta i mange land.

FNs mat- og landbruksorganisasjon, FAO, omtaler NRF som eit godt døme på moderne, god og berekraftig avl. Geno eksporterer NRF-sæd til over 30 land, og det er spesielt den gode dyrehelsa og fruktbarheita som har ført til auka interesse for NRF-kua i mange land. Dei seinare åra er det òg sett i gang prosjekt for å sjå på mogleghetene for å redusere metanutslapp frå norske kyr.

Norsvin har òg lukkast godt i sitt internasjonale arbeid. Norske svinegen finst allereie i mange land og interessa er stadig aukande. Norsvin har, gjennom å kombinere interessene til produsentar, foredlingsindustri og forbrukarar i avlsarbeidet, utvikla ein gris med unike eigenskapar.

Høg forskingsaktivitet og ny kunnskap innanfor bioteknologi har vore viktig for det nemnde avlsarbeidet. Om lag 27 pst. av Genos og 30 pst. av Norsvins samla omsetnad blir nytta til forskings- og utviklingsarbeid.

Bioteknologi og forskning står òg sentralt i bioøkonomien. I regjeringa sin bioøkonomistrategi blir det lagt vekt på tiltak som fremjar auka verdi-

skapning og sysselsetjing, redusert klimagassutslepp, og meir effektiv og berekraftig utnytting av dei fornybare biologiske ressursane. Bioøkonomien omfattar heile verdikjeda og trekk fram verdien av sektorovergripande samarbeid. Landbruks- og matdepartementet sine løyvingar til forskning gir viktige bidrag til vidareutvikling av bioøkonomien.

Det er sett i gang fleire forskingsprosjekt med mål om berekraftig, klimavenleg og auka utnytting av dei biologiske ressursane. Døme på dette er prosjekt som studerer nye norske proteinråvarer, alternative førkjelder og auka fôrutnytting, genomsekvensering og genomisk seleksjon av storfe, svin og sau, karbonlagring i jord, auka produksjon og utnytting av skog og trevirke, høgusbygg av tre, plantevernmiddele i mat og miljø, miljøvenleg energi, auka jordbruksproduksjon nord for Polarsirkelen, berekraftig bruk av antibiotika, urbane veksthus og nye dyrkingsmetodar, og klimavenleg emballasje for matprodukt.

Digitalisering og robotisering av landbruket spelar ei viktig rolle i Noregs framtidige matproduksjon og arealforvaltning. Ny teknologi blir brukt til å skreddarsy behandling av jord, areal, vekstar og dyr for eit meir klimavenleg og ressurs effektivt landbruk. Modellar, robotar og heilautomatiske system bidreg til å modernisere landbruket, og gir resultat som tidlegare ikkje var mogleg. Ved Senter for presisjonsjordbruk ved NIBIO Apelsvoll blir det utvikla og testa teknologiske løysningar for dagens og framtidens jordbruk. Ved presisjonsjordbruk kan ein tilpasse til dømes gjødselmengda og sprøytemengda til stadsspesifikke behov. Gjennom sensorar, fotoapparat og andre måleinstrument monterte på traktorar eller robotar kan ein kartleggje behovet for den enkelte garden, og sørgje for eit ressurs effektivt og berekraftig jordbruk. Senteret blei etablert i 2016 og har hatt aukande aktivitet sidan. Landbruks- og matdepartementets løyvingar til PRE-SIS-prosjektet over jordbruksoppgjeret 2019 vil gi viktige bidrag til det forskingsarbeidet som blir utført ved senteret.

For auka bruk av dei biologiske ressursane er rekruttering av fagpersonar viktig. Det har dei siste åra vore ein auke i talet på søkjarar til landbruksrelatert utdanning i vidaregåande skule, men det er relativt få som vel denne retninga samanlikna med andre programfag. Innan høgare utdanning har det òg vore ein auke dei siste åra i talet på studantar innan landbruksfag og andre grøne utdanningar, men tala varierer. Kandidatar frå til dømes plantevitenskap og skogfag legg òg grunnlaget for rekruttering til forskarutdanningar

som er naudsynt for å bidra til å løyse store samfunnsutfordringar. Det er difor viktig å stimulere til auka samarbeid internt og på tvers av sektorane.

## 3.2 Landbruk over heile landet

### Leggje til rette for bruk av beite- og jordressursane

For å nå målet om landbruk i heile landet må det leggjast til rette for bruk av beite- og jordressursane. Dette krev ei geografisk differensiering av verkemidla i jordbruket. I perioden 1989–1999 auka det registrerte jordbruksarealet med 4,4 pst. I perioden 1999–2019 var det ein reduksjon i det samla jordbruksarealet på 5,4 pst, jf. tabell 3.1. Registrert totalareal var på det høgaste i 1998.

Frå 2005–2013 blei eit nytt digitalt kartgrunnlag teke i bruk som kontrollgrunnlag ved søknad om produksjonstilskott. Innføringa av det nye kartverket gav ein reduksjon i arealet på om lag 3,3 pst. Nedgangen kjem av både meir nøyaktige målingar og at endringar som har skjedd over tid, først blir fanga opp når eit nytt kartverk blir teke i bruk. Om ein ser bort frå det nye kartgrunnlaget, har arealnedgangen vore på om lag 1,4 pst. i perioden. Etter 2013 er arealnedgangen blitt redusert frå om lag 60 000 dekar per år til om lag 10 000 dekar per år. Sidan 2010 har om lag 170 000 dekar blitt godkjent til nydyrking. I 2018 blei det godkjent nydyrka 24 855 dekar, ein auke frå 2017 på 2 153 dekar. I 2019 blei det godkjent 28 128 dekar jord til nydyrking, det høgaste talet på svært mange år.

I 2004 blei det sett eit nasjonalt mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skulle redusert til under 6 000 dekar. Dette målet blei nådd i 2013. Ved handsaminga av Innst. 56 S (2015–2016) fastsette Stortinget eit nytt jordvern mål på under 4 000 dekar per år innan 2020. KOSTRA-tala frå SSB viser at det blei omdisponert 3 617 dekar dyrka jord i 2019. Dette er under jordvern målet for tredje året på rad, og om lag på same nivå som for 2018 og 2017, då omdisponeringa av dyrka jord var på høvesvis om lag 3 600 og 3 900 dekar. Reduksjonen i jordbruksareal i drift frå 1999 til 2010 skjedde først og fremst på Vestlandet, i Agder-fylka og i Nord-Noreg. I perioden 2010 til 2019 blei arealet av open åker på Austlandet redusert med 214 000 dekar, mens arealet av eng og beite auka med 110 000 dekar. Dette kjem dels av auka storfe- og sauehald. Ein del stader bidreg det òg til å redusere avrenninga til



vassdrag gjennom auka grasdekke mellom dyrka mark og vassdrag.

På landsbasis har delen fulldyrka areal hatt ein reduksjon på i overkant av 3 pst. i perioden 2010 til 2019, mens delen av eng og beite har auka med

over 1 pst. i same periode. Kornarealet har gått ned med 9,4 pst. sidan 2010. Noko av nedgangen i kornarealet kjem truleg av at produsentar brukte 2019 til å bygge opp graslageret som dei måtte bruke i tørkesommaren 2018.

Tabell 3.1 Jordbruksareal i drift, 1989–2019 (i 1 000 dekar)

	1989	1999	2014	2015	2017	2018	2019	Endring 99–19	Endring 14–19
Korn og oljevekstar	3 530	3 346	2 879	2 862	2 889	2 830	2 775	-17 %	-3,6 %
Åker og hage	4 403	3 996	3 326	3 303	3 318	3 276	3 213	-20 %	-3,4 %
Fulldyrka eng og beite	4 443	4 876	4 785	4 799	4 727	4 787	4 820	-1 %	0,7 %
Sum fulldyrka jord	8 846	8 871	8 111	8 102	8 045	8 063	8 033	-9 %	-1,0 %
Anna eng og beite	1 096	1 513	1 757	1 758	1 806	1 800	1 789	18 %	1,8 %
Jordbruksareal i drift i alt	9 942	10 384	9 868	9 860	9 851	9 863	9 822	-5 %	-0,5 %
Areal dekar/innbyggjar	2,35	2,34	1,93	1,90	1,90	1,86	1,83	-22 %	-5,2 %

Kjelde: Budsjettnemnda for jordbruket

Systemet for registrering av dyr som gav grunnlag for beitetilskott/utmarksbetetilskott blei lagt om i 2017/2018. Omlegginga gjer at tala for dyr på beite i 2018 og 2019 ikkje er direkte samanliknbare med tala frå tidlegare år. Om lag 90 pst. av all sau oppfyller vilkåra for beitetilskott. Prosentdelen saueproduksjon på utmarksbeite aukar etter som buskapane blir større. Prosentdelen storfe på beite har auka mykje dei siste åra, noko som har samanheng med den store auken i beite- og

utmarksbetetilskott. For storfe går prosentdelen dyr på beite ned når buskapane blir større.

### Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Sysselsette i landbruket stod for 3,2 pst. av den samla sysselsetjinga i Noreg i 2019. Av desse var om lag 1,3 pst. sysselsette i jordbruk og reindrift, 0,2 pst. i skogbruk og 1,7 pst. i mat- og skogindustri.

## Landbruks- og matdepartementet

Tabell 3.2 Sysselsette personar i landbruket, 2019

	Samla tal		Sysselsette i jordbruk og reindrift		Sysselsette i skogbruk		Sysselsette i matindustri		Sysselsette i skogbruksbasert industri		Sysselsette i landbruket		Landbruksbasert sysselsetjing som del av total sysselsetjing	
	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.
Østfold	120 725	5,1	1 770	5,1	334	5,8	2 591	8,4	1 430	9,1	6 125	7,0		
Akershus	282 974	4,8	1 674	4,8	425	7,4	1 605	5,2	481	3,1	4 185	4,8		
Oslo	491 196	0,7	250	0,7	160	2,8	4 264	13,9	246	1,6	4 920	5,6		
Hedmark	87 600	8,6	3 001	8,6	1 029	17,8	1 998	6,5	2 020	12,9	8 048	9,2		
Oppland	87 833	9,9	3 478	9,9	644	11,2	1 344	4,4	1 231	7,9	6 697	7,7		
Buskerud	128 183	4,3	1 514	4,3	644	11,2	1 219	4,0	1 203	7,7	4 580	5,3		
Vestfold	108 908	4,1	1 436	4,1	246	4,3	2 335	7,6	731	4,7	4 748	5,4		
Telemark	75 790	2,8	965	2,8	398	6,9	540	1,8	332	2,1	2 235	2,6		
Aust-Agder	49 032	1,6	577	1,6	305	5,3	383	1,2	843	5,4	2 108	2,4		
Vest-Agder	89 798	2,6	910	2,6	255	4,4	988	3,2	1 130	7,2	3 283	3,8		
Rogaland	249 154	13,1	4 590	13,1	112	1,9	3 634	11,8	1 201	7,7	9 537	10,9		
Hordaland	262 283	5,7	1 984	5,7	142	2,5	1 932	6,3	615	3,9	4 673	5,4		
Sogn og Fjordane	54 823	5,4	1 875	5,4	117	2,0	930	3,0	619	3,9	3 541	4,1		
Møre og Romsdal	128 457	5,5	1 924	5,5	127	2,2	1 326	4,3	538	3,4	3 915	4,5		
Trøndelag	234 584	15,6	5 461	15,6	575	10,0	3 768	12,3	2 292	14,6	12 096	13,9		
Nordland	117 128	5,8	2 025	5,8	171	3,0	660	2,1	601	3,8	3 457	4,0		
Troms – Romsa	86 220	2,6	907	2,6	71	1,2	921	3,0	138	0,9	2 037	2,3		
Finnmark – Finnmarkku	37 803	1,8	632	1,8	14	0,2	288	0,9	22	0,1	956	1,1		
Sum	2 692 491	100,0	34 973	100,0	5 769	100,0	30 726	100,0	15 673	100,0	87 141	100,0		

Tabell 3.2 viser sysselsette personar i landbruket i 2019. Tala er henta frå SSB (registerbasert sysselsetjing). I alt var det i overkant av 87 000 sysselsette personar i landbrukssektoren, ein liten reduksjon frå 2018. Av desse var i underkant av 35 000 sysselsette i jordbruk og reindrift, mens om lag 5 800 var sysselsette i skogbruk. Samstundes var 30 700 sysselsette i jordbruksbasert matindustri og 15 600 i skogbruksbasert industri.

Ressursane knytte til landbrukseigedommane spelar ei viktig rolle for sysselsetjing og busetjing i store delar av landet. Tal frå SSB viser at det var registrert 5 372 355 innbyggjarar i Noreg i første kvartal 2019. Av dei var 359 198 fast busette på ein landbrukseigedom. I 2019 var det registrert 144 010 landbrukseigedommar med bustadhus i Noreg.


I 2019 budde 7 pst. av folkemengda på ein landbrukseigedom. I område med spreidd busetnad og i småsenterregionar bur ein større del av folkemengda på landbrukseigedommar. Her er det høvesvis om lag 23 pst. og 18 pst. av folkemengda som bur på slike eigedommar, mens tilsvarende tal for storbyregionar er om lag 3 pst.

### Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling

Den geografiske fordelinga av produksjon i landbruket er viktig for å nå målet om landbruk over heile landet. Figur 3.2 viser endringa i produsert mengd fordelt på nokre produksjonar og på lands-

del i perioden 2014 til 2019. Produksjonen av kumjølkk er jamt fordelt over heile landet på grunn av kvotesystemet, som mellom anna legg geografiske avgrensingar på kvar ei mjølkekvote kan produsertast. Dei siste åra har den samla produksjonen gått ned over heile landet, men som følgje av tørken sommaren 2018 blei kvotene for mjølkeproduksjon auka for å sikre nok mjølk til meieria. Dette førte til at produksjonen av mjølk i 2018 auka samanlikna med tidlegare år. I 2019 blei kvotane reduserte med 2 pst. frå normalnivået, slik at mjølkeproduksjonen gjekk noko ned. I perioden 2014 til 2019 har den samla mjølkeproduksjonen gått noko ned i alle landsdelar med unntak av Trøndelag.

Produksjonen av storfekjøtt har hatt ein auke i heile landet, mens produksjonen av sau har vore stabil i heile landet med unntak av ein stor auke i Trøndelag og ein reduksjon i Nord-Noreg. Produksjonen av fjørfekjøtt har hatt ein sterk auke dei siste ti åra, trass i reduksjonen i 2015 og 2016. I dag blir det hovudsakeleg produsert fjørfekjøtt på Austlandet, i Trøndelag og i Rogaland. I Trøndelag har det vore ein stor auke i eggproduksjonen dei siste åra, mens produksjonen har vore stabil i resten av landet. Med unntak av Nord-Noreg har produksjonen av svinekjøtt auka i alle landsdelar. Den største auken har vore i Rogaland. Veksten i produksjon av grønnsaker på friland har komme på Austlandet. Åkerarealet har gått ned i alle landsdelar.



Figur 3.2 Endring i produsert mengd fordelt på produksjonar og landsdel, 2014–2019 (i prosent)


For å nå målet om eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur må produksjonsgrunnlaget (areal og struktur) vere innretta på ein tenleg måte. Tal frå SSB viser at over halvparten av jordbruksverksemdene (58 pst.) hadde mellom 100 og 499 dekar jordbruksareal i drift i 2018. Dette er ein svak nedgang frå 2017, då prosentdelen for desse jordbruksverksemdene var på 59 pst. I 2018 hadde i underkant av 4 700 jordbruksverksemdar 500 dekar og meir jordbruksareal i drift, mot om lag 4 500 året før. Tala viser framleis ein auke i jordbruksverksemdar med 500 dekar og meir jordbruksareal i drift – frå 2,5 pst. i 2000 til 12 pst. i 2018.

Det er i dag eit stort omfang av leigejord. Over halvparten av jordbruksverksemdene (59 pst.) driv landbruksproduksjon med både leigd og eigd jordbruksareal. Om lag 31 pst. av jordbruksverksemdene driv produksjonen berre på eige jordbruksareal. 7 pst. driv landbruksproduksjon berre med leigd jordbruksareal, jf. figur 3.3, som viser jordbruksverksemdene fordelte etter jordbruksareal i drift. Tala viser ein nedgang i jordbruksverksemdar som driv landbruksproduksjon berre med eigd jordbruksareal, men òg ein nedgang i talet på jordbruksverksemdar som driv produksjon med både eigd og leigd jordbruksareal.

Det eigde jordbruksarealet i drift på jordbruksverksemdene var på litt over 5,3 mill. dekar i 2018. Det leigde jordbruksarealet var på vel 4,5 mill. dekar. Samanlikna med tala frå 2017 viser dette ein nedgang på 65 400 dekar i det eigde jordbruksarealet i drift og ein auke på 77 100 dekar i jordbruksarealet som blir leigd av jordbruksverksemdene. Gjennomsnittleg areal i drift per jordbruksverksemd var 252 dekar i 2019. Det er 3 dekar meir enn i 2018. Av jordbruksarealet i drift var i alt 46 pst. leigejord.

Regjeringa vil leggje til rette for ein variert eigedomsstruktur der bonden har rett til å disponere over eigen eigedom i tråd med eigne val og prioriteringar. Statistikk frå SSB viser at det var om lag 182 300 registrerte landbrukseigedommar i 2018. Dette er landbrukseigedommar som er sette saman av minst 5 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktiv skog. Ei gruppering av landbrukseigedommane etter storleiken på det eigde jordbruksarealet viser at mange eigedommar har eit lite jordbruksareal. Hovudtyngda (70 pst.) av eigedommane hadde mellom 5 og 100 dekar eigd jordbruksareal både i 2017 og 2018. Om lag 18 pst. hadde mellom 100 og 500 dekar eigd jordbruksareal. Under 1 pst. hadde eigd jordbruksareal på 500 dekar og meir. Utviklinga frå 2017 til 2018 viser ein auke i talet på landbruks-

eigedommar som har mellom 100 og 500 dekar eigd jordbruksareal. Endringa var omtrent den same for landbrukseigedommar mellom 200 og 300 dekar (om lag 245 eigedommar) og for eigedommar mellom 300 og 500 dekar (om lag 285 eigedommar). Utviklinga viser òg ein liten auke i talet på eigedommar med 500 dekar og meir eigd jordbruksareal i perioden. Om lag 7 pst. av eigedommane var registrerte utan eigd jordbruksareal i 2018. Dette er på same nivå som i perioden 2014–2017.




Figur 3.3 Jordbruksverksemdar etter jordbruksareal i drift, 2018 (i prosent)

Tal frå KOSTRA (kommune-stat-rapportering) i 2019 viser at om lag 21 pst. av dei som fekk samtykke til å dele ein landbrukseigedom, skulle selje jorda som tilleggsjord til ein annan landbrukseigedom, dvs. at areal frå 606 eigedommar skulle overførast som tilleggsjord til ein eller fleire landbrukseigedommar i 2019. I perioden 2010–2016 var den tilsvarande fordelinga på om lag 14 pst. Fordelinga var 18 pst. i 2017 og 19 pst. i 2018.

Av dei 182 300 registrerte landbrukseigedommane i 2018 har i overkant av 161 500 eigedommar (89 pst.) minst 5 dekar eigd jordbruksareal. Av dei har om lag 52 pst. jordbruksareal som berre blir drive ved bortleige. Om lag 22 pst. av eigedommane blir drivne berre ved hjelp av eige jordbruksareal, jf. figur 3.4, som viser landbruks-

eigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal i 2018. Tala for åra 2017 og 2018 viser ein nedgang for eigedommar med areal som anten blir drive av eigaren sjølv eller av andre ved bortleige. Tala viser vidare ein mindre nedgang enn tidlegare år for eigedommar der eigaren sjølv er brukar av areala, og ein nedgang for eigedommar som berre blir drivne ved bortleige. For eigedommane med minst 5 dekar eigd jordbruksareal var den gjennomsnittlege arealstorleiken på jordbruksarealet om lag 67 dekar.



Figur 3.4 Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, 2018 (i prosent)

Fordelinga av landbrukseigedommane på BA-sentralitet i 2018 viser om lag same prosentfordeling av eigedomsmassen for eigedommane med minst 5 dekar jordbruksareal mellom regionane som for åra 2014–2017. Om lag 66 pst. av landbrukseigedommane ligg i ulike former for byregionar. Størstedelen ligg i småbyregionar (28 pst.), og det er færrest i område med spreidd busetnad (11 pst.).

Tala for 2018 viser òg, til liks med tala for 2014–2017, at småbyregionar hadde flest landbrukseigedommar med jordbruksareal som berre blir drive ved bortleige (14 pst.) og flest eigedommar der eigaren sjølv òg er brukar av areala (6 pst.). Av regionane var det òg småbyregionane som hadde flest landbrukseigedommar utan registrert jordbruksaktivitet i 2018.

### Leggje til rette for rekruttering i heile landet

Stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen inneheld sentrale rammevilkår og gir grunnlag for auka lønsemd i landbruket, og er slik det viktigaste verktøyet for å leggje til rette for rekruttering i heile landet. Særleg er ordninga med investerings- og bedriftsutviklingsmidlar målretta for å fremje rekruttering til næringa, både fordi yngre investerer i større grad enn eldre, og fordi mange eldre som investerer, gjer det for å leggje til rette for neste generasjon. Næringsutøvarar under 35 år er prioriterte i delar av regelverket. I 2019 gjekk 29 pst. av tilskotts-midlane til personlege mottakarar under 35 år. Dette er ein liten nedgang frå 2018, men ein markant auke frå 2010/2011, då det tilsvarande talet var 19 pst.

Norsk landbruk er ei kunnskapsintensiv og kompetansekreivjande næring. Det er viktig å leggje til rette for eit godt utdanningssystem i landbruket. Nær alle fylka i landet tilbyr landbruksutdanning i vidaregåande opplæring under utdanningsprogrammet Naturbruk, og fleire fylke har fagskuletilbod i ulike landbruksfag. På universitets- og høgskulenivå er det tilbod om landbruksutdanning på tre ulike stader i landet – ved Nord universitet, Høgskolen Innlandet og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU).

Det har dei siste åra vore ei positiv utvikling i talet på elevar som vel landbruksutdanning i vidaregåande skule. Samstundes har interessa for gartnarutdanninga vore svært låg. I høgare utdanning har interessa for agronomutdanning vore aukande, mens dei andre landbruksrelaterte faga har varierende oppslutning, med søkjartal som svingar frå år til år. I 2020 er det likevel ein markant auke i talet på søkjarar til plantevitenskap. Nasjonal modell for vaksenagronomen er no etablert ved 20 av landets naturbruksskular fordelt på ni av landets fylkeskommunar. Frå skuleåret 2018/2019 gjeld òg ordninga gartnaropplæring for vaksne. Det er stor interesse for begge tilboda.

### Ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift

Regjeringa vil sikre økonomisk berekraft i reindriften gjennom auka slakteuttak, tilrettelegging for tilleggsnæringar og betre lønsemd for dei som har reindrift som hovudverksemd. Tilgangen på slaktedyr er avhengig av kalvetilgangen, tap av dyr og kor mange dyr reineigaren set til livdyr. Totalrekneskapen for reindriftnæringa med

rekneskap 2018 og budsjett 2019 viser ein auke i resultatmåla frå 2017 til 2018. Prognosen for 2019 er at auken held fram. Samla sett aukar vederlag for arbeid og eigenkapital frå 111,9 mill. kroner til 151,3 mill. kroner. Per årsverk aukar vederlaget for arbeid og eigenkapital frå 119 172 kroner til 169 443 kroner. Årsaka til at resultatmåla er høgare, er hovudsakeleg auka kjøttinntekter og auka erstatningar. I tillegg har ikkje kostnadene auka så mykje som tidlegare. Tala viser store regionale skilnader mellom reinbeiteområda, men òg store variasjonar innanfor det enkelte området.

Det er slakta om lag 74 100 rein i kalenderåret 2019. Dette er ein auke på 10 850 rein samanlikna med 2018 (63 250). Innrapporterte slaktedata for 2019 tilseier ei gjennomsnittleg slaktevekt på 19,3 kilo (19,1 kilo i 2018) for kalv og 21,9 kilo (21,9 kilo i 2018) for alle slaktedyr. Av alle slaktedyr var 79 pst. kalv (80 pst i 2018).

Det er stor variasjon i gjennomsnittsvekt mellom reinbeitedistrikta. Nokre distrikt har gjennomsnittsvekt på under 16 kilo per kalv, og enkelte av desse er heilt nede på 13,9 kilo per kalv. I den andre enden av skalaen er det fleire distrikt som har gjennomsnittsvekt på oppunder 26 kilo per kalv.

Totalproduktiviteten per livrein varierer mykje mellom reinbeiteområda og mellom distrikta i det enkelte området. Produksjonen per livrein er til saman 7,8 kilo i driftsåret 2018/2019, men varierer mellom 4,1 kilo i Troms og 14,4 kilo i tamreinlaga.

Det er mange årsaker til tap av rein. Dei viktigaste er rovdyr, sjukdom, ernæringssvikt, reintjuveri eller trafikkulykker. Tamreinlaga har dei klart lågaste oppgitte kalvetapa, etterfølgt av Sør-Trøndelag/Hedmark og Polmak/Varanger. Generelt god kondisjon hos reinen og lågare dyretettleik på beiteareala har vore viktige faktorar for å forklare dei lågare tapa heilt aust i Finnmark samanlikna med Karasjøk og Vest-Finnmark. På grunn av store tap til rovdyr har Troms og Nordland over tid hatt dei største oppgitte tapa av kalvar og vaksne dyr. Samla tap i driftsåret 2018/2019 var 72 393 rein (80 147 for perioden 2017/2018). Av dette var om lag 80 pst. tap av kalv.

### 3.3 Auka verdiskaping

#### Utnytte marknadsbaserte produksjonsmogleikheiter

Sjølvforsyningsgraden, eller heimemarknadsdelen målt på energibasis, viser kor mykje av maten vi et som er produsert i Noreg. I fleire tiår har sjølvfor-

syningsgraden vore om lag 50 pst. For husdyrprodukt er sjølvforsyningsgraden gjennomgåande høg, mens den er lågare for planteprodukt, jf. nærare omtale i kap. 1150 og kap. 3.1.

Importen av landbruksvarer til Noreg aukar i verdi, men har dei siste åra hatt eit relativt stabilt volum. Importen er stort sett varer som ikkje blir produserte i Noreg, eller varer som blir importerte utanfor norsk sesong. Samla blei det i 2019 importert landbruksvarer og fiskefôr for 70,9 mrd. kroner. Det er ein auke på 6,6 pst. frå 2018 til 2019. Den norske krona svekte seg i 2019. Delar av veksten i importverdien kjem difor av dyrare import målt i norske kroner. I volum gjekk importen av landbruksvarer ned med 0,8 pst.

Importen av fiskefôrråvarer utgjorde i 2019 nesten 25 pst. av importverdien av jordbruksvarer. Importen av frukt og grønnsaker utgjorde omlag 15 prosent av importverdien. Tørka i 2018 gav lita kornavling, og førte til auka import av korn i andre halvår i 2018 og første halvår i 2019. Kornavlingane i 2019 var gode, og importen gjekk ned. Samla sett gjekk importen av korn ned med 5 pst. i 2019 samanlikna med 2018.

Økologisk mat representerer eit mangfald som forbrukarar i aukande grad etterspør. Omsetnaden av økologisk mat og drikke auka i dei fleste salskanalane i 2019. I daglegvarehandelen utgjør sal av økologiske varer om lag 2 pst. av totalmarknaden. Tal frå Statens Institutt for forbruksforskning (SIFO) og Landbruksdirektoratet syner at salet av økologisk mat og drikke gjennom andre kanalar for sal aukar. Sal i marknaden for storhushald auka med 8,6 pst. i 2019 og omsetnaden gjennom bakeri auka med 9,3 pst. Vidare syner rapportane frå SIFO og Landbruksdirektoratet at REKO-ringar og andelslandbruk har hatt ein stor vekst dei siste åra, og økologiske produkt blir òg selde gjennom desse kanalane.

Lokalmat er definert som mat- og drikkevarer med lokal identitet, særskild opphav eller særskilde kvalitetar knytt til produksjonsmetode, tradisjon eller råvarer. Omsetnaden av lokalmat i fleire kanalar for sal har auka sterkt dei siste 10 åra, men ein har lenge berre hatt tal for salet gjennom daglegvarehandelen. Frå 2010 til 2019 er salet nær firedobla, frå 2,3 mrd. kroner til over 11 mrd. kroner. Utviklinga var tilsynelatande ekstra sterk frå 2018 til 2019. Denne sterke auken kan hovudsakeleg skrive seg frå at salet gjennom den såkalla HoReCa-kanalen er rekna med for første gong. Matmerk har utvikla betre målemetodar, noko som gir eit meir heilskapleg bilete på situasjonen i marknaden.

### **Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat**

Landbrukspolitikken skal leggje til rette for kostnadseffektiv matproduksjon. Regjeringa vil styrkje landbruket gjennom ytterlegare forenkling av lover, reglar og støtteordningar, og sikre landbruket føreseielege rammevilkår som kan bidra til at samla lønsemd i næringa aukar i framtida.

Jordbruket stod i 2019 for 41 900 årsverk, ifølgje Budsjettnemnda for jordbruket. Det er ei gjensidig binding mellom norsk næringsmiddelindustri og norsk landbruk, og det er viktig å sikre verdiskaping og lønsemd i heile verdikjeda. Store delar av næringsmiddelindustrien foredlar norskproduserte råvarer, samstundes som han i aukande grad er eksponert for internasjonal konkurranse. Det er viktig å halde oppe norsk matproduksjon og sikre tilgangen på norske råvarer til næringsmiddelindustrien over heile landet, for å sikre at norske forbrukarar får den maten dei ønskjer. Importen av næringsmiddel aukar, men det gjer òg den samla omsetnaden av matvarer i Noreg.

Det siste tiåret har det samla produksjonsvolumet i jordbruket auka med 4,9 pst. Produksjonen av husdyrprodukt har auka med 5,5 pst. dei siste ti åra, men etter fleire år med jamn auke har det dei siste to åra vore ein nedgang på om lag 2 pst. for husdyrprodukta. Kumjølke har hatt ein auke på 3,7 pst., storfe har auka med 3,2 pst. og sau med 4,7 pst. Produksjon av fjørfe og egg har auka med om lag 27 pst. i same periode, mens produksjonen av gris er redusert med 1,1 pst.

Produksjonen av planteprodukt har hatt ein auke på 3,6 pst. Tørka sommaren 2018 førte til at produksjonen av korn blei redusert med 48 pst. i 2018 samanlikna med 2017. 2019 blei eit godt kornår på nivå med åra før 2018. Prognosar for 2020 tilseier at produksjonen av korn blir god. Også for nokre grønsakskulturar var det vesentleg svikt i avlingane i 2018, mens andre grønsakskulturar, poteter, frukt og bær blei mindre påverka økonomisk, i hovudsak som følgje av vatning av produksjonsareala. Produksjonen av grønsaker har det siste tiåret auka med i underkant av 30 pst. mens produksjonen av frukt har auka med om lag 15 pst. Produksjonen av bær har i same periode gått ned med 3,8 pst. I grøntsektoren har marknadsforholda vore utfordrande både som følgje av nasjonale forhold, som endringar i eigarskap og organisering av omsetnadskanalane, og som følgje av auka konkurranse frå import. Dei siste sesongane har det vore ei betring for dei fleste grønsakskulturane. Samla sett er det mark-

nadsmoglegheiter for auka planteproduksjon, særleg for grøntsektoren.

Lønsemd er den viktigaste drivaren for avgjerdene den enkelte produsent tek. Det inneber at dei økonomiske verkemidla mellom anna verkar inn på den geografiske produksjonsfordelinga. Reduksjonen i jordbruksareal i drift dei siste ti åra har i hovudsak skjedd på Vestlandet og i Nord-Noreg. På Austlandet har det samla jordbruksarealet gått noko ned, mens arealet til eng og beite har auka, mellom anna grunna auka hald av storfe og sau. Ein del stader bidreg det òg til å redusere avrenning til vassdrag gjennom auka grasdekke mellom dyrka mark og vassdrag. Dei store kornareala ligg i hovudsak på Austlandet, Jæren og i Trøndelag. Arealet har sidan 2011 gått ned med 9,7 pst. Reduksjonen i kornarealet frå 2018 til 2019 var truleg knytt til behovet for å byggje opp grovførlagra etter tørken sommaren 2018.

For mjølkeproduksjonen er produksjonsdelinga relativt stabil med produksjon over heile landet, som følgje av at ein kvote ikkje kan flyttast ut av produksjonsregionen. I 2019 blei partane i jordbruksoppgjeret samde om ei ekstraordinær oppkjøpsordning for mjølkekvote. Oppkjøpa er gjennomførte i 2020 og kvotane vil gå ut av marknaden frå 1. januar 2021. I avtalen mellom partane heiter det at den delen av kvote som kunne kjøpast ut av kvar produksjonsregion skulle bereknast ut frå produksjonsregionen sin del av grunnkvota, for å sikre stabilitet i den regionale fordelinga av mjølkeproduksjonen. Det er likevel venta at oppkjøpsordninga endrar den regionale produksjonsfordelinga noko frå 2021, fordi nokre regionar ikkje selde den mengda kvote dei kunne.

Regjeringa vil leggje til rette for at landbruket har føreseielege rammevilkår som kan bidra til at samla lønsemd i næringa kan auke og i kommande år. Det er avgjerande at utøvarane i landbruket skal ha høve til ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper. Innanfor desse rammevilkåra har utøvarane i landbruket, som sjølvstendige næringsdrivande, ansvar for eiga inntekt. Ei berekraftig kostnadsutvikling, god marknadstilpassing og produktivitetsutvikling vil vere ein føresetnad for inntektsutviklinga. Målet er at inntekter for bonden i størst mogleg grad blir henta i marknaden. Regjeringa vil styrkje bruk som har ressursgrunnlag til å vere heiltidsbruk, og arbeide for at næringsutøvarar i alle produksjonar og på alle typar bruk skal ha reell moglegheit til inntektsutvikling på line med andre i samfunnet. På knapt halvparten av bruka bli det utført

meir enn eitt årsverk, og desse bruka står for meir enn 80 pst. av den samla produksjonen.

Inntektsutviklinga i jordbruket har vore prega av overproduksjon i fleire sektorar, og det har gitt inntektstap for produsentane. Etter jordbruksavtalen er overproduksjonstap jordbruket sitt eige ansvar. Samtidig har etterspørselen etter produkt frå grasbasert husdyrhald stagnert. Hausten 2017 var prega av mykje regn på Vestlandet, mens ekstrem tørke ramma sesongen 2018. Året 2019 gav gode avlingar. Samtidig starta arbeidet med å redusere mjølkeproduksjonen, i samband med at eksportsubsidiane for mjølk blir avvikla. Det gav auke i omsetnadsavgift frå 2019, og lågare mjølkepris. Samstundes auka utrekna realrente i 2019.

### **Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine samla ressursar**

Det er heilt sentralt for landbruks- og matpolitikken at dei ulike verkemidla bidreg til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* tydeleggjer ambisjonane regjeringa har for landbruksbasert næringsutvikling utanom tradisjonelt jord- og skogbruk.

Dei fleste bedriftsretta verkemidla over Landbrukets utviklingsfond (LUF) er forvalta av Innovasjon Noreg (IN), der måla om fleire gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø står sentralt. Dei offentlege verkemidla verkar saman med fleire andre faktorar, og det er difor svært krevjande å måle samanhengen mellom tildeling av midlar og utvikling i lønsemd, produktivitet og omsetnad. Dei fleste landbrukskundane hos IN er enkeltpersonføretak eller personkandar, og rekneskapstala deira er ikkje tilgjengelege på same måten som for aksjeselskap. Mangelen på rekneskapsdata gjer at det ikkje er mogleg å måle verknaden av midlane til tradisjonelt landbruk med same metode som for midlar til andre tenester til næringslivet hos IN. For tenester innan INs landbruksoppdrag som ikkje er tradisjonelt landbruk har SSB gjort berekningar av verknaden.

I INs rapport til oppdragsgivarane for 2019 viser effektindikatorar for finansiering gitt til aksjeselskap under landbruksoppdraget at bedrifter som har fått tilsegn frå INs tenester, har høgare årleg vekst i salsinntekter, verdiskaping og produktivitet enn dei som ikkje har fått tilsegn frå IN. Årleg vekst på desse indikatorane for prosjekt finansiert av Landbruks- og matdepartementet skil seg ikkje vesentleg frå tilsvarande indikatorar på prosjekt finansiert frå andre departement.

Addisjonaliteten, det vil seie i kva grad bedriftene oppfatar at INs bidrag har vore avgjerande for gjennomføringa av prosjektet, er vedvarande høg for landbruksoppdraget, på 91 pst.

Tilgang til investeringsverkemiddel bidreg til fornying av produksjonsapparatet i landbruket og til framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar) er Landbruks- og matdepartementets viktigaste verkemiddel for å fremje investeringstiltak i landbruket. Det er stor etterspørsel etter investeringsverkemiddel. Om lag 84 pst. av midlane går til fornying av produksjonsanlegg for tradisjonelt landbruk, og er knytte til delmålet om vekst i bedrifter. Ein vesentleg del av midlane som går til landbruksbaserte næringar utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, er knytte til delmålet om fleire gründerar. Rapporten frå IN om bruk av IBU-midlar for 2019 legg til grunn ein vekst i sysselsetjinga på 382 årsverk samla for dei prosjekta det er løyvd støtte til i tiltaksgruppene etablerartilskott, bedriftsutvikling og investeringar i andre landbruksbaserte næringar.


*Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping* er eit breitt program, etablert i den noverande forma i 2015, med tiltak retta mot vekstkraftige bedrifter og forpliktande produsentsamanslutningar. Målet med programmet er å få til auka vekst og verdiskaping innan lokalmat, reiseliv, reindriftsnæringa, Inn på tunet, innlandsfiske og anna ny næringsverksemd basert på ressursane i landbruket. Kundeeffektundersøkingane til IN viser at Utviklingsprogrammet i stor grad er utløysande for realisering av prosjekta. Undersøkingane viser vidare at ordningane medverkar positivt til kompetanseheving og samarbeid. Det er stadig behov for meir kunnskap om korleis programmet verkar, og kva verknader dei ulike tiltaka har, mellom anna for å utvikle programmet vidare og sikre best mogleg utnytting av midlane. Dei siste åra er det difor gjort fleire evalueringar av mellom anna vekstordninga (hausten 2016 av Oxford Research) og ordninga for forpliktande produsentsamanslutningar/bedriftsnettverk (i 2017 som ledd i ei breiare evaluering av INs generelle ordning for bedriftsnettverk). I 2018 blei det gjort ei evaluering av kompetansesatsinga i programmet. Evalueringane og føringane frå Meld. St. 31 (2014–2015) og reiselivsstrategien blir brukte for å utvikle programmet vidare. Det er i tillegg utvikla ei ordning for vekst for verksemdar som har fått vekststøtte tidlegare, ei fase 2-ordning, og der inngår òg kompetanse i pakka.

Driftsgranskningane til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er ei viktig kjelde til kunnskap



om utvikling og lønsemd innanfor dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Av dei 916 enkeltbruka som var med i driftsgranskingane i 2018, hadde 82 pst. (748 bruk) omsetnad knytte til anna landbruksbasert næring. Det er om lag på same nivå som i 2017. Prosentdelen bruk med andre landbruksbaserte næringar av vesentleg omfang var størst på Austlandet og minst i Nord-Noreg. Omsetnaden seier noko om kor høgt aktivitetsnivået i bedriftene er, men ikkje nødvendigvis noko om fortjeneste og

inntekt. 65 pst. av bruka hadde ein omsetnad på meir enn 20 000 kroner frå andre landbruksbaserte næringar. Gjennomsnittleg omsetnad på desse bruka var 280 500 kroner, ein auke på 14 pst. frå 2017. Gjennomsnittleg omsetnad auka i alle dei fem regionane, men mest i Nord-Noreg, Agder og Rogaland og på Vestlandet. 65 pst. hadde en omsetning på meir enn 20 000 kroner i tilleggsnæringa. Gjennomsnittleg omsetnad i tilleggsnæringane i driftsgranskingane var 280 500 kroner per bruk.



Figur 3.5 Driftsoverskott frå ulike former for andre landbruksbaserte næringar, for bruk med omsetnad over 20 000 kroner i andre landbruksbaserte næringar, 2016–2018 (kroner per bruk)

Driftsoverskottet frå andre landbruksbaserte næringar utgjorde i gjennomsnitt 97 700 kroner per bruk i 2018. Det er ein auke på 14 600 frå 2017. Driftsoverskottet varierer mykje mellom dei ulike næringane, jf. figur 3.5. Gruppen «Anna tenesteyting» (mellom anna Inn på tunet, klauvskjering og saueklipping) har hatt størst driftsoverskott per bruk av gruppene. For gruppene «Turisme» og «Vareproduksjon» er det stor variasjon mellom år og mykje lågare driftsoverskott enn innanfor det tradisjonelle jordbruket. Driftsgranskingane viser at bidraget frå desse næringane til familieøkonomien samla sett er lite og har lege nokså stabilt på mellom 6 og 7 pst. det siste tiåret. NIBIO viser til at ei av årsakene til at tilleggsnæringane ikkje betyr meir, kan vere at utvalet av bruk som er med i driftsgranskingane, har relativt stor jordbruksaktivitet. På desse bruka kan det vere lita tid til, og mindre behov for, å byggje opp andre næringar. God tilgang på inntektsgjevande arbeid

utanfor landbruket kan vere ei anna forklaring. Dei store årlege endringane i bidrag frå tilleggsnæringar i Agder og Rogaland er i hovudsak knytte til pelsdyrhaldet som òg blir rekna som ei tilleggsnæring i NIBIOs materiale.

Landbruks- og matdepartementet har i regi av NIBIO i 2015 og 2016 fått gjennomført landsdekkjande spørjeundersøkingar til bedrifter innanfor både Inn på tunet og landbruksbasert reiseliv. Undersøkingane viser teikn til både aukande profesjonisering, god framtidstru, investeringslyst og aukande omsetnad, ifølgje bedriftene sjølve. Matmerk rapporterer at talet godkjende Inn på tunet-bedrifter ved utgangen av 2019 var 404 mot 400 året før. For landbruksbaserte reiselivsbedrifter manglar ei tilsvarende oversikt over tal på bedrifter. Ein indikator kan vere talet på medlemmer hos HANEN. Ved utgangen av 2019 hadde HANEN 532 medlemmer, ein nedgang på 26 medlemmer frå 2018.

### Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Matnasjonen Noreg er ei sams ramme for næringsutvikling og verdiskaping med utgangspunkt i sunn og trygg norsk mat frå land og sjø. Regjeringa vil leggje fram ein strategi for den vidare utviklinga av Noreg som ein matnasjon i første halvår 2021. Strategien skal medverke til vekst i matnæringa òg i framtida, og til at lokalt og regionalt engasjement får ei sams nasjonal overbygning. Innspele frå ei samla matnæring, inkludert råvareprodusentar, industri, lokalmataktørar, kokkar og reiseliv, er lagt til grunn ved utvikling av strategien.

Stiftinga Matmerk har ei sentral rolle i utviklinga av Noreg som matnasjon. Stiftinga administrerer og utviklar Kvalitetssystem i landbruket (KSL), merkeordningane *Nyt Noreg*, *Beskytta nemningar* og *Spesialitet* og har ansvar for faktabasert informasjon om økologisk mat. Utviklinga i merkeordningane kan gi nyttig informasjon om korleis matnasjonen Noreg utviklar seg.

KSL ligg til grunn for alle merkeordningane Matmerk forvaltar. I 2019 leverte Matmerk 4900 revisjonar gjennomførte av til saman 59 KSL-revisorar. Samstundes har Matmerk gjennomført eit stort utviklingsarbeid for datasystemet som ligg til grunn for KSL. Innan 2020 skal prosjektet STEM 2020 medverke til ei samla oppgradering, samordning og digitalisering av både KSL og drifta av heile stiftinga.

Ved utgangen av 2019 var 4300 produkt frå til saman 96 ulike verksemder godkjende for Nyt Noreg-merket. Det utgjer ein netto auke på 470 produkt sidan 2018. Kjennskapen til Nyt Noreg-merket hos forbrukarane er høg, og forbrukarane har ei positiv haldning til merket.

Ved utgangen av 2019 var Spesialitet-merket brukt på til saman 567 produkt frå 110 godkjende verksemder. Dette er ein auke på 33 produkt frå 2018. Merket blir tildelt for tre år om gangen. Kvart år er det fleire produkt og verksemder som ikkje får fornya godkjenninga, eller som sjølve vel å ikkje fornye godkjenninga.

Ved utgangen av 2019 var til saman 31 produkt godkjende under ordninga Beskytta nemningar. Lynglam fekk tildelt Beskytta geografisk nemning og Setersmør fekk Beskytta tradisjonelt særpreg i 2019.

Lokalmatdatabasen, lokalmat.no, blei etablert i 2016 og er ein viktig reiskap for å kople saman produsentar og innkjøparar. Databasen blir drifta i eit samarbeid mellom næringa (daglegvarehandel

og hotell, restaurant og catering, HoReCa) og det offentlege. Produsentar som ønskjer å selje til daglegvarehandelen og til HoReCa, må gjennomføre ein eigenrevisjon for å kunne leggje inn produkt i basen. Ved utgangen av 2019 var 576 verksemder med til saman 2484 produkt registrerte i basen. 305 innkjøparar er registrerte. 194 eksterne revisjonar er gjennomført sidan databasen blei oppretta, av desse 69 i 2019.

Den årlege målinga av omsetnad av lokalmat i daglegvarehandelen i 2019 har blitt gjennomført i samarbeid med Nielsen Norge og Arne Reiler Consulting. I 2019 omfatta dette òg sal av lokalmat innan storhushald. Omsetnadsveksten i daglegvarehandelen var på 5,6 pst. frå 2018, som svarar til ei omsetnad på 5,25 mrd. kroner. Omsetnaden i storhushald var på 6 mrd. kroner i 2019. 2019-målinga er ei nullpunktmåling for storhushald.

Matmerk driftar òg nettsida Økologisk.no, som gir forbrukarane verdifull informasjon om økologisk matproduksjon og økologiske produkt.

### Leggje til rette for at bonden får inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden

Inntektsutviklinga i jordbruket

Budsjettnemnda for jordbruket anslo i juni ein auke i vederlag til arbeid og egenkapital på i overkant av 16 pst. for 2020. Inntektsutviklinga for jordbruket er nærare omtalt i kap. 1150.

Utvikling i produktivitet

Produktivitetsveksten i jordbruket har tradisjonelt sett vore, og er framleis, svært høg. Jordbrukssektoren har hatt ein vekst i brutto arbeidsproduktivitet på 1,7 pst. i snitt kvart år dei siste ti åra. Gjennomsnittleg vekst i Fastlands-Noreg var 0,9 pst. Samla faktorproduktivitet i jordbruket har auka med 0,9 pst. per år dei siste ti åra.

Årets berekning frå Budsjettnemnda for jordbruket viser at produktivitetens utviklinga er lågare enn ho har vore dei siste åra. Dette har fleire årsaker. Reduksjonen i arbeidsforbruket er lågare i årets berekningar enn det som har vore lagt til grunn tidlegare. Volumveksten i bruttoproduktiviteten er svakare enn i tidlegare berekningsår, mellom anna som følgje av svakare produksjonsutvikling og vekst i energiforbruket. Sjølv om produktivitetsveksten blir berekna med grunnlag i normalisert rekneskap, blir veksten klart påverka av tørkesommaren 2018.

### Investeringar i jordbruket

Det samla investeringsnivået i driftsbygningar innan jord- og hagebruk var på 5 mrd. kroner i 2017. Tabell 3.3 gir ei oversikt over gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket for 2018 fordelt på regionar. Driftsgranskingane omfatta 916 bruk i 2018. Ettersom tala baserer seg på alle deltakarane i driftsgranskingane, vil det innanfor kvar region òg vere bruk som ikkje investerte i 2018. Talet for investeringsnivå må sjåast i lys av det. Storleiken på investeringsnivået for det enkelte bruket vil mellom anna vere avhengig av produksjonstype og bruksstorleik.

Tabell 3.3 Gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket fordelt på regionar, 2018 (i tusen kroner)

Regionar	Bruttoinvestering per bruk
Austlandet	
Flatbygdene	616,6
Andre bygder	531,0
Agder og Rogaland	
Jæren	489,9
Andre bygder	419,7
Vestlandet	440,0
Trøndelag	
Flatbygdene	470,1
Andre bygder	773,3
Nord-Noreg	464,4

Med utgangspunkt i desse tala finn ein dei største bruttoinvesteringane per bruk for 2018 på flatbygdene på Austlandet og andre bygder i Trøndelag.

### Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Skogbruk og trebasert industri er ei viktig verdikjede i Noreg. I 2019 var om lag 21 400 personar sysselsette i denne næringa, og av desse rundt 6 000 i skogbruket. Det blei i alt avverka rundt 11 mill. kubikkmeter tømmer for sal til industrien i 2019, med ein bruttoverdi på 4,8 mrd. kroner. Det har ikkje tidlegare blitt registrert så høgt nivå på hogsten. I 2019 blei det eksportert rundt

3,6 mill. kubikkmeter tømmer, om lag på same nivå som året før. Det blei eksportert tømmer og trebaserte varer til ein verdi av 14 mrd. kroner i 2019. Den årlege tilveksten i skogen er på om lag 25 mill. kubikkmeter. I 2019 blei det sett ut 43,6 mill. skogplanter. Dette er 14 pst. fleire enn i 2018, og det høgaste nivået for planting på meir enn ti år. Det blei vidare utført ungskogpleie på 272 000 dekar og marktilreiing på 88 000 dekar. Dette er ein auke på rundt 13 pst. for ungskogpleie og 23 pst. for marktilreiing samanlikna med året før. Det blei bygd og ferdigstilt 137 km med nye skogsbilvegar og bygd om 368 km med eldre skogsbilvegar i 2018. Dette er ein auke på 29 pst. for nybygging og 30 pst. for ombygging samanlikna med 2018. I alt blei det investert 266 mill. kroner i skogsbilvegar i 2019, ein auke på 24 pst. frå 2018.

I 2019 blei det utarbeidd skogbruksplanar med miljøregistreringar (MiS) for om lag 3,4 mill. dekar skog. Stortinget har vedteke at det er klassifiseringssystemet Natur i Norge (NiN) som Artsdatabanken har ansvaret for som skal brukast ved offentleg kartlegging av natur. NiN er eit verktøy for å gjere greie for variasjon i naturen, og sikrar mellom anna eit dokumentert og etterprøveleg kunnskapsgrunnlag til bruk i vurderingar av bruk og vern. NiN er teke bruk og innarbeidd i MiS-kartlegginga.

Kartleggingsaktiviteten vil auke framover. Det meste av det økonomisk drivverdige skogarealet i skogstrøka på Sør-Austlandet er no kartlagt, og det blir starta opp nye skogbruksplanprosjekt med revisjon av eldre miljøregistreringar. På Vestlandet og nordover er det framleis område som ikkje er dekte med skogbruksplanar med miljøregistreringar, og det er starta eit arbeid for å auke innsatsen i desse områda, med tanke på både omfang og regionale tilpassingar.

Miljøregistreringane gir eit godt grunnlag for skogeigarane og tømmerkjøparane for å ta omsyn til viktige miljøverdier. Det er no sett til side eit samla areal med nøkkelbiotopar på omkring 1 mill. dekar. Miljøinnsatsen frå det private skogbruket sikrar god miljødokumentasjon og gode miljøomsyn i næringsverksemda, og medverkar mellom anna til å auke omfanget av frivillig vern.

### 3.4 Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Norsk landbruk forvaltar store delar av norsk natur gjennom jordbruk, skogbruk, reindrift og annan aktivitet. Landbruket skaper økonomiske

verdiar, mat, trevirke og miljøgode av ulike slag. Kulturlandskapet er eit resultat av eit aktivt landbruk. For å sikre at innbyggjarane i dag og framtidige generasjonar har tilgang til nok og trygg mat, tømmer og treprodukt, energi og andre varer og tenester, må landbruket ha eit langsiktig perspektiv for vern og berekraftig bruk av areal og ressursgrunnlag. Gjennom berekraftig produksjon skal landbruket bidra til redusert forureining og reduserte utslepp av klimagassar, og leggje til rette for auka opptak av klimagassar og naudsynt tilpassing av produksjonen til klimaforholda i framtida.

Nasjonalt miljøprogram for perioden 2019–2022 blei ferdig hausten 2018. Nasjonalt miljøprogram samlar verkemiddel til støtte for miljøomsyn i jordbruksdrift. Slike verkemiddel og miljøomsyn siktar mot å redusere forureining og ulemper frå jordbruksdrift, og vareta kulturlandskap og naturgode. Som oppfølging av Meld. St. 11 (2016–2017) er klima i større grad vektlagt i Nasjonalt miljøprogram. Jordbruksoppgjera dei seinare åra har òg styrkt innsatsen for dyr på beite, utvalde kulturlandskap og biologisk mangfald.

### Redusert forureining frå landbruket

Tiltak for å avgrense forureininga

Reduksjon av vassforureininga (avrenning av næringsstoff og plantevernmiddel) er viktig for at vatn skal oppnå ein god økologisk tilstand, jf. vassforskrifta. Konsentrasjonar og tap av næringsstoff frå jordbruksareal varierer mykje frå år til år på grunn av variasjonar i nedbør, temperatur og jordbruksdrift. Åkerareal utan vernande plantedekke haust og vinter gir større risiko for erosjon. Årlege tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding om hausten er difor eit av dei viktigaste tiltaka for å redusere vassforureininga frå jordbruket. Innsatsen er størst der vassførekomstane har eller har hatt ein dårleg tilstand, slik som i Viken og Innlandet. I 2019 blei det gitt om lag 220 mill. kroner i tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding, vegetasjonssoner, fangdammar og hydrotekniske anlegg over ordningane Regionalt miljøprogram og Spesielle miljøtiltak i landbruket. Det har gjennom fleire år vore lagt vekt på å målrette innsatsen mot dei areala der det er viktigast å gjennomføre tiltak, noko som kan ha bidrege til at redusert jordarbeiding i mindre grad blir gjennomført på lite utsette areal. Tilskott til drenering blei innført frå 2013. Godt drenert jord reduserer faren for jordpakking og utslepp av lystgass frå jordbruksjord. Oppslutninga om ordninga har auka vesent-

leg etter at satsen blei dobla frå 1.7.2017, men det var ein nedgang i oppslutninga i 2019.

Nitrogengjødsel er viktig for plantevekst, men samstundes kjelde til skadelege utslepp av ammoniakk (NH<sub>3</sub>), lystgass og nitrat. Rett spreiemengd, spreietidspunkt og spreiemetode er viktig for å få ned utsleppa. I 2018 blei det gitt om lag 98 mill. kroner i tilskott til miljøvenleg spreiring av husdyrgjødsel. Det er ein vesentleg auke frå dei tidlegare åra. Noreg sine rapporterte utslepp av ammoniakk overstig forplikingane etter Gøteborgprotokollen, og det er òg av den grunn naudsynt å gjere tiltak for å få ned utsleppa.

Salet av plantevernmiddel varierer frå år til år mellom anna på grunn av klimatiske forhold. Det er difor vanskeleg å seie noko sikkert om risikoutviklinga på kort sikt. Dei siste åra har det i hovudsak vore ei dreining mot bruk av preparat med lågare helse- og miljørisiko. Basert på omsetnaden av plantevernmiddel er berekna helserisiko for 2019 redusert til 70 pst. av 1996/1997-nivået, mens berekna miljørisiko er redusert til 79 pst. av 1996/1997-nivået.

### Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO<sub>2</sub> og gode klimatilpassingar

Reduserte utslepp av klimagassar

Utsleppet av klimagassar frå jordbruket var i 2018 på 4,5 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar og utgjorde om lag 8,7 pst. av dei samla norske utsleppa. Utsleppa frå jordbruket er reduserte med 5,3 pst. frå 1990 til 2018. Jordbruksaktivitetar og særleg husdyrhald er opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O). Om lag 70 pst. av klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren i klimagassrekneskapen er metan frå naturlege prosessar hos husdyr som storfe og sau, og lystgass frå husdyrgjødsel. Færre storfe, på grunn av auka produktivitet i mjølkeproduksjonen og redusert bruk av gjødsel, er blant hovudsakene til nedgangen i utsleppet frå jordbruket. Avlsarbeid i mjølkeproduksjonen har bidrege til reduserte klimagassutslepp med 10 pst. per produsert eining frå 1980 til i dag. Trass i auka produksjon har endringar innanfor jordbruket bidrege til at forbrenningsutsleppa i jordbruket er reduserte med 30 pst. sidan 1990, av det er 15 pst. frå bruk av traktorar og andre reiskapar.

Det er stor uvisse knytt til utsleppstala for jordbruket. Ifølgje Miljødirektoratet er uvissa for berekna utslepp av metan på 25 pst. Tilsvarande uvisse for lystgass er ein faktor på 3, som inneber at utsleppa i røynda kan vere alt frå ein tredel av rapporterte tal, til tre gonger dei rapporterte tala.

Det trengst meir kunnskap om korleis jordbruket kan redusere klimagassutsleppa, om potensialet for lagring av karbon i jord og om korleis ein kan tilpasse seg eit klima i endring. Det er difor viktig i det vidare arbeidet å leggje vekt på at produksjon av mat skal skje med lågast mogleg klimagassutslepp per produsert eining. I juni 2019 undertekna regjeringa og jordbruksorganisasjonane ein intensjonsavtale om reduserte klimagassutslepp og auka opptak av karbon frå jordbruket. Jordbruket er ei av dei første næringane i Noreg som inngår ein slik avtale med regjeringa. Det er sett eit mål om at utsleppa skal reduserast med 5 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar for perioden 2021–2030. Klimaavtalen vil liggje til grunn for klimaarbeidet i sektoren framover.

#### Auka opptak av CO<sub>2</sub> og karbonlagring i skog og jord

I 2018 stod norske skogar for eit nettoopptak på 27,8 mill. tonn CO<sub>2</sub>. Når anna areal er teke med, blir nettoopptaket 23,7 mill. tonn, noko som svarar til om lag halvparten av dei samla norske utsleppa av klimagassar.

Netto karbonopptak i skog er eit resultat av differansen mellom brutto opptak i form av tilvekst og utslepp som følgje av hogst og naturleg avgang. Tømmerhogsten i Noreg har synt ein gledeleg auke dei siste åra. Omfanget av skogforynging har mykje å seie for tilveksten i framtids-skogen og med det karbonopptaket. Planteaktiviteten i Noreg har auka dei siste åra. Den positive utviklinga har halde fram i 2019. I 2019 blei det planta 43,6 mill. skogplanter, ein auke på 5,2 mill. planter frå 2018. Noko av auken kan komme av at det er utvikla målretta tilskott til tettare planting og suppleringsplanting for å betre produksjonen og dermed CO<sub>2</sub>-opptaket i skogen.

#### Omfang av bruk av tre i varige konstruksjonar

Auka bruk av tre er ein av løysingane for å redusere klimagassutslepp i byggenæringa, og Noreg har god tilgang til berekraftig forvalta skogressursar. Bruk av tre legg grunnlaget for landbasert industriutvikling i alle regionar. Frå 2017 blei regjeringa si tresatsing ein del av Bioøkonomiordninga som Innovasjon Norge forvaltar. Måla er framleis auka bruk av tre og auka industrialisering i næringa. Effektiv ressursbruk og samarbeid på tvers av sektorar og ei sterkare internasjonal satsing er òg ein del av dette. Bioøkonomiordninga har «Bygg i tre» som eit eige strategiske satsingsområde, med vekt på mobilisering og finan-

siering av utviklingsprosjekt. Resultatet frå arbeidet er auka kompetanse om bruk av tre i store konstruksjonar i Noreg og vekst i marknadsdelar for tre i fleire kategoriar bygg, som oppvekst- og undervisningsbygg, næring, helse og idrett, og studentbustadar. Veksten i desse marknadene gir grunnlag for fleire industrialiseringsprosjekt, med vekt på effektivisering, digitalisering av produksjonsprosessar og nye fabrikkar. Kompetansen og produkta frå dette arbeidet er etterspurd internasjonalt. Det er starta opp eit større profilerings- og samspelsarbeid knytt til moglegheiter i fleire marknader basert på arkitektur, ingeniørkunnskap, digitale verktøy og produkt. Parallelt blir det bygd vidare på bedriftsnettverk og klynger innanfor skog- og trenæringa.

#### Produksjon og bruk av bioenergi

Landbrukssektoren er leverandør av råstoff til bioenergi til andre sektorar og til intern bruk i næringa. Landbruks- og matdepartementet gir tilskott over jordbruksavtalen til investering i produksjon av småskala bioenergi. Dei seinare åra er det opna for å kombinere bioenergi med solvarme. Frå 2019 fekk ordninga namnet Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket. Programmet gir mellom anna støtte til investering i gardsvarmeanlegg og anlegg for sal av biovarme og kombinerte anlegg for bio- og solenergi, både kraft og varme. Programmet bidreg såleis til meir miljøvenlege energiløysingar både i landbruket og i andre sektorar. Breidda i programmet vil gjere det mogleg for gardsbruk å bli sjølvforsynte med energi framover. I 2019 blei det gitt støtte til 188 prosjekt over programmet, 31 fleire enn i 2018. Mens programmet har eksistert, er det i alt etablert nesten 1 800 gardsvarmeanlegg, 34 anlegg i veksthus, og 239 varmesalsanlegg med ein samla planlagd energiproduksjon på 470 GWh.

Utvikling av småskala biogassanlegg for gardsbruk har òg vore eit prioritert område innanfor programmet. Denne satsinga blir koordinert med biogasstrategien til regjeringa, som ligg under ansvarsområdet til Klima- og miljødepartementet. Det er etablert fleire pilotanlegg for kombinert behandling av husdyrgjødsel og anna biologisk avfall. Eit anna utviklingsområde for programmet er produksjon av biokol som sideprodukt til bioenergi. Dersom denne produksjonen blir vellukka, vil det kunne gi ein ny klimagevinst i tillegg til utsleppsreduksjonen frå jordbruket knytt til energiproduksjonen.

## Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal- og ressursgrunnlag

### Nydyrking og omdisponering av areal

Stortinget handsama jordvernstrategien til regjeringa i desember 2015 og vedtok innstillinga frå næringskomiteen, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I oppmodingsvedtak nr. 140 av 8. desember 2015 fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponering av dyrka mark til under 4 000 dekar, og bad regjeringa sørgje for at målet blir nådd gradvis innan 2020. Regjeringa oppdaterte jordvernstrategien i 2018, jf. Prop. 1 S (2018–2019), i tråd med oppmodingsvedtak 444 av 6. februar 2018. Regjeringa følgjer opp strategien, mellom anna ved å greie ut eit krav om å tinglyse opsjonsavtalar som gjeld dyrka og dyrkbar jord. Målet for omdisponering er ført vidare. For 2019 viser KOSTRA-tala frå SSB at det blei omdisponert 3 617 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk, og at ein difor er under målet for tredje år på rad.

For fjerde året på rad auka talet på godkjent areal for nydyrking. I 2019 blei så mykje som om lag 28 100 dekar godkjent, noko som er om lag 3 300 dekar meir enn året før, og det høgaste talet sidan KOSTRA-rapporteringa starta i 2005. I alt blei 1 143 søknader handsama i 2019. Frå og med 2014 har i gjennomsnitt om lag 22 300 dekar blitt godkjent nydyrka årleg.

### Økologisk jordbruksareal og husdyrproduksjon

Det økologiske arealet utgjorde 411 524 dekar i 2019, om lag 4,2 pst. av det samla jordbruksarealet. Medrekna karensareal, det vil seie areal under omlegging, er delen 4,6 pst. Dette er ein liten nedgang samanlikna med 2018. Husdyr i økologisk driftsform utgjør førebels ein liten del av det samla talet på husdyr i Noreg. Frå 2018 til 2019 var det ein nedgang i produksjonen av økologisk kjøtt. Det var ein auke i produksjonen av økologiske egg. Omsetnad av økologisk mat og drikke auka i dei fleste kanalar for sal i 2019. I både storhushald og bakeri var veksten om lag 9 pst.

### Genressursane i landbruket

Genmangfaldet i landbruket er viktig for tilgangen til mat i verda. Genmangfaldet gir grunnlag for at husdyr, matplanter og skogtre skal kunne tilpassast nye og endra dyrkings- og driftsforhold, sjukdommar og nye krav til sluttprodukta. FN's berekraftsmål 2.5 forpliktar Noreg til å sikre berekraftig bruk og bevaring av husdyrrasar og plante-

sortar som eit tiltak for å utrydde svolt.

Av dei 39 husdyrrasane som er rekna som nasjonale i Noreg, er 17 i kategorien «kritisk truga» i 2019. Ytterlegare 11 rasar blir rekna som «truga». Den samla summen av bevaringsverdige husdyr aukar jamt for kvart år. Det er sett i verk tiltak som skal sikre dei truga og kritisk truga rasane for framtida. Også innanfor dei husdyrrasane som ikkje er truga, blir det lagt vekt på berekraftig avl som sikrar det genetiske mangfaldet i populasjonane.

I 2019 var det i alt 13 bevarings- og tradisjons-sortar på den norske plantesortlista. Det er òg oppretta ein bruksgenbank for gamle sortar av korn og grønnsaker der interesserte bønder kan få materiale til bruk og foredling. Nasjonalt er det etablert 22 klonsamlingar for bevaring av norske sortar av grønnsaker, poteter, urter, frukt, bær, staudar og roser. Gjennom drifta av Nordisk genressurscenter (NordGen), under Nordisk ministerråd, samarbeider Noreg med dei andre nordiske landa om bevaring av nordiske plante-sortar som kan frøformeirast.

I upløgde og permanente enger har viktige engvekstar fått utvikle seg over lang tid og tilpassa seg klima og andre vekstvilkår. I 2019 var det registrert 2 589 lokalitetar av slåtteenger. Handlingsplan for slåttemark under Miljødirektoratet og andre fylkesvise initiativ bidreg til å halde ved lag slåtteengene gjennom tradisjonell skjøtsel og drift.

Innanfor skogbruket er gran det treslaget som er best karakterisert genetisk. Frå og med 2019 er 3 665 individ utprøvde i skogplanteforedlinga på gran. Desse individa dannar grunnlaget for eit utval av dei beste individa for produksjon av foredla frø i frøplantasjar og neste generasjon foredlingspopulasjon, jf. målsetjingar i *Strategi for skogplanteforedling 2010–2040*. For å bevare genetiske ressursar er det etablert 32 bevaringsområde for skogtregenetske ressursar i Norge. 24 av områda er såkalla in situ bevaringsområde, etablert i eit utval av verneområde nord til og med Nordland. I løpet av 2019 blei det etablert eit bevaringsområde for villeple i Jomfruland nasjonalpark. In situ bevaringsområde for genetiske ressursar for skog omfattar no 11 ulike treslag, mellom anna alm, ask, barlind, bøk, kristtorn, lind, sommareik, spisslønn, vintereik og gran. I tillegg er det etablert åtte såkalla dynamiske ex situ bevaringsbestand for gran. Bevaringsbestanden er etablert for bevaring av tidlegare foredlingsmateriale av gran.

Svalbard globale frøhvelv er i dag det største sikkerheitslageret i verda for biologisk mangfald innanfor vekstar. Det er eit norsk tiltak av stor

verdi for den globale matforsyninga. Dette spesialbygde fryselageret husar sikkerheitskopiar av frø frå nasjonale og internasjonale frøsamlingar. Ved slutten av 2019 romma frøkvelvet 992 032 frøprøver frå i alt 78 institusjonar. Dette er ikkje medrekna dei frøa som blei henta tilbake av den internasjonale genbanken for tørrelandsjordbruk (ICARDA). ICARDA har henta tilbake 24064 frøprøver i 2019 for å produsera nye frø som vil erstatte den tidlegare genbanken i som låg i Syria. Om lag halvparten av alt mangfald av matplanter som ifølgje FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO) ligg lagra i frøsamlingar verda over, er med dette sikra i Svalbard globale frøhvelv.

### God agronomi

God agronomi kan bidra både til større husdyrproduksjon og avlingar og til betre kvalitet i produksjonen. For å nå måla regjeringa set for berekraftig produksjon av nok og trygg mat, trengst det meir kunnskap om agronomi, klimatilpassingar og miljøomsyn både hos den enkelte bonden og i heile apparatet rundt norsk matproduksjon. Denne kunnskapen vil òg kunne auke den landbaserte produksjonen av mat i tråd med etterspørselen frå den veksande folkemengda. Kompetanseauken på desse områda blir kombinert med større kunnskap om korleis klimagassutslepp som følgje av matproduksjon kan haldast på eit så lågt nivå som mogleg.

Landbruks- og matdepartementet prioriterer høgt forskning på matområdet, noko som kjem fram i forskingsløyvingane. Berekingar frå Noregs forskingsråd viser at løyvingane frå departementet retta mot matområdet har lege på det same høge nivået dei siste åra. Kvaliteten på forskinga er generelt god, og Noreg ligg i den internasjonale kunnskapsfronten på enkelte område, til dømes innanfor avl, teknologiutvikling og reduksjon av klimagassar. Gjennom løyvingar til BIONÆR-programmet i Noregs forskingsråd har Landbruks- og matdepartementet støtta opp under nærings- og forvaltningsretta forskning knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjonen og fram til forbrukaren. Resultata frå forskinga skal komme til nytte hos både næringsutøvarar og forbrukarar.

God dyre- og plantehelse er avgjerande for berekraftig produksjon av trygg mat. Klimaendringar, med fare for introduksjon av nye skadegjerarar og sjukdommar, vil krevje ny kunnskap på dette området. Fleire prosjekt finansierte gjennom Noregs forskingsråd har støtta opp under forskning for å sikre god dyre- og plantehelse.

På området agronomi er det lagt vekt på utfordringane norsk jordbruk står overfor, som forventningane om auka matproduksjon, vidareføring av norsk sjølvbergingsgrad, og landbruk i heile landet. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har leidd det tverrvitskaplege forskingsprosjektet AGROPRO – Agronomi for auka matproduksjon, finansierte av Noregs forskingsråd. Prosjektet har undersøkt samanhengen mellom agronomi og matproduksjon i Noreg. Døme på tema som er representerte i prosjektet, er betre jordstruktur (jordpakking), miljøeffektar av lystgassutslepp frå ulike driftssystem, og verdien av fysiske og kjemiske forhold i jorda for næringsopptaket til planter.

### Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet

Det er eit mål å vareta og utvikle kulturlandskapet. Tilskott til skjøtsel av kulturlandskap i verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap verkar òg saman med midlar frå Klima- og miljødepartementet til å ta vare på viktige miljøverdiar i desse verdsarvområda.

Frå og med 2020 får dei aktuelle kommunane ansvaret for forvaltninga av ordninga med tilskott til verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap og utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Dyrka jord er ein grunnleggjande ressurs for å kunne produsere mat og sikre matforsyninga på kort og lang sikt. Det registrerte jordbruksarealet i drift i 2018 utgjorde vel 9,8 mill. dekar, om lag det same som i 2014.

Husdyrbeiting i utmark bidreg til skjøtsel av kulturlandskapet og til å halde utmarka open. Samstundes har det positiv innverknad på det biologiske mangfaldet. I satsingar som Utvalde kulturlandskap i jordbruket, Verdsarvområda og Utvalde naturtypar er beiting i mange tilfelle eit viktig skjøtseltiltak. Dei ulike dyreslaga har ulik innverknad på naturmangfaldet, og difor er det behov for både storfe, geit og sau på beite. I 2019 blei det gitt tilskott til i alt 2,2 mill. husdyr på utmarksbeite. I perioden 2000–2019 har talet variert mellom 2,2 og 2,4 mill. beitedyr. I 2019 var talet 1,9 mill. sau, 239.000 storfe og 52.000 geiter på utmarksbeite. Nasjonal pollinatorstrategi, som blei lagd fram i 2018, blir følgt opp på fleire måtar i verkemiddelsystemet i jordbruket. Frå og med 2019 er det tilrettelagt for tilskott for å tilsåing og skjøtsel av soner med pollinatorvenlege frøblendingar på jordbruksareal gjennom dei regionale miljøprogramma. Element frå strategien blir òg følgde opp gjennom ordningane Utvalde kulturlandskap, Handlingsplan for plantevernmiddel,

SMIL og Klima- og miljøprogrammet. Norsk Landbruksrådgiving skal formidle kunnskap om gode tiltak for pollinerande insekt til bønder i heile landet.

### 3.5 Ei effektiv landbruks- og matforvaltning

Landbruks- og matforvaltninga har ansvar for samfunnsoppgåver som er viktige for enkeltmenneske og næringsliv over heile landet. Forvaltninga skal vere tilgjengeleg for folk, organisasjonar og næringsliv, i tillegg til å leggje til rette for auka verdiskaping. Organiseringa av forvaltninga skal vere enkel, og tilgjengelege ressursar skal nyttast effektivt. Brukarane skal oppfatte kommunikasjonen med forvaltninga som god, open og tilgjengeleg, mellom anna gjennom brukarretta digitale tenester.

Landbruks- og matforvaltninga har ein desentralisert struktur med arbeidsplassar over heile landet og ei oppgaveløysing som er delt mellom nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Departementet har fire underliggjande verksemder. Mattilsynet og Landbruksdirektoratet har direktorats- og tilsynsoppgåver. Dei to underliggjande forskingsinstitutta Veterinærinstituttet og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er sentrale kunnskapsleverandørar for departementet, sektoren og næringslivet. Ein nærare omtale av dei underliggjande verksemdene finst under kat. 15.10, 15.20 og 15.30.

I tillegg til departementet og underliggjande verksemder har både fylkesmannsembeta, fylkeskommunane, kommunane og Innovasjon Norge (IN) sentrale roller og oppgåver i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken regionalt og lokalt.

Fylkesmannsembeta er statleg styresmakt på landbruks- og matområdet regionalt og har ansvar for å følgje opp nasjonale vedtak, mål og retningslinjer innanfor landbruks- og matpolitikken. Fylkesmannsembeta er eit viktig bindeledd mellom staten og kommunane i gjennomføringa av den nasjonale landbruks- og matpolitikken. Fylkesmannsembeta er administrativt underlagde Kommunal- og moderniseringsdepartementet, mens Landbruks- og matdepartementet har det faglege ansvaret for oppfølging av embeta på landbruks- og matområdet.

Fylkeskommunane har som regionale nærings- og samfunnsutviklarar ansvar for oppgåver innanfor næringsutvikling, klima, samfunnsplanlegging, rekruttering og kompetanseheving i landbruket, og skal bidra til gode koplingar

mellom landbruk og anna regionalt plan- og utviklingsarbeid.

Kommunane er førstelinje for forvaltninga av dei juridiske og dei fleste økonomiske verkemidla i landbruket, og er saksførebuande organ for IN på landbruks- og matområdet.

IN forvaltar midlar til investering og utvikling av verksemder, i tillegg til anna programstøtte til landbruket og andre landbruksbaserte næringar. IN er organisert som eit særlovsselskap og eigd av staten ved Nærings- og fiskeridepartementet og fylkeskommunane i fellesskap. Selskapet utfører oppgåver for Landbruks- og matdepartementet med bakgrunn i dei føringane som blir gitt i årlege oppdragsbrev frå departementet.

#### Ei moderne, effektiv og brukarvenleg forvaltning med god kvalitet

I tråd med Meld. St. 30 (2019–2020) *En innovativ offentlig sektor*, er regjeringa sitt mål ein effektiv offentlig sektor som leverer gode tenester til innbyggjarane, har høg grad av tillit i folkemengda, og finn nye løysingar på utfordringar i samfunnet i samarbeid med innbyggjarane, næringslivet, forskingsmiljø og sivilsamfunnet.

For å sikre eit berekraftig velferdssamfunn òg i framtida er det viktig at den offentlege bruken av økonomiske ressursar er effektiv. Det inneber klare prioriteringar av utgiftene i statsbudsjettet og at offentlig sektor viser vilje og evne til omstilling, effektivisering og avbyråkratisering. Innovasjon og ny teknologi kan òg bidra til meir effektiv pengebruk. Effektiv bruk av ressursar inneber både å utføre og å prioritere oppgåvene rett. Regjeringa vil gjennomføre strukturtiltak som bidreg til ein meir effektiv bruk av dei samla ressursane i samfunnet. Dette kan gi gevinstar i form av reduserte utgifter over statsbudsjettet og samstundes betre kvalitet og resultat. Det er òg viktig at dei landbruks- og matpolitiske verkemidla blir forenkla og målretta slik at dei samla bidreg til å auke verdiskapinga.

Ei landbruks- og matforvaltning som er effektivt organisert og styrt

Landbruks- og matdepartementet er i styringsdialogen med underliggjande verksemder oppteke av at dei skal bruke dei tildelte ressursane på ein effektiv måte, og at forvaltninga skal ha god kvalitet. I tildelingsbrev for 2020 har departementet uttrykt forventningar om at verksemdene nyttar løyvingane på ein kostnadseffektiv måte. Utgiftsramma til departementet er i åra 2015–2020 redu-



sert med omkring 72 mill. kroner som følge av ein generell reduksjon i løyvingar med utgangspunkt i krav om effektivisering og avbyråkratisering (ABE-reforma). I tillegg er løyvingane til enkelte verksemdar reduserte utover ABE-reduksjonar med ytterlegare krav til effektivisering. For åra 2015–2020 utgjorde desse kutta 47 mill. kroner for Mattilsynet, NIBIO og Landbruksdirektoratet. I styringa av Landbruksdirektoratet og Mattilsynet har departementet hatt merksemd på reduksjon i utgiftene til administrasjon, og at verksemdene set i verk tiltak for å bli meir effektive. Landbruks- og matdepartementet legg òg vekt på å ha ein effektiv og robust instituttsektor.

Departementet har delegert mykje av gjennomføringa av politikken til underliggjande verksemdar. For å oppnå ei mest mogleg effektiv styring og leiing av dei underliggjande verksemdene, ønskjer departementet klare mål og tydelege prioriteringar i styringsdialogen, samstundes som verksemdene skal stå tilstrekkeleg fritt til å gjere oppgåvene sine på ein formålstenleg og effektiv måte til nytte for brukarar og samfunn. På det administrative området legg departementet særleg vekt på at verksemdene skal forbetre den interne verksemdsstyringa, og at landbruks- og matforvaltninga etterlever lov- og regelverk. Departementet er oppteke av at underliggjande verksemdar har tilstrekkeleg internkontroll og ei tilfredsstillande risikostyring. NIBIO, Veterinær-

instituttet og Mattilsynet har etablert internrevisjon som skal bidra til å forbetre drifta av verksemdene.

Landbruks- og matforvaltninga er representert over heile landet og i alle fylke. Tabell 3.4 viser at det samla talet på årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga har blitt redusert med 8 pst. (159 årsverk i perioden 2015–2020). Veterinærinstituttet og NIBIO er ikkje med i årsverksoversikta fordi talet på årsverk for desse ikkje kan samanliknast med dei andre verksemdene, som hovudsakleg er finansierte av statlege løyvingar. Institutta hentar omkring halvparten av inntektene sine frå andre kjelder enn direkte statlege løyvingar. Talet på tilsette vil difor kunne variere med etterspørsel i marknaden og tilslag på midlar til forskning. Institutta er likevel omfatta av krav til avbyråkratisering og effektivisering.

Sjølv om talet på tilsette og budsjetta til verksemdene i landbruks- og matforvaltninga går ned som følge av krav til effektivisering og reduksjon i løyvingane, legg departementet til grunn at kvaliteten på forvaltninga og dei faglege leveransane skal haldast oppe. Det heile handlar om å finne betre måtar å arbeide på, prioritere tida betre og innrette verksemda på meir tenleg vis. Gjennom god drift, formålstenleg organisering, innovasjon, modernisering og digitalisering vil ein over tid kunne oppnå innsparingar, auka tilgjengelegheit og meir brukarvenlege tenester.

Tabell 3.4 Årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga, 2015–2020

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring i pst. 2015–2020
Landbruks- og matdepartementet	145	138	139	135	134	135	-6,9
Mattilsynet	1 281	1 257	1 255	1 224	1 225	1 197	-6,6
Landbruksdirektoratet	218	214	216	204	195	200	-8,3
Fylkesmannen	343	332	328	328	315	296	-13,7
Sum	1 987	1 941	1 938	1 891	1 869	1 828	-8,0

Kjelde: Årsrapportar for Mattilsynet, Landbruksdirektoratet og fylkesmannsembeta. Årsverk for fylkesmannen omfattar landbruks- og reindriftsforvaltning i embeta.

Landbruks- og matdepartementet har i perioden 2015–2020 redusert talet på årsverk med 6,9 pst. Dette må sjåast i samanheng med at departementet har vore oppteke av reduksjon av administrative stillingar og effektivisering av drifta i tråd med strategien frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for betre og meir effektive administrative tenester i departementa. Løyvin-

gane til drift av departementet har i åra 2015–2020 blitt reduserte med 5,8 mill. kroner som følge av ABE-reforma.

Mattilsynet har hatt ein reduksjon på omkring 84 årsverk i perioden 2015–2020. Mattilsynet har i perioden 2015–2020 fått redusert løyvingane med til saman om lag 46 mill. kroner med utgangspunkt i ABE-reforma, og har fått redusert bud-

sjettet ytterlegare med om lag 31 mill. kroner i særskilde kutt med krav til effektivisering av verksemda. Departementet har lagt til grunn at Mattilsynet framleis skal prioritere det utøvande tilsynsarbeidet. Gjennom prosjektet Framtidas arbeidsplass, som starta opp i 2015, har Mattilsynet oppnådd vesentlege reduksjonar i leigd kontorareal og reduksjon i kostnader dei seinare åra. Gjennom prosjektet har Mattilsynet redusert samla leigd kontorareal med 34 pst., samstundes som kostnader til leige på dei nye kontraktane er reduserte med 7,8 pst. Mattilsynet har òg sett i verk tiltak for kostnadsreduksjonar på andre område den seinare tida, men det er førebels for tidleg å måle effektane av dette.

Landbruksdirektoratet har dei siste åra fått fleire nye oppgåver utan at løyvingane har auka. Landbruksdirektoratet har i perioden 2015–2020 hatt ein reduksjon på 18 årsverk (8,3 pst.). Landbruksdirektoratet har dei seinare åra gjennomført ei omstilling av verksemda, og direktoratet har vedteke at prosessen med omstilling òg skal innebere effektivisering og reduksjon av tilsette i administrasjonen. Pågåande omstilling har medført behov for dobbel bemanning i nokre stillingar i ein periode. Etter første halvår 2020 fall dette behovet bort, og gevinstar innanfor nokre administrative funksjonar vil etter dette kunne bli realisert.

Direktoratet har i perioden 2015–2020 fått redusert løyvingane med til saman om lag 8,6 mill. kroner med utgangspunkt i ABE-reforma. Departementet har dei seinare åra skjerpa krava til effektivisering av drifta av direktoratet. I tillegg til den årlege generelle reduksjonen i løyvingane i tråd med ABE-reforma, fekk direktoratet ein reduksjon i løyvinga til drift for 2018 på 4,3 mill. kroner, i tråd med forventningane om effektivisering som låg til grunn då direktoratet blei omorganisert i 2014. For å følgje opp kutt i løyvingane frå departementet og krav til effektivisering, har direktoratet mellom anna redusert bemanninga, redusert kostnader til interne tenester og forhandla fram betre avtalar på IKT-drift og vedlikehald.

#### Samarbeid i sektoren og med andre sektorar

Dei underliggjande verksemdene til departementet har eit omfattande samarbeid. Det gjeld òg samarbeid med dei andre aktørane i landbruks- og matforvaltninga. Det er utforma formaliserte avtalar om samarbeid mellom fleire av verksemdene som mellom anna inneber levering av tenester mellom verksemdene, utveksling av data,

kunnskap og kompetanse, og regelmessige direktørmøte.

Landbruksdirektoratet har eit utstrekt samarbeid med fylkesmannen for å oppnå god og effektiv forvaltning. Direktoratet arrangerte i 2019 for andre gang ein fagkonferanse for tilsette hos Fylkesmennene, der meir enn 400 personar deltok. Målet var kompetanseutveksling, utveksling av erfaringar og bygging av nettverk.

Frå og med 2020 har fylkeskommunane ei utvida rolle på landbruks- og matområdet gjennom overføring av oppgåver. Oppgaveoverføringa har medført at samarbeidet med fylkeskommunane er vidareutvikla.

Det er òg naudsynt for direktoratet å ha eit godt samarbeid og ein god dialog med relevante aktørar innan andre forvaltningsområde. Eit døme på samarbeid med andre forvaltningsområde er det omfattande samarbeidet mellom Landbruksdirektoratet og miljøforvaltninga, der talet på saker på tvers av forvaltningsområda er aukande. Landbruksdirektoratet har eit nært samarbeid med Miljødirektoratet særleg innanfor naturmangfald og klima. Landbruksdirektoratet har òg eit godt samarbeid med Tolletaten og Skatteetaten når det er naudsynt.

Mattilsynet samarbeider med andre etatar i kampen mot arbeidslivskriminalitet og matsvindel. Dette gjeld mellom anna samarbeid med politiet, Tolletaten, NAV og Arbeidstilsynet for å oppnå auka koordinering og styrkt informasjonsflyt mellom offentlege etatar. Mattilsynet og politiet har òg inngått ein avtale om samarbeid for å kjempe mot dyrevelferdskriminalitet, og så langt har det blitt etablert dyrekrimprosjekt i fire regionar. Samarbeidet med politiet omfattar mellom anna utveksling av informasjon og samarbeid om oppfølging av meldingar og straffesaker.

#### Kommunikasjon

Klar, målretta og god kommunikasjon med omverda er naudsynt for at forvaltninga skal vere brukarvenleg. Arbeidet med kommunikasjon i landbruks- og matforvaltninga skal vere i tråd med dei statlege prinsippa om open og heilskapleg kommunikasjon og ta vare på omsynet til medverknad. Landbruks- og matdepartementet arbeider for offentlig merksemd om landbruks- og matpolitiske spørsmål og problemstillingar. Ny kunnskap og informasjon på aktuelle saksområde skal raskt gjerast tilgjengeleg – mellom anna på nettsidene til departementet ([www.regjeringen.no/lmd](http://www.regjeringen.no/lmd)) – og i tett samarbeid med dei underliggjande verksemdene. Departemen-

ter er aktivt på sosiale medium og arbeider kontinuerleg med å bruke ulike kanalar for kommunikasjon. Dette er viktig for å presentere informasjon som skaper interesse, tek omsyn til behovet for brukarmedverknad og aukar kunnskapen om landbruks- og matpolitikken.

#### Modernisering og digitalisering

Digitalisering av tenester og interne arbeidsprosessar er viktig for å modernisere, forenkle og forbetre forvaltninga. Digitaliseringsstrategien for offentleg sektor 2019–2025 legg mellom anna vekt på tenester med brukaren i sentrum, auka deling av data, og styring og samordning av digitale tenester i offentleg sektor. I tråd med strategien skal verksemdene i landbruks- og matsektoren halde fram med å tilby fleire og meir brukarretta digitale tenester. Tenester som ikkje krev nærleik til brukarane, skal normalt vere tilgjengelege digitalt, og verksemdene skal vurdere om manuelle tenester kan fasast ut der digitale tenester gir eit tilstrekkeleg godt tilbod til brukarane. Digitale tenester bidreg til å gi innbyggjarar og næringsdrivande ein enklare kvardag, samstundes som det legg til rette for at stat og kommune kan løyse oppgåvene sine meir effektivt. Vidare skal digitale tenester bidra til å skape grunnlag for verdiskaping, kvalitet i offentlege tenester og demokratisk deltaking. Kommunikasjonen mellom forvaltninga og brukarane skal normalt skje gjennom digitale, nettbaserte tenester. Digitalisering av interne arbeidsprosessar kan gi innsparingar og betre utnytting av ressursane, i tillegg til å auke kvaliteten.

#### Landbruksdirektoratet

Landbruksdirektoratet held fram med å utvikle ein systemportefølje som gjer forvaltninga meir brukarvenleg og effektiv. Dei siste åra har direktoratet lagt ned store ressursar på IKT-området. Dei nye IKT-løysingane skal bidra til ein enklare kvardag for brukarane, og gi ei effektiv og sikker forvaltning. Stadig fleire av tenestene til Landbruksdirektoratet er no tilgjengelege digitalt. Dei siste åra er fleire store IKT-prosjekt finansierte over jordbruksavtalen, mellom anna eStil RMP, eStil PT og Agros. Denne satsinga har òg gjort det mogleg for fylkesmannsembeta og kommunane å forvalte dei landbrukspolitiske verkemidla meir effektivt. I 2018 starta direktoratet arbeidet med å auke digitaliseringsgraden og effektiviseringa av tenestene og fagsystema for skogbruksforvaltninga. Arbeidet er tredelt og blir avslutta i 2021.

Prosjektet har fått stønad over Digitaliseringsdirektoratet si medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt.

Landbruksdirektoratet har sidan 2018 utvikla ei sams IKT-løysing for tilskottsordningar, kalla Agros. Prosjektet skal avsluttast sommaren 2020 og då vil over 25 ordningar vere innlemma i løysinga. Nyttar har vore stor for både søkjarar og sakshandsamarar i kommunane, hos Fylkesmannen og i direktoratet.

Direktoratet arbeider òg med utviklinga av ei ny IKT-løysing for forvaltning av importvernet og ordninga med råvarepriskompensasjon (RÅK). Løysinga skal implementerast etter sommaren 2020.

I 2019 starta direktoratet opp eit prosjekt for å utvikle nye digitale løysingar for kvoteordninga for mjølk. Utviklingsfasen er planlagt gjennomført over ein toårsperiode, frå februar 2020 og ut 2021.

I 2019 starta direktoratet òg eit prosjekt for digitalisering av refusjonsordninga for veterinære reiser. Prosjektet blir avslutta etter sommaren 2020. Prosjektet har fått støtte over Digitaliseringsdirektoratet si medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt.

Geodata og geografisk informasjonsteknologi blir nytta i fleire av direktoratet sine fagområde, system og tenester. Regjeringa la fram den nasjonale geodatastrategien «Alt skjer på ett sted» i november 2018. I strategien tilrår ein at verksemdar som forvaltar geografiske data utarbeider eigne geodatastrategier. Direktoratet sin geodatastrategi blei utforma i 2019 og legg grunnlaget for ein best mogleg bruk og nytte av geografiske data.

#### Mattilsynet

Digitalisering bidreg til at Mattilsynet løyser samfunnsoppdraget sitt meir effektivt og med betre måloppnåing. I 2019 har Mattilsynet arbeidd vidare med å forbetre utnyttinga av eigne data frå kjøttkontroll. Det gjer kjøttkontrollarbeidet meir effektivt, og data som blir samla inn blir meir pålitelege. Løysinga gir Mattilsynet betre oversikt, slik at dei kan prioritere prøveuttak og kjøttkontroll.

Mattilsynet er òg godt i gang med eit utviklingsprosjekt på digital systemstøtte for å sikre betre informasjonsflyt og utnytting av data frå husdyrnæring, slakteri og eigne data frå kjøttkontrollen. Nye arbeidsprosessar og systemløysingar gir betre informasjonsflyt mellom Mattilsynet og næringa langs heile produksjonskjeda.

Eit prosjekt om «Tilsyn ferdig på stedet» tek i bruk digitale verktøy for å betre delar av tilsyns-

arbeidet og effektiviserer dette arbeidet i Mattilsynet. Mattilsynet har arbeidd med prosjektet i 2019 med sikte på å ta det i bruk i 2020.

#### *Norsk institutt for bioøkonomi*

I 2019 har instituttet lagt ned ein stor innsats innan modernisering og digitalisering. Eit viktig tiltak internt i verksemda har vore å ta i bruk eit nytt ERP-system (Enterprise Resource Planning) frå januar 2019. Systemet gir betre støtte til administrative prosessar innan økonomistyring, budsjett, rekneskap, løn/reise, prosjektstyring etc. Det gir òg betre styringsinformasjon til leinga for verksemda. NIBIO har òg eit omfattande utadretta tenestetilbod gjennom ulike IKT-løysingar. Samla sett betyr desse mykje for at landbruksforvaltninga får ein effektiv tilgang til informasjon om skog- og arealressursar.

AR5 er eit heildekkjande nasjonalt kart som viser tilstanden for arealressursane ut frå produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk. Det er ein viktig reiskap for både verkemiddelforvaltning, planarbeid, sakshandsaming, utgreiingar og næringsutvikling. NIBIO har i 2019 oppdatert kartdata for 68 kommunar med til saman 2 235 kvadratkilometer jordbruksareal. 75 pst. av kommunane har gjennomført vedlikehald av AR5 dette året.

Ved hjelp av NIBIOs kartportal «Kilden» er det mogleg å søkje i kart og laste ned kartdata og data frå andre utvalde kartleverandørar i Norge digitalt. Tenesta er vidareutvikla i 2019, mellom anna med moglegheit for 3D-visning, innlegging av eigne brukardata frå GPS og å generere arealrapportar innanfor ulike areal som brukaren sjølv definerer.

Gjennom Gårdskart på Internett får næringsdrivande tilgang til same informasjon som forvaltninga, og kan dermed handtere informasjonsinnhenting sjølve, og dermed redusere behovet for bistand frå offentlege forvaltningsorgan.

NIBIOs satsing på digitalisering har medført at landbruksforvaltninga på alle nivå har naudsynt tilgang til informasjon om skog- og arealressursar. Informasjonen tilfredsstiller Riksrevisjonens krav til kontroll med utbetaling av arealtilskott i jordbruket og krava i Geodatalova. Effektiv tilgang til relevante data av høg kvalitet gir raskare og sikrere sakshandsaming, meir openheit, betre kontroll og færre klagar.

#### *Veterinærinstituttet*

Veterinærinstituttet (VI) arbeider kontinuerleg med digitalisering av verksemda, både når det

gjeld tenester til kundar og oppdragsgivarar og interne verksemdssystem. I 2019 har instituttet hatt stor merksemd på digitalisering ved å bruke teknologi for å fornye, forenkle og forbetre.

Veterinærinstituttet har òg i 2019 arbeidd intensivt med omlegging av verksemda i samband med flytting til nye fasilitetar på Ås i 2020. Dette krev ei modernisering og effektivisering av mange delar av verksemda. Planlegging og etablering av nytt datasenter er eit omfattande arbeid og skal integrerast med utvikling av infrastruktur som ligg i byggjeprojektet. Det er sett i gang prosjekt som skal digitalisere og gjere papirbasert dokumentasjon meir tilgjengeleg. All logistikk blir òg endra som følgje av flytting, og det blir førebudd systemstøtte for å handtera mellom anna innkjøpsprosessane.

Arbeid med Veterinærinstituttets styringsystem, som òg inkluderer kvalitetssikring av laboratorieverksemda, er ført vidare i 2019. Arbeidet med nytt økonomisystem som blei innført i 2018 er òg ført vidare i 2019.

Etablering av eit nytt støttesystem for å handtere prøveflyt som er tilpassa ny teknologi kom godt i gang i 2019 med løyving frå Digitaliseringsdirektoratet si medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt. Formålet for prosjektet er å sikre at Veterinærinstituttet er i stand til å levere verdifull kunnskap for å sikra nasjonal beredskap og berekraftig næringsutvikling, primært innan akvakulturnæringa. Modernisering av både verdikjeder/prosessar og støtteverktøy er sett i gang. Plattformene vil i neste omgang kunne brukast innan andre sektorområde. Instituttet har søkt ytterlegare finansiering til prosjektet gjennom medfinansieringsordninga.

#### **Gode system for samfunnstryggleik og beredskap**

Departementet har ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor. Ansvaret er hovudsakleg knytt til matproduksjon og matsikkerheit, sjå omtale under kat. 15.10 og kap. 1115.

Departementet er førebudd på å møte kriser i eigen sektor og gi hjelp til andre departement ved eventuelle sektorovergripande kriser. Viktige element i departementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er å sikre personell og kritisk infrastruktur og å redusere risikoen for at det skjer uønskte hendingar. Departementet og underliggjande verksemdar skal i størst mogleg grad kunne drive verksemda vidare, uavhengig av eventuelle uønskte hendingar og kriser. Departementet er oppteke av at arbeidet med

samfunnstryggleik og beredskap skal vere sporbart og integrert i eige planverk og styringssystem og i styringsdialogen med underliggjande verksemder.

Departementet legg vekt på høg leiarmerksemd på styringa av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Ein overordna analyse av risiko- og sårbarheit inngår i arbeidet med tryggleik og beredskap. I styringsdialogen med underliggjande verksemder får arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap systematisk merkemd, mellom anna gjennom formidling av krav i tildelingsbrev, i verksemdsinstruksane og i den ordinære styringsdialogen.

Departementet øver regelmessig på eige ansvarsområde og deltek òg i tverrsektorielle øvingar. I 2019 arrangerte departementet fleire interne øvingar for å auke evna til å handtere kriser.

Mattilsynet arrangerte i 2019 ei nasjonal feltøving med tema munn- og klauvsjuka. I tillegg deltok det i totalforsvarsøvinga Øvelse Trident Jupiter. Mattilsynet nyttar MatCIM og Nødnett i beredskapsarbeidet, under øvingar og ved hendingar. Bruk av MatCIM har betra Mattilsynets evne til å handtere hendingar vesentleg, og effektivisert det daglege arbeidet. Nødnett sikrar kommunikasjon i område utan mobildekning.

Landbruksdirektoratet har viktige oppgåver innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Oppgåvene omfattar handtering av hendingar og kriser innanfor matforsyning, skog, natur- og avlings-skadar. Landbruksdirektoratet har utarbeidd og teke i bruk nytt beredskapsplanverk. Beredskapsplanverket skal sørge for at Landbruksdirektoratet er i stand til å halde oppe funksjonane sine i ein krisesituasjon. Verksemda nyttar i stor grad IKT i forvaltninga, og ein viktig del av beredskapsplanverket er tiltak for å kunne handtere kritiske hendingar på IKT-området.

1. juni 2019 blei Landbruks- og matCERT (responsmiljø for IKT-hendingar) etablert i Landbruksdirektoratet etter at Landbruks- og matdepartementet tinga dette. Landbruks- og matCERT varslar mellom anna Nasjonalt cybersikkerhetssenter om det skulle oppstå alvorlege IKT hendingar i landbruks- og matsektoren. I tillegg til Landbruksdirektoratet er Mattilsynet, NIBIO og Veterinærinstituttet knytta til Landbruks- og matCERT.

Oppfølging av ny sikkerheitslov

Lov om nasjonal sikkerheit (sikkerheitslova) tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider

med å implementere lova. Formålet med lova er å tryggje dei nasjonale sikkerheitsinteressene våre og å førebyggje, avdekkje og motverke sikkerheitstrugande verksemd. Dei nasjonale sikkerheitsinteressene blir tryggja ved at departementa identifiserer grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, verksemder av avgjerande verdi for GNF blir underlagde sikkerheitslova, og naudsynte sikringstiltak for skjermingsverdige verdiar blir gjennomførte. For å vareta formålet med lova, vil GNF-prosessen vere ein kontinuerleg prosess. Denne prosessen kan føre til endringar når det gjeld identifiserte funksjonar og skjermingsverdige verdiar, kva for verksemder som er av vesentleg og avgjerande verdi, og i kva grad ei verksemd er avhengig av eksterne ressursar (andre verksemder). Kva som vil krevjast for å oppnå eit forsvarleg sikkerheitsnivå, kan òg bli endra.

Landbruks- og matdepartementet har identifisert følgjande grunnleggjande nasjonale funksjon i eigen sektor: «LMD GNF 1: Landbruks- og matdepartementets virksomhet, handlefrihet og beslutningsdyktighet» omfattar departementet si rolle som fagleg sekretariat for politisk leiing, utøving av myndigheit og styring og oppfølging av underliggjande verksemder. Denne GNFen vil bli innmeldt til tryggingorganet av departementet.

Næringsministeren har fastsett matvareforsyning som ein grunnleggjande nasjonal funksjon. Funksjonen omhandlar tilstrekkeleg tilgang på trygge matvarer, og ansvaret for verdikjeda er delt mellom Nærings- og fiskeridepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Landbruks- og matdepartementet sitt ansvar er knytt til nasjonal produksjon av landbruksprodukt og import av landbruksvarer. Matvareforsyning som ein GNF vil bli meldt inn til tryggingorganet av Nærings- og fiskeridepartementet

Når desse grunnleggjande funksjonane er innmelde, vil Landbruks- og matdepartementet stadfeste kva for verksemder som er av vesentleg eller avgjerande innverknad for GNF, og deretter gjere vedtak om at lova skal gjelde for visse verksemder dersom det er naudsynt.

### **3.6 Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken**

Forsking, innovasjon og kompetanse er viktig for å nå hovudmåla i norsk landbruks- og matpoli-

tikk: matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. For å nå måla legg departementet vekt på målretta og effektiv bruk av midlar til forskning og innovasjon. Vidare er det viktig at kunnskap og kompetanse blir gjort tilgjengelege for næring og forvaltning, og at vi har ein effektiv og fagleg sterk instituttsektor som bidreg til ei god og forskingsbasert forvaltning. I tillegg vil eit godt samspel mellom instituttsektoren, andre relevante kunnskapsmiljø, ulike næringsaktørar og forvaltninga vere viktig.

Landbruks- og matdepartementets midlar til forskning og innovasjon støttar nærings- og forvaltningsretta forskning knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon til forbrukar – og legg på den måten eit viktig grunnlag for auka innovasjon og konkurransekraft i næringa. Forskingsmidlar frå departementet finansierer nasjonale forskarprosjekt, innovasjonsprosjekt i næringslivet og norsk deltaking i europeiske forskarnettverk.

Hovudtyngda av departementet sine forskingsmidlar blir kanalisert gjennom Forskingsrådets program for berekraftig verdiskaping i mat- og biobaserte næringar (BIONÆR). Programmet dekkjer ei stor tematisk breidde innanfor Landbruks- og matdepartementet sine ansvarsområde. Tyngdepunktet i porteføljen ligg på mat, jord og planter, husdyr og tre. Områda reflekterer Landbruks- og matdepartementet sine prioriteringar og BIONÆR-programmet si nærings- og produksjonsorientering, innanfor både primærproduksjon og foredling.

Som omtalt under kap. 1137 blir BIONÆR sin portefølje komplettert av departementet sine midlar til program som Stort program energi (ENERGIX), Miljøforskning for ei grøn samfunnsomstilling (MILJØFORSK) og Bioteknologi for verdiskaping (BIOTEK 2021), i tillegg til forskingsmidlar over jordbruksavtalen og Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt.

I denne rapporteringa blir det gitt døme på korleis forskingsinnsatsen på utvalde område bidreg til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken.

#### Matsikkerheit og beredskap

Forskning på matområdet har høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet. Ny kunnskap skal bidra til å sikre forbrukarane nok og trygg mat av god kvalitet. Det er avgjerande å sjå heile verdikjeda under eitt, og forkinga dekkjer difor breitt,

alt frå husdyravl og sortsutvikling til metodar for å betre mattryggleiken i næringsmiddelindustrien. Prosjekt innanfor område som dyrehelse, dyrevelferd og antibiotikaresistens bidreg til å halde ved like den gode posisjonen Noreg har når det gjeld mattryggleik. I tillegg er forskning på klimatilpassa produksjon, forbetra agronomisk praksis og teknologiutvikling viktig for auka og meir berekraftig matproduksjon i Noreg.

Dyre- og plantehelsa kan ha stor innverknad på mattryggleiken. Fleire prosjekt, finansierte av Noregs forskingsråd, Forskingsmidlar over jordbruksavtalen og Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, har støtta opp under forskning for å sikre god dyre- og plantehelse og dyrevelferd. Dei siste åra er det utvikla mykje ny kunnskap om plantesjukdommar, sortsutvikling og klimatilpassing, til dømes korleis vintertoleranse blir utvikla i plantene.

Problemstillingar knytte til matsikkerheit og beredskap kan ikkje berre handterast nasjonalt. Internasjonalt forskningssamarbeid på desse områda er difor høgt prioritert av departementet. Norske forskingsmiljø er godt representerte i internasjonalt forskningssamarbeid innanfor landbruk, matsikkerheit, mattryggleik, klimaforandringar og dyrehelse og dyrevelferd, inkludert antibiotikaresistens. Spørsmål knytte til matsikkerheit og klima er òg sentrale forskingsområde i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon,

#### **Boks 3.1 Kan mikroplast bidra til å spreie sjukdom?**

Forskningsprosjektet PLASTPATH, har som målsetjing å studere om plast spelar ei rolle i å spreie og beskytte bakteriar og virus som kan smitte menneske. Prosjektet skal sjå på om mikrobar kan overleve og reise lengre i matproduksjonskjeda om dei lever på mikroplast.

Prosjektet skal isolere mikrobefunn på overflata av mikroplastpartiklar frå avløpsvatn og slam frå kloakkreinseanlegg og vassdrag. I laboratorieforsøk vil ein undersøkje om mikrobane på mikroplast overlev betre inni mage-tarmsystemet enn mikrobar utan mikroplast. PLASTPATH er eit samarbeid mellom Veterinærhøgskolen, NMBU, NTNU Ålesund, NOFIMA, Universitetet i Barcelona, VEAS og Lier vei, vann og avløp. Prosjektet er tildelt midlar gjennom BIONÆR-programmet og vil vare frå 2020 til 2024.

**Boks 3.2 Prosjektet PLANTVALUE**

Prosjektet PLANTVALUE er eit av prosjekta som har fått midlar gjennom ordninga for å styrkje forskning av relevans for forvaltninga. Forskarane ønskjer å måle effekten av ulike reguleringstiltak som er sett i verk av Mattilsynet. Det kan vere vanskeleg å måle dei miljømessige, sosiale og økonomiske effektane av ulike tiltak. Prosjektet vil gjennomføre tre casestudiar der dei ser på effektar av tiltak som importrestriksjonar, regulering av plantevernemiddel og overvaking. Basert på funna vil forskarane evaluere nytten av ulike metodar for å måle verknaden av reguleringstiltak, i tillegg til å formidle råd til Mattilsynet.

Horisont 2020, der norske forskarar hevdar seg særst godt i konkurranse med andre land.

For å sikre nok og trygg mat, god dyre- og plantehelse og god dyrevelferd trengst det ei kunnskapsbasert forvaltning. Landbruks- og matdepartementet har, over fleire år, øymerka midlar for å styrkje forskning av relevans for forvaltning, i samarbeid med Forskningsrådet og Mattilsynet.

**Landbruk over heile landet**

Forskning på landbruks- og matområdet skal bygge opp under målet om landbruk over heile landet. Føresetnadene for matproduksjon varierer frå landsdel til landsdel. For å møte kunnskapsbehova og løyse utfordringane der dei oppstår, er det viktig med forskingsmiljø som er til stades i ulike delar av landet og at dei har kompetanse om lokale forhold. Det at institutta har stor geografisk spreiding, er viktig for det nære samarbeidet mellom næring og forvaltning i heile landet. Det er òg viktig å leggje til rette for landbruksfagleg utdanning i heile landet. Alle fylka tilbyr landbruksutdanning i vidaregåande opplæring, og fleire fylke har fagskuletilbod i ulike landbruksfag. På universitets- og høgskulenivå er det tilbod om landbruksutdanning på tre ulike stadar i landet; Nord universitet, Høgskolen Innlandet og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU).

For å utnytte moglegheitene som ligg i eit langstrekt land med variert topografi og klima, er auka kunnskap om bruk av jord- og beiteressur-

sane sentralt. Det er tildelt midlar til ei rekkje forskingsprosjekt på området dei seinare åra. NMBU har eit prosjekt som skal sjå på førekomsten og konsekvensane av beiteparasittar på storfe. Formålet er å gi storfenæringa ny kunnskap om verknaden av beiteparasittar i tillegg til kunnskap om utbreiing og nye verktøy for påvising og kvantifisering. Parasittar dyra får i seg på beite kan føre til mindre effektivt produksjon eller nedsett dyrevelferd og helse som følgje av sjukdom. Gjennom eit nært samarbeid med storfenæringa, sikrar prosjektet at forskingsfunna blir forankra og implementert i næringa.

I tillegg vil forskning som gir kunnskap om landbruket si rolle for busetjing og sysselsetjing vere viktig. Ruralis fekk, gjennom basisløvingane, midlar til ei strategisk instituttsatsing (SIS) om «Landbruk og bønder i endring – mellom økonomi, politiske skifte og grøne trendar». Satsinga har bidrege til å gi Ruralis, og med det forvaltninga, oppdatert kunnskap om og for norsk landbruk.

Vidare har det vore sett i gang fleire forskingsprosjekt som bidreg til auka kunnskap om ressursgrunnlaget knytt til landbrukseigedommane. Under dette ligg òg forskingsprosjekt retta mot reiseliv og Inn på tunet. Mellom anna var NMBU prosjektleiar for forskingsprosjektet Demensomsorg. Ved å tilby gardsbesøk som dagaktivitetstilbodet for personar med demens, bidreg prosjektet til innovativ utnytting av gardsbruk. Resultat frå prosjektet viste at gardsbesøk bidreg til å løfte livskvaliteten blant deltakarane gjennom auka fysisk aktivitet utandørs, betre humør og at dei kjente seg inkludert i eit sosialt fellesskap. Prosjektet blei avslutta i siste halvdel av 2019.

I tillegg til midlar gjennom BIONÆR-programmet i Forskningsrådet er departementet sine midlar til programmet Forskningsbasert innovasjon i regionene (FORREGION) sentrale for å støtte opp under målet om landbruk i heile landet. Programmet har som mål å auke verdiskaping, konkurransekraft og omstillingsevne i heile landet, og det legg til grunn dei unike moglegheitene og utfordringane i kvar region. Målet er omstillingsdyktige regionar, velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse. Til dømes har Agder fylkeskommune fått midlar til å drive forskingsmobilisering i fylket. Eit av satsingsområda er ny teknologi og nye forretningsmodellar for omstilling til grøen økonomi. Sidan 2017 har Forskningsmobilisering Agder støtta over 70 bedrifter med midlar til innkjøp av forskningstenesta.

### Auka verdiskaping

Forskning skal bidra til auka verdiskaping i landbruks- og matsektoren. Landbruks- og matdepartementet bidreg til å vidareutvikle ein kunnskapsbasert landbruks- og matsektor ved å stimulere næringane til å forske meir og å gjere nytte av resultat frå forskning, både eiga og andre sine. Departementet støttar opp under innovasjonsaktivitet i næringane gjennom tydelege prioriteringar og god dialog med både næringa og verkemiddelapparatet. Mange verksemder på landbruks- og matområdet har liten tradisjon for eiga forskning, mellom anna fordi det er ei næring som i stor grad består av mindre føretak. Offentleg finansiering av forskning er difor viktig for å ta ut potensialet for verdiskaping, og for å halde oppe og styrkje konkurransevna i mellom anna skog- og næringsmiddelindustrien.

Brukarstyrt og innovasjonsorientert forskning er høgt prioritert i departementet. Tematisk innretta program som BIONÆR og ENERGIX, som utlyser midlar til innovasjonsprosjekt i næringslivet (IPN), er viktige verkemiddel for å auke FoU-aktivitet i næringslivet. I tillegg til IPN-prosjekt i BIONÆR og ENERGIX, er Forskingsmidlar over jordbruksavtalen og Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt viktige kjelder til finansiering av næringsretta forskning i landbruks- og matnæringa.

Forskning er viktig for næringsmiddelindustrien. Mykje av forskings- og utviklingsinnsatsen går til å betre mattryggleiken gjennom auka kompetanse og kunnskap, produktivitetsauke gjen-

### Boks 3.3 Jordbruk nord for Polarsirkelen

Dei arktiske lysforholda med 24 timars sol skaper ei kort og ein intens vekstsesong. Hurtig vekst og næringsmangel bidreg likevel til skadar og mindre avling enn kva som er potensialet for vekstane. Innovasjonsprosjektet ARKTISKLYS skal utvikle nye nordnorske gjødselnormer optimalisert for potet- og kålrotproduksjon under fiberduk, og produksjonsklare jordbærplanter i plasttunnel. Prosjektet skal òg utvikle nye agro-meteorologiske vekstmodellar for kulturane, som spesielt tek omsyn til lysforholda nord for Polarsirkelen. Prosjektet er leia av Tromspotet AS, som samarbeider med NIBIO og Norsk landbruksrådgivning Nord-Norge.

### Boks 3.4 Korleis skal skogforvaltninga tilpasse seg klimaendringane?

Prosjektet MARCSMAN skal skaffe ny kunnskap om korleis ein kan balansere størst mogleg produksjon etter arealet si produksjonsevne og risikofaktorar. Klimaendringane vil gjere skogen meir utsett for biotiske og abiotiske skadar. Stormfelling og snøbrekk etter våtsnø kan medføre økonomiske tap og minke kor mykje karbon skogen kan binde opp. Prosjektet skal utvikle verktøy og modellar som gjer det mogleg å berekne: areala sine produksjonsevne under endra klimaforhold, skogens vekst og potensiale for karbonopptak ved ulike skogbehandlingsregimer og modellere, og kartlegge sannsynet for stormfelling og snøbrekk for enkelttre og skogbestand. NIBIO er prosjektleiar.

nom betre lagring, kvalitetsheving og betre produkt gjennom prosessoptimalisering og hygieniske tiltak. Betre utnytting av råstoff og utnytting av restråstoff er òg tema som blir undersøkte. Næringsmiddelindustrien er involvert i ei rekkje prosjekt på matområdet. Samarbeidet mellom næringsmiddelindustrien og forskingsmiljøa er godt, og fleire bedrifter har innført ny teknologi basert på dei forskingsresultata som har komme ut av samarbeidet.

Forskingsprogramma BIONÆR og ENERGIX følger òg opp departementet sine føringar for å levere kunnskap om skog- og trebasert næringsverksemd. Programma finansierer både mindre innovasjonsprosjekt i treindustrien og store, tverrfaglege prosjekt om kva for rolle skogen har i klimasamanheng. Sistnemnte dekkjer heile livsløpet, frå etablering til skjøtsel og avverking, og inneberer livsløpsanalysar innanfor verdikjeda tre mekanisk industri, papirindustri og bioenergi. I 2019 styrkte regjeringa forskning på skog og klima med 25 mill. kroner. Det blei innvilga seks prosjekt innanfor alt frå skogplanteforedling til bygging av høghus i tre. Prosjektet i boks 3.4 er eit døme på eit av desse seks prosjekta. Ei utfordring for forskinga på skog og klima er å bidra med kunnskap til arbeidet med å balansere auka innsats for klimatiltak i skog, økonomisk avkasting i skogbruket og omsynet til miljø og biologisk mangfald. Det er eit komplekst samspel mellom primærproduksjon, hau-



### Boks 3.5 Modernisering til klimavenleg gardsdrift

Prosjektet CLIMPLEMENT skal analysere strukturar og prosessar i jordbruket til å finne ut kva som mogleggjer klimagassreducerande tiltak på gardsnivå. Målet er å utvikle og formidle kunnskap som bidreg til utbreidd implementering av utsleppsreducerande og meir kostnadseffektive driftsmodellar. Prosjektet omfattar vidareutvikling av rådgivingstenester og utdanningsprogram om klimavenleg gardsdrift. Ruralis leiar prosjektet i samarbeid med NIBIO, Norsk Landbruksrådgiving, Mære Landbruksskole, Skjetlein vidaregåande skule, EuroCARE, Universitetet i Bonn og Wageningen Universitet. Prosjektet blir ferdig i 2022.

sting og bruk av trebaserte produkt i samfunnet. Dette gjer tverrfaglege tilnærmingar og eit tett samarbeid mellom næringsliv, forskning og forvaltning heilt naudsynt.

Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon mellom anna av omsyn til norske forbrukarar og beredskap. Samstundes er omsynet til miljø og klima viktig. For å nå dette målet er det avgjerande at dei ressursane vi rår over, blir utnytta på best mogleg måte. Ein viktig del av dette er satsinga på bioøkonomi dei siste åra. I tråd med bioøkonomistrategien til regjeringa skal forskingsinnsatsen på dette området bidra til reduserte klimagassutslepp og betre ressursutnytting, i tillegg til auka verdiskaping og sysselsetjing.

For å leggje til rette for eit berekraftig landbruk med lågare utslepp vil det mellom anna vere viktig med avlsarbeid for størst mogleg produksjon av friske og sunne dyr og sortsutvikling som sikrar eit plantemateriale som er tilpassa klimaforholda. Midlar frå Landbruks- og matdepartementet finansierer fleire prosjekt på dette området, og mange av prosjekta har brei medverknad frå brukarar. Kunnskap som sikrar berekraftig og klimatilpassa produksjon av mat, slik som kunnskap om betre agromoni, vil få endå større plass i tida framover.

Vidare vil produksjon og bruk av fornybar energi vere ein viktig del av bidraget frå land-

### Boks 3.6 Framtidsretta matproduksjon i veksthus

Veksthusproduksjon av grønsaker i Noreg har sine utfordringar. I sesongproduksjon blir gass brent for å varme opp veksthuset og for å tilføre CO<sub>2</sub> til plantene. I heilårsproduksjon brukar ein elektrisitet frå vasskraft for å tilføre lys og varme. Prosjektet BIOFRESH har som mål å effektivisere veksthus og gi auka produksjon med mindre energiforbruk. Ved hjelp av ny teknologi har dei gjort veksthuset til eit lukka system kor ein resirkulerer alt frå næringsstoff frå vekstprosessen til å lagre overskottsvarme frå dagen til bruk om natta. Prosjektet har hatt stor suksess, mellom anna ved å auke tomatavlinga med 21 pst. og i tillegg hatt utsleppstal lågare enn utanlandske produsentar (medrekna transport). Prosjektet starta opp i 2016 og blir avslutta i 2020. NIBIO er prosjekteigar og samarbeider med fleire forskingsinstitutt, private næringar og organisasjonar.

bruket til å redusere utslepp av klimagassar. Hovudsatsinga på energiforskning skjer gjennom programmet ENERGIX. Prosjekta er i hovudsak retta mot utvikling av nye og meir effektive konverteringsprosessar frå råstoff til energi, medrekna både varme og elektrisk straum. Innanfor bioenergiforskinga har områda miljø og klima, hausting av skog til produksjon av varme og drivstoff, og biogass frå husdyrgjødsel og matavfall, vore sentralt for departementet.

### 3.7 Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar

På landbruksområdet har Noreg slutta seg til ei rekkje internasjonale avtalar som dekkjer mellom anna handel, plante- og dyrehelse, skog og klima. Mange avtalar og regelverk blir fornya med jamne mellomrom. Noreg kan ha særne nasjonale interesser som må inkluderast i avtaleverket. Dette kan vere løysingar som er tilpassa naturgitte forhold (plante- og dyrehelse) eller kostnadsnivået (importvernet), og som trengst for å kunne oppfylle måla for landbrukspolitikken.

### Handelsavtalar

Dei sentrale avtalane for handel med landbruksvarer er WTO-avtalen, EØS-avtalen og EFTAs frihandelsavtalar. I samsvar med artikkel 19 i EØS-avtalen skal Noreg og EU gjennomgå vilkåra for handelen med basis jordbruksvarer med sikte på ei gradvis liberalisering. Avtalen skal likevel vere til fordel for begge partar og innanfor rammene av landbrukspolitikken til dei enkelte partane. Artikkelen 19 har ført til auka gjensidig marknadstilgang for landbruksvarer, der ost og kjøtt er særleg viktige. Noreg og EU har inngått tre slike avtalar. Den siste artikkel 19-avtalen tok til å gjelde 1. oktober 2018 og inneber større kvotar for EU inn til den norske marknaden av mellom anna ost, kjøtt og blomar. For Noreg inneheld avtalen større eksportkvotar for kjøttvarer, mjølkeprodukt og blomar.

EFTA forhandlar med ei rekke land om å inngå handelsavtalar. I august 2019 blei EFTA og Mercosur, som er eit økonomisk fellesskap mellom Argentina, Brasil, Paraguay og Uruguay, samde om ein frihandelsavtale. Avtalen er ikkje formelt godkjend. EØS-landa har òg starta forhandlingar med Storbritannia. Noreg forhandlar òg bilateralt om ein handelsavtale med Kina.

Meld. St. 29 (2014–2015) *Globalisering og handel* slår fast at Noregs primære handelspolitiske interesse er å bevare og styrkje det multilaterale handelssystemet. Dei siste åra har det vore lite framgang i WTO-forhandlingane. Ministerkonferansen i Buenos Aires i desember 2017 gav ikkje resultat på landbruksområdet. Neste ministerkonferanse i WTO blir gjennomført i 2021.

I sum utgjer dei internasjonale avtalane for handel eit omfattande sett av plikter som Noreg må overhalde når det gjeld importvern, omfang og innretting av landbruksstøtte og omfanget av eksportstøtte. Verkemiddelbruken i landbrukspolitikken må tilpassast slik at Noreg held seg innanfor gjeldande avgrensingar for bruk av støtte. Pliktene inneber òg ei omfattande årleg rapportering til WTO. Landbruk var òg eit sentralt tema under den handelspolitiske gjennomgangen av Noreg i WTO i juni 2018. Før neste WTO-ministerkonferanse i 2021 vil det bli arbeidd vidare med forslag om endringar av pliktene som medlemslanda i WTO har, til dømes for bruken av nasjonal landbruksstøtte.

### Matsikkerheit

Ein omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene krev eit sterkt

internasjonalt samarbeid om regelverk og tilsyn. Dette er naudsynt for å sikre trygg mat som oppfyller krava forbrukarane stiller, og for å kunne fremje god plante- og dyrehelse. Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er naudsynt for å påverke utviklinga av standardar og regelverk for å vareta norske synspunkt og for å bidra til utvikling og utveksling av kunnskap.

Krava på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Hovuddelen av det norske regelverket på matområdet er EØS-basert. Matområdet er ifølgje NOU 2012: 2 *Utenfor og innenfor* det kvantitativt største området under EØS-avtalen, med om lag 40 pst. av rettsaktene. Regjeringa legg vekt på ein aktiv Europa-politikk. Som del av oppfølginga utarbeider Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, som alle har fagansvar på matområdet, sams prioriteringar for arbeidet retta mot EU.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt arbeid mellom anna i Codex Alimentarius Commission (organisasjon for matvarestandardar som ligg under FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) og Verds-helseorganisasjonen (WHO), Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE) og Verdsplante-helseorganisasjonen (IPPC). Desse organisasjonane utviklar standardar som blir lagde til grunn i WTO/SPS-avtalen for handel, og som legg premisser for regelverket i EU.

Matsikkerheit står sentralt på 2030-agendaen som eit av dei 17 berekraftsmåla FN vedtok i 2015. Berekraftsagendaen set ambisiøse mål for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling dei neste 10 åra. Måla gjeld alle land. Eit toppmøte om matsystem i 2021 skal betre framgangen og gjere synleg tiåret for å oppnå berekraftsmåla. Noreg vil òg aktivt følgje opp arbeid i Komiteen for matsikkerheit (CFS). Nye frivillige prinsipp for matsystem og ernæring legg vekt på samanhengen mellom matsystem, kosthald og ernæring.

Folketalet i verda er venta å auke til 9 milliardar menneske i 2050. Matproduksjonen må difor aukast med 60 pst. innan same tid. Dette er ei stor utfordring mellom anna fordi vilkåra for jordbruksproduksjon blir endra som følgje av klimaendringar og manglande tilgang på jord og vatn i mange område. Pandemien COVID-19 har råka matsikkerheita i mange land, og gitt auka merksemd på forsyning og matsystem. FAOs mandat er breitt og omfattar mellom anna matsikkerheit, reduksjon av fattigdom, og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar, inkludert land, vatn, luft og genetiske ressursar. Antibiotika-

resistens, biologisk mangfald, mattap og matsvinn er prioriterte arbeidsområde for Noreg i 2020 og 2021.

Innsatsen for varetaking, berekraftig bruk og rettferdig deling av genetiske ressursar er viktig for departementet. Dette er følgt opp i FAOs kommisjon for genetiske ressursar og i den internasjonale plantetraktaten for mat og landbruk. Noreg vil framleis vere eit aktiv medlem i desse organa, med særskild merksemd på mellom anna rettane til bønder.

Regjeringa la i juni 2019 fram ein handlingsplan for berekraftige matsystem. Regjeringa vil i sterkare grad prioritere arbeid med matsikkerheit innan utviklingspolitikken med bakgrunn i dei store utfordringane innanfor global matforsyning framover.

#### Internasjonalt skogsamarbeid

Landa i Europa samarbeider framleis i FOREST EUROPE og vil utvikle dette samarbeidet vidare. Frå 2015 til 2021 er det Slovakia som leier prosessen. Den planlagde ministerkonferansen under Forest Europe som skulle haldast i oktober 2020 er utsett, og ny dato er sett til april i 2021.

FNs skogforum (UNFF), er ein viktig aktør i arbeidet med å fremje forståinga av berekraftig skogforvaltning globalt. I dei siste åra er det arbeidd med å implementere den strategiske planen for arbeidet med skog i FN som blei vedteken i 2017. Den strategiske planen er eit viktig steg i arbeidet med å sikre ei heilskapleg tilnærming til skogforvaltning i FN. Det regionale skogsamarbeidet i FN-regi skjer gjennom FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE) og FAOs europeiske skogkommisjon. Noreg deltek òg her.

Forutan arbeidet med matsikkerheit er FAO ein viktig aktør for å fremje berekraftig skogforvaltning og har ei særleg viktig rolle i samarbeidet med land om ressursoversikter og kartlegging av utviklinga i forvaltning av skogressursane. FAO fremjar kunnskap om den rolla skogen spe-

lar innanfor matsikkerheit. FAO leier og koordinerer samarbeidet mellom dei ulike organa i FN og andre institusjonar som er engasjerte i skogspørsmål, det såkalla Collaborative Partnership on Forests (CPF).

Noreg støttar opp om arbeidet i European Forest Institute (EFI), som er eit forskingsnettverk basert på ein mellomstatleg konvensjon der Noreg er part. Instituttet forskar mellom anna på utviklinga av skognæringa i Europa og gjer eit omfattande arbeid knytt til rammevilkår for sektoren. EFI produserer eit viktig kunnskapsgrunnlag for europeiske styresmakter innanfor økonomi, klima, andre rammevilkår og internasjonal konkurranse i skognæringa.

Noreg er òg medlem i to andre regionale skogsamarbeid; skognettverket Barents Forest Sector Network innanfor Barents-samarbeidet med Finland, Russland og Sverige, og eit sirkumborealt samarbeid der òg Canada og USA deltek. Noreg overtok formannskapet i Barents Forest Sector Network i oktober 2019 og vil ha formannskapet til oktober 2021.

#### Nordisk samarbeid

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) har heilt sidan Nidaros-deklarasjonen blei vedteken på ministermøtet i Trondheim i 2012, arbeidd for å følgje opp måla om samarbeid for berekraftig og konkurransedyktig produksjon innan sektorane. Samarbeidsministrane (MR-SAM) har starta arbeidet med revisjon av dei overordna måla for samarbeidet og har peika ut strategiske prioriteringar for eit grønt, konkurransedyktig og inkluderande Norden. Nordisk Ministerråd (NMR) er no i gang med arbeidet med handlingsplanar og budsjett retta mot å nå visjonen om at Norden skal bli verdas mest berekraftige og integrerte region. Aktiviteten i MR-FJLS fell naturleg inn under visjon og prioriteringar, og komiteane har arbeidd med planar og tiltak på området.



*Del IV*  
*Særlege tema*



## 4 Ein sektorovergripande klima- og miljøpolitikk

Regjeringa sin klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for sine aktivitetar og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljømåla kan bli nådde. For ei omtale av regjeringa sine samla klima- og miljørelevante saker, sjå Klima- og miljødepartementet sin fagproposisjon.

### Mangfaldige skogar

I skogbruket er skogbruksplanlegginga, forskingsprosjektet Miljøregistrering i skog (MiS-prosjektet) og Landsskogtakseringa sentrale kunnskapskjelder saman med FoU knytt til skogbruk og biologisk mangfald. Daud ved er viktig for det biologiske mangfaldet, og årleg aukar mengda daud ved med om lag 3 mill. kubikkmeter i dei norske skogane, mellom anna som følgje av at hogsten berre er rundt halvparten av tilveksten. Areal med gamal skog i Noreg har vore aukande i lang tid.

Samarbeid med miljøstyresmaktene om frivillig vern og vidareutvikling av miljøstandardar i skogbruket er viktig for å ta vare på naturmangfaldet i skogen.

Landbruks- og matdepartementet gav òg i 2019 støtte til vidare arbeid med MiS-prosjektet, som er eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det blei løyvd 4,550 mill. kroner til dette arbeidet for 2019. Det er til no sett til side livsmiljø med eit samla areal på omkring 1 mill. dekar. Registreringane gir grunnlag for miljøomsyn, for miljøsertifisering, og blir nytta av skogeigarane for å finne område som kan vere aktuelle for frivillig vern.

Stortinget har vedteke at det er klassifiseringssystemet Natur i Norge (NiN) som Artsdatabanken har ansvaret for som skal brukast ved offentleg kartlegging av natur. NiN er eit verktøy for å gjere greie for variasjon i naturen, og sikrar mellom anna eit dokumentert og etterprøvbart kunnskapsgrunnlag til bruk i vurderingar av bruk og vern. NiN er teke i bruk og innarbeidd i miljøregistreringane i skogbruksplanlegginga.

### Verdifulle kulturminne og kulturlandskap

Attgroing, deling og nedbygging av kulturlandskapet er eit trugsmaal mot naturmangfaldet, særleg i artsrike naturtypar som slåttemyr, slåttemark og beitelandskap. Kulturlandskap og verdifulle naturverdier i landbruksområde skal sikrast gjennom eit aktivt landbruk, og det skal leggjast til rette for at verkemidla i naturmangfaldlova kan verke saman med verkemidla i landbruks- og matpolitikken. Miljøsettinga i jordbruket er organisert under Nasjonalt miljøprogram, med nasjonale, regionale og lokale tiltakspakker. Nasjonalt miljøprogram for perioden 2019–2022 blei ferdigstilt hausten 2018. I 2019 blei det gjennomført tiltak hos 20 880 føretak for 525 mill. kroner innanfor dei regionale miljøprogramma (RMP) for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff, hindre attgroing eller ta vare på verdifulle kulturlandskap og naturtypar. Om lag 60 pst. av dei lokale midlane til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) blei løyvd til tiltak for å fremje verdier i kulturlandskap, kulturmiljø, naturmangfald og friluftsliv, mens 40 pst. av midlane gjekk til tiltak for å redusere forureininga av vatn.

Samarbeidet mellom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet med ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket er ført vidare. I jordbruksavtalen 2020 blei midlane til Utvalde kulturlandskap i jordbruket og midla til verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap heldt uendra, slik at det i alt er avsett 23,0 mill. kroner for 2021.

Beiting i utmark er viktig for å ta vare på kulturlandskapet og for mange plante-, sopp- og dyreartar. Ein større del av tilskotta er dei seinaste åra blitt retta inn mot beiting. Dei ulike dyreslaga har ulik innverknad på naturmangfaldet, og det er difor behov for at både storfe, geit og sau beiter. Det var registrert om lag 2,2 mill. beitedyr i utmark i 2019. Talet på sau på utmarksbeite har variert mellom 1,9 og 2,1 mill. i perioden 2000–2019. Talet på storfe på utmarksbeite har variert mellom 230 000 og 250 000 sidan 2000. I 2019 var det 239 000 storfe på utmarksbeite. Prinsippet om differensiert forvaltning i rovdyrforliket frå 2011 vil påverke utmarksbeite for sau i prioriterte rovdymråde.

Kulturlandskapet i jordbruket inneheld eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø, frå gravhaugar og rydningsrøyser til bygningar, ferd-selsvegar og steingjerde. Landbruket er ein viktig kulturberar gjennom vidareføring av kunnskap om tradisjonell byggjeskikk, materialbruk og tradisjonell handverkskompetanse, mattradisjonar og andre kulturhistoriske verdiar. Delar av jordbruksdrifta, som til dømes pløying, grøfting og nydyrking, kan utgjere eit trugsmål mot kulturminne. Det gjeld spesielt automatisk freda kulturminne, både over og under bakkenivå.

Eit godt samarbeid mellom kulturminne-sektoren og landbrukssektoren er avgjerande for å bevare kulturminne i jordbruket. Det å ta vare på kulturminne er eit prioritert område for SMIL- og RMP-midlane, og i tillegg bidreg midlar til Utvalde kulturlandskap i jordbruket til bevaring og bruk av kulturminne.

### Genetiske ressursar

Landbruks- og matdepartementet fastsette hausten 2019 ein strategi for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk, som kjem til å bli lagt til grunn for arbeidet med bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar framover. 7,8 mill. kroner til 62 prosjekt blei i 2019 gitt som tilskott til tiltak som skal styrkje arbeidet med bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar i jord- og skogbruket. Genetiske ressursar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for matsikkerheita i verda. Landbruks- og matdepartementet bidreg til bevaring og berekraftig bruk av dei genetiske ressursane i landbruket gjennom internasjonalt og nordisk samarbeid, kontakt med næringsaktørar og tiltak for å stimulere næring, bønder og frivillige aktørar til å ta i bruk dette mangfaldet. For å sikre tilgang av funksjonelle husdyr til klimasoner og produksjonsformer som ein har i dag, og som ein kan få i framtida, er det viktig å ta vare på ein stor variasjon innanfor og mellom husdyrrasar. Norsk genressurssenter har vurdert dei gamle husdyrrasane i Noreg. Av dei 39 husdyrrasane som er rekna som nasjonale i Noreg, er 16 i kategorien «kritisk truga» i 2019. To av storferasane og tre hesterasar er mellom desse. Ytterlegare 12 rasar blir rekna som «truga». Det er sett i verk tiltak som skal sikre dei truga og kritisk truga rasane for framtida. Talet på bevaringsverdige kyr aukar jamt for kvart år, og i 2019 var det ei positiv utvikling for alle seks bevaringsverdige storferasar.

Bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar er naudsynt for å sikre variasjon og unngå

tap av sortar, arter og rasar. Svalbard globale frøhvelv er etablert av den norske regjeringa for sikker lagring av sikringskopiar av frøa i verdas genbankar. Den store tekniske oppgraderinga av frøkvelvet som starta opp i 2018 blei ferdig i 2019, og gir ein vasssett tilkomsttunnel, auka tryggleik og betre kjølesystem som samla gjer frøkvelvet betre rusta mot klimaendringar på lang sikt. I 2019, under dei pågåande arbeida, blei samla 32 572 nye frøprøver frå 7 depositører sikra i frøkvelvet, med institusjonar frå Slovakia, Sudan og Polen som første gangs depositørar. Samtidig blei tilbakesendinga av frø frå den internasjonale genbanken for tørrlandsjordbruk som i 2015 måtte reetablerast utanfor Syria, fullført i 2019.

### Jordvern

Stortinget handsama jordvernstrategien til regjeringa den 8.12.2015, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I oppmodingsvedtak nr. 140, 8. desember 2015, som blei vedteke i samband med handsaminga, fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponering av dyrka mark til under 4 000 dekar, og bad regjeringa sørge for at målet blir nådd gradvis innan 2020. Regjeringa oppdaterte jordvernstrategien i 2018, jf. Prop. 1 S (2018–2019), i tråd med oppmodingsvedtak 444, 6. februar 2018. Målet for omdisponering blei ført vidare. For 2019 viser KOSTRA-tala frå SSB at det blei omdisponert 3 617 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk. Dette er under jordvernålet for tredje året på rad, og om lag på same nivå som for 2018 og 2017, då omdisponeringa av dyrka jord var på høvesvis om lag 3 600 og 3 900 dekar. For fjerde året på rad aukar talet på godkjent areal for nydyrking. I 2019 blei om lag 28 100 dekar godkjent, noko som er om lag 3 300 dekar meir enn året før, og det høgaste talet sidan KOSTRA-rapporteringa starta i 2005.

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal. I perioden 1999–2019 er det estimert ein reduksjon på 5,4 pst., jf. tabell 3.1. Denne nedgangen kjem i stor grad av at eit nytt kartgrunnlag gir eit meir oppdatert og nøyaktig areal enn tidlegare, men òg av at areal har gått ut av drift i den aktuelle perioden. Etter 2013 har arealnedgangen blitt redusert frå om lag 60 000 dekar per år til om lag 10 000 dekar per år. Godkjent nydyrka areal har sidan 2010 vore meir enn dobbelt så stort som den varige omdisponeringa av dyrka jord, noko som bidreg til å redusere denne nedgangen i totalarealet.

Sjå òg omtale i del III.



### Aktivt friluftsliv

Landbruksareala utgjer ein stor del av arealet i landet vårt og har store verdiar knytte til natur og kulturarv. Skogen, utmarksareala, vegane og stiane i kulturlandskapet er viktige for ferdsel, friluftsliv og grønt reiseliv. Regjeringa la i 2017 fram ein strategi for reiseliv basert på ressursane i landbruket og reindrifta, *Opplevingar for ein kvar smak*. Dette er eit bidrag frå landbruket til oppfølginga av reiselivsstrategien til regjeringa, *Destinasjon Noreg*. Statskog SF har ei viktig rolle i å leggje til rette for friluftsliv på statsgrunn.

### Plantevernmiddel

Kjemiske plantevernmiddel kan ha uønskte verknader på helse og miljø. Arbeid for å redusere både bruken og risikoen ved bruk av plantevernmiddel er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel (2016–2020) er ein viktig reiskap i dette arbeidet. Planen fastset mål og tiltak for å redusere risiko for helse og miljø ved bruk av plantevernmiddel og for å redusere bruken av slike middel. Handlingsplanen legg mellom anna vekt på auka kunnskap om rett bruk av plantevernmiddel og alternativ til kjemiske plantevernmiddel.

### Forureining

Avrenning av næringsstoff frå jordbruksareala er framleis ei utfordring for vasskvaliteten i utsette vassdrag og kystområde. Mildare vintrar med kortare frostperiodar har bidrege til utfordringa med at avrenningar har auka.

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmiddel er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Den samla gjennomføringa av ulike jordarbeidingsiltak, grasdekte areal m.m. i kornområda, har redusert erosjonsrisikoen på dei dyrka areala, men verknaden på vassdraga er ikkje så stor som venta. Undersøkingar frå NIBIO viser at meir nedbør og ustabile vintrar har ført til meir avrenning, som skjuler verknaden av tiltaka.

I tråd med målet i vassforskrifta om god økologisk tilstand, arbeider landbruksforvaltninga på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå med å følgje opp sektoransvaret, mellom anna ved å setje i verk naudsynte tiltak i landbruket. Gjeldande vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram for åra 2016–2021 skal no oppdaterast for plan-

perioden 2022–2027, i samsvar med ny kunnskap, endra føresetnader, krava i vassforskrifta og nasjonale føringar. Det er behov for forsterka innsats mot avrenning frå jordbruket, særleg i utsette vassdrag med mykje jordbruk. Dette blir følgt opp med forsterka innsats med bruk av miljøverkemidla over jordbruksavtalen.

Noreg har eigne utslepp av luftforureining, og mottek òg utslepp frå andre land. Gjennom samarbeid innanfor Gøteborgprotokollen og direktivet om nasjonale utsleppstak (NEC-direktivet) arbeider Noreg for å avgrense slike utslepp. Vi har framleis store utslepp av nitrogenoksid, og mykje svovelsambindingar frå andre land. Desse kjeldene har likevel minka i løpet av dei siste tiåra. Hovudinnsatsen innanfor det nasjonale arbeidet med langtransportert luftforureining går no ut på å redusere utsleppa av ammoniakk (NH<sub>3</sub>) i tråd med forpliktingane i Gøteborgprotokollen og NEC-direktivet. Utsleppa av ammoniakk (NH<sub>3</sub>) frå husdyrgjødsel er avhengig av fleire faktorar, til dømes dyreslag, nitrogeninnhald i fôr, lagringsmetode for gjødsel, klima, spreingsmetode for gjødsel, dyrkingspraksis og eigenskapane til jorda. Noreg har etter Gøteborgprotokollen av 1999 plikt til å halde dei årlege utsleppa av ammoniakk til luft på maksimalt 23 000 tonn frå 2010. Forpliktinga er òg innlemma i EØS-avtalen (Direktivet om nasjonale utsleppstak for forureining til luft). Ved revisjon av Gøteborgprotokollen i 2012 tok Noreg på seg å redusere dei årlege utsleppa frå 2020 med 8 pst. samanlikna med utsleppa i 2005. Denne forpliktinga gjeld frå 2020. Dette svarar til eit maksimalt årleg utslepp på 31 800 tonn (SSB des. 2019). For 2018 var utsleppa 34 750 tonn, dvs. både over forpliktinga som gjeld frå 2010 og 3 000 tonn over den nye forpliktinga som gjeld frå 2020. Utslepp av ammoniakk frå jordbruket var på 32 950 tonn i 2018. Talseerien kan ikkje samanliknast med tidlegare år fordi ein ny utsleppsmodell for nitrogenkomponentar blei brukt i utrekninga frå hausten 2018.

Om lag 90 pst. av ammoniakkutsleppa i Noreg skjer ved lagring og bruk av gjødsel i landbruket. Det er sett i gang ein gjennomgang av gjødselregelverket. Eit av formåla med gjennomgangen er å redusere utslepp til luft.

Over jordbruksavtalen finst støtteordningar for å ta betre vare på gjødsla under lagring og spreing. I dei siste jordbruksoppgjera er tilskott til miljøvenleg spreing over regionale miljøprogram styrkte. Gjennom investeringsordninga SMIL er det opna for støtte til å installere dekke på opne gjødselkummar.

## Økologisk mat

Forbrukarane etterspør i aukande grad økologiske produkt. Økologisk jordbruk har påverka praksisen i den konvensjonelle jordbruksdrifta på ulike område. Rettleiing og kompetanseutvikling i heile verdikjeda er viktig for å styrkje økologisk produksjon.

Nasjonal strategi for økologisk jordbruk blei lagt fram av regjeringa og handsama av Stortinget i 2018. Det blir lagt til grunn at økologisk produksjon og forbruk må skje med utgangspunkt i marknaden og etterspørselen etter økologiske produkt. Målet er å stimulere til økologisk produksjon som er etterspurd i marknaden. Strategien blir no følgt opp.

I 2019 utgjorde arealet i økologisk drift om lag 4,2 pst. av det samla jordbruksarealet i Noreg, 4,7 pst. medrekna karensarealet. For 2019 er det ikkje laga statistikk for omsetnaden av økologiske matvarer i norsk daglegvarehandel. Omsetnaden utanfor daglegvarehandelen auka i alle kanalar.

## Klimautfordringa

Regjeringa vil nå klimamåla for landbrukssektoren, både jordbruks- og skogsektoren, gjennom iverksetjing av tiltak som følgjer av regjeringsplattforma og klimaforliket. Det er behov for meir kunnskap om korleis jordbruket kan redusere klimagassutsleppa, om potensialet for lagring av karbon i jord, og korleis ein kan tilpasse seg eit klima i endring. Det er difor viktig i det vidare arbeidet å leggje vekt på at produksjon av mat skal skje med lågast mogleg klimagassutslepp per produsert eining. I juni 2019 underteikna regjeringa og organisasjonane i jordbruket ei klimaavtale. Jordbruket er ei av dei første næringane i Noreg som inngår ein slik avtale med regjeringa. Det er sett eit mål om at utsleppa skal reduserast med 5 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar for perioden 2021–2030. Klimaavtalen vil ligge til grunn for klimaarbeidet i sektoren framover.

Skogen og andre areal sto for eit høgt netto opptak av CO<sub>2</sub> tilsvarande 23,7 mill. tonn i 2018. Det er ein auke på om lag 14 mill. tonn frå 1990.

Klimagassutsleppa frå jordbruket er først og fremst metan og lystgass frå husdyrhald, gjødsling og jordarbeiding. Førebelse tal frå SSB viser at utsleppa frå norsk jordbruk utgjorde om lag 8,7 pst. av dei samla nasjonale klimagassutsleppa i 2019 (4,4 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar av i alt 50,3 mill. tonn). Sidan 1990 er utsleppa frå jord-

bruket reduserte med om lag 6 pst. Hovudårsaka til nedgangen er redusert bruk av gjødsel og færre storfe. Optimal utnytting av husdyrgjødsel bidreg til reduserte klimagassutslepp, redusert behov for mineralgjødsel og betre vassmiljø. Endra jordarbeiding er eit sentralt tiltak innanfor Regionalt miljøprogram som både reduserer klimagassutsleppa og betrar vassmiljøet. Oppslutninga om miljøvenleg spreiding av husdyrgjødsel som er spesielt innretta mot å redusere utslepp til luft, har auka vesentleg dei seinaste åra.

I dag er det nokre få gardsbaserte biogassanlegg i drift i Noreg. Desse svarar til bruk av om lag 1 pst. av gjødsla. Gjennom Klima- og miljøprogrammet, programma BIONÆR og ENERGIX til Forskringsrådet, Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket og pilotordninga for biogass, som blir forvalta av Innovasjon Norge, blir det arbeidd aktivt med å utvikle løysingar for å auke biogassproduksjonen og dermed redusere klimagassutsleppa frå norsk jordbruk.

Meir nedbør som følgje av klimaendringar vil kunne vere til skade for avlingar og føre til auka erosjon. Med eit varmare og våtare klima vil dessutan nye sjukdommar og skadegjerarar kunne etablere seg i Noreg og gjere stor skade i plantedyrkinga og påverke skog, kulturlandskap og naturmangfald. Eit aukande problem med sjukdom og skadegjerarar kan føre til auka bruk av plantevernemiddel som har negative verknader på helse og miljø. Generelt ligg Noreg likevel i den delen av Europa der klimaendringane óg vil kunne gi nokre gevinstar for landbruket. Tilpassing av landbruket til klimaendringane er avgjerande for å førebyggje og avgrense skadane frå både ekstremvær og gradvise endringar, og samstundes oppnå ein mogleg auke i produksjonen som følgje av høgare temperatur og lengre vekstsesong. Ein føresetnad for dette er at det blir teke i bruk planter og sortar som kan utnytte ei lengre veksttid. Høgare temperatur og lengre veksttid kan óg gi grunnlag for nye og meir varmekrevjande produksjonar, som til dømes meir haustsådd korn og matkornproduksjon i område der kort veksttid hindrar dette i dag. Lengda på dagen vil likevel vere ein avgrensande faktor, sjølv om ein temperaturauke opnar for lengre vekstsesong. Dette vil slå sterkast ut i Nord-Noreg. I område der redusert sommarnedbør ikkje gir underskott på markvatn, vil ein lengre vekstsesong i kombinasjon med auka CO<sub>2</sub>-innhald i lufta gi grunnlag for auka tilvekst av skog.

## Skog og klima

Netto CO<sub>2</sub>-opptak i norske skogar har lege på mellom 26 og 36 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar årleg dei siste åra. Det høge talet har samanheng med at avverkninga i norske skogar har lege på eit lågare nivå enn tilveksten, som stadig har auka. Dei siste åra har avverkninga vore på under halvparten av tilveksten. Framskrivingar syner at hogsten kjem til å auke i åra framover som følgje av at meir ny skog blir hogstmogen i område eigna for skogsdrift. Skogen er den viktigaste råstoffkjelda til bioenergi som kan erstatte fossile utslepp. Eit lønnsamt skogbruk og satsing på bioenergi er avhengig av god infrastruktur tilpassa moderne driftsutstyr.

Regjeringa vil halde fram med tilskott til dei tre tiltaka for auka karbonopptak i skog; tettare planting, gjødsling og planteforedling i 2021. Klimatiltak i skog vil først ha ein verknad på lang sikt når det gjeld auka nettoopptak av CO<sub>2</sub>, med unntak av gjødsling, der ein vil sjå resultat allereie etter ti år. Det er difor vanleg å sjå på den potensielle verknaden i løpet av eit skogomløp, som normalt er på 70–100 år. Frå tiltaket er gjennomført, vil verknaden komme gradvis utover i omløpet. Kor stor effekten vil vere i form av auka CO<sub>2</sub>-opptak, vil vere avhengig av kor lenge tiltaka varer og graden av opptrapping. Dei tre tiltaka er estimerte til potensielt å kunne medverke til eit årleg auka opptak på 3,7 mill. tonn CO<sub>2</sub> i eit langsiktig perspektiv.

## Miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar

I samsvar med handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar innførte Landbruks- og matdepartementet eit miljøleingsystem i departementet og blei EMAS-registrert i mars 2016. EMAS (Eco Management and Audit Scheme) er EU sin frivillige fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon. Frå 2020 er EMAS-arbeidet organisert i ein konsernliknande struktur for departementsfellesskapet og DSS. Styringsstrukturen gjer at departementa og DSS har ein sams miljøpolicy og arbeider mot felles miljømål. Alle miljøkontaktar i departementa og DSS vil nytte same miljøhandbok, med like rutinar, som skisserer ansvar, roller og oppgåver knytt til EMAS-arbeidet i *Grønne departementar*. DSS skal koordinere og leggje til rette for miljøarbeidet på vegner av departementsfellesskapet.

EMAS krev at departementsfellesskapet, med merksemd på kartlagde vesentlege miljøaspekt, har rutinar som skildrar arbeidsoppgåver som skal gjennomførast, i tillegg til å gjere greie for kven som har ansvar for gjennomføringa av den gitte oppgåva. Rutinane skal evaluerast i samband med internrevisjonane kvart år. I denne samanhengen er departementa særleg opptekne av miljøaspekta knytte til anskaffingar av varer og tenester, transport og forbruk av energi og papir.

## 5 Nasjonal oppfølging av berekraftmål 2

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å koordinere den nasjonale oppfølginga av berekraftmål 2 om å «utrydde svolt, oppnå matsikkerheit og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk». Landbruk omfattar i denne samanhengen all matproduksjon, inkludert fiskeri- og havbruk. Den nasjonale landbruks- og matpolitikken, helse- og sosialpolitikken og fiskeripolitikken oppfyller i stor grad berekraftmål 2.

Statusen for matsikkerheit i Noreg er god og er basert på:

1. Berekraftig forvaltning av naturressursar for matproduksjon
2. Langsiktig produksjon av mat frå land og hav
3. Eit velfungerande handelssystem

Den nasjonale politikken for å oppnå matsikkerheit i samsvar med berekraftmål 2, er tufta på ein kombinasjon av nasjonale politiske mål og internasjonalt samarbeid og handel for å sikre nok, trygg og sunn mat.

Ernæringsstatusen for norske innbyggjarar er jamt over god. Det er likevel mange utfordringar knytt til for høgt inntak av salt, sukker og metta feitt, og for lågt inntak av frukt, bær og grønsaker, grove kornprodukt og fisk. Usunt kosthald utgjer ein risiko for sjukdom og for tidleg død, og er slik sett knytt til berekraftmål 3 om helse. Det er eit aukande omfang av overvekt og fedme. Om lag ein av fire menn og ein av fire kvinner i aldersgruppa 40–45 år lir av fedme. Denne delen har auka dei siste 40–50 åra. Det er stor variasjon i den delen som slit med overvekt og fedme etter landsdel og utdanningsnivå.

Regjeringa følgjer opp kosthaldsarbeidet gjennom ein tverrsektoriell handlingsplan for betre kosthald i folket (2017–21) og Folkehelsemeldinga, (Meld. St. 19 (2018–2019)). Handlingsplanen skildrar ei rekkje mål for kosthaldsarbeidet. Den inkluderer mellom anna tiltak for skular, SFO, barnehagar og helsetenesta. Det offentlege og matvarebransjen samarbeider godt om tiltak for betre helse og ernæring. Dette samarbeidet er formalisert gjennom ein intensjonsavtale for eit sunnare kosthald som blei inngått mellom regjeringa og ulike delar av matvare-

bransjen i 2016. I 2020 er meir enn 100 aktørar tilslutta avtalen.

Miljø- og klimautfordringane står sentralt i innsatsen for matsikkerheit i eit berekraftperspektiv. Matproduksjonen på landjorda og i havet er avhengig av klimatilhøva. Tilpassing til klimaendringane vil vere viktig framover for å sikre berekraftig produksjon i norsk landbruk, fiske og havbruk. Dette er den største endringa for norsk matproduksjon sidan 2030-agendaen blei vedteken i 2015. Som del i arbeidet med å følgje opp dei internasjonale pliktene våre, har regjeringa inngått ei klimaavtale med jordbruksnæringa.

All matproduksjon startar med fotosyntesen. I utgangspunktet er difor alt jordbruk basert på opptak av CO<sub>2</sub>. Jordbruksaktivitetar, særleg husdyrhald, er òg opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O). Klimagassutsleppa frå jordbruket i Noreg utgjorde 8,7 pst. av dei samla norske utsleppa i 2019

Jordbrukspolitikken skal leggjast om i ei meir miljø- og klimavenleg retning. I jordbruksoppgjeret 2020 blei klimainnsatsen styrkt ved å prioritere ordningar som skal bidra til å redusere utsleppa og tilpasse produksjonen til eit klima i endring. Lågare utslepp per produsert eining vil bidra til å redusere klimaavtrykket frå den norske matproduksjonen. Klimaavtalen mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket vil liggje til grunn for klimaarbeidet i sektoren framover. Betre ressursutnytting i heile verdikjeda, med reduksjon av matsvinn, er eit viktig mål for regjeringa.

Matsvinn blir følgt opp under berekraftmål 12. Frå 2010 til 2016 blei matsvinnet redusert med 14 pst. per innbyggjar i Noreg. Bransjeavtalen mellom regjeringa og representantar for alle ledd i matverdikjeda om redusert matsvinn, er eit viktig nasjonalt tiltak for å redusere matsvinnet og inneber ei sams forplikting om å redusere matsvinnet med 50 pst. innan 2030. Avtalen er viktig for oppfølging både av berekraftmål 2 og delmål 12.3. Avtalen skal følgjast opp med eit detaljert system for rapportering for heile verdikjeda for mat, slik at ein og får betre tal og statistikk for utviklinga.

Forvaltning og bruk av genetiske ressursar og anna biologisk mangfald er viktig for matsikkerheit og berekraftmål 2. Dette krev kontinuerleg og langsiktig innsats og er avgjerande for å tilpasse matproduksjonen til eit endra klima, nye planteskjukdommar og skadegjerarar. I november 2019 fastsette difor Landbruks- og matdepartementet ein ny strategi: «Forråd av gener – muligheter og beredskap for framtidens landbruk». Frøformerte planter er tekne vare på i ein sams nordisk genbank. 23 klonarkiv tek vare på planter som er vegetativt formert. I Noreg er 17 av dei nasjonale småfe-, storfe- og hesterasane i landbruket rekna som verneverdige. Her ser vi at både talet på dyr og buskapar aukar eller held seg stabilt.

### Internasjonal oppfølging

Det er over 820 millionar menneske på verdsbasis som er ramma av svolt og underernæring. Dei fleste av desse bur i Afrika, sør for Sahara. Folketallet i denne regionen veks raskt og regionen treng meir mat. For å bidra i den globale kampen mot svolt lanserte regjeringa i 2019 «Handlingsplanen for bærekraftige matsystemer i norsk utenriks- og utviklingspolitikk 2019–23». I oppfølginga av planen vil regjeringa særleg arbeide for å nå småskala bønder og fiskarar, særleg i dei minst utvikla landa og i Afrika sør for Sahara. Ressursane for matproduksjon må takast vare på. Samstundes med den negative utviklinga for svolt og underernæring, er òg feilernæring og ekstrem overvekt i ferd med å bli eit nesten enda større problem i Afrika. Klimautfordringane er venta å gi auka utfordringar for matproduksjon i sårbare land.

Noreg har sterke kompetansemiljø innan sjømat og klimatilpassa jordbruk, som har utstrekt fagleg samarbeid med ei rekkje utviklingsland. Noreg gir i tillegg støtte til internasjonal forskning på matproduksjon og innovasjon. Dei norske forskingsmiljøa deltek aktivt i ei rekkje forskings- og innovasjonsprosjekt gjennom Horisont 2020. Tema i desse prosjekta omfattar mellom anna berekraftige matsystem og samarbeid om klimasmart landbruk i Afrika.

Internasjonalt blir berekraftmål 2 òg følgt opp gjennom samarbeidet med FN-organisasjonar som FAO, WFP, IFAD og WHO om matsikkerheit, mattryggleik, ernæring og helse. Ein ser gode resultat av norsk støtte til kunnskapsbasert landbruksutvikling. Samla norsk støtte til matsikkerheit og landbruk auka i 2019 til om lag 1,1 mrd. kroner.

Noreg arbeider gjennom WTO for meir rettferdige globale handelssystem for matvarer. Noreg leiar òg ei global arbeidsgruppe for berekraftig mat frå hav og innlandsvatn under FN's ernæringstiår som har som mål å bidra til å nå berekraftmål 2.

Gjennom drifta av Svalbard globale frøhvelv bidreg Noreg til sikker langtidslagring av frø frå heile verda i eit fjellager i tråd med internasjonale standardar for genbankar. I 2019 blei ei omfattande oppgradering av frøkvelvet slutført. Noreg gir årleg eit bidrag tilsvarande 0,1 pst. av omsetnaden av såvarer i Noreg til Fondet for fordelsdeling under Den internasjonale traktaten for plante-genetiske ressursar for mat og landbruk. I tillegg leiar Noreg, saman med India, ei ekspertgruppe under traktaten som greier ut bønder sine rettar med sikte på å styrkje lokal forvaltning av plante-genetisk mangfald.

## 6 Fornye, forenkle og forbedre

I tråd med Meld. St. 30 (2019–2020) *En innovativ offentlig sektor*, er regjeringa sitt mål ein effektiv offentlig sektor som leverer gode tenester til innbyggjarane, har høg tillit i folkemengda, og finn nye løysingar på utfordringar i samarbeid med innbyggjarane, næringslivet, forskingsmiljø og sivilsamfunnet. I tråd med Granavolden-plattformen har regjeringa eit mål om mest mogleg effektiv bruk av ressursane til fellesskapen og vil arbeide for ein enklare kvardag for folk og verksemder.

Dei seinare åra er det lagt vekt på å utvikle stønadsordningar, reguleringar og ei organisering av forvaltninga som er enklare, meir målretta og som gir betre gjennomføringskraft i politikken for landbruks- og matsektoren. I jordbruksoppgjera er det mellom anna gjennomført fleire forenklingstiltak, som endringar av regelverk og støtteordningar, og fjerning av avgrensingar som har hindra ei effektiv utnytting av kapasiteten i næringa. For å forenkle eigedomslovgivinga i landbruket er priskontrollen for reine skogeigedommar fjerna, og arealgrensa for konsesjonsplikt, lovbestemt buplikt og odlingsjord er heva. Med denne endringa må færre søkje konsesjon og færre får buplikt. Endringane fører til forenklingar i regelverket og ei styrking av den private eigedomsretten. Dette inneber mindre ressursbruk for forvaltninga og dei næringsdrivande.

I Granavolden-plattformen går det fram at regjeringa vil jobbe for ytterlegare forenklingar på politikkområdet landbruk og mat. Landbruks- og matdepartementet følgjer opp regjeringserklæringa, både gjennom dei årlege jordbruksoppgjera og andre prosessar rundt lover, forskrifter og andre tiltak. Målet er ytterlegare forenkling, forbedring og fornying i tråd med det som er vedteken politikk for landbruks- og matsektoren.

### Forenklingar og forbedringar i underliggjande verksemder

Landbruksdirektoratet

Landbruksdirektoratet arbeider kontinuerleg med å fornye, forenkle og forbedre regelverk, prosessar og system på alle nivå i forvaltninga og særleg ordningane og løysingane mot brukarane.

Ved hjelp av digitalisering forenkler, fornyar og forbedrar direktoratet sine tenester. Gjennom utviklingsprosjekt og systemet Agros, har direktoratet digitalisert over 20 ordningar. Brukarane får med dette tilgang til enkle, einskaplege og brukarvenlege tenester. Gevinstane har vist seg å vere store, for bonden, kommunane, fylkesmannen og i direktoratet.

Landbruksdirektoratet har utvikla nye digitale tenester for reindriftsnæringa. Ny digitale tenester var klar i 2019, og erstatta melding om reindrift og søknad om tilskott på papir. Dette medførte at 82 pst. leverte melding om reindrift digitalt, og 92 pst. søkte tilskott digitalt.

Direktoratet starta i 2018 med utvikling av ei ny løysing for forvaltning av importvernet og ordninga med råvarepriskompensasjon. Det nye systemet skal gjere kvardagen enklare og meir effektiv for målgruppa. Dette omfattar mellom anna Tollkalkulatoren, som blei ferdig hausten 2019 og sett i drift i 2020. Tollkalkulatoren bereknar tollsatsar og er tilgjengeleg for alle brukarar. Utvikling av ei enklare teneste for importvernet held fram i 2020.

Landbruksdirektoratet har òg arbeidd for å forbedre tenestene og fagsystema for skogbruksforvaltninga i tillegg til nye digitale løysingar for kvoteordninga for mjølk. Etter planen skal desse prosjekta vere ferdige i 2021.

Vidare blir det i 2020 arbeidd med fleire framtidige forbedringar av tenestene til direktoratet. Døme på dette er forbedring av systemet for produksjons- og avløyartilskott, nye digitale løysingar for erstatningar ved klimaskadar og digitalisering av skjema for eigenmelding etter konsesjonslova.

Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) arbeider kontinuerleg med å forbedre tenestene instituttet leverer.

NIBIO sin geografiske informasjon er lett tilgjengeleg ved hjelp av eigenutvikla applikasjonar og informasjon formidla gjennom standardiserte tenester og format, og gjennom den nasjonale por-

talen GeoNorge. NIBIO bidreg med dette til forenkling og forbedring av offentlig sektor, og dessutan tilgang og forenkling for næringsdrivande i jord- og skogbruk.

Instituttet sin kart- og statistikkproduksjon har eit breitt nedslagsfelt, og leverer kritisk informasjon til mange viktige prosessar i forvaltninga. NIBIO si satsing på digitalisering har medført at landbruksforvaltninga på alle nivå, har effektiv tilgang til informasjon om arealressursar. Gjennom Gårdskart på internett får den næringsdrivande tilgang til same informasjon som forvaltninga, og dei kan dermed handtere sentrale oppgåver sjølve.

NIBIO utviklar og driftar nettbaserte tenester for forvaltninga. Dette omfattar mellom anna kartverktøy som kommunane nyttar for å berekne areal av omdisponert dyrka og dyrkbar jord. Verktøyet forenkler denne oppgåva og fører til ei meir effektiv forvaltning, og løysinga blei publisert i januar 2019.

NIBIO sin Markslagstatistikk viser kartlagt areal, fordelt på arealtype og arealtilstand, saman med treslag og bonitet i skog. I 2019 blei det utvikla eit «Arealbarometer», ei teneste som leverer oppdatert arealstatistikk for kommunar og fylke.

Forskning på kart, geodata og arealressursar er eit av NIBIO sine område som er prega av kontinuerleg innovasjon. Ein vesentleg innsats er retta mot å utvikle betre og meir effektive metodar for datafangst, ta i bruk teknologi og metodar for forvaltning av data og utvikling av metodar for dataanalyse. NIBIO satsar vesentleg på bruk av «stordata». NIBIO utviklar teknikkar for å handtere store datamengder, til dømes maskinlæring, for så å nytte dette i eit breitt spekter av aktivitetar.

#### Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet (VI) undersøker prøver frå dyr, fôr og mat. Alle prøvene blir registrerte i instituttet sitt prøvejournalssystemet (PJS), som inkluderer journalføring, analysar, resultat, rapportering og fakturering. Elektronisk prøvesvar og inn-sendingsskjema (EPI) er ei webløysing som gjer det mogleg for eksterne brukarar å registrere og følge prøver, ta i mot varslingar og lese prøvesvar.

Hausten 2019 starta instituttet opp eit prosjekt som i første omgang har ei tidsramme fram til år 2022. Prosjektet har som formål å digitalisere «prøvereisa» frå prøveuttak i felt til utsending av analysesvar til eigar av prøvene. Digitale system vil forenkle bestilling av analysar, oppfølging av bestillingar, korte ned svartid og gi ei raskare formidling og forvaltning av analyseresultat. Desse

prosessane gir mogelegheit for meir effektiv dataflyt mellom næringsaktørar og instituttet, og etablering av ei plattform for betre informasjonsutveksling mellom ulike aktørar.

VI starta hausten 2019 digitalisering av hispatologi (diagnostikk ut frå tynne snitt av vev). Prosjektet omhandlar å digitalisere avlesing og kontroll av fiskeprøve, framfor manuell bruk av mikroskop. Gjennom prosjektet vil VI forenkle bestilling av analysar, gi kundane mogelegheit til å følge bestillingane og tilpasse formidling og forvaltning av analyseresultat og data. Moderniseringa inneber vidare at prøvesvar vil bli formidla raskare til forvaltninga og næringa, som då kan setje i verk tiltak mot sjukdom. Det er estimert at næringa kan spare større beløp på det nye systemet. Moderniseringsprosjektet opnar for ei fagleg nyorientering generelt innan hispatologi, som inneber å nytte digitale prosessar på dette området i framtida. På sikt ser ein mogelegheit for å nytte maskinlæring for å utvide bruk av automatiserte analysar av digitale snitt.

#### Mattilsynet

Mattilsynet har sett i verk fleire viktige utviklingsprosjekt knytte til arbeidsmetodane sine. Digitalisering skal betre måten Mattilsynet løyser samfunnsoppdraget sitt på. Målet for Mattilsynet er å bruke teknologien til dei oppgåvene den løyser best, og bruke menneskelege ressursar og skjønn til komplekse problem og til rettleiing.

Mattilsynet er godt i gang med ein meir fram-tidsretta kjøttkontroll, som gjer kontrollen meir effektiv og målretta, samstundes som slakteria sitt arbeid blir enklare. Digital systemstøtte skal sørge for betre informasjonsflyt og utnytting av dataa frå husdyrnæring, slakteri og Mattilsynet sine eigne data. Dataverktøyet for utvida sjukdomsregistrering i kjøttkontrollen (USR) blei klar til bruk i 2020. Dette gir Mattilsynet meir kunnskap om status og eit betre grunnlag for risikobasert tilsyn med dyrevelferd hos produksjonsdyr.

Prosjekta «Ferdig på staden» og «Systemstøtte kjøttkontroll» er første steg for utvikling av nye digitale løysingar i Mattilsynet. Desse skal bidra til at Mattilsynet gjer det enklare for brukarane, at Mattilsynet og næringa arbeider saman om utveksling av data, og at Mattilsynet kan nytte eigne data og data frå næringa i risikobasering av tilsyn.

Mattilsynet har utvikla ei ny pakke for rettleiing til nye matbedrifter, som gjer det enklare for desse bedriftene å setje seg inn i eit komplekst

regelverk. Mattilsynet har òg laga rettleiar for sporbarheit og trygg mat i barnehagar, og er godt i gang med ein rettleiar om tilsetjingsstoff. Det er viktig at brukarane kan møte Mattilsynet i kanalar som er enkelt for brukarane å kommunisere i, og Mattilsynet arbeider med at fleire tenester skal bli tilgjengelege digitalt. For å møte denne utviklinga sette Mattilsynet i 2020 i gang med å utvikle nye nettløysingar.

#### Miljødirektoratet (haustbare viltressursar)

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for etatsstyring av Miljødirektoratet på området haustbare viltressursar, og for regelverk om utøving av jakt og fangst. 516 000 personar er registrerte i Jegerregisteret. Alle som skal drive med jakt, lisensfelling eller fangst må betale jegeravgift, og dei som skal jakte storvilt må òg ta skyteprøve. Av dei som er registrerte i Jegerregisteret var det om lag 190 000 personar som løyste jegeravgiftskort for jaktåret 2019–2020.

Tidlegare fekk dei som sto i Jegerregisteret brev og giro for innbetaling av avgift på papir. Frå og med 2019 er jegeravgifta digitalisert og kan betalast elektronisk. Alle jegerar har fått si eiga side – «Min jegerside» – der dei kan logge seg på Jegerregisteret, og få oversikt over alle data som er registrerte for vedkommande. Ein ny app lansert i 2020 – «Min jegerdokumentasjon», er førebels det siste resultatet av eit langvarig arbeid for å gjere tenester for norske jegerar digitale. Den nye appen hentar data frå Jegerregisteret og gir dokumentasjonen som er naudsynt på at jegeravgift er betalt, at skyteprøve er bestått, og at til dømes registrering som lisensjeger er utført. Jegerane må sjølve sørge for at kontrolløren av skyteprøva på skytebanen gir digital kvittering i appen på at prøva er gjennomført og bestått. Den dokumentasjonen som er naudsynt under jakta kan ein no lett ta med og vise fram med mobiltelefonen ved eventuell kontroll. Med dette er det oppnådd ei effektivisering for samfunnet og forenkling for jegerane.



## 7 Oppfølging av krava i likestillings- og diskrimineringslova om å gjere greie for likestilling

Det er eit uttrykt mål i landbrukspolitikken at kvinner og menn skal ha dei same moglegheitene til å drive næringsverksemd innanfor landbruk og landbruksbaserte næringar. Haldningsskapande arbeid, økonomiske verkemiddel og gode, funksjonelle velferdsordningar er viktige for å bidra til likestilling og rekruttering til landbruket over heile landet.

Landbrukssektoren har over tid arbeidd målretta med å få fleire kvinner til å etablere seg i næringa. Fleire verkemiddel i jordbruksavtalen er innretta slik at dei skal stimulere til næringsutvikling, fleire nyetableringar og vekstbedrifter. For delar av desse ordningane er kvinner og næringsdrivande under 35 år særskild prioritert. I 2019 blei halvparten av tilskottsmidlane over investerings- og bedriftsutviklingsordninga i landbruket innvilga til kvinner. Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping (lokalmat, reiseliv og Inn på tunet m.m) skal stimulere vekstbedrifter og bygging av bedriftsnettverk og kompetanse. Satsing på sirkulærøkonomi, bioøkonomi og teknologiutvikling i og i tilknytning til landbruket vil vere viktig i framtida og krevje ny kompetanse. Regjeringa vil skape interesse og grobottn for innovasjon og entreprenørskap både hos menn og kvinner som kan støtte opp om ei positiv utvikling.

Statistikk frå søknad om produksjonstilskott viser at det i 2019 var litt over 37 000 enkeltpersonføretak (verksemdar med personleg brukar) i jordbruket. Av desse var 16,4 pst. kvinner. I 2018 var talet på jordbruksføretak drivne av kvinner 16,1 pst., mens det var på 12,9 pst. i 1999. Denne statistikken gir likevel ikkje eit fullstendig bilete av kvinnene si samla deltaking i drifta av norske jordbruksføretak. Dette sidan det berre er éin person som kan stå oppført som søkjar per enkeltpersonføretak. Det er òg mange kvinner som deltek i drifta på gardsbruk som ikkje er drivne som enkeltpersonføretak, og for slike verksemdar som til dømes ansvarleg selskap, har ein ikkje informasjon om det er menn eller kvinner som deltek i drifta.

Dei siste åra har talet på kvinnelege eigarar av landbrukseigedommar auka noko. I følgje tal frå

SSB, var det ved utgangen av 2019 180 933 landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal. På 67 pst. av eigedommane er det mannleg eigar, mens kvinner eigde 26 pst. av eigedommane. For dei resterande eigedommane er eigaren til dømes eit aksjeselskap, anna selskap, ein utanlandsk eigar eller at eigaren ikkje er oppgitt.

Gjennomsnittsalderen for kvinnelege eigarar er høgare enn for menn. Derimot er gjennomsnittsalderen for kvinner som driv jordbruksverksemdar gjennomgåande litt lågare enn for menn. Gjennomsnittsalderen for aktive kvinnelege brukarar er i 2019 på 48,9 år, noko som er 3,4 år lågare enn for menn. Kvinnelege brukarar er i gjennomsnitt 11 år yngre enn alle kvinnelege eigarar av landbrukseigendom. Det kan over tid sjå ut til at kvinner i mindre grad tek over jordbruksbedrifter for å drive jordbruk sjølv. Det er i mange samanhengar òg peika på at gardsoverdragingar til kvinner ofte gjeld enker som eig garden i ein overgangsperiode.

Tal frå SSB for 2018 syner at det er vanlegare med høgare utdanning for nye eigarar blant kvinner enn blant menn, og i aldersgruppa under 39 år har 54 pst. av kvinnene og 20 pst. av mennene utdanning på universitets- og høgskulenivå, som er ein liten nedgang for begge gruppene frå 2017.

Arbeidsforbruket i jordbruket går ned både for kvinner og menn, men reduksjonen er sterkare for kvinner. I 2016 utførte kvinner 22 pst. av arbeidet, mot 26 pst. i 1989/90. Kvinner utfører arbeid både som brukarar, ektefelle eller sambuar til brukarane, familiemedlem og som anna hjelp.

Innanfor det tradisjonelle jordbruket er kvinneandelen høgast blant bønder med hestar og/eller geiter og innanfor saueproduksjon. Kvinneandelen er lågast blant storfeprodusentar. Kvinner driv generelt jordbruksverksemdar med mindre areal enn menn.

Dei siste 10–20 åra har utviklinga av andre landbruksbaserte næringar innanfor lokalmat, reiseliv, velferdstenester med garden som arena til skule, omsorg og arbeid (Inn på tunet) og

serviceyting generelt vore god. Utvikling av entreprenørskapsverksemd på desse områda krev ofte ein annan kompetanse enn den tradisjonelle landbruksfaglege kompetansen. Kvinner er særleg aktive innan desse næringane.

Kvinner har i fleire år blitt prioriterte ved tildeiling av midlar over jordbruksavtalen til investering og bedriftsutvikling (IBU-midlar) i landbruket. Kvinneretta tiltak er definert som tiltak som primært har kvinner som målgruppe, gir sysselsetjing hovudsakeleg for kvinner eller har kvinnelege søkjarar. Prosentdelen kvinnelege mottakarar av investerings- og bedriftsutviklingstilskott er framleis høg, særskild innanfor landbruksbasert næringsutvikling utanom tradisjonelt jord- og skogbruk.

Det blei i 2019 innvilga 536,8 mill. kroner til saman i investeringstilskott til tradisjonelt jord- og skogbruk, ein nedgang på 5 mill. kroner frå 2018. Tilskott til tradisjonelt jord- og hagebruk utgjorde 84 pst. av samla innvilga IBU-tilskott, det er det same som i 2018. Delen av talet på løyvingar til kvinneretta tiltak innan tradisjonelt jord- og hagebruk var i 2019 på 42 pst. mot 44 pst. i 2018. Delen av løyvd tilskott til kvinner var 47 pst., opp frå 46 pst. i 2018.

Det blei i 2019 innvilga vel 100 mill. kroner i tilskott til andre landbruksbaserte næringar. Dette er om lag det same som i 2018, og utgjer 16 pst. av dei samla løyvingane. Prosentdelen av tilsegna til kvinner innan bygdenæringar blei redusert frå 75 pst. i 2018 til 70 pst. i 2019. Prosentdelen løyvingar til kvinneretta tiltak innan tradisjonelt jord- og hagebruk var i 2019 på 47 pst. Det vil seie ein oppgang frå 46 pst. i 2018.

Det blei i 2019 innvilga 137 etablerartilskott der 105 tilskott (77 pst.) gjekk til kvinner. Den samla løyvinga utgjorde 17,9 mill. kroner der 13,4 mill. kroner (75 pst.) gjekk til kvinnelege etablerarar. Tilsvarende tal for 2018 var 71 pst. for tal på tiltak og 66 pst. for sum løyving, dvs. ein større del både av tal på tiltak og kroner har i 2019 gått til kvinner. Dette må sjåast i samanheng med at det er forholdsvis små beløp, og at kvinne delen for desse tilsegna har vore mellom dei aller høgaste av tenestene i Innovasjon Norge.

Talet på etablerartilskott har auka med 33 frå 2018. Denne auken må forklarast med større kjennskap til ordninga og større etterspørsel. Tilsvarende har tilsegna auka med 1,7 mill. kroner til saman og kvinneretta tilskott med 2,7 mill. kroner. 68 av tilsegna og 7,2 mill. kroner gjeld idéavklaring/marknadsavklaring, mens 69 tilsegn og 10,7 mill. kroner gjeld etablering/kommersialisering.

Innovasjon Norge peikar i årsrapporten sin for 2019 på at årsaka til ein relativt stor prosentdel kvinneretta tilsegner innanfor landbruksbaserte næringar kan vere eit resultat av ei planlagt satsing på kvinnetiltak, med handlingsplanar, eit godt fungerande nettverk og informasjons- og mobiliseringsarbeid.

Landbruks- og matdepartementet har bedt Innovasjon Norge om å arbeide vidare for å auke kvinnerepresentasjonen i styre og i leinga for verksemdar som tek imot støtte, og å synleggjere statistikk knytt til utviklinga innanfor aktuelle program og tenester. Det blir rapportert på resultatmål og resultatindikatorar som gjeld kvinner og kvinneretta tiltak.

Dei fylkesvise midlane til rekruttering og kompetansebyggjande tiltak er retta inn mot næringsutøvarar med mål om å bidra til auka verdiskaping i landbruket. Midlane skal òg nyttast til likestillingstiltak i næringa. For 2019 rapporterte fleire fylkeskommunar at midlane mellom anna blei nytta til kvinneretta tiltak som til dømes egne ammekukurs, jordbrukskurs, og ulike nettverksgrupper for kvinner.

### Velferdsordningane i jordbruket

Gode velferdsordningar i landbruket er viktig for å bidra til rekruttering og landbruk over heile landet. Tilskott til avløyning ved ferie og fritid bidreg til finansiering av leigd arbeidshjelp, og på den måten til at husdyrprodusentane kan ta ferie og få ordna fritid. Satsane for avløyartilskott ved ferie og fritid blei ved jordbruksoppgjeret 2020 auka med 2,8 pst., og maksimalt avløyartilskott per jordbruksføretak blei heva med 2 400 kroner til 85 800 kroner. Saman med auken i satsar og maksimalbeløp på nær 6 pst. ved jordbruksoppgjeret i 2019, inneber dette at avløyartilskottet har blitt vesentleg styrkt i dei siste åra.

Ved jordbruksoppgjeret 2020 var avtalepartane samde om å endre regelverket for tilskott til avløyning ved sjukdom og fødsel gjennom å auke talet på dagar foreldre med sjuke barn kan motta tilskott til avløyning ved sjukdom. Talet på avløyardagar på dette grunnlaget blei auka frå 20 til 30 dagar per forelder og år, for aleineforeldre til 60 dagar per år.

Etter føresegna om tidlegpensjon for jordbrukere skal ordninga bidra til å lette generasjonsoverganger i jordbruket for dei som har hatt hovvuddelen av sine inntekter frå jordbruk/gartneri og skogbruk. Tilskottssatsane blei auka med 5 200 og 8 320 kroner for respektive einbrukar- og tobrukarpensjon.

Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket skal finansiere meirutbetalinga av sjukepengar til jordbrukarar, slik at dei kan motta denne ytinga på like høgt nivå som arbeidstakarar. Løyvinga til tilskottet blei auka med 5,2 mill. kroner for å finansiere prognosert auka forbruk over ordninga i 2021.

### Likestilling i reindrifta

Arbeidet med likestilling i reindrifta i Noreg krev ein samla innsats frå fleire aktørar, både frå det offentlege, frå næringa sjølv og frå organisasjonar i næringa.

I 2019 var 78 kvinner innehavar av sin eigen siidaandel, noko som utgjer 14 pst. av i alt 537 siidaandelar. Dette er same nivå som tidlegare år. I tillegg er det 120 siidaandelar som er eigd av mann og kvinne i fellesskap. Dersom ein tek med samsiidaandelar, er talet på siidaandelar eigd av kvinner 36 pst.

149 årsverk blei utførte av kvinner i 2018. Dette utgjer 16 pst. av alle årsverk, ein auke på 1 pst. frå 2017. I 2019 hadde kvinner 25 pst. av det samla reintalet i Noreg.

Frå 2019 blir det gitt eit særskild driftstilskott over reindriftsavtalen til kvinner som er leiar av siidaandel, og som har reindrift som hovudnæring. I tillegg kan det givast tilskott til kvinnevertta tiltak over Reindriftens utviklingsfond. Norske reindriftsamers landsforbund (NRL) kan óg søkje om midlar til utviklingsprosjekt for å fremje likestilling.

I Reindriftsavtalen 2020/2021 har avtalepartane understreka at det er eit mål å styrkje del-

taking frå kvinner i reindrifta. Det krevd at NRL skal ta omsyn til kjønnsfordeling ved val av styre og lokallag. NRL vil óg setje i gang eit arbeid for å styrkje kvinnene si rolle i distriktsstyra.

### Likestilling og mangfald i Landbruks- og matdepartementet

Departementet har over lang tid hatt merksemd på kjønnsbalanse på leiarnivå og i dei ulike stillingskategoriane i departementet. Lønnsforskjellen mellom kvinner og menn i departementet er liten, og i stillingsgruppene rådgivar og avdelingsdirektør har kvinnene høgare løn enn mennene. Fleksible arbeidstidsordningar og ordningar for arbeid heimanfrå skal leggje til rette for fleksibilitet i ulike livsfasar for tilsette av begge kjønn ved behov. Kvinnene utgjer 57 pst. av arbeidsstokken i departementet. Kvinnene utgjer eit fleirtal av dei tilsette både i sakshandsamargruppa og blant mellomleiarar med personalansvar.

Departementet følgjer opp satsinga på lærlingar i staten. Departementet har óg ført vidare samarbeidet med Fontenehuset. Denne ordninga gir personar som har falle utanfor arbeidslivet arbeids erfaring i departementet i opp til seks månader. I tillegg har departementet inngått avtale med NAV om å formidle aktuelle kanidatar til relevante ledige stillingar i departementet.

Sjukefråværsstatistikken og foreldrepermisjon viser tal frå heile året, dei andre tala er per 1.1.2020. For omtale av likestilling i dei underliggjande verksemdene, sjå dei respektive årsrapportane. Det er ikkje avdekt barrierar mot likestilling i verksemdene.

Tabell 7.1 Likestilling: kjønnsrapportering – del 1

		Kjønnsbalanse				Løn			
		Tal menn	Menn %	Tal kvinner	Kvinner %	Total (N)	Menn (kr)	Kvinner (kr)	Kvinner % av menn si løn
Samla i verksemda	2019	60	43	80	57	140	761 951	681 157	89
	2018	60	43	80	57	140	728 532	662 570	91
Toppleiing (departementsråd, kommunikasjonsjef, ekspedisjonsjefar)	2019	3	60	2	40	5	1 333 333	1 292 500	97
	2018	4	67	2	33	6	1 248 750	1 207 500	97
Mellomleiing (avdelingsdirektørar)	2019	10	53	9	47	19	884 443	897 492	101
	2018	9	47	10	53	19	854 689	876 215	103
Kategori 1 (spesialrådgivarar, fagdirektørar, underdirektørar, arkivleiar og prosjektleiar)	2019	17	65	9	35	26	823 392	740 741	90
	2018	11	65	6	35	17	772 095	735 533	95
Kategori 2 (seniorrådgivarar)	2019	26	36	45	64	71	647 086	643 022	99
	2018	31	40	46	60	77	644 461	628 698	98
Kategori 3 (rådgivarar)	2019	4	25	12	75	16	512 675	559 515	109
	2018	5	28	13	72	18	510 680	540 123	106
Kategori 4 (seniorkonsulentar)	2019	-	-	3	100	3	-	504 433	-
	2018	-	-	3	100	3	-	472 900	-

Tabell 7.2 Likestilling: kjønnsrapportering – del 2

	Deltid		Mellombels tilsetjing		Foreldrepermisjon		Sjukefråvær	
	Menn %	Kvinner %	Menn %	Kvinner %	Menn %	Kvinner %	Menn %	Kvinner %
2019	5,0	15,0	6,7	2,5			3,2	6,5
2018	5,2	15,0	8,8	1,3	0	3,9	3,3	6,8

## 8 Oversikt over lønsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemdar

Tabell 8.1 Statskog SF

Utgifter 2019	Kroner
Løn, adm. dir	1 823 000
Pensjonsutgifter	136 000
Anna godtgjersle	11 000

Tabell 8.2 Staur gård AS (under avvikling)

Utgifter 2019	Kroner
Løn, dagleg leiar	1 008 293
Pensjonsutgifter	159 700
Anna godtgjersle	23 590

## 9 Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilte fullmakter

Frå og med statsbudsjettet for 2010 har departementet presentert standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilte fullmakter (nettobudsjetterte verksemdar) som departementet har ansvaret for. Dette gjeld følgjande verksemdar:

- Norsk institutt for bioøkonomi
- Veterinærinstituttet

Formålet med nøkkeltala er i første rekkje å forbedre kontroll og innsyn frå Stortinget og regjeringa ved å presentere same type informasjon som blir gitt for dei bruttobudsjetterte verksemdene i dei ordinære oppstillingane i statsbudsjettet og statsrekneskapen. Framstillinga er basert på kontantprinsippet for gjeldande budsjettår og rekneskaps-tala for dei tre siste åra. Nærare omtale av status for den enkelte verksemd går fram av kap. 1137, post 51.

Kort gjennomgang av tabellmaterialet

Den første tabellen under kvar enkel verksemd gir ei oversikt over utgifter og inntekter etter art. Formålet med tabellen er å vise brutto utgifter og inntekter for verksemda basert på kontantprinsippet og artsinndelt etter same prinsipp som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene.

Den andre tabellen under kvar enkel verksemd gir ei oversikt over inntekter etter inntektskjelde. Dei fleste nettobudsjetterte verksemdar har fleire inntektskjelder og formålet med den andre tabellen er å gi ei oversikt over dei ulike inntektskjeldene.

Den tredje tabellen under kvar enkel verksemd gir ei oversikt over kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifisering av dei formål kontantbeholdningane skal nyttast til. Formålet med tabellane er å vise dei samla overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane.

### Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)

Tabell 9.1 Norsk institutt for bioøkonomi – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	Budsjett 2020
<i>1. Utgifter</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønsutgifter	341 390	374 624	372 283	375 000
Varer og tenester	414 429	402 116	403 037	404 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>755 818</i>	<i>776 739</i>	<i>775 320</i>	<i>779 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald	37 188	41 830	27 342	25 000
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>37 188</i>	<i>41 830</i>	<i>27 342</i>	<i>25 000</i>
<i>Overføringar frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalningar	56 475	0	0	0

Tabell 9.1 Norsk institutt for bioøkonomi – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	Budsjett 2020
<i>Sum overføringsutgifter</i>	56 475	0	0	0
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	0	0	0	0
<i>Sum utgifter</i>	849 481	818 570	802 662	804 000
<b>2. Inntekter</b>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	9 658	10 512	16 864	17 000
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	70 469	15 323	60 478	59 914
<i>Sum driftsinntekter</i>	80 128	25 835	77 312	76 914
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	0	0	0	0
<i>Overføringar til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	400 422	418 637	386 180	372 086
Andre innbetalingar	402 360	325 461	350 468	355 000
<i>Sum overføringsinntekter</i>	802 782	744 098	736 647	727 086
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Innbetalingar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	0	0	0	0
<i>Sum inntekter</i>	882 909	769 933	813 959	804 000
<b>3. Netto endring i kontantbeholdninga (2–1)</b>	33 428	-48 637	11 296	0

Tabell 9.2 Norsk institutt for bioøkonomi – inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	(i 1 000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	Budsjett 2020
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	241 431	265 972	234 749	239 086
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	158 991	152 665	151 431	133 000
<i>Sum løyvingar</i>	<i>400 422</i>	<i>418 637</i>	<i>386 180</i>	<i>372 086</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	24 353	19 813	14 342	15 000
Bidrag frå private	63 005	59 362	57 945	59 000
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	37 576	12 723	25 235	20 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>124 934</i>	<i>91 898</i>	<i>97 522</i>	<i>94 000</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	27 320	32 421	34 905	32 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	8 398	8 792	8 024	8 914
Oppdrag frå private	53 311	55 591	41 754	47 000
Andre inntekter	268 524	162 594	245 573	250 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>357 553</i>	<i>259 398</i>	<i>330 257</i>	<i>337 914</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>882 909</i>	<i>769 933</i>	<i>813 959</i>	<i>804 000</i>

Tabell 9.3 Norsk institutt for bioøkonomi – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar

Rekneskapspost	Endring (i 1 000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	2018 til 2019
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjørskonto i Noregs Bank	261 860	219 082	226 395	7 313
Behaldning på andre bankkonti	10 605	4 730	8 731	4 001
Andre kontantbeholdningar	10	26	8	-17
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>272 475</i>	<i>223 838</i>	<i>235 134</i>	<i>11 296</i>
<i>Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>				
Feriepengar mv.	42 512	43 702	46 171	2 469
Skattetrekk og offentlege avgifter	43 439	43 334	52 811	9 477



Tabell 9.3 Norsk institutt for bioøkonomi – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar

Rekneskapspost	Endring (i 1 000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	2018 til 2019
Gjeld til leverandørar	39 055	8 482	33 631	25 149
Gjeld til oppdragsgjeverar	-70 140	-70 358	-76 410	-6 052
Anna netto gjeld/krav som har forfall i neste budsjettår	52 778	50 918	62 248	11 330
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>107 644</i>	<i>76 079</i>	<i>118 453</i>	<i>42 374</i>
<i>Avsetjingar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	31 313	17 810	8 112	-9 698
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt av løyvinga frå fagdepartement	87 584	96 268	83 002	-13 266
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	0	0	0	0
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>118 897</i>	<i>114 078</i>	<i>91 114</i>	<i>-22 965</i>
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	39 002	25 502	17 630	-7 872
Fri verksemdskapital	6 864	8 149	7 878	-271
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>45 867</i>	<i>33 652</i>	<i>25 508</i>	<i>-8 143</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	67	29	59	30
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>67</i>	<i>29</i>	<i>59</i>	<i>30</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>272 475</i>	<i>223 838</i>	<i>235 134</i>	<i>11 296</i>

**Veterinærinstituttet (VI)**

Tabell 9.4 Veterinærinstituttet – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	Budsjett 2020
<b>1. Utgifter</b>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønsutgifter	237 107	250 031	271 105	271 747
Varer og tenester	114 226	151 983	123 295	155 693
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>351 333</i>	<i>402 013</i>	<i>394 400</i>	<i>427 440</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald	8 452	12 138	10 763	7 000
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>8 452</i>	<i>12 138</i>	<i>10 763</i>	<i>7 000</i>
<i>Overføringer frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<b><i>Sum utgifter</i></b>	<b><i>359 785</i></b>	<b><i>414 151</i></b>	<b><i>405 163</i></b>	<b><i>434 440</i></b>
<b>2. Inntekter</b>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	188 292	176 824	152 766	190 031
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	51 704	11 009	33	27 303
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>239 996</i>	<i>187 834</i>	<i>152 799</i>	<i>217 334</i>
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	167 417	208 676	229 162	217 106
Andre innbetalningar	0	0	71 257	0
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>167 417</i>	<i>208 676</i>	<i>300 419</i>	<i>217 106</i>

Tabell 9.4 Veterinærinstituttet – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	Budsjett 2020
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Innbetalinger ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	-562	12	23	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>-562</i>	<i>12</i>	<i>23</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>406 851</i>	<i>396 522</i>	<i>453 241</i>	<i>434 440</i>
<i>3. Netto endring i kontantbeholdninga (2-1)</i>	<i>47 066</i>	<i>-17 629</i>	<i>48 078</i>	<i>0</i>

Tabell 9.5 Veterinærinstituttet – inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	(i 1 000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	Budsjett 2020
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	89 108	109 712	115 748	120 606
Løyvingar frå andre departement	53 135	67 528	63 805	65 500
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	25 168	31 435	25 816	31 000
<i>Sum løyvingar</i>	<i>167 411</i>	<i>208 676</i>	<i>205 369</i>	<i>217 106</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	102 688	60 159	54 663	57 413
Bidrag frå private	0	0	28 504	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	3 194	-714	6 297	14 015
<i>Sum bidrag</i>	<i>105 883</i>	<i>59 445</i>	<i>89 464</i>	<i>71 428</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemdar	105 863	102 427	78 874	103 603
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemdar	0	0	1 014	0
Oppdrag frå private	0	0	30 462	0
Andre inntekter	27 694	25 974	10 329	42 303
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>133 557</i>	<i>128 401</i>	<i>120 679</i>	<i>145 906</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>406 851</i>	<i>396 522</i>	<i>415 512</i>	<i>0</i>

Tabell 9.6 Veterinærinstituttet – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar

Rekneskapspost	Endring (i 1 000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	2018 til 2019
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjørskonto i Noregs Bank	90 428	72 881	120 960	48 078
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	83	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>90 511</i>	<i>72 881</i>	<i>120 960</i>	<i>48 078</i>
<i>Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>				
Feriepengar mv.	20 517	21 603	21 336	-267
Skattetrekk og offentlege avgifter	21 245	27 189	28 359	1 170
Gjeld til leverandørar	-3 521	-26 746	-20 575	6 171
Gjeld til oppdragsgjevarar	3 635	5 286	12 587	7 301
Anna netto gjeld/krav som har forfall i neste budsjettår	13 845	22 290	28 220	5 929
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>55 721</i>	<i>49 622</i>	<i>69 927</i>	<i>20 304</i>
<i>Avsetjingar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	9 095	19 669	9 916	-9 753
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt av løyvinga frå fagdepartement	0	0	12 000	12 000
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvinga frå fagdepartementet	0	0	19 666	19 666
Andre avsetjingar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	0	0	0	0
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	3 174	3 174
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>9 095</i>	<i>19 669</i>	<i>44 756</i>	<i>25 087</i>
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	23 695	0	0	0
Fri verksemdskapital	2 050	3 640	6 327	2 687
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>25 745</i>	<i>3 640</i>	<i>6 327</i>	<i>2 687</i>

Tabell 9.6 Veterinærinstituttet – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar

Rekneskapspost	Endring (i 1 000 kroner)			
	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	2018 til 2019
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidler	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	-50	-50	-50	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-50</i>	<i>-50</i>	<i>-50</i>	<i>0</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>90 511</i>	<i>72 881</i>	<i>120 960</i>	<i>48 078</i>

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2020–2021) om statsbudsjettet for år 2021 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

---

## Forslag

Under Landbruks- og matdepartementet blir i Prop. 1 S (2020–2021) statsbudsjettet for budsjettåret 2021 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

### Kapitla 1100–1161, 4100–4150, 5576, 5652

#### I

#### Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
1100	Landbruks- og matdepartementet		
	01 Driftsutgifter	163 588 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	15 376 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	2 720 000	
	50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	287 000	181 971 000
	Sum Administrasjon m.m.		181 971 000
Matpolitikk			
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet		
	50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet	103 170 000	103 170 000
1115	Mattilsynet		
	01 Driftsutgifter	1 366 485 000	
	22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	13 264 000	
	71 Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	4 200 000	1 383 949 000
	Sum Matpolitikk		1 487 119 000
Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling			
1136	Kunnskapsutvikling m.m.		
	50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi	239 706 000	239 706 000
1137	Forskning og innovasjon		
	50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd	232 677 000	
	51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	194 856 000	
	54 Næringsretta matforskning m.m.	170 000 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	70	Innovasjonsaktivitet m.m., <i>kan overførast</i>	2 000 000	599 533 000
		Sum Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling		839 239 000
		Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		
1138		Støtte til organisasjonar m.m.		
	70	Støtte til organisasjonar	39 302 000	
	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	1 298 000	
	72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk	7 927 000	48 527 000
1139		Genressursar, miljø- og ressursregistreringar		
	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	30 205 000	30 205 000
1140		Haubare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.		
	01	Driftsutgifter	14 920 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	21 890 000	
	71	Tilskott til viltformål, <i>kan overførast</i>	35 278 000	72 088 000
1141		Haubare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.		
	23	Jegerprøve m.m., <i>kan overførast</i>	3 630 000	
	75	Organisasjonar – haubare viltressursar	6 889 000	10 519 000
1142		Landbruksdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	240 203 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 051 000	
	50	Arealressurskart	7 638 000	
	60	Tilskott til veterinærdekning	174 945 000	
	70	Tilskott til fjellstover	816 000	
	71	Tiltak for berekraftig reindrift, <i>kan overførast</i>	4 500 000	
	72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	492 000	
	73	Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	55 610 000	
	74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagde beitenekt	1 000 000	
	76	Tilskott til oppkjøp av mjølkekvoter	188 500 000	
	77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	350 000 000	
	78	Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	20 000 000	
	80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i>	500 000	1 056 255 000



Kap.	Post	Kroner	Kroner
1148	Naturskade – erstatningar		
	71 Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	159 000 000	159 000 000
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket		
	51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	4 971 000	
	71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	72 674 000	
	73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	44 690 000	122 335 000
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	18 400 000	
	50 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond	1 295 553 000	
	70 Marknadstiltak, <i>kan overførast</i>	273 145 000	
	71 Tilskott ved avlingssvikt, <i>overslagsløyving</i>	46 500 000	
	73 Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	3 896 050 000	
	74 Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	9 566 800 000	
	77 Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	291 309 000	
	78 Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 553 145 000	16 940 902 000
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen		
	51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	42 400 000	
	72 Tilskott til organisasjonsarbeid	7 300 000	
	75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	95 800 000	
	79 Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	4 000 000	149 500 000
1161	Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn		
	70 Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	14 052 000	
	75 Tilskott til oppsyn i statsalmenningar	10 040 000	24 092 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		18 613 423 000
	Sum departementet sine utgifter		21 121 752 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
4100	Landbruks- og matdepartementet		
	01 Refusjonar m.m.	129 000	
	30 Husleige	999 000	1 128 000
	Sum Administrasjon m.m.		1 128 000
Matpolitikk			
4115	Mattilsynet		
	01 Gebyr m.m.	199 423 000	
	02 Driftsinntekter og refusjonar m.m.	6 080 000	205 503 000
	Sum Matpolitikk		205 503 000
Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling			
4136	Kunnskapsutvikling m.m.		
	30 Husleige, Norsk institutt for bioøkonomi	19 052 000	19 052 000
	Sum Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling		19 052 000
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak			
4141	Haustbare viltressursar		
	01 Jegerprøve, gebyr m.m.	3 630 000	3 630 000
4142	Landbruksdirektoratet		
	01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.	45 554 000	45 554 000
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	85 Marknadsordninga for korn	50 000	50 000
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet		
	70 Forskingsavgift på landbruksprodukt	170 000 000	
	72 Jeger- og fellingsavgifter	82 780 000	252 780 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		302 014 000
Forretningsdrift			
5652	Statskog SF – renter og utbytte		
	85 Utbytte	9 000 000	9 000 000
	Sum Forretningsdrift		9 000 000
Sum departementet sine inntekter			536 697 000

*Fullmakter til å overskride gitte løyvingar*

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2021 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1115 post 01	kap. 4115 post 02
kap. 1137 post 54	kap. 5576 post 70
kap. 1141 post 23	kap. 4141 post 01
kap. 1142 post 01	kap. 4142 post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og får difor òg verknad for kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorganane som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle

- mindreinntekter blir tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.
2. overskride løyvinga under kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom avgrensa oppover til 25 mill. kroner. Unytta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av overførbart beløp under løyvinga.

III

Forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2021 kan overskride løyvinga under kap. 1142 Landbruksdirektoratet, post 01 Driftsutgifter, med inntil 0,5 mill. kroner i samband med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

*Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*

IV

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2021 kan gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade – erstatningar	87,0 mill. kroner
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	126,3 mill. kroner

*Andre fullmakter*

## V


## Sal av fast eiendom

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2021 kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil 90 mill. kroner. Departementet kan trekkje utgifter ved salet frå salsinntektene før desse blir inntektsførte.

## VI

## Fullmakt til postering mot mellomværendet med statskassen

Stortinget samtykker i at Landbruk- og matdepartementet i 2021 kan gi Landbruksdirektoratet fullmakt til regnskapsføring av a konto forskot til slakteri og meieri, og til forskingsavgift, omsetningsavgift og overproduksjonsavgift, mot mellomværendet med statskassen.





Bestilling av publikasjonar

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: 07 Media AS – 10/2020

